FEMTI ÅR FOR FOLKEMÅLET

Utvalgte artikler fra bladet *Språklig Samling*

Pål Styrk Hansen, Vanja Røkkum Jahnsen,
Eric Papazian og Arne Torp (red.)

FEMTI ÅR FOR FOLKEMÅLET

Utvalgte artikler fra bladet *Språklig Samling*

Landslaget for språklig samling 2009

© Landslaget for språklig samling 2009
www.samnorsk.no
ISBN 978-82-303-1311-4

Det må ikke kopieres fra denne boka i strid med åndsverkloven og fotografiloven eller i strid med avtaler om kopiering inngått med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

Henvendelser om denne boka kan rettes til: Landslaget for språklig samling, Postboks 636, 0106 Sentrum, eller redaksjon@sprakligsamling.no

Sats: Hans-Christian Holm og Ingunn I. Ims
Omslag: Hans-Christian Holm
Trykk: Media Madrugada, Trondheim

Innhold

Forord 7
Lars S. Vikør: LSS gjennom femti år, del I: 1959–1989 9
Arne Torp: LSS gjennom femti år, del II: 1989–2009. 38
Tillitsfolk i LSS gjennom femti år 60
Prinsipprogram for Landslaget for språklig samling (LSS) 64
Pål Styrk Hansen: Språklig samlings litteraturpris 67

Del 1: Talemålet
Eva Maagerø: Nøtterøy-målet – en språksosiologisk undersøkelse 74
Thomas Hoel: Språklig normpress og språkskifte
– om fornorskinga av ei samebygd 83
Hildur Hatlebrekke: Snakker finnmarkingene bokmål? 88
Eric Papazian: Bymåla og utviklingstendensene i norsk talemål i dag 92
Vigdis Thoengen: Hallingmål eller bokmål? 112
Ellen Skolseg: «Egentlig så ha'kke vi no'n spessiel dialekt» 116
Astri Jortveit Horn: «Mi æ stolte a dialekten våres» 122
Elsa Kristiansen: Drammensernes holdninger til eget talemål. 128
Liv Osnes Dalbakken: Den «sjedelige» kj-lyden 135
Sverre Høisæther: Dialekter i radioreklamen 146
Ragnhild Sævik: Talemålet på Søre Sunnmøre i endring 156
Eric Papazian: Bygdemål, bymål og bokmål i Oslo-området 165
Elin Broberg: «Kan e kjøre me DU?». 175
Arne Torp: Älvdalsmålet – Skandinavias merkeligste dialekt 184
Birgit Attestog: «Jeg er setesdøl, jeg!» 191

Del 2: Skriftspråksutvikling og språknormering
Rolf Theil Endresen: Rettskriving – hva er det for noe? 208
Arne Torp: «Hu skøyt høl i huet» 215
Eric Papazian: Ortofoni som rettskrivingsprinsipp i norsk. 221
Lars S. Vikør: Språkleg samling i Skandinavia? 229
Helge Sandøy: Nynorsk ordforråd – resurs eller hindring? 252
Trude Hoel: Valfridom i skriftnormalane – i prinsippet og i praksis 257
Vibeke Lauritsen: Talreforma av 1951 – suksess eller fiasko? 262
Magne Rogne: Purisme som idé og praksis i norsk språknormering 265
Benthe Kolberg Jansson: Skriveopplæring og vide skriftnormalar 282
Magne Rogne: Målstriden i rikspolitikken 1980–2002 294

Del 3: Språkpolitiske artikler, debatter og ledere
Ernst Håkon Jahr: Kva er ein radikal språkpolitikk?. 306
Eric Papazian: Språkplanlegging og dialektromantikk. 308

Rolf Theil Endresen: Redaksjonelt: Språklig samling, men korfor? 312
Pål Styrk Hansen: Hvor blei det av det radikale bokmålet? 314
Rolf Theil Endresen: Til forsvar for det norske språket? 326
Lars S. Vikør: LSS framfor nittiåra 334
Even Hovdhaugen: Nasjon og språk 349
Eric Papazian: Norsk for nordmenn! En rasist bekjenner 359

Del 4: Fra samnorskens og lagets historie
Øyvind Gulliksen: To veteraner ser tilbake 370
Ernst Håkon Jahr: Samnorskideologi og samnorskpolitikk
i nyare norsk målsoge fram til skipinga av LSS 374
Bent-Are Jensen: Landslaget for språklig samling fyller 30 år
– møte med en av pionerene: Rakel Seweriin. 378
Atle Mosling: Samnorsk som ide og praksis 387
Pål Styrk Hansen: Intervju med Kyrre Andreassen 399
Lars S. Vikør: Framlegg til samlenormal – førti år etter 403

Forord

Denne boka er en oppfølger av *Språklig samling på folkemåls grunn* (red. Lars S. Vikør og Geirr Wiggen), som kom ut til Landslaget for språklig samlings 20-årsjubileum i 1979, og er laga etter samme lest som den. Vi har valgt ut de artiklene fra bladet *Språklig Samling* de siste 30 åra som vi syntes var de beste og mest aktuelle, og ordna dem i fire tema-grupper. Innafor hver gruppe er artiklene ordna kronologisk. I noen tilfeller har forfatterne fått anledning til å gå gjennom sine egne artikler og endre eller oppdatere dem. Dessuten har Lars S. Vikør og Arne Torp skrevet en oversikt over lagets historie i disse 50 åra. Vi ønsker leserne god lesning.

LARS S. VIKØR:

LSS gjennom femti år, del I: 1959–1989

Landslaget for språklig samling (LSS) vart stifta den 5. april 1959, og har i år altså eksistert i femti år. Det er ingen høg alder, men likevel eit passande høve til å sjå seg tilbake og spørje: Kva har vi utretta i denne tida? Har vi ytt noe bidrag til dei måla vi har sett oss? Og korleis er perspektiva vidare framover?

Korfor fekk vi LSS for femti år sia? Sjølve opptaket vart gjort av ei gruppe studentar i Oslo, dei fleste med tilknyting til Unge Venstre. Det var på den tida da bølgjene rundt den nye læreboknormalen, som kom til å tre i kraft i 1959, var på det hardaste. Læreboknormalen og den offisielle språkpolitikken hadde eit klart fleirtal i Stortinget, der alle parti unntatt Høgre sto bak, og i den partibundne pressa var forholdet tilsvarande. Men elles i samfunnet var det riksmålsfolka som dominerte ordskiftet, med grov og usakleg hets på brei front. Nynorsksida var delt, enda dei som støtta den offisielle politikken, nok var i fleirtal.

I denne situasjonen måtte det te seg rart at det ikkje fanst noen organisasjon til fordel for den offisielle politikken, tilnærmingslina – ein organisasjon som på ideelt grunnlag gjekk inn for å stø både dei konkrete tiltaka det var strid om og ein vidare politikk med sikte på eit samnorsk skriftspråk. Ein hovudgrunn til dette var sjølvsagt at samnorsklina hadde vore offisiell politikk heilt sia førstninga av hundreåret, og alltid hadde hatt eit trygt fleirtal bak seg i Stortinget. Dermed var det naturleg at det først og fremst var dei som gjekk *mot,* som trong ein utanomparlamentarisk kamporganisasjon. No, i 1958/59, var likevel presset frå riksmålshald blitt så sterkt at tanken på ein kamporganisasjon for det motsette synet måtte melde seg. Som nemnt vart denne tanken tatt opp av ein del ganske ferske studentar. Deira første tiltak var å sette i gang ein såkalla *Ungdomsaksjon for samnorsk* hausten 1958, bl.a. ved hjelp av ein underskriftskampanje. Oppslutninga om denne kampanjen vart såpass overtydande at tanken på å stifte ein organisasjon for saka meldte seg temmeleg fort. Denne tanken vart altså sett ut i livet på eit møte i Oslo den 5. april 1959.

Dei som sto bak det nye laget, var delvis drivkreftene bak Ungdomsaksjonen, delvis ein del kjente politikarar og andre språkradikalarar, dei fleste med tilknyting til Arbeidarpartiet, Venstre og Senterpartiet. Mellom dei var Trygve Bull, Einar Hovdhaugen, Rakel Seweriin og Helge Ytrehus. Det praktiske arbeidet vart likevel gjort av dei yngre eldsjelene, og dei mest aktive av dei tok over dei leiande plassane i lagsstyret. Formann var Arne Kielland, den gongen Unge Venstre-mann, seinare bl.a. stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti (1969–77). Nestformann var Alfred Kvalheim, sekretær Harald Løvaas. Saman med Ivar Grotnæss utgjorde desse eit arbeidsutval. Det var dei som drog dei første lassa og sette opp organisasjonen, med moralsk støtte frå veteranar som tidlegare stortingspresident Gustav Natvig-Pedersen og legenda Martin Tranmæl og forfattarar som Kåre Holt og Ola Jonsmoen.

I formålsparagrafen for det nye laget sto det: «Landslaget for språklig samling vil arbeide aktivt for ett skriftspråk i landet og søke å nå fram til dette ved gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk. Landslaget er partipolitisk uavhengig.»

Det første lagsstiftarane måtte tenke på, var korleis ein konkret best kunne arbeide for dette målet på ein måte som vistest utover i samfunnet. Det viktigaste verkemiddelet laget hadde, var trykt skrift, og noe av det første ein måtte få i gang, var eit utettervendt lagsblad. I tillegg kom den direkte kontakten mann og mann (og kvinne) imellom, og den skulle ivaretakast ved å bygge opp lokallag rundt i landet. I det første nummeret av bladet, som kom på nyåret 1960, er det meldt om lag i Rjukan, Bø og Lunde i Telemark, Grenland, Lillehammer, Valsøyfjord på Nordmøre (der heile kommunestyret med eitt unntak meldte seg inn) og Snåsa i Nord-Trøndelag, og ikkje minst i Oslo. På tre skolar kom det elevlag: Oslo katedralskole og to landsgymnas: Vinstra og Bø. Medlemskontingenten var på fem kroner.

Etter få månader begynte sekstiåra, og den første testen på om laget var liv laga, sto for døra.

1960-åra

Organisasjonen: språkpolitisk profil

Dei første åra av sekstitalet var det stor entusiasme og framtidstru i laget. Mange stader i landet dukka det opp eldsjeler som sette i gang med verving. Laget skipa til nasjonale aksjonsveker om hausten både i 1960 og 1961, og etter eit par år var medlemstalet oppe i 3000. Formannen etter Kielland, lektor Svein Hofseth frå Arendal, tråla rundt i landet på moped i sommarferien 1961 for å bygge opp kontaktar. Den mest imponerande enkeltprestasjonen kom nok i aksjonsveka den hausten, som førte til 900 nye medlemmer i Surnadal. Talet på lokallag kom i løpet av det same tidsrommet opp i om lag tretti. Ca. ti av desse kom til i Midtre og Nedre Telemark, som i mange år var Språklig Samlings sterkaste distrikt. Den som kanskje først og fremst bidrog til oppbløminga i dette distriktet, var daverande rektor Halvor Dalene på landsgymnaset i Bø – ei av drivkreftene i LSS i mange år. Elles er det typisk at dei fleste medlemmene og dei største laga kom til å verke i dei strøka der bokmål og nynorsk sto hardast imot kvarandre. Utanfor Telemark kom dei største laga i Arendal og på Nordmøre, men elles var medlemmene godt spreidd over heile landet.

Denne framgangen gav LSS overskott til å sette i gang fleire tiltak. Det som på sikt skulle vise seg å bli det viktigaste, var bladet *Språklig Samling*, som vi kjem nærare tilbake til. Også andre publikasjonar vart gitt ut. Det var først og fremst to artikkelsamlingar: *Vegen Fram,* om språkspørsmålet, i 1960, *Framsyn*, om ulike kulturelle og andre emne av unge skribentar på radikalt språk, i 1961, og i 1964 juleheftet med same namn: *Framsyn*. I tillegg var dei leiande tillitsmennene og fleire andre svært aktive på debattmøte om språksaka – vi får inntrykk av at laget markerte seg forholdsvis godt i opinionen, særleg på bakgrunn av dei små ressursane det faktisk

hadde. Det vart også utarbeidd eit studieopplegg på fem stensilerte hefte til intern skolering i organisasjonen i form av studiesirklar.

I propagandaen sin la LSS først og fremst vekt på å framstille seg som dei fornuftige og saklege kompromisstilhengarane. Dette var i ei tid da riksmålspropagandaen framleis var på sitt mest aggressive; riksmålsungdommar i Oslo heldt offentlege bokbål på lærebøker og formann J. B. Hjort i Riksmålsforbundet truga med å gå «tvers igjennom loven» i kampen for å få tillate riksmålsformene. Mot dette la LSS vekt på ei strengt parlamentarisk line, og anklaga riksmålsfolk for å undergrave demokratiet med aksjonane sine. Tanken om ei folkerøysting i språksaka, som var eit ofte gjentatt krav frå riksmålsrørsla i denne tida, vart drøfta på landmøtet i 1960, men avvist som ueigna i eit kulturspørsmål som språksaka, og seinare ikkje tatt opp att. Laget la vekt på kor upraktisk og irrasjonelt det var å ha to offisielle målformer, og appellerte til godviljen hos folk om å komme den andre målforma i møte.

Ei litt kinkig sak for laget var spørsmålet om modernisering av språket i litterære tekster i lesebøker for skolen. LSS hadde for så vidt ikkje noe ansvar for dette, men i femtiåra hadde uheldige «oppnorskingar» av klassiske tekster vore litt av eit glansnummer for riksmålspropagandaen, og det råka samnorskfolk på eit ganske ømt punkt. Samtidig var det eit faktum at også private forlag moderniserte språket i nyutgitte eldre tekster, men meir moderat. Landsmøtet i 1961 hadde denne saka oppe til brei drøfting, og vedtok ei fråsegn der ein tok avstand frå stilistiske endringar av eldre tekster, som gjekk ut over rytme og språktone, men aksepterte ei reint ortografisk tilpassing for å gjere tekstene meir tilgjengelege. Eit slikt standpunkt løyste ikkje alle problem, men spørsmålet kom ikkje til å spele noen viktig rolle i språkstriden vidare, mest fordi Norsk språknemnd hadde revidert retningslinene for språket i lesebøker og gjort dei meir forsiktige enn før.

Forholdet mellom målrørsla og LSS var på denne tida stort sett velvillig. Til dels sto samnorsktankane sterkt innafor Noregs Mållag, til dels var LSS temmeleg utvitydig når det gjaldt å stø nynorskens rettar og nynorskfolket sine krav på område som språkbruken i NRK, nynorske lærebøker (eventuelt gjennom skiping av eit statsforlag – eit synspunkt som sto sterkt både blant målfolk og samnorskfolk i desse åra) og i sidemålsspørsmålet. I den sistnemnte saka vart det drøfta eit framlegg – sett fram av ei intern nemnd av unge medlemmer – om å skuve fram sidemålseksamen til det nestsiste skoleåret etter intensivert sidemålsundervisning. Dette vart møtt av eit motkrav om to jamstilte stilar, eller status quo om det ikkje var muleg (frå lokallaget ved Gudbrandsdal off. landsgymnas, Vinstra). Eit tredje standpunkt som vart fremma, var å gi elevane tilbod om å skrive berre éin stil på ein samlenormal fastsett av styresmaktene. Dette forslaget vart sett fram i eit innlegg i bladet (nr. 5–61) av Einar Førde, den gongen elev på Eidsvoll off. landsgymnas. Konklusjonen på landsmøtet i 1961 vart å gå inn for status quo, med ei betra sidemålsopplæring, inntil ein offisiell samlenormal låg føre ein gong i framtida.

Sjølv om samnorskfolk ikkje uventa tok klart standpunkt for dei mest radikale nynorskformene og kritiserte «vestmennene», så la dei ikkje hovudvekta på det.

Den viktigaste vegen å rette skytset, var mot riksmålsrørsla – noe som var nokså naturleg sia denne rørsla dominerte i språkstriden, mens «vestmennene» var ein isolert og maktlaus minoritet.

Forholdet mellom talemål og skriftmål var også framme i denne tida, og det var ei bevisst haldning hos samnorskfolk at det kommande samnorske skriftmålet skulle bygge på dei allmenne draga i talemålet. Ein såg det da slik at bokmål og nynorsk til saman hadde tatt opp i seg desse draga, og ei samling måtte derfor ta utgangspunkt i det som var sams for den radikale nynorsken og det radikale bokmålet, dra inn ein del ekstra tilfang frå begge kantar dersom det sto så sterkt i talemål og/eller skriftmål at ein ikkje kunne sjå bort frå det, og så samle det under éin hatt. Korleis ein reint konkret skulle gå til verks med dette, vart neste spørsmål, og laget kvidde seg ikkje for å gi seg i kast med det heller. Eit av dei første prosjekta det kasta seg over, var utarbeidinga av eit framlegg til ein samnorsk skriftnormal, ein samlenormal. Det kjem vi tilbake til på s. 16. I mellomtida fremma Halvor Dalene dei radikale formene i begge målformene ved å gi ut to rettskrivingsordlister på Aschehoug forlag i 1962. Forlaget hadde fått ideen å gi ut eit sett med seks ordlister basert på 1959-rettskrivinga, tre for kvar målform: éi med alle former oppført (og dermed offisielt godkjent av Språknemnda), éi med berre dei «moderate», og éi med berre dei «radikale» – ikkje godkjent i skolen, men til bruk for folk som ønskte å skrive «moderat» eller radikalt innafor offisiell rettskriving.

Frå hand til munn

Midt på sekstitalet gjekk språkstriden inn i ein ny fase: Vogt-komiteen vart oppnemnt, og den offisielle politikken i retning av å skape ro om språksaka sette inn. Komiteen arbeidde i to år, kom med innstillinga si i 1966, og deretter vart saka liggande i fleire år i Kyrkje- og undervisningsdepartementet og i Stortinget. I desse åra gjekk temperaturen i målstriden ned, og interessa dabba av. Det viste seg etter kvart at riksmålsrørsla si glanstid var over, men for LSS vart nok følgjene verre, fordi laget ikkje hadde rokke å skape eit grunnlag, økonomisk og organisasjonsmessig, som kunne ta vare på dei resultata det hadde nådd dei første åra. Såleis stagnerte medlemstalet og gjekk ned – det vart att ein trufast kjerne som gjorde ein desto større innsats for å halde det gåande. Juleheftet *Framsyn*, som kom i 1964 og vart rosa overalt på grunn av kvaliteten, viste seg å bli ei hard påkjenning for ein skrantande økonomi.

På relativt kort tid vart den frå-hand-til-munn-økonomien som seinare har vore normaltilstand, etablert. Kronerullingsaksjonar under namn som «Opplysningsfakkelen» og «Språklig Samlings Venner» tente vel helst til å halde hovudet over vatnet utan å gi særleg store løft utover det. Kontingenten vart sett opp til 8 kroner i 1963 og 10 kroner i 1965. Tidlegare hadde lokallaga kravd inn kontingent der det var slike lag, men no vart all innkrevjing sentralisert, og lokallaga fekk refundert ein viss del av den innbetalte kontingenten frå sentralleddet.

Medlemstalet i desse åra er det ikkje lett å finne opplysningar om. Som nemnt på side 10 ser det ut til å ha vore ca. 3000 på det meste, tidleg i sekstiåra. Deretter gjekk det stødig nedover, men det var ikkje synleg andre stader enn i økonomien, for innmeldte medlemmer vart gjerne ståande lenge i kartoteket utan verken å betale meir eller å melde seg ut. Men i 1969 vart det gjort ei oppreinsking, og da er det opplyst i eit styremøtereferat at berre 700 hadde betalt for 1968, og 500 var tatt ut av kartoteket, dvs. at dei ikkje hadde betalt på fleire år. Ein aksjon for etterbetaling auka nok talet noe, såpass at vi kan anta at det reelle medlemstalet i 1969 var mellom 700 og 800. Det var eit tal laget helst ikkje gjekk ut med. Da det vart spørsmål om medlemstal i samband med framlegget om representasjon i det kommande språkorganet som skulle avløyse Norsk språknemnd (der riksmålsfløya helst ikkje ville ha LSS med), vedtok sentralstyret at det ville offentleggjere talet om alle andre som var foreslått representert, også gjorde det. Men det skjedde ikkje noe meir i denne retninga, så vidt ein kan sjå av kjeldene.

Den formelle styringsstrukturen i laget vart endra i 1964. Tidlegare vart det valt eit styre der ein del medlemmer som budde i eller nær Oslo utgjorde eit arbeidsutval. No fekk laget ein toledda struktur med eit sentralstyre som besto av Oslo-baserte folk, og som omfatta formann, nestformann, sekretær, kasserar og redaktøren av bladet pluss to «menige» medlemmer og tre varamedlemmer. Dei sto for den jamne lagsdrifta. I tillegg vart det valt eit landsstyre, ti medlemmer og like mange varamedlemmer, som skulle sikre den nasjonale breidda, og som det var meininga skulle møtast av og til mellom landsmøta. Landsmøta sjølv var i starten kvart år. Dei tidlege landsmøta vart kombinert med opne festmøte om kvelden første møtedagen, men det var det slutt med frå 1963 av, på grunn av økonomien. Og etter 1966 tok det først tre år før neste landsmøte i 1969 (fordi laget venta på departements tilråding om Vogt-innstillinga, som først kom i 1968). Da vart det vedtatt å ha landsmøte annakvart år av økonomiske grunnar, og slik har det vore sia. Noen av dei tidlegaste landsmøta hadde vore i Bø (1960) og på Otta (1961), men frå 1962 vart alle landsmøta haldne i billege lokale i Oslo, dei første to åra i Lektorenes Hus i Wergelandsveien, seinare i arbeidarrørsla sine lokale på Arbeidersamfunnets plass, formidla av formannen Rakel Seweriin. Styremøta vart i desse åra haldne på hennar kontor i Stortinget.

Fast kontorplass var den drømmen LSS hadde hatt heilt frå starten, men den har i løpet av desse femti åra aldri late seg realisere. Medlemskartoteket (kort i ei skuffe) sto såleis til kvar tid heime hos den som fungerte som sekretær eller hos kasseraren eller formannen. Postadressa var Postboks 636 Sentrum i Oslo (på det daverande Hovudpostkontoret), den vart tømt av ein styremedlem som enten arbeidde i nærheita (Hundvin eller Fosså) eller av ein sekretær som ikkje hadde fast arbeidstid, dvs. ein student.

Lokallaga sovna etter kvart inn, og utover i sekstiåra gjekk ein derfor meir og meir inn for direkte medlemskap i Landslaget. For å halde oppe medlemskontakten, prøvde ein å bygge opp eit system med kontaktmenn spreidd utover heile landet

– ca. 70 var det av dei på det meste. Dei skulle ordne med kontingentinnkrevjing og spreie materiale for laget. Drivkrafta i oppbygginga av dette nettet var Magne Aksnes, den gongen lektor på Nesbyen, som ikkje fekk sentrale styreposisjonar fordi han budde utanfor Oslo, men som sto i fremste rekke som aktivist for laget i mange år.

Med kontaktmannssystemet gjekk det som ein kunne vente: Noen få gjorde ein respektabel, i somme tilfelle sterk, innsats, og på dei plassane der vi var heldige med kontaktmenn, kom det ein solid medlemsauke. Men dei fleste gjorde lite, og alt i alt var ikkje desse åra ei framgangstid for laget. Den viktigaste oppgåva vart å halde bladet i gang, og det greidde ein jamt over bra, sjølv om det var på håret at økonomien heldt fleire gonger. Vart det for ille, sette vi i gang kronerullingar mellom medlemmene, og det heldt alltid. Flokken av dei trufaste gløymte aldri laget, og berga det gjennom denne vanskelege tida. Det hadde jamvel overskott til å gi ut to småskrifter: *Framlegg til samlenormal* (1966, sjå nedafor) og *Vegen fram til ett norsk* av Lars S. Vikør, eit argumentasjonshefte for språksynet åt LSS (1968).

Trass i alt greidde LSS å markere seg utetter. Såleis kom laget med ei omfangsrik og grundig fråsegn om tilrådinga frå Vogtkomiteen. Også i andre målpolitiske saker uttala laget seg til styresmaktene. Dei viktigaste og mest tungtvegande fråsegnene laget fremma i desse åra hadde nestformannen, Eidsvolls-lektoren Jakob Skauge, som hovudforfattar, også ein av dei flittigaste bidragsytarane som «bar» bladet i stor grad.

Mindre vellykka var eit forsøk på å starte eit pressekontor i 1964. Det var Arne Grimstad, NRK-mann, målmann og LSS-medlem, som fekk ei gruppe gymnasiastar på Vinstra til å ta på seg å stå for utsending til avisene av tilnærmingsvennlege artiklar om språkpolitiske emne. «Kontoret» var aktivt i vårsemesteret 1965, med Lars S. Vikør som leiar. Namnet «Pressekontoret Samling» var truleg Grimstads idé; vi som gjorde jobben, fann snøgt ut at det vart tydelegare når vi endra namnet til «Språklig Samlings Pressekontor». Arbeidsmåten var å be artikkelforfattarar gi oss lov til å distribuere artiklar vi fann interessante, eller ta imot når vi fekk dei tilsendt, maskinskrive og stensilere dei, og så pakke dei i konvoluttar, frankere og sende dei ut etter ei adresseliste over alle norske aviser. Utgiftene fekk vi refundert av LSS sentralt. Men meir enn tre-fire artiklar vart det vel ikkje. Presseklipp hadde vi ikkje tilgang til, så vi veit ikkje kor mye av det som kom på trykk; truleg var det svært lite. Eit generelt brev til redaktørane med tilbod om fast samarbeid fekk knapt respons. Da Vikør tok artium og flytta til Oslo sommaren 1965, vart det ikkje meir av pressekontoret.

Formann gjennom det meste av sekstiåra var Rakel Seweriin, fram til 1969 stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet. Men den største personlege innsatsen for LSS er det vel rett å seie at kasseraren, Ivar Hundvin, ytte. I alt det praktiske arbeidet for laget, ikkje berre økonomien, men også mottaking, adressering og utsending av bladet, gjennomføring av kontingentinnkrevjingar og kronerullingar osv.

var Hundvin i år etter år det faste og samlande midtpunktet for ein skiftande skare lausmedarbeidarar.

Bladet

Den viktigaste synleggjeringa av LSS var bladet *Språklig Samling*. Det vart starta eit år etter laget (1960) og vart trykt i S. Bern. Heglands Trykkeri i Flekkefjord frå første nummer. Rakel Seweriin har seinare fortalt at ho kom tilfeldig i kontakt med trykkeriet på ei reise da ho var innom Flekkefjord, og at vilkåra var så gode at laget slo til (opplyst av Ernst Håkon Jahr). Bladet kom dei første åra ut fem-seks gonger i året. Den gongen var det ei verkeleg avis – om enn tynn – med variert utteikning og ein temmeleg populær stil. Det var jamvel ein farge i kvart blad, vekslande frå nummer til nummer – men det tok slutt etter to årgangar, eit tidleg teikn på at økonomien begynte å bli stram. Det var også relativt mange annonsar dei første åra. Eit vellykka tiltak var å lage distriktsnummer. Nr. 3–62, sommarnummeret, var eit telemarksnummer med nesten tre heilsider med annonsar for lokale bedrifter frå dei midtre bygdene i fylket. Det inneheldt mye kultur- og språkstoff frå distriktet. Halvor Dalene hadde truleg ei nøkkelrolle i å skaffe både stoff og annonsar. Eit forsøk på å gjenta suksessen med eit nordmørsnummer (nr. 1–63) slo ikkje fullt så godt til, her fekk dei berre ei halv side med annonsar frå Surnadal. Diktaren Hans Hyldbakk fekk ein sentral plass i nummeret, som bl.a. hadde eit opptrykk av diktet «Vårsøg» (opphavleg frå 1947) – mange år seinare ein nasjonal suksess i Henning Sommerros viseversjon.

Paradoksalt nok var det ein profesjonell avismann som fjerna avispreget. Knut Kvigne, journalist i Arbeiderbladet og tidlegare redaktør i Telemark Arbeiderblad, tok over Språklig Samling i 1963 og dreiv bladet i sju år. Det første han gjorde, var å legge om format og utteikning. Det formatet han gav bladet, har det hatt fram til i dag, og det gav det meir av eit tidsskriftpreg. Det var også Kvigne som gjorde det til eit regelmessig kvartalsskrift, og sidan 1964 har det komme ut fire gonger kvart einaste år med enkelte unntak. Også for innhaldet i bladet fekk dette med tida konsekvensar: Det vart meir rom for lange artiklar av fagleg art, mens det vart lagt mindre vekt på aktuelle notisar, meldingar om lagsaktivitetar (som det altså også vart færre av å gi melding om) osv. Også annonsemengda minka med åra. Bladet hadde det same preget i mange år. Det vart sendt direkte åt alle medlemmene, da som heile tida seinare, og var den einaste regelmessige kontakten medlemmene hadde med dei som dreiv laget.

Innhaldsmessig kan det ikkje overraske at det meste handla om dei aktuelle emna i språkstriden: agitasjon mot riksmålsrørsla, kommentarar og drøftingar knytt til Vogt-innstillinga, og (negative) reaksjonar på Noregs Mållags store strategidokument *Målreising 1967*, der det vart tatt avstand frå «den programmatiske tilnærmingslina». Ein kan vel seie at debatten kring dette dokumentet avslørte ei viss nærsynt vanetenking både i LSS og i det meste av NM (og på riksmålssida, sjølvsagt), idet *Målreising 1967* inneheldt svært viktig nytenking kring språkstriden på

mange område, med nyformulerte problemstillingar som berre langsamt seig inn i det allmenne språkordskiftet. I *Språklig Samling* i desse åra var det Jakob Skauge som gav dei beste bidraga til ein meir prinsipiell språkideologisk debatt, med blikket løfta over den kvardagslege form-fokuseringa – ofte med ein polemisk snert som sette viktige resonnement i eit skarpt og engasjerande lys. Elles ser vi meir sporadisk at bladet ser ut over andedammen og beskriv andre typar språkproblem enn dei vi strir med: om engelsk av Jakob Skauge i nr. 2–68 og Lars Vikør i nr. 3–69, om Jugoslavia av Jahn Otto Johansen i nr. 2–67 (opphavleg frå *Arbeiderbladet*), om Kina av Henry Henne i nr. 1–69. Verken Johansen eller Henne var samnorskfolk; dei bidrog som fagfolk i eit tidsskrift som også hadde fagleg innhald – ein tradisjon også seinare redaksjonar har gjort seg nytte av.

Namnet *Språklig Samling* var ikkje alle nøgde med, og i hefte 2–68 kom Ragnvald Berli frå Åmli i Aust-Agder med eit framlegg om å døype det om til *Framsyn*, eit namn som jo alt var brukt ved eit par andre høve. Han fekk støtte frå Tomas Refsdal på Rjukan, og i første instans også frå landsstyret i laget, men på landsmøtet i 1969 vart saka utsett.

Samlenormalen

I 1960 vart det sett ned ei nemnd som fekk i oppdrag å utarbeide framlegg til ein privat samlenormal. Tanken med dette tiltaket var at språkradikalarar skulle få eit tilbod om ei konkret rettesnor om dei ville sette samnorsktanken om i praksis, samtidig som ein passa vel på å understreke at ein eventuell offisiell samlenormal måtte utarbeidast av Norsk språknemnd og godkjennast av Stortinget.

Samlenormalnemnda fekk kraftsenteret sitt i Telemark: Dei sentrale personane var Ola Halvorsen (Skien, formann), Knut Opheim (Lunde), Halvor Dalene (Bø) og Knut Kvigne (den gongen Skien). Elles var det med folk frå heile landet. I 1963 kom det ei innstilling frå nemnda. Den vart sendt ut til lag og enkeltpersonar over heile landet, og fleire gonger revidert på grunnlag av kritikk og kommentarar. Dei som jobba med det, var særleg Magne Aksnes, Halvor Dalene, Jakob Skauge og Lars S. Vikør, og det endelege resultatet kom ut som småskrift i 1966.

Samlenormalen var på mange måtar ein moderat normal. Han tok utgangspunkt i samformene i det radikale bokmålet og den radikale nynorsken og gjorde dei sentrale trekka som lenge var blitt rekna som «samnorske» obligatoriske (eit fullt utbygd trekjønnssystem i substantivbøyinga, fortid på *-a* i verb som *kaste*, infinitiv på *-e*, diftongar i dei orda der bokmål hadde godtatt det (men valfridom der målformene sto imot kvarandre, som ved *meir* vs. *mer*)). I og med at desse samformene var blitt brukt ein god del i dei føregåande åra, om enn aldri så omstridde, gjorde at det var presedensar for dei. Der samlenormalnemndene vurderte det slik at den radikale forma vart for avstikkande for vanlege brukarar, særleg på bokmålssida, innførte dei valfriheit i normalen. Det var altså viktig at normalen ikkje braut meir med etablerte språkvanar enn absolutt nødvendig (spora etter aksjonane mot lærebokspråket på femtitalet skremte). Der nynorsken hadde meir kompliserte bøy-

ingsmønster enn bokmålet, favoriserte ein bokmålsformene, det viste seg bl.a. i verbbøyinga.

I arbeidet med normalen viste det seg ei viss motsetning mellom to liner: Den eine tenkte riksnorsk og ville basere seg på former som var vanlege i fleire landsdelar. Den andre meinte at det mest ekspansive talemålet, det søraustlandske, burde favoriserast fordi det truleg ville styrke seg enda meir i framtida. Ein kan vel nemne Magne Aksnes og Ola Halvorsen som dei mest typiske eksponentane for desse to linene. Problema var størst i bøyinga av sterke verb. Halvorsen ønskte her supinum på *-i* (*skrivi*, *finni*, *krøyp - krypi*), men Aksnes favoriserte *-e* og dei meir riksnorske formene som ofte (men ikkje alltid) fall saman med nynorsk (*skreve*, *funne*, *kraup - krope*). (*Skreiv* i preteritum ville begge ha som einaste form, og begge var samde om at bokmålets supinum på *-et* ikkje skulle ha plass i samlenormalen.) Resultatet vart eit kompromiss, men det drog nok mest i Aksnes si retning (*skreiv – skreve/skrivi, funne/funni, kraup/krøyp – krope/kropi/krypi*). Jamt over prøvde ein å halde valfriheita under kontroll, og totalt sett var det truleg mindre valfriheit i denne normalen enn i dei to offisielle målformene.

Ei breiare framstilling og vurdering av samlenormalen er gitt på s. 403–406 her i boka, og elles er han tilgjengeleg på LSS sine nettsider.

Litteraturprisen

Eit anna tiltak LSS sette i gang med i desse åra, var utdelinga av ein litteraturpris til forfattarar som i sin eigen språkbruk fremma den utviklinga LSS gjekk inn for. Denne prisen var ei viktig markering for laget, ikkje minst fordi riksmålsfolket nytta diktarane og litteraturspråket så flittig som eit argument for si språklege line, og fordømte folkelege og radikale språkformer som stillause og kulturlause. Prisen besto av eit litografi, og vart delt ut på ei forlagssponsa tilstelling. Dei to første prisane vart delt ut av ein jury med først Halldis Moren Vesaas og deretter Svein Hofseth til leiar, og det var nok meininga at prisen skulle gå til bokmåls- og nynorskforfattarar om einannan. Mikkjel Fønhus var første prisvinnar i 1963, og året etter vart det Åsta Holth, som skreiv ein nynorsk prega av dialektane frå Finnskogtraktene. Men juryen ser ut til å ha slutta å fungere, så sentralstyret gjekk over til å fungere som jury. Tredje prisvinnar var Kåre Holt i 1966, men så har den økonomiske svekkinga av laget skapt problem, og det vart ikkje delt ut pris før i 1969, da lyrikaren og LSS-medlemmen Elling M. Solheim fekk han heim til seg i sjukesenga; han var lam og låg heime.

1970-åra

Organisasjonen og den språkpolitiske utviklinga

Rundt 1970 var laget ganske langt nede. Det var veteranane som dreiv den vesle aktiviteten laget makta, mens rekrutteringa nok var prega av at yngre folk såg på LSS som noe fortidig. Da Rakel Seweriin gjekk av som formann i 1971, overtok

Ivar Grotnæss, filolog og inspektør ved Pedagogisk Seminar. Etter han overtok Ivar Hundvin, som var den som meir enn noen annan heldt laget i gang i desse åra. Frå 1973 til 1975 var han både formann, sekretær, kasserar og redaktør for bladet – og da hadde han flytta til Drammen for å bli postsjef der og dreiv altså LSS derifrå. Han heldt fram som aktiv inntil han fekk postsjefstilling i Trondheim og flytta dit sist på syttitalet (men har igjen vore med som pensjonist dei aller siste åra).

Her passar det også å nemne Johs. Fosså, også han tilsett i Postverket, i mange år revisor og først på syttitalet kasserar. Også han gjorde ein stor innsats for laget i praktisk arbeid, ikkje minst i samband med utsendinga av bladet, som han hadde ansvaret for å organisere etter at Hundvin flytta frå Oslo.

Det er ikkje til å komme bort frå at laget sto meir isolert i samfunnet i denne tida enn både før og etterpå. Dei få som ofra tid og krefter for å halde det flytande, fekk lite overskott til anna enn akkurat det: å halde hovudet over vatnet. Nyrekrutteringa svikta sterkt; ein og annan student kom til, men det var det heile. Dette var på mange vis paradoksalt, for nettopp i desse åra fekk dei radikale synsmåtane i språkstriden eit oppsving av eit slag som dei ikkje hadde hatt sia før 1950. EF-striden førte med seg ei spontan interesse for folkeleg kultur, og dermed også folkeleg språk, som fekk utslag særleg i ungdomskulturen, i litteraturen og i språkbruken generelt. Det var nok særleg nynorsken og dialektane som profitterte på dette, ikkje i same grad ideane om samnorsk eller språkleg samling. Målrørsla, særleg ungdomsmålrørsla, viste i desse åra stor evne til å fange opp dei nye strømningane, slik at ho delvis orienterte seg mot den breie politiske fronten mot EF-medlemskap, som samtidig på tverrpolitisk grunnlag støtta tankar om desentralisering, styrking av nærmiljøet, lokalkultur, miljøvern og ressursvern o.l. Nettopp på denne måten oppnådde rørsla at målsaka kom inn som ei viktig sak i denne fronten, og at det språkpolitiske medvettet rørsla bar fram, slo inn i langt vidare miljø enn før.

LSS vart ståande på sidelina i denne utviklinga. Delvis var dette eit spørsmål om ressursar og kapasitet; kreftene strakk ikkje til noen PR-offensiv for samnorskideane i den nye generasjonen. Men det var nok også eit spørsmål om politisk og språkpolitisk profil. For mange var LSS og samnorsk eit uttrykk for ei byråkratisk og sentralistisk samanslåing av dei to målformene, avgrensa til ein normal nedfelt i ei ordliste. Dette var lite i tråd med ideane om desentralisering og styrking av nærmiljøet som no sto så sterkt. Den praktiske og økonomiske argumentasjonen, at ein laut fremme ei tilnærming av rasjonelle omsyn, kunne heller ikkje fenge. Det var mangfaldet som var i skottet, ikkje einsrettinga. Endeleg den sterke understrekinga av at språknormeringa måtte styrast av parlamentariske organ: Heller ikkje dette var heilt gangbar mynt i ei tid da mistilliten til dei parlamentariske og byråkratiske organa var stigande, mens aksjonar som ville streikar, sivil ulydigheit osv, vart rekna som viktige (i alle fall supplerande) uttrykk for direkte demokrati. Dermed fekk vi den situasjonen at LSS som organisasjon og samnorsktanken som ideologi sto veikare enn noen gong, også i dei mest radikale gruppene av folket (særleg ungdommen), mens dei same gruppene gjekk i brodden for den språkutviklinga LSS gjekk

inn for. Dei radikale og folkelege formene, ikkje minst i bokmålet og i bytalemålet, fekk ein kraftig renessanse etter 1970, så sterk at vi med rette kan seie at LSS representerte langt sterkare krefter enn seg sjølv.

Dei få av sekstiåttargenerasjonen som rundt 1970 heldt fast på LSS, merka spenninga i forhold til veteranane. Det vart gjort forsøk på å få LSS til å ta stilling mot EF-medlemskap på språkpolitisk grunnlag etter mønster av ein tilsvarande argumentasjon i målrørsla, men medlemmene i laget var i stor grad sosialdemokratar som støtta EF-medlemskap, og det gjaldt også leiinga i laget. Dei av dei eldre som *var* EF-motstandarar, ønskte ikkje at LSS skulle ta standpunkt i ei slik allmennpolitisk sak, eit syn det i ettertid ikkje er så vanskeleg å forstå, men som dei unge den gongen hadde store vanskar med å akseptere. Det førte til ei passivisering på deira kant, og styrka ikkje rekrutteringa til laget.

Det var utan tvil i målrørsla at det meste av nytenkinga i språkpolitikken gjekk for seg i desse åra. Ikkje mindre viktig var den nyorienteringa som skjedde i det faglege miljøet rundt norskfaget på universiteta. Her sto tilnærmings- og samnorsktanken tradisjonelt sterkt. Det nye på syttitalet er ei stadig sterkare interesse for dialektar og folkemål, og da ikkje berre ei reint lingvistisk interesse, men først og fremst sosial og politisk. Ei ny vitskapsgrein kom opp, sosiolingvistikken eller språksosiologien, som først og fremst interesserte seg for korleis språket vart brukt i samfunnet. Dette vart snart ein motevitskap, som ikkje minst fekk utløp i mange studiar omkring talemålsutviklinga hos dei yngre generasjonane i landet. Interessa for tilhøvet mellom standardspråk og folkemål tok seg opp att, men no ut frå ein ny synsvinkel: Skal vi gå inn for ei normering av talemålet eller ikkje?

Finn-Erik Vinje, professor i moderne norsk (i Trondheim den gongen, seinare Oslo) meinte ja i ein kronikk i *Arbeiderbladet* i førstninga av 1973. Denne kronikken og ordskiftet som følgde, er blitt klassisk, og vi går ikkje nærare inn på det her, men viser til boka *Ny målstrid* (1973, utvida utgåve 1974), redigert av Geirr Wiggen.

Dei som gjekk imot Vinje, var alle fagfolk innafor norsk eller språkpsykologi, og dei avviste talemålsnormering delvis på eit politisk grunnlag (det ville stø sentraliseringa i samfunnet), delvis eit psykologisk (det ville gjere dialektbrukarar språkleg utrygge). Mange andre argument spela sjølvsagt òg med. Dette var synsmåtar som skulle få ei sterk stilling blant yngre norskfilologar i ei årrekke framover.

No har LSS aldri gått inn for talemålsnormering. Det hadde i alle år avgrensa arbeidet sitt til skriftspråket, og i kommentaren til Vogt-tilrådinga, der spørsmålet om opplæring i talemålsnormering var nemnt i svært varsame vendingar, tok laget eit skeptisk, for ikkje å seie negativt, standpunkt. Elles lét det dette spørsmålet ligge. Finn-Erik Vinje var gammal medlem av LSS (utmeldt i 1971 fordi han da vart språkkonsulent i NRK, ikkje på grunn av endra standpunkt), og bladet nøgde seg i denne omgangen med å trykke opp eit svar på Vinjes kronikk av Lars Vikør og utdrag av debatten i *Ny målstrid*. I staden kom det eit livleg ordskifte om relaterte spørsmål, bl.a. forholdet mellom dei tradisjonelle dialektane og dei nye oppblanda varian-

tane som mange kalla «knot» (her bidrog Einar Økland med eit engasjert «forsvar for knotet», mens Lars Vikør uttrykte reservasjonar ved å vise til det sosiale maktaspektet ved språkendringane).

Generasjonsskifte: sekstiåttarane overtar

I 1975–76 skjedde det eit skifte, og det hadde nok samanheng med utviklinga i målrørsla, der det på denne tida kom ein reaksjon mot det ganske radikale språksynet som hadde vunne fram i åra før. Den nye «nasjonale» ortodoksien som mellom anna AKP-fraksjonen i målrørsla no med ein viss (men ikkje fullstendig) suksess kjempa fram, fekk mange til å kjenne seg mindre heime der enn før, og spørsmålet om eit alternativ kom opp. Somme vendte seg til LSS med tanke på ein dialog, og på landsmøtet i 1975 vart det vedtatt å sette i gang ein debatt om det prinsipielle grunnsynet i organisasjonen. Utgangspunktet for debatten vart eit framlegg til prinsipprogram for laget, utforma av Ernst Håkon Jahr. Det førte til eit livleg ordskifte i bladet og eit vedtak i to omgangar. På landsmøtet i 1976, som vart arrangert nettopp for å avklare denne programsaka og avvikla på Blindern, vart formålsparagrafen vedtatt, mens resten vart utsett til eit ekstraordinært landsmøte i 1977 og da vedtatt etter ein ny debattrunde i bladet.

Usemja i ordskiftet gjekk særleg på om LSS skulle sette skriftmålet eller talemålet i sentrum, og resultatet vart eit prinsipprogram der talemålet kom inn som noe mye meir sentralt enn før. Kampen for det folkelege talemålet vart no sett som ein nødvendig føresetnad for ei framtidig samling av skriftmåla, fordi skriftleg tradisjon og sosial prestisje var den viktigaste bøygen som sto imot denne utviklinga. Dette fekk utslag i ein skriftmålspolitikk som delvis braut med den tidlegare: Leiande folk i rørsla gjekk no inn for å tillate og fremme folkemålsformer utan skriftleg tradisjon, som *je, itte, hossen/åssen, åffer, hu* osv. Dette var for å gi folkemålet større prestisje og folkemålsbrukarane større tryggheit. Ikkje minst påfallande for dei eldre samnorskfolka må det ha vore at mange av dei nye gjekk inn for å bruke kløyvd infinitiv – eit drag som er både folkeleg og vidspreidd, men knapt nok «samnorsk» ut frå noen definisjon av ordet.

Generasjonsskiftet i laget skjedde altså midt på syttitalet, i første omgang ved at Geirr Wiggen og Ernst Håkon Jahr vart innvalt i styret i 1975. Magne Aksnes vart formann, fordi han nett da skulle ha eit års opphald i Oslo i jobbsamanheng. Wiggen overtok redigeringa av bladet. I 1976 vart det som nemnt igjen halde landsmøte, både fordi Aksnes ønskte avløysing – han skulle flytte til Bergen – og på grunn av prinsipprogramsaka og spørsmålet om nye lover for laget, som også hadde komme opp. Da vart Wiggen leiar og Jahr redaktør av bladet. (I dei nye lovene heitte det altså «leiar» og ikkje lenger «formann» – også *den* forma for språkbevisstheit vart no markert skjerpa.) Fleire andre frå det same miljøet (nyuteksaminerte radikale norskfilologar med sosiolingvistisk orientering) vart òg dregne inn. Såleis vart Wiggen i sin tur etterfølgt som leiar av Thore Roksvold i 1978, ein sterk tilhengar av den dialektorienterte lina.

Det er verdt å merke seg at dette generasjonsskiftet ikkje skjedde ved noen palassrevolusjon. Trass i klare usemjer om språkpolitiske saker og kva retning laget skulle utvikle seg i, var det veteranane som aktivt rekrutterte dei nye i styre og stell i laget. Dei skjønte betre enn noen at utan ei fornying av det slaget sekstiåttarane sto for, hadde laget inga framtid, sjølv om dei kunne vere usamde i ein del utslag av denne fornyinga. Folk som Hundvin og Fosså heldt da også fram som aktive i laget i ei årrekke, i den grad dei budde eller arbeidde i Oslo, jamsides med dei yngre. Om sekstiåttarane førte til ei hardt tiltrengt språkpolitisk fornying, eit høgare fagleg nivå og eit meir levande ordskifte enn før i laget, så gjekk det reint praktiske og organisatoriske arbeidet vidare som før, etter gamle og velprøvde rutinar. Også styringsstrukturen med sentralstyre og landsstyre var konstant, men landsstyret kom sjeldnare og sjeldnare saman – det var også eit spørsmål om økonomi. Til gjengjeld hadde laget landsmøte kvart år igjen ein periode frå 1975 til 1979, framleis (med eitt unntak) i Lektorenes Hus i Oslo – det var Ivar Grotnæss som sørga for det lokalet. Årsmøtet i 1979 var ekstraordinært, og hadde bakgrunn i at nye språkrådsmedlemmer for perioden 1980–84 måtte oppnemnast på landmøtet. Men det gav presedens for at dei seinare årsmøta er blitt haldne i år som endar på oddetal.

Kontingenten vart sett opp frå 10 til 20 kroner i 1972 og til 30 kroner i 1976, men det mona lite; inflasjonen var sterkare, og medlemstalet minka. På denne tida var det blitt fast politikk å ikkje opplyse om medlemstalet, heller ikkje i årsmeldingane (det skjedde munnleg på landsmøta), så eit anslag må ta utgangspunkt i rekneskapane, der inntektsposten «medlemspengar» var utskilt. Ein del medlemmer (studentar, elevar, pensjonistar) betalte redusert kontingent, men dei fleste betalte truleg fullt. Ut frå det kan vi rekne med at det i 1975 var om lag 400 betalande medlemmer, og det er ein klar oppgang frå åra før (385 er opplyst for 1973, men godt under 300 i 1974) – men her må vi rekne med faktorar som når og kor ofte purrerundane kom, kor mange som betalte på for- eller etterskott o.l. Truleg var talet i hovudsak ganske stabilt, med ein viss tilgang på yngre medlemmer og ein langsam, men nok sterkare, avgang av eldre.

Hemmelegheitskremmeriet når det gjaldt medlemstalet hadde mest samanheng med ein viss nervøsitet for plassane i Språkrådet – ein var redd for at offentleg merksemd om det låge medlemstalet kunne føre til at representantane våre vart kasta ut, noe riksmålsfolk av og til oppmoda til. Det er ikkje sikkert denne frykta var begrunna. Alle visste at LSS var ein liten organisasjon, også departementet og Stortinget. Når laget likevel fekk plass i Språkrådet, var det fordi departementet ønskte ein balansert representasjon av språksyn i rådet, og tilnærmingslina som språkpolitisk line hadde oppslutning langt utover LSS, men ikkje noe anna organisatorisk uttrykk enn LSS. Det var ein hovudtanke med Norsk språkråd at samarbeidet der skulle «ansvarleggjere» språkorganisasjonane ved å gi dei direkte representasjon, noe dei ikkje hadde hatt i Norsk språknemnd, og da var det viktig at alle hovudstrømningane i språkpolitikken var med, uansett storleik på dei aktuelle organisa-

sjonane. Når alt kom til alt, var alle språkstridsorganisasjonane små sett i forhold til folketalet som heilskap.

Eit kuriøst innslag i språkdebatten kom i 1977, da eit lokalt mållag vedtok å ekskludere medlemmer som også var medlemmer i LSS, Riksmålsforbundet eller nazistiske eller fascistiske organisasjonar. Det førte til eit ordskifte i *Dag og Tid*, der ein del målfolk tilknytte AKP m-l støtta dette prinsippet (som visstnok ikkje fekk konsekvensar for noe enkeltmedlem i det aktuelle lokallaget), mens andre, ikkje minst redaktør Tor Gabrielsen i *Dag og Tid*, protesterte i sterke ordelag. Fjorten dobbeltmedlemmer i LSS og NM skreiv eit opent brev til NMs leiing for å få avklart haldninga der i garden, og frå NMs side vart saka deretter lagt daud. Det heile hadde i og for seg lite med LSS å gjere; det handla primært om takhøgda i NM, der det i delar av dette tiåret pågjekk ein bitter språkpolitisk «linestrid».

LSS markerte seg elles utover i fleire saker. I 1970 skreiv laget til departementet og bad om at det vart utarbeidd ein offisiell samlenormal som kunne vere alternativ til bokmål og nynorsk for skoleelevar; det vart høfleg avvist. Framleis støtta laget viktige jamstillingssaker for nynorsken, såleis striden for nynorske lærebøker (i 1970 gjentok laget eit gammalt krav om statsforlag for lærebøker – eit krav tida da hadde gått ifrå også i målrørsla). I 1977 uttala LSS seg skeptisk til planane om ein nordisk satellittfjernsynskanal – i likheit med målorganisasjonane. Akkurat dette standpunktet kunne nok ha vorte annleis om ein hadde sett den kommande medieutviklinga klarare.

Eit mindre vellykka tiltak var planane om eit tredje småskrift, eit oversyn over norsk språkhistorie som Finn-Erik Vinje hadde stått bak og stilt til disposisjon eit utkast til for LSS i 1975. Av ulike grunnar vart dette prosjektet ikkje realisert.

Bladet

Språklig Samling heldt fram ganske regelmessig gjennom heile tiåret. Framlegget om å døype det om til *Framsyn* vart endeleg avvist på landsmøtet i 1971 – truleg for ikkje å risikere vanskar med gjenkjenning og identifisering av bladet i offentlegheita. Uansett namn: Dei første åra var vanskelege for bladet liksom for laget. Knut Kvigne gjekk av som redaktør i 1970, og Rakel Seweriin måtte ta over redigeringa siste året ho var formann. Også dei neste formennene måtte redigere bladet sjølv. Det var snakk om tungt gratisarbeid, så det var lite attraktivt, og bladet vart nok mest sett på som baktungt og sidrumpa. Det er urettvist overfor redaktørane, som sleit hardt med å halde det i gang, og som faktisk var flinke til å avspegle dei nye tendensane i språkdebatten i tida – om dei ofte måtte gjere det ved å sakse stoff frå andre kjelder. Men det leitte på, og behovet for nye krefter var naturleg nok svært sterkt midt i tiåret.

I 1975 overtok Geirr Wiggen redigeringa, og året etter Ernst Håkon Jahr, som var redaktør resten av tiåret (saman med Torun Berntsen, den gongen Gulliksen, på slutten). Dermed vart den språkfaglege orienteringa enda sterkare, i samsvar med interessene åt dei nye gruppene som kom inn i laget. Formmessig forandra

ikkje bladet seg så mye; produksjonsmåten og bladbunaden vart verande slik dei i si tid var fastlagt av Kvigne. Men innhaldet var lødig, prega av lange og faglege, eller rettare fagleg-politiske, artiklar, og dermed etter kvart kanskje litt vel tungt for mange av dei tradisjonelle lesarane. Vi kan skissere noen temakrinsar som sto sentralt i desse åra:

Bokmålsnormeringa og den prosessen som pågjekk i Norsk språkråd, sto sjølvsagt sentralt heile tida, ved sida av den interne «linedebatten» knytt til prinsipp-programsaka i LSS sjølv. Vi fekk viktige bidrag til begrepsanalysar: av «radikalt bokmål» ved Geirr Wiggen (nr. 4–77) og av «samnorsk» ved Kjell Ivar Vannebo (nr. 2–78, prøveførelesing til doktorgraden). Reint fagleg retta interessa seg særleg mot austlandsmåla, med omfattande stoff om Østlandsk reisning (særleg i nr. 3–76) ved Ernst Håkon Jahr, som plasserte LSS tungt i same tradisjonen, og artiklar om moderne austlandsmål, særleg bymål, basert på sosiolingvistiske granskingar av hovudfagsstudentar (Tønsberg, Oslo). Men ein gjekk også utanom Austlandet for å finne noe interessant; Helge Omdals artikkel om Høyangermålet i nr. 1–77 er blitt stående som ein sosiolingvistisk klassikar. I nr. 4–78 står Hollamålet sentralt, i grundige artiklar av Arne Johan Gjermundsen og Øyvind Gulliksen. Gulliksen, amerikanist frå daverande Telemark distriktshøgskole, leverte fleire lange og vektige artiklar om språkfornyande ny litteratur, omsetting frå engelsk-amerikansk (bl.a. Mark Twains *Huckleberry Finn* og dei interessante språklege perspektiva det reiser, nr. 1–79), arbeidarspråk (4–79) og noe seinare (1 og 2–80) ein stor dobbeltartikkel om den amerikanske språk- og kulturpåverknaden på norsk. Også andre lange og vektige artiklar om språkspørsmål utanfor den etnisk-norske andedammen var det plass til: Lars Vikør skreiv om indonesiske språkforhold i nr. 1–76, Ove Lorentz skreiv om rettskrivingsreform i nordsamisk i nr. 2–77, Geirr Wiggen skreiv om språktilhøve og språknormering i Danmark i nr. 3–78, Anna-Riitta Lindgren og Marjut Aikio skreiv om finsk og kvensk i Nord-Norge i nr. 4–78.

Til tjueårsjubileet i 1979 vart Lars Vikør og Geirr Wiggen valt til å redigere ein antologi med eit utval artiklar frå bladet, «*Språklig samling på folkemåls grunn*». Året etter publiserte Wiggen eit komplett og omfattande bibliografisk register, alfabetisk og emneinndelt, over innhaldet av bladet i same perioden (*Tidsskriftet Språklig Samling. Register 1960–79, 1.–20. årgang*). Antologien og registeret dokumenterte eit ganske høgt nivå, både fagleg og når det gjaldt språkpolitisk refleksjon, og det gjaldt ikkje berre sekstiåttarane sin produksjon frå dei siste åra før jubileet, men også mange av dei tidlegare bidraga frå den eldre generasjonen. Bladet var, som det vart sagt av noen med innsikt i saka, «klart betre enn sitt rykte». Problemet for «Språklig Samling» var at ein noe primitiv layout (produsert ved manuell oppklistring av remser med spaltekorrektur heime på redaktørane sitt stovebord, sjå meir om det på s. 29) gav bladet eit preg av «blekke» og menigheitsblad som kom til å skygge for innhaldet.

Litteraturprisen

Litteraturprisen vart delt ut noe tilfeldig på syttitalet, men dei fleste åra vart det gjennomført ei utdeling, etter dei rutinane som hadde festna seg på slutten av sekstitalet. Lista over prisvinnarar fekk etter kvart ei større spennvidd; det vart påskjønna fleire sakprosaistar (Monrad Norderval, Rolf E. Stenersen, Gutorm Gjessing og Olav Dalgard) og visediktarar (Stein Ove Berg og Kirsten Langbo, som rett nok også gav ut barnebøker basert på barnetimestoff). Faktisk var lyrikaren Hans Børli den einaste skjønnlitterære forfattaren som fekk pris i dette tiåret, i alle fall som «vaksenforfattar» (jf. Langbo), og det var heilt i starten (1972). Vi merkar oss at berre éin nynorskforfattar vart funnen verdig, nemleg Dalgard, og éin dialektdiktar, Langbo. Dalgard og Langbo delte prisen i jubileumsåret 1979, da talemålslina i laget sto på høgda (det hadde ikkje vorte delt ut pris året før, derfor kunne dei slå til med to i jubileumsåret 1979). Denne tradisjonen heldt fram og, får vi seie, kulminerte med tildelinga til Vidar Sandbeck i 1980; han var både visediktar og skjønnlitterær prosaist på dialekt.

Norsk språkråd

Sjølv om LSS var lite og veikt, ikkje minst politisk, så vart laget og den retninga det representerte, tatt alvorleg. Det viste seg ikkje minst da det nye offisielle språkorganet, Norsk språkråd, vart oppretta for å avløyse Norsk språknemnd i 1972. I grunn og botn var Norsk språkråd ein konsesjon til riksmålsrørsla, men LSS fekk to plassar i rådet, liksom Noregs Mållag og Riksmålsforbundet, og trass i motstand frå riksmålshald. Representantar for laget i Norsk språkråd på syttitalet var Ivar Grotnæss i bokmålsseksjonen og Magne Aksnes i nynorskseksjonen. Ein kan ikkje seie at dei fekk særleg stor innverknad; ingen av dei vart valt til verv i rådet. Det var liberalisering av bokmålet i konservativ lei som sto på dagsordenen heile tiåret, og det vart førebudd i det såkalla særutvalet for bokmål, der Finn-Erik Vinje representerte LSS sitt syn ved sida av Leif Roksund, og meir moderat professorane Egil Pettersen og Alfred Jakobsen. Ingen av desse var oppnemnt av LSS, heile utvalet var nedsett av styret i Språkrådet. Det var Grotnæss som hadde til oppgåve å vere motvekt mot riksmålssynet i drøftingane i rådet (ved sida av Geirr Wiggen, som var oppnemnt til rådsmedlem av Stortinget, i ein periode da partiet SV sto sterkt), og det var ikkje mye han kunne gjere. Språkrådet gjorde sitt endelege vedtak i saka i 1979, og tilrådinga vart deretter liggande i departementet til 1981.

Aksnes var heldigare på sin front. Hans viktigaste prosjekt var å arbeide for ei sterkare ortografisk samordning mellom nynorsk og bokmål, og som nynorskrepresentant sendte han i 1976 inn ei liste med om lag 150 ord i nynorsk med framlegg om å tillate ei tilnærmingsform. Lista vart behandla på vanleg måte av sekretariatet og fagnemnda i Språkrådet, og resultatet vart at ein tredjedel av framlegga vart godtatt. Ca. femti ord vart altså lagt fram for rådet med framlegg om å tillate ei tilnærmingsform, og det var stort sett ord der den tradisjonelle og da obligatoriske nynorskforma rett og slett var meir eller mindre fortrengt i vanleg språkbruk. Det

vart òg gjort ei undersøking av korleis desse orda sto i dialektane gjennom spørjelister til lokale heimelsmenn. Språkrådet godtok dei fleste framlegga i 1978. Derfor kan ein i nynorsk i dag bruke former som *arr, boble, henge, midd, siv, skap, skjul, skramme, trav* m.m. – der *ær, buble, hange, mit, sev, skåp, skjol, skråme* og *tråv* var obligatoriske fram til 1978.

Nytt tiårsskifte

Om vi summerer opp situasjonen rundt 1980, så ser vi følgjande tendensar: Laget fekk etter kvart ein del nyrekruttering, og medlemstalet gjekk litt opp. Denne rekrutteringa kom først og fremst frå dei norskfaglege miljøa. Laget hadde lagt seg på dei linene som EF-striden og Vinje-debatten fekk fram, og det førte til ei noe auka interesse i desse krinsane. Men på andre område var laget framleis svært veikt, særleg på det organisatoriske og det økonomiske.

Reint målpolitisk er det ikkje vanskeleg å sjå ein viss inkonsekvens i at ein politikk som mange såg på som ei dialektfragmentering av skriftspråka, vart fremma under etiketten samnorsk og språkleg samling, og det tok ikkje mange år før det måtte komme ei revurdering og ei modifisering på ein del punkt. Viktige spørsmål å bøye seg over var – og er for så vidt enno:

Kva slags formål skal ein skriftnormal tene? Kva fordelar og ulemper har ein einsarta resp. mangfaldig normal, for kven og i kva slags situasjon? Er det rimeleg med fleire normalar – ein stram til visse formål, og ein meir fleksibel til andre? Korleis blir språkutviklinga eigentleg styrt og korleis bør ho styrast – og av kven? Korleis heng språklege rettar og språklege plikter saman?

Diskusjonane om dette gjekk vidare i 1980-åra.

1980-åra

Organisasjonen

Organisasjonen var veik rundt 1980. Det var noen få hundre medlemmer, som fordelte seg på dei mest uthaldande frå sekstitalet og ein del nytilkomne yngre medlemmer frå norskfagsmiljøa på syttitalet. Lokallaga fanst ikkje lenger, og kontaktmannssystemet hadde òg gått i oppløysing. Økonomisk var laget nede på knea; jamvel romleiga for landsmøtesalen i Lektorenes Hus var no nesten over evne. Styremedlemmene var mest fagleg sterke norskfilologar av sekstiåttargenerasjonen som på det tidspunktet for det meste var ferdig uteksaminert og etablert med familie og fast jobb, og som hadde mindre røynsle med og overskott til organisasjonsarbeid.

Hausten 1981 overtok Lars Vikør som leiar og Knut Western som kasserar, og ei styrking av økonomien var da første jobb. Først vart medlemsarkivet sanert for ikkje-betalarar – det hadde ikkje vore gjort på noen år – og medlemslista vart nyskriven. Så vart det organisert ei kronerulling i vårsemesteret 1982. Da viste det seg – eigentleg for første gong på ei god stund – at det framleis var mye samnorsk

vilje i den reelle medlemsstokken, trass i (eller kanskje til dels på grunn av) det målpolitiske nederlaget som bokmålsreforma i 1981 utgjorde. Resultatet var så tilfredsstillande at laget kom i balanse og vel så det; den økonomiske ryggrada vart såpass sterk at det vart muleg å halde fram utan fleire kriseaksjonar i resten av tiåret. Kontingenten gjekk derimot opp trutt og jamt: Frå 1982 gjekk han opp frå 30 til 40 kroner, frå 1984 til 65, frå 1986 til 75, frå 1988 til 100, altså ein auke på kvart landsmøte. Grunnen var grei nok: Det var inflasjon, og dei gruppene laget rekrutterte som medlemmer, hadde økonomisk meir enn sterk nok rygg til å betale det laget kravde til kvar tid. Men satsen var heile tida lågare for folk utan eiga inntekt.

Den mest kostnadskrevjande aktiviteten var trykking og utgjeving av bladet, og det kjem vi tilbake til seinare. Reidunn Guldal, leiar ei kort stund mellom Roksvold og Vikør og aktiv i styret i ei årrekke etterpå, sørga for gratis landmøtelokale på Vahl skole i Oslo, der ho arbeidde. Det hadde lenge vore fast skikk å ha landsmøta på søndagar; da var det også lettare for interesserte utafor Oslo å komme. Styremøta var det for lengst etablert skikk å ha på omgang heime hos styremedlemmene.

Eit viktig tiltak, fordi det letta dei praktiske børene ved å drive laget, var tilknytinga til Postgiroens Foreningsservice frå 1983. Det betydde at laget for ein billeg penge fekk registrert heile medlems- og abonnentbestanden på data, og deretter regelmessig fekk utskrive etikettar til bladutsending, innbetalingsblankettar til første nummeret i året (blankettane vart normalt lagt inn i bladet ved utsendinga), og purreblankettar til dei gjenståande ein eller to gonger seinare i året. Til saman bidrog dette til ein kontingentinngang som heldt laget flytande. Det kom også inn gåver, etter kvart mest større summar frå få medlemmer, rett nok. Offentleg støtte kom ikkje på tale, inntil Kulturrådets tidsskriftstøtte vart aktuell om lag midt i tiåret, og den kjem vi tilbake til nedafor.

Medlemstalet i åttiåra heldt seg rimeleg stabilt. Det vart framleis halde hemmeleg (sjå s. 21), men av årsmeldingane går det fram at det låg på 398 i 1981, 387 i 1983, 414 i 1985, 378 i 1987, og ca. 360 i 1989. Desse tala dekker over at vi hadde periodiske utreinskingar fleire gonger av medlemmer som ikkje hadde betalt på to-tre år, så det har også vore eit visst tilsig, om enn langt under det vi meinte vi trong for å kunne skryte offentleg av kor mange vi var.

Målet var sjølvsagt å bli større, og mobilisere alle dei som ønskte å påverke den offentlege språkpolitikken i radikal og tilnærmingsvennleg retning att. Det vart derfor gjennomført fleire vervekampanjar utover i åttiåra, bl.a. ved hjelp av ein vervebrosjyre som vart trykt i 1983. Men vi opplevde ikkje desse kampanjane som særleg vellykka, sjølv om vi fekk med noen titals personar i den sosialgruppa laget no appellerte mest til. Det var langt under det vi hadde håpa, ut ifrå den velviljen for vårt språksyn som vi meinte å registrere i langt vidare krinsar. Vi kjem tilbake til det nedafor, men vi kunne nok konstatere at samnorsk-begrepet verka avskrekkande også på folk som i sine konkrete standpunkt sto nær nok lagets faktiske politikk til at dei ville ha blitt verdifulle medlemmer. Vanskane med å nå ut var altså store. Det er vel rett å seie at organisasjonsaktivitetane etter som åra gjekk, meir og meir vart

eit strev for å halde laget flytande, ved å halde gåande dei tradisjonane som viste utetter at laget fanst, nemleg bladet, litteraturprisen og representasjonen i Norsk språkråd. Vi skal no først ta for oss desse tre arenaene, og så sjå litt på lagets språkpolitiske profil i åttiåra.

Bladet

Da Lars Vikør overtok som leiar hausten 1981, sto ei ansiktsløfting for bladet høgt på prioriteringslista. Det var klart at Hegland skulle halde fram med å trykke, og slik har det vore til skrivande stund. Men redaksjonen gjekk no gjennom typografien og bestemte ein delvis fornya layout, ikkje minst med ei blank førsteside med ei teikning eller liknande og markering av eit tema. Det var redaksjonsmedlem Knut S. Vikør som la fast den nye malen, i samråd med lagsleiar og redaksjonssekretær Lars S. Vikør. Tanken var også å begynne med ein stivare perm med farge på, som skulle skifte frå nummer til nummer. Men på grunn av ein feil eller ein kommunikasjonssvikt med trykkeriet vart dette siste ikkje gjennomført, og redaksjonen fann det, også av økonomiske grunnar, rett å gå tilbake på dette og halde fram utan stiv perm og farge. Først i 1991, under ei ny leiing, fekk bladet farge (for første gong sidan dei aller første par årgangane). Da innførte Rolf Theil (Endresen) ein raudfarge som vart ledd i ein langt meir sprelsk layout enn noen hadde våga tidlegare – ikkje minst på illustrasjonssida. To år etterpå (1993) vart det endra til grønt, og grønt har vore bladet sin farge heilt til vi i skrivande stund (1–2009) har fått blått på tittelsida. Stiv perm er det ikkje blitt noe av til dags dato.

Innhaldsmessig vart det innført ein ny redigeringsmåte med satsing på *temanummer*. Meininga var at bladet skulle ta for seg eit hovudtema i kvart nummer, som skulle få fleire artiklar og fylle størstedelen av bladet, men òg med anna stoff i tillegg, og med nummer utan hovudtema innimellom, stort sett eitt pr. år. Temasatsinga hadde fleire grunnar. Éin var praktisk: Det var lettare å sette saman stoffet til bladet når ein slik samla seg om visse emnekrinsar, ein kunne gå til fagfolk innafor kvart felt og be dei skrive, også folk som ikkje var med i laget. I tillegg kunne ein promotere og selje bladet i andre miljø enn dei tradisjonelle, og vona var at det skulle spreie dei ideane laget sto for og verke rekrutterande. Føresetnadene for dette var at temaa ikkje berre krinsa rundt det tradisjonelle normeringsspørsmålet, men i staden vart vidt definert, men heile tida med eit språkleg fokus, oftast språksosialt. Her kjem ei liste over temahefta i åttiåra:

1982:
- 1–2: Norsk språkråd ti år
- 3: Læreboksspråket
- 4: Språk i Troms og Finnmark

1983:
- 1: Språklige rettigheter og plikter
- 2: Ordbøker og terminologi

3: <Ikkje noe hovudtema>
4: Framfor 1984 <stikkord: Orwell>

1984:
1: Språket i ei edb-tid
2: På leit etter normaltalemålet
3: Funksjonshemma og språk
4: <Ikkje noe hovudtema>

1985:
1: Språkkonsulentar
2: <Ikkje noe hovudtema>
3: Islandsk språkrøkt og språkdebatt
4: Avisspråk

1986:
1: Minoriteter og norskopplæring
2: Namn
3: Å skrive radikalt bokmål <også gitt ut som særleg hefte eller småskrift, sjå nedafor>
4: <Formelt ikkje noe hovudtema, men nummeret krinsa mest om den danske rettskrivingsdebatten som har fått namnet «majonæsekrigen» – basert på opptrykk av artiklar i det danske tidsskriftet *Mål og Mæle*>

1987:
1: Oversettelse
2: <Ikkje noe hovudtema>
3: <Formelt ikkje noe hovudtema, men nummeret krinsa mest om bymål>
4: Internasjonale hjelpespråk

1988:
1: Språk og dialekt i NRK
2: <Formelt ikkje noe hovudtema, men nummeret krinsa mest om eit personleg tilbakeblikk på redigeringa etter 1981, som avskilsnummer for Lars S. Vikør>
3: <Ikkje noe hovudtema>
4: Rettskriving

1989:
1: <Ikkje noe hovudtema>
2: <Ikkje noe hovudtema>
3: Skole og språk

Bladet kom ut ein gong i kvartalet, med unntak av 1982, da sjukdom i redaksjonen gjorde at det første nummeret måtte utsettast og komme som dobbeltnummer. Hovudtyngda av redaksjonsarbeidet vart gjort av Lars S. Vikør, først som redaksjonssekretær og frå 1985, etter at han gjekk av som leiar, som redaktør også formelt. I 1984 vart det etablert ein redaksjon i Bergen, med Øyvind Haaland, Ivar Utne og Knut S. Vikør, som bidrog mye til å skaffe stoff frå eit meir allsidig felt enn det som

elles hadde vore muleg, særleg til nummera 1–84, 3–84, 1–85 og 1–87. Elles var det støtte og hjelp å få frå fagpersonar utafor det eigentlege LSS-miljøet, noe som viser seg i forfattarlistene i bladet. Den største salssuksessen til bladet var nr. 1–84, «Språket i ei edb-tid», som vart redigert av Vikør og gjesteredaktør Einar Flydal, og som vekte stor merksemd hos dei som var aktive i den mest moderne språkbrukssektoren på denne tida; truleg har heftet historisk interesse i ettertid.

Det var ein del av bladets og for så vidt til dels lagets program å dempe «bokstavstriden» utover i åttiåra. Etter nederlaget i 1981 vart det følt som nødvendig å finne fleire bein å stå på, men det å fremme radikale former i bokmål og nynorsk og respekt for det folkelege talemålet var framleis eit viktig mål for laget, og det gjennomsyra også stoffet i bladet. Samtidig var *Språklig Samling* truleg den publikasjonen i landet som følgde Norsk språkråds verksemd tettast (med muleg unntak av Språkrådets eige blad *Språknytt*). Såleis står det i første nummer kvart einaste år i denne perioden, frå 1982 til 1988, ein kommenterande artikkel om årsmøtet i Språkrådet, der det både blir gitt referat av møta og gått inn i språkpolitiske drøftingar om emne som *Språklig Samlings* referent meinte var viktige. For studiet av Norsk språkråds historie i desse åra, er *Språklig Samling* derfor ei viktig kjelde.

Finansielt bar bladet seg akkurat. Inntektskjeldene var medlemspengar og bladpengar frå abonnentane, som nesten i sin heilskap gjekk med til bladdrifta. Annonsar hadde det vore meir av før, no vart det nesten ingenting meir på grunn av kapasitetsmangel. Vi hadde ei tid fast byteannonse med Dag og Tid, og nådde dermed ut til lesarane av det bladet. Og vi fekk vanlegvis ei annonse frå forlaget til litteraturprisvinnaren det aktuelle året. Frå 1983 fekk vi så ei ny kjelde: Kulturrådets støtte til kulturtidsskrift. Vi søkte kvart år, ofte til eit bestemt temanummer med eit emne som vi definerte som allmennkulturelt, og vi fekk vanlegvis kjærkommen støtte derfrå. Det passa bra med den generelle satsinga på allmenne språkkulturelle tema som vi hadde lagt oss til, og som fall innafor Kulturrådets definisjon av «kulturtidsskrift». Her fall dei økonomiske interessene saman med den målpolitiske interessa av å nå ut til nye grupper med synsmåtane våre. *Språklig Samling* var òg noen år med i *Norsk Tidsskriftforum*, som vart stifta midt på åttitalet med Oddvar Aurstad i *Samtiden* og Ottar Grepstad i *Syn og Segn* som viktige drivkrefter.

Bladet baserte seg mye på gratisarbeid. Alt stoff vart levert på papir og sendt med posten til trykkeriet i Flekkefjord. Det kom tilbake som upaginerte korrekturflak i to eksemplar. Det eine vart det lese korrektur på, mens det andre vart klistra opp på eit eldre nummer av bladet der det vart sett av plass til titlar, illustrasjonar m.m. og markert typar og typestørrelsar. Også dette vart sendt med illustrasjonsoriginalar i posten, og deretter kom det i retur ein ny korrektur oppsett på sider, som så vart gjennomgått og retta opp eller eventuelt endra. I spesielle tilfelle vart det kanskje også ein tredje korrektur. Men da var redaksjonen forlengst i gang med neste nummer.

Alt redigeringsarbeidet skjedde på redaksjonssekretærens, seinare redaktørens, hybel eller leilegheit til kvar tid, men sikkerheitskopiering av manus og korrektur

før det vart sendt til trykkeriet, vart gjort på eitt av postkontora i Oslo, der det fleire stader var høve til å ta fotokopiar når ein putta myntar på ein automat (tre kroner pr. side, men fire sider for ein tikronemynt). Men det ferdige bladet vart tatt hand om av styret, der kasseraren (Eric Papazian frå 1983 og gjennom heile perioden vidare) hadde fått utsendingsetikettar av Foreningsservice, som i ein dugnad vart klistra på dei enkelte eksemplara av bladet før dei vart bunta saman etter postdistrikt og til slutt kjørt på Postverkets ekspedisjonssentral. Denne arbeidsmåten hadde vore brukt heilt sidan bladet starta i 1960, berre med den skilnaden at ein før Foreningsservice kom inn i bildet, måtte skrive adresse på kvart enkelt eksemplar. Det vart den gongen gjort på dugnad i lokala til Postverkets sentraladministrasjon i Oslo på kveldstid under leiing av Ivar Hundvin eller Johs. Fosså. Det tok gjerne tre kveldar pr. nummer. No i åttiåra brukte vi derimot berre éin kveld pr. nummer på bladutsendinga – eit stort framsteg.

Bladet fekk mye god omtale i desse åra, men mislykkast i det viktigaste formålet, som var å skape grunnlag for rekruttering til saka i vidare krinsar enn norskfilologar ved å sjå språkpolitikken i større og vidare samanhengar. På slutten av perioden kunne ein merke eit ønske om igjen å konsentrere seg meir om samnorskpolitikk i trongare forstand, altså normerings- og rettskrivingspolitikk. Da redaksjonen i 1988 skifta og Rolf Theil (den gongen Endresen) overtok, låg det til rette for å fokusere meir på den reint lingvistiske dimensjonen ved saka. Det vil ikkje seie at alt snevra seg inn til det. Vi dreg desse linene vidare i neste bolk av denne lagshistoria (s. 38).

Litteraturprisen

I 1980 fekk LSS tilbod om ein større pengesum frå lagsmedlemmen Tomas Refsdal frå Drangedal, busett på Rjukan. Refsdal, som var pensjonert arbeidar på Norsk Hydro i Rjukan, hadde arva ein større sum pengar han ønskte å bruke på ei hjartesak. Det var ikkje heilt klart kva pengane best kunne brukast til, men etter ein diskusjon mellom Refsdal og leiinga i laget vart det bestemt at han skulle gå til ei styrking av litteraturprisen. Det vart oppretta eit fond, Tomas Refsdals litteraturfond, der styret for LSS til kvar tid skulle vere styre, men fondet skulle elles vere åtskilt frå laget, og pengane skulle ikkje brukast i vanleg lagsdrift. Det vart sett opp vedtekter for prisen, der det gjekk fram at han skulle bestå av dei årlege rentene av gåvesummen, runda ned til næraste heile krone, og at grunnkapitalen ikkje skulle rørast. Prisen skulle gå til «en forfatter eller skribent som bruker et språk som har et visst preg av de folkelige formene i bokmålet, uten at det kreves at vedkommende bruker *alle* de tillatte folkemålsformene» (punkt 4 i vedtektene).

Til da hadde prisen gått til både bokmåls- og nynorskforfattarar (i eit par tilfelle òg til dialektforfattarar: Kirsten Langbo og Vidar Sandbeck, som nemnt, i den perioden da dialektlina i laget var på det sterkaste). Men dei aller fleste prisvinnarane skreiv radikalt bokmål (berre Åsta Holth og Olav Dalgard var nynorskbrukarar).

Dette punktet i vedtektene var ikkje alle i laget like glade for, men det var Refsdals sterke ønske at det skulle vere slik, og lagsstyret og landsmøtet bøygde seg for det.

Formalitetane med opprettinga av fondet pågjekk i 1981, det vart nedsett ein jury av litteraturkjennarar som skulle innstille ein prisvinnar overfor styret, og året etter kunne den første prisen delast ut til Dag Solstad. Tidlegare hadde prisen berre bestått av eit grafisk blad eller ein annan kunstgjenstand; no fekk Solstad både ein sjekk med pengar og ei teikning av seg sjølv utført av Dagblad-teiknaren Rune Johanson. Det same skjedde med Erling Pedersen året etter, ein mann som elles hadde skrive både nynorsk og bokmål, men som fekk prisen for den monumentale *Din plass på jorda*, på radikalt bokmål.

På dette tidspunktet hadde den paradoksale situasjonen med eit stort prisfond som delte ut sjenerøse prisar kombinert med ein frå-hand-til-munn-økonomi i lagsdrifta elles, blitt noe problematisk for lagsleiinga. Prisutdelingane vart arrangert av dei aktuelle forlaga, som alltid var velvillige, og kosta det som trongst av timelege gleder til dei frammøtte. PR av denne typen var dei sjølvsagt interessert i. Men tradisjonen med å gi ei teikning attpå sjekken tyngde såpass mye på lagets midlar – ein kunne ikkje bruke fondpengar til det – at den vart lagt vekk alt ved den tredje tildelinga, til Tove Nilsen for *Skyskraperengler*. Seinare har prisvinnarane måtta nøye seg med sjekken og sjølve mottakinga, for øvrig utan at eit surt ord noen gong vart ytra av den grunn.

I 1985 oppsto det ein konflikt kring prisen som på mange måtar vart bestemmande for rekka av prisvinnarar seinare. Juryen innstilte da ein nynorskforfattar, Einar Økland, til prisen. Dette vart ei nøtt for styret, ikkje på grunn av Øklands kvalifikasjonar, som ingen drog i tvil, men fordi det var problematisk i forhold til ordlyden i vedtektene. Der var det rett nok opna for å gi prisen til ein nynorskforfattarar, men det var sett strenge vilkår for det:

«Skulle det hende at en ikke finner en habil bokmålsforfatter, kan prisen også gis til en nynorskforfatter som bruker flest mulig av *dette* språks radikale former, altså de formene i nynorsken som ligger bokmålet nærmest. Men denne tendensen må være klar og tydelig.»

Fleirtalet i styret meinte at LSS ikkje kunne vere bekjent av å diskriminere nynorskforfattarar, og gjekk inn for å følgje juryinnstillinga. Leiaren (Vikør) stemte imot, både av formelle og språkpolitiske grunnar. Den formelle grunnen var klar nok: Etter ordlyden i vedtektene ville ei tildeling til ein nynorskforfattar bety at det ikkje fanst bokmålsforfattarar som var kvalifiserte til å få prisen. Det gjorde det i rikt monn, og det var ingen ueinig i. Den språkpolitiske grunnen var at det var viktigare å fremme og styrke det radikale bokmålet enn ein radikal nynorsk som allereie hadde rimeleg gode kår. Det var LSS sin analyse at det radikale bokmålet var den mest undertrykte forma for skriftleg norsk i det heile, og da var det rimeleg at ein pris frå Språklig Samling tok eit særleg ansvar for den, også i form av den paragrafen Refsdal ønskte å ha i vedtektene på dette punktet. Leiaren gjekk derfor inn for å desavuere juryen og foreslo ein alternativ prisvinnar som skreiv radikalt bokmål (og

som for øvrig også fekk prisen noen år seinare), men vart altså nedstemt. Økland fekk prisen for 1985, vel fortent også etter mindretalets meining, men det førte til eit noe kvast etterspel mellom styret og Refsdal, som enda med ei innstramming av ordlyden i vedtektene:

«Skulle det noen gang hende at det ikke finnes en bokmålsforfatter som oppfyller kravet i punkt 4, da – men først da – kan prisen også gis til en nynorskforfatter som bruker flest mulig av *dette* språks radikale former, altså de formene i nynorsken som ligger bokmålet nærmest. Men denne tendensen må være klar og tydelig.»

Resultatet er at ingen nynorskforfattar har fått prisen etter Økland. Ei slik tildeling ville vere ei innrømming av at radikalt bokmål ikkje var brukt i noe kvalitativt akseptabelt verk i det aktuelle året, og den situasjonen har så langt aldri oppstått. Rett nok har somme seinare prisvinnarar *også* nytta nynorsk (t.d. Karin Sveen og Arvid Hanssen), men ein tospråkleg praksis hos forfattaren har aldri vore noe problem. Prisen har dei fått for bruken av eit ledig og godt radikalt bokmål. Og den synleggjeringa av denne språkforma som LSS har medverka til gjennom litteraturprisen, har truleg, meir enn noe anna laget har gjort, bidrege til å fremme det språkpolitiske målet LSS har hatt sidan starten.

Refsdal tok fleire gonger opp spørsmålet om å utvide prisen til å omfatte munnleg språkbruk, ikkje minst i NRK, og vedtektene opnar i beskjeden grad for det. Men på dette punktet har sentralstyret i laget vore restriktivt, og like eins juryane, i og med at det ville gi store avgrensingsproblem. Så prisen er blitt verande ein *litteraturpris* i streng forstand.

Norsk språkråd

LSS var i heile tiårsperioden representert i Norsk språkråd ved Geirr Wiggen i bokmålsseksjonen og Ernst Håkon Jahr i nynorskseksjonen. For eit fullt oversyn over representasjonen vår, sjå s. 62.

Det å gjere seg gjeldande i Språkrådet og om muleg påverke det, var eit sentralt arbeidsområde i heile perioden; ved sida av bladet og litteraturprisen var det den arenaen der laget greidde å gjere seg mest synleg, både gjennom dei to representantane, og gjennom å uttale seg om og sende inn framlegg i konkrete aktuelle saker. Åttiåra begynte med ein språkpolitisk spent situasjon, som etter kvart vart neddempa og avspent: Dei viktigaste stridssakene fann ei løysing, og etter 1985 var situasjonen ganske roleg. Dei få konfliktane som skjedde, var av det meir anekdotiske slaget.

Vi refererer kort dei viktigaste saksområda der LSS engasjerte seg i Språkrådet i åttiåra.

Tiåret opna med sluttfasen i den store striden rundt normeringa av bokmålet og den liberaliseringa i tradisjonell lei som hadde vore under førebuing i mange år. Men Språkrådet hadde gjort sitt endelege vedtak og sendt saka over til departementet alt i 1979, så ordskiftet i 1980–81 retta seg mot departementet og Stortinget. Da liberaliseringa gjekk samrøystes gjennom i Stortinget 1. juni 1981, var saka å rekne

som avgjort, og også LSS aksepterte resultatet som eit fullbyrda faktum. Det vart aldri seinare gjort noe forsøk på «omkamp», som alle rekna som fåfengt uansett.

Men LSS prøvde likevel å dra nytte av den nye situasjonen ved å foreslå utvidingar den andre vegen i et formelt brev til Språkrådet. Hovudsaka var å tillate hokjønnsbøying i ord på *-ning*, som framleis hadde obligatorisk hankjønn, mens *-ing* hadde valfritt hankjønn eller hokjønn. Tilsvarande foreslo laget å godkjenne *meir* og *fleire* attåt *mer* og *flere*. Tanken var at dette skulle jamne ut inkonsekvensar, slik at ei valfriheit som alt var langt på veg gjennomført skulle sleppe til også i tilsvarande ord der det mangla.

Språkrådet avviste alt. Men i den nye bokmålsreforma, som kom i eit heilt anna klima i 2005, vart hovudpunktet, valfritt hokjønn i ord på *-ning*, gjennomført, så det gjeld i dag.

Ein større normeringsstrid på tidleg åttital gjaldt nynorsken. Her sto ei liberalisering i ordtilfanget i sentrum, og LSS støtta sjølvsagt det, men sto litt på sidelina. Daverande leiar i laget, Lars Vikør, var også med i prosessen i eigenskap av nynorskbrukar, som medlem i den nemnda Språkrådet sette ned til å greie ut saka under leiing av Kjell Venås, og for han framsto det som mest tenleg (ikkje minst taktisk) å ta heile striden internt i nynorskrørsla (som var svært delt i saka) og påverke maktforholda der. Resultatet vart ei forsiktig og noe tvitydig opning frå Språkrådets side, og det kom nye rundar i saka på nittitalet.

Men også sjølve rettskrivinga i nynorsk vart gjennomgått i Språkrådet tidleg på åttitalet, og LSS var aktive og la fram eit relativt omfattande framlegg til liberalisering i tilnærmingslei (tilnærming særleg til folkemålet utafor det nynorske kjerneområdet). Dette var nok dels meint som mottrekk til tilsvarande krav frå den andre sida, den fløya i målrørsla som ønskte å dra nynorsken tilbake i retning Ivar Aasen, eller i alle fall i retning av 1917-rettskrivinga. Resultatet vart ei gradvis, men ikkje særleg vidtgåande, opning mot former som hadde brei støtte i talemålet, og det kunne gå både i tradisjonell og radikal lei. LSS fekk ikkje særleg gjennomslag for framlegga sine, men truleg fungerte dei på eit vis som motvekt mot presset frå den andre sida – der dei heller ikkje oppnådde særleg mye. Det var generelt ikkje stemning for nye store endringar i Språkrådet.

Ei hissig kampsak i starten av tiåret gjaldt talemålet – nemleg uttalemarkeringar i autoriserte skoleordlister. Hovudstridseplet var trykkmarkeringar: LSS sine representantar gjekk sterkt imot praksisen med å markere sistestavingstrykk i fremmendord som *banan* og mange andre. Dei ville jamstille førstestavingstrykket i det austlandske og trønderske folkemålet, og ønskte derfor alle trykkmarkeringar vekk (formelt foreslått av Geirr Wiggen). Motframlegget var at slike markeringar skulle stå som opplysning for dei som ønskte informasjon om standarduttalen, men at det i forordet til ordlistene skulle stå ein merknad om at dette ikkje var meint som normering, og at uttale med førstestavingstrykk ikkje var ukorrekt for dei som hadde det i sitt naturlege talemål. Røystinga i rådet viste eit interessant og ofte gjennomgåande mønster i slike saker: Wiggens framlegg om å fjerne markeringane fekk

fleirtal i nynorskseksjonen, men fall i bokmålsseksjonen. Dermed sigra det mest moderate framlegget, dvs. det som låg nærast eksisterande praksis (sia eit vedtak i Språkrådet måtte ha fleirtal i begge seksjonar for å vere gyldig).

Vi går kortare inn på andre saker.

I 1982–83 raste det ein strid om dei tilsette i Språkrådet sin rett til å bruke eigne språkformer innafor læreboknormalen, dvs. radikale former i bokmålet, kontra kontorsjefens rett til å bestemme over formvalet. Wiggen kjempa for dei tilsette sine rettar mot leiinga si instruksjonsmyndigheit, og tapte. Dette er belyst i eit temanummer av bladet (1–83).

Eit par år seinare var det oppe to saker LSS engasjerte seg sterkt i. Den eine gjaldt spørsmålet om ein skulle akseptere talemålsnormering og eksistensen av eit normaltalemål i Norge, jamvel som noe positivt – det førte til eit eige rådsmøte utanom årsmøta i 1985. Det vart på mange måtar ein god debatt, men han avslørte sterke motsetningar og sterkt kjensleengasjement på begge sider. Resultatet vart at Språkrådet ikkje skulle engasjere seg direkte på dette feltet, men begrense seg til normering av skriftspråk.

Ei anna sak som direkte gjaldt skriftspråk, var normering av tekster i leseverk for skolen. Her kom LSS for ein gongs skyld til å stå saman med riksmålssida på eit liberalt standpunkt med stor respekt for den opphavlege og autentiske språklege forma i litterære tekster. I rådet elles var det gradsskilnader i synet på kor mye tilpassing og modernisering ein kunne tillate seg, og det enda med eit ganske detaljert regelverk for korleis slik normering skulle gjerast.

Den siste saka eg skal nemne her, var på sett og vis meir anekdotisk. Det var slik at sekretariatet under granskinga av eit norskverk for skolen, der rådet hadde fagleg godkjenningsmyndigheit, nekta å akseptere bruken av termen «konservativt bokmål» for «moderat» i omtalen av det mest tradisjonelle bokmålet i eit språkhistoriekapittel. Dette førte til klage på overgrep: Det vart peika på at det her ikkje var snakk om utøving av fagleg kompetanse, men om språkpolitisk sensur. Forfattar og forlag måtte gi seg, men ei tilsvarande sak kom opp att noen år seinare i langt på veg same form, sjå s. 44.

LSS sitt gjennomslag i Språkrådet var hundre prosent avhengig av dei personane som representerte laget, og gjennomslaget var større enn stemmetalet vårt skulle tilseie på grunn av at laget – i likskap med dei andre språkpolitisk engasjerte oppnemningsinstansane – nemnte opp sine beste folk på dei saksfelta Språkrådet arbeidde på. Eit solid bevis på det kom da Geirr Wiggen i 1988 ganske overraskande vart valt til leiar av bokmålsseksjonen etter kampvotering mot den sittande leiaren. Med det vart han også leiar av rådet (der leiarskapen alternerte mellom dei to seksjonane frå år til år). Det viste også at det synet LSS sto for, vart rekna som «stovereint» hos fleirtalet i seksjonen i ein situasjon da konfliktnivået i normeringssaker var ganske lågt – i ein mellomperiode mellom to reformperiodar.

Språkpolitiske saker

LSS hadde gått frå ein klassisk tilnærmingspolitikk til ein tidsriktig «folkemålspolitikk» på syttitalet, der det viktigaste delvis var kamp for folkeleg talemål i seg sjølv, og ein skriftmålspolitikk som primært favoriserte folkelege former i begge skriftspråka, til dels realisert gjennom ein omfattande valfridom, som no vart sett som eit mål i seg sjølv og ikkje eit steg i retning av større einskap i framtida. Såleis deltok LSS i dei årvisse dialektaksjonane som vart haldne med utspring i målrørsla fram til 1982. (I 1981 sprakk samarbeidet om ein slik aksjon fordi Noregs Mållag insisterte på nynorsk i alt materiell frå aksjonen, eit diktat fleire samarbeidspartnarar ikkje godtok, men det vart likevel halde ein lokal «tverrspråkleg» aksjon i Oslo der LSS var med.)

Frå 1980 av var det klart at dette ikkje hadde styrka slagkrafta og innverknaden til LSS i samfunnet, knapt politisk og enda mindre organisatorisk. Dessutan var det begynt å blåse nye vindar i samfunnet, og dei radikale sekstiåttarposisjonane frå syttitalet vart meir og meir utfordra. Rett nok viste det seg at dialektfrigjeringa i talemålet var varig, men dialektlina i skriftmålspolitikken var ikkje sjølvsagt lenger. Men det same gjaldt statleg tilrettelegging av språkutviklinga i ei viss lei. Høgrebølgja fremma privatisering og individualisering.

Det var behov for gjennomtenking av strategien. For LSS betydde det ei nedtoning av talemålskampen og ein ny konsentrasjon om skriftmålskampen, der ein hadde komme utan samanlikning kortast.

Kampen for å hindre eller modifisere liberaliseringa innafor bokmålet førte ikkje fram, men enda i fullt nederlag. Men framleis eksisterte dei radikale formene innafor bokmålet, og framleis var det den mest undertrykte forma for norsk. Dette var LSS sin analyse, og det botemiddelet laget kunne peike på, var ei styrking og synleggjering av radikalt bokmål. Striden om litteraturprisen var eit uttrykk for dette, like eins dei mislykka initiativa for ei liberalisering av bokmålsnormalen i radikal lei. Men problemet var ikkje at offisielt bokmål var for lite radikalt, problemet var at det radikale bokmålet vart lite brukt. Derfor vart det no etterlyst eit meir planfast arbeid for å få radikalt bokmål meir i bruk ute i samfunnet.

I 1983 vart dette synet lagt fram på landsmøtet av leiaren, Vikør. Han foreslo at LSS skulle ta fatt på ei kodifisering av radikalt bokmål på bakgrunn av levande brukte former i skrift og i folkeleg austlandsmål (og unngå typiske nynorskformer frå 1938 som hadde blitt ståande som papirformer i bokmålet), i samråd med vidare krinsar som var positive til folkelege former i bokmålet. Gjennom dette arbeidet skulle LSS posisjonere seg som ein forvars- og kamporganisasjon for radikale og folkelege former i bokmål, og legge vekt på å bygge opp ein slags språkleg infrastruktur og eit organisert samfunn av språkbrukarar for denne forma. På den måten håpa ein å få synleggjort det radikale bokmålet som ein fullverdig skriftvarietet av norsk, til bruk til alle formål, på same måten som nynorsken var blitt etablert. Ved slik å profilere seg som forkjempar for eit bruksspråk, ikkje berre for ein språkleg

idealtilstand i framtida, kunne ein håpe å nå større grupper av bokmålsbrukarar og dermed styrke rørsla såpass at ho fekk ei eiga tyngd i samfunnet.

Dette var eit ambisiøst mål, men det som var uakseptabelt for landsmøtefleirtalet, var det med kodifisering av eit radikalt bokmål. Fleirtalet sto fast på den liberale ideologien laget hadde utvikla, og som gjekk på at språkbrukarane skulle ha fridom til å velje former frå ein rikhaldig meny utan begrensningar anna enn dei som var gitt i den offisielle rettskrivinga (for dei som var pliktige til å nytte den). Framlegget fall altså, og det var uansett ikkje ressursar til å gjennomføre den meir utetterretta politikken det hadde tatt utgangspunkt i. Vikør, som hadde fronta normeringsframlegget, tok i staden initiativ til småskriftet *Å skrive radikalt bokmål*, som kom ut i 1986. Det var ikkje autorisert, heller ikkje av LSS, som normerande, men berre rådgjevande.

Elles følgde laget dei sakene som var oppe i Språkrådet, som vi har skissert ovanfor, og dei vart som nemnt aktivt følgt opp i bladet. Eit tema som stadig kom att, var kritikken av den «skjulte» normeringa til fordel for konservativt bokmål i tekstproduserande maktinstansar; til dømes gjekk Eric Papazian og Helge Omdal i 1980 ut mot språksensur i fjernsynstekstinga. Denne kritikken var det brei semje om i laget. Andre saker laget uttalte seg om av meir allmenn språkpolitisk karakter, var sidemålsstilen (igjen), normering av stadnamn (i samband med eit nytt lovframlegg i 1983; lova vart vedtatt først i 1990), styrking av norskundervisninga, røystereglar ved målrøystingar i skolekrinsane, saka om ei samisk språklov, og også meir lokale saker som nedlegging av ei nynorskklasse ved Lunde skole i Telemark (etter initiativ frå Øyvind Gulliksen) og skrivemåten «Majorstua». Bakgrunnen for desse fråsegnene var ofte at LSS var høringsinstans for lovframlegg og andre offentlege dokument, og det var ein bevisst politikk at laget skulle markere seg mest muleg aktivt i slike samanhengar – jamvel om sakene ikkje gjaldt «LSS-saker» i snever forstand.

Uheldig kom laget ut med ein aksjon der ca. 100 bokmålskommunar rundt i landet fekk brev frå LSS med oppmoding om å bli språknøytrale (1985). Ca. fjerdeparten svarte, og noen få av desse følgde oppmodinga. Men det utilsikta resultatet var at Telemark, som hadde vore eit nynorskfylke, vart nøytralt. Grunnen var at fylkets målform var bestemt av talet kommunar i dei ulike språk-kategoriane, og når over eit visst tal kommunar var nøytrale, skulle heile fylket vere det. Av dei kommunane som hadde valt målform i Telemark, var dei fleste nynorske, og da skulle også fylket vere det. Men da Skien og Kragerø skifta frå bokmål til nøytralitet, bikka talet på nøytrale kommunar over den magiske grensa, og fylket vart nøytralt. Sidan svekking av nynorsken, den veikaste av dei to målformene, var imot LSS sin politikk, vart dette opplevd som temmeleg pinleg av oss som hadde gjennomført aksjonen.

Det er tid for å oppsummere: Ideologisk var åttiåra i det store og heile eit roleg tiår for LSS, utan større indre motsetningar eller debattar. Profilen til laget var ganske reformistisk i denne tida, med klare standpunkt i dagsspørsmåla ut frå det grunnsynet som no var fastlagt, men lite av nye initiativ og nye tankar. Samnorskperspektivet – og ordet *samnorsk* – vart berre i liten grad brukt og flagga, det hadde

elles også vore tilfellet i den radikale perioden på syttitalet (på grunn av assosiasjonane til «teknokrati»), og tilnærming mellom bokmål og nynorsk sto heller ikkje høgt på dagsordenen. Det ein no gjekk inn for, var ei gradvis opning for folkelege former i bokmål og nynorsk – noe som oftast indirekte også betydde ei tilnærming til den andre målforma. To mest muleg folkelege skriftnormer var no målet, og samansmelting vart uansett rekna som eit så fjernt perspektiv at ein ikkje ville legge vekt på det i dagspolitikken.

Dette var den lina som vart ført i Lars Vikørs leiarperiode og den umiddelbare ettertida. Etter kvart bygde det seg likevel opp ein reaksjon mot denne forsiktige lina.

ARNE TORP:

LSS gjennom femti år, del II: 1989–2009

1990-åra

Intern debatt i laget

Samnorsknormalen – et forslag som ikke slo an
Ettersom aktiviteten i laget også i dette tiåret stort sett avgrensa seg til det som stod i bladet, vil den språkpolitiske profilen først og fremst komme til uttrykk gjennom det som stod på lederplass i bladet. Rolf Theil Endresen (etter januar 2003 Rolf Theil) overtok som redaktør alt i 1988, men det var først et års tid seinere at han virkelig markerte seg med ei ny og – som det skulle vise seg – ganske kontroversiell linje. Lederartikkelen til dobbeltnummeret nr 4 1989/1 1990 har den programmatiske tittelen: «La 90-åra bli samnorskens tiår!» Her innvarsla han at han tenkte å presentere en ny språknormal, som han forresten alt hadde begynt å praktisere året før, jf. Theil Endresen s. 312 i denne boka. I det neste nummeret av bladet la han så fram «Forslag til samnorsknormal».

Mens det forslaget som LSS hadde lagt fram i 1966 blei kalt *samlenormal*, kalte Theil Endresen sitt forslag *samnorsknormal*. Navneforskjellen er interessant og viktig: Mens *samle*normalen i 1966 bare omfatta former som fantes fra før i *enten* bokmål eller nynorsk, inneholdt *samnorsk*normalen ei rekke former som *verken* fantes i bokmål eller nynorsk. Det er her altså ikke snakk om ei sammenslåing av bokmål og nynorsk med enda flere valgfrie former enn innafor hver av de eksisterende målformene. Theil Endresens samnorsknormal har faktisk svært få valgfrie former – *eg/jeg* og *dåkker/dere* er et par av de få eksemplene fra grammatikken. Derimot er det mye av både skrivemåter, bøyinger og ordformer som virker fremmed for den som er vant med de nåværende skriftnormalene; her er noen eksempler:

nåværende skriftnorm	**samnorsknormalen**
1. *fylt, trykt, trygt*	*fyllt, trykkt, tryggt*
2. *og / å*	*å*
3. *være* (bm.) / *vere* (nn.) / *lære*	*vere, lere*
4. *åssen* (bm.) / *hossen* (nn.)	*hvorsen*

I rad 1 ser vi at samnorsknormalen ikke har noen såkalt konsonantforenklingsregel – et forslag som etter manges oppfatning utvilsomt har mye for seg reint pedagogisk – norsklærere kan fortelle at det bare er *og/å* som rangerer enda høyere på feilstatistikken. Mer uventa er kanskje ideen i rad 3 om rett og slett å avskaffe bokstaven *æ* og skrive *e* over alt der en i dag skriver *e* eller *æ*. Likevel må en kunne

si at alle de tre første punktene over representerer klare pedagogiske forenklinger av rettskrivinga: Det ville utvilsomt bli enklere å skrive riktig dersom en gjennomførte disse formene. Punkt 4 der en skrivemåte som *hvorsen* er tenkt å skulle dekke uttaleformer som *korsen*, *hossen* og *åssen*, er nok atskillig mer problematisk som pedagogisk prinsipp; her er vi inne i etymologiske tankeganger som vi kjenner igjen fra tradisjonell språkplanlegging på 1800-tallet når en skulle skape nye skriftspråk, som for eksempel færøysk eller norsk landsmål.

Når samnorsknormalen faktisk aldri blei noe annet enn Theil Endresens egen idé (på denne tida, kan vi vel legge til) om åssen en kunne skape *ett* nytt norsk skriftspråk, så var ikke problemet først og fremst at forslaget i seg sjøl var dårlig. Problemet var derimot at alle nordmenn fra før av er vant til å se og skrive bokmål og/eller nynorsk. Forslag av den typen denne samnorsknormalen representerte, er realistiske og fornuftige når en skal skape et skriftspråk for språk som aldri har vært skriftfesta før, og der en derfor kan velge fritt de skrivemåtene en mener er mest hensiktsmessige. Men i et språksamfunn som vårt der skriftspråket lenge har spilt ei viktig rolle, kan en ikke late som om det ikke eksisterer noen skrifttradisjon både når det gjelder valg av ordformer og rettskrivingsprinsipper. Slike innvendinger var derfor viktige hovedpunkt i en artikkel i neste nummer av bladet, der Eric Papazian under den noe raljerende tittelen «Hvorsen har Dem det?» avviser hele forslaget.

I nr. 3/4 1991 kom så Lars S. Vikør på banen med den lange og grundige artikkelen «LSS framfor nittiåra», der han også sa seg helt uenig med Theil Endresen (se s. 334 i denne boka). «Moralen» i Vikørs historiske oppsummering «Språkleg samling i Skandinavia?» i 1992 (s. 229 i denne boka) er at vi bør være realistiske når det gjelder forventningene til hvor radikale omlegginger av skriftspråket det er rimelig å tenke seg at folk er villige til å godta, samme hvor godt motiverte forslaga måtte være både språklig og pedagogisk.

Det er heller ingen seinere innafor LSS som har prøvd å ta opp igjen Theil Endresens radikale ideer. Det som har vært språklig praksis hos de aller fleste med tilknytning til LSS gjennom hele lagets historie, er å holde seg nokså lojalt innafor de vedtatte normene for bokmål og nynorsk. De fleste har nok følt at det å utnytte valgfriheten til å bruke tilnærmingsformer er tilstrekkelig språkpolitisk markering.

Det som har vært problemet for mange, er at retten til å bruke slike former ofte blir sabotert, om det skriftlige produktet skal trykkes av et forlag eller stå i visse aviser. Dersom teksten er på bokmål, vil nemlig tekstprodusentene ofte bestemme formvalget – nynorsk bryr de seg sjelden om – der mangler de som regel også kompetanse. Tekster skrevet på radikalt bokmål risikerer derimot å bli «moderert» kraftig slik at teksten etter redaksjonell behandling som regel framstår som «meget moderat».

Nytt prinsipprogram i 1993 – lett justert i 2003 og endelig vedtatt i 2009!

Tidlig på 1990-tallet kom det opp forslag om å lage et nytt prinsipprogram som skulle avløse programmet fra 1976–77, som mange følte ikke lenger var i pakt med

det som burde være LSS sine oppgaver i dagens situasjon. Lederen i laget i 1993, Helge Gundersen, oppsummerte forskjellene mellom det gamle og det nye prinsipp-programmet bl.a. slik:

> Det gamle prinsipprogrammet inneholdt mange konkrete tema og mål, mens det nye holder seg mye mer til de overordna prinsippa. Det nye prinsipprogrammet har med et punkt som skisserer det allmenne verdigrunnlaget som arbeidet vårt bygger på. På den måten håper vi å si noe om *hvorfor* vi driver med språkpolitikk – noe som dessverre ikke er så opplagt for alle i disse tider, da språkpolitikk ikke står så sentralt i samfunnsbildet. Her markerer vi oss som primært tilhengere av det *demokratiske* prinsippet i språkpolitikken, i motsetning til f.eks. tradisjonalisme.
>
> Det en kan se som hovedpunktet i programmet, handler om skriftspråket. Her tar vi med både «endemålet» (samnorsken) og prosessen undervegs, både det langsiktige målet og de kortsiktige måla. Vi nevner også at vi holder på flertallets talemål som grunnlag for skriftspråka, men det er holdt åpent hva slags flertall det er snakk om (antall talere eller geografisk utbredelse).
>
> Som oppsummering: Det nye prinsipprogrammet er ingen revolusjon i LSS-sammenheng, men vi håper at det bedre gir uttrykk for de prinsipielle standpunkta våre.

(*Språklig Samling* 1993 nr. 4 s. 3)

Vi ser at alle de undersøkte stedene har innbyrdes den samme fordelingen av DU i ulike syntaktiske funksjoner. Dette er en interessant observasjon, fordi den kan bidra til å si noe om hvordan en språklig endring går for seg. Det kan se ut til at formen først har fått innpass der den har høyest bruksfrekvens, mens den senest har fått innpass der den ikke er så utbredt grammatisk sett. DU-formens «livsløp» ser da ut til å ha begynt i predikativ stilling for så å ha gått videre til preposisjonsobjekt og direkte objekt og senest til indirekte objekt. Dette mener jeg gjenspeiler en tanke om at språkendringer ikke skjer «over natta» eller på et bestemt tidspunkt, og at de heller ikke skjer samtidig i alle syntaktiske funksjoner. Jeg mener dette er et eksempel på at språklige endringer er gradvise og flytende overganger. Trinn-for-trinn-teorien som tidligere har vært brukt til å forklare språklig endring (f. eks. hvordan *p, t, k* gradvis (igjen!) er i ferd med å ta over for *b, d, g* på den såkalte bløde kyststribe) kunne utvides til å bli en forklaringsmodell der DU-formen får innpass i syntaktisk funksjon etter syntaktisk funksjon.

6) Hvordan er folks holdninger til DU-formen?

«Sønnen min sier det au, det er rart det der – han e skarp au se du!»

Utsagnet stammer fra en lærer i Aust-Agder og er slett ikke utypisk for holdninger som kommer til uttrykk i undersøkelsesområdet. Det å bruke DU-formen kobles til dårlig eller mangelfullt utviklet språkfølelse.

Generelt kan en si at det hersker mye negative holdninger til formen. Både blant voksne og unge språkbrukere er negative kommentarer omkring formen vanlig. Det er naturligvis vanskelig å tillegge noen spesielle holdninger eller trekke konklusjoner omkring holdninger. Det er ikke slik at det er et enten-eller-forhold, at en enten er negativ eller positiv til bruk av *du* som objektsform i 2. person entall. Snarere har en å gjøre med størrelser som ikke kan veies eller måles. Det er snakk om forhold som glir over i hverandre og som ikke er entydige. Men fordi resultatene av

undersøkelsen så klart peker i samme retning, burde det likevel være forsvarlig å si noe om holdninger til DU-formen i Aust-Agder. Det viser seg nemlig at Arendal og Grimstad framstår som områder der de negative holdningene stikker dypest. Det er gjennomgående folk i disse to kystbyene som viser de sterkeste holdningene mot DU-formen. Her opplever flest elever å bli rettet på hvis de for eksempel sier «kan e låne den a DU?». Her er det også flest elever som unngår uttrykksmåten i kontakt med mennesker fra andre steder, og det er flest informanter som synes formen er «stygg» og «rar». Tilleggskommentarer av typen at DU-brukere er «håpløse», «harry», eller «mongo», er også hyppigere i de nevnte byene.

I Froland, Åmli og Tvedestrand finnes mer positive holdninger. Informantene her blir sjelden rettet på; de unngår heller ikke formen og synes selv den er «naturlig». De mest positive holdningene til DU-formen er å finne i områder der formen synes godt forankret, mens de mest negative holdningene er vanligere der hvor formen er yngst.

Sykdomsterminologi

Ellers er det verdt å legge merke til at det i hele området som ble undersøkt, er vanlig å omtale det nye språktrekket som en *sykdom*. En snakker om *smitte*, *infeksjoner* og det å være *angrepet*. Et område kan være sterkt angrepet eller bare så vidt smittet. Dattera til en informant i Åmli var «ille», og det ble i Evje hevdet at de nok var i «inkubasjonstida». Ei dame fra Blakstad i Froland hadde bodd borte en årrekke, og da hun vendte tilbake til området, oppdaget hun til sin store overraskelse at hele området var «infisert». Også flere av de unge informantene i undersøkelsen sier at det å bruke DU-formen, er å betrakte som en sykdom, og mange av disse medgir selv å være «smittet». En gutt fra Arendal sa for eksempel at «det høres ut som en sykdom». Foreløpig ser det altså likevel ut til at «smitten» hovedsakelig holder seg innenfor Aust-Agder fylke.

Framtidsutsikter

Det er ingen tvil om at DU-formen er godt forankret i språkbruken til ungdommer i Aust-Agder. I hele området var det mange som svarte at de brukte en slik uttrykksmåte. Men vil språktrekket spre seg til stadig nye språkbrukere og til stadig nye geografiske områder? Dette er det ikke lett å gi noe entydig svar på, men mye tyder på at språktrekket sprer seg. Egentlig kunne en tenke seg at faktorer som motstand i deler av den voksne befolkningen og negative holdninger til DU-formen kunne bidra til å trenge uttrykksmåten tilbake, men dette har ikke skjedd. Vi har her altså å gjøre med en språkendring som sprer seg på tross av slik motstand. Dessuten sprer den seg på tross av at den ikke har støtte i skrift. En del endringer kan lettere få gjennomslag fordi de nye formene er representert i en av målformene våre, men slik er det altså ikke med DU-formen. Fortsatt må en i begge målformer skrive objektsformen i 2. person entall som *deg*.

Det at formen likevel sprer seg, kan en se på som et uttrykk for det språkforskeren Peter Trudgill har kalt *covert prestige,* og som vi kan oversette med *skjult prestisje*. En tanke om at språktrekk sprer seg på tross av sosial fordømmelse kommer til uttrykk i en slik teori. Det dreier seg om fenomen som f.eks. virker i noen ungdomsgrupper og som bidrar til spredning av nedvurderte språktrekk. En identifiserer seg ved en slik språklig handling med språkbruken til de andre medlemmene av gruppa. Språkets identitetsfunksjon har betydning i en slik sammenheng. Vi liker å være like hverandre også i språkdrakt.

Endringer som er knyttet til begrepet *skjult prestisje*, kan være eksempler på såkalt *aldersstratifisering*, eller det Trudgill kaller *age-graded change*. En slik endring inntreffer på samme stadium i generasjon etter generasjon, men den blir ikke tatt opp i voksenspråket. Dette er ikke tilfelle med DU-formen. Også voksne personer sier «det va koselig å snakke med DU», og vi kan derfor være rimelig trygge på at det dreier seg om en varig språklig endring. Det ser ut til at en i Aust-Agder er kommet ett skritt nærmere et totalt sammenfall av bøyningsformer i de personlige pronomenene.

Hvordan holdningene til DU vil komme til å bli framover, er et åpent spørsmål. Blir folk vant til bruk av DU-formen etter hvert? Det er i store deler av undersøkelsesområdet en stor andel av befolkningen som bruker trekket, og når DU etter hvert er den vanligste formen også blant voksne språkbrukere, kunne en tenke seg at motstanden ville avta og at bruken ikke ble så hyppig korrigert og motarbeidet som vi ser eksempler på i dag. Men det er likevel ikke godt å vite hvordan det vil gå med DU!

ARNE TORP:

Älvdalsmålet – Skandinavias merkeligste dialekt

Fra Språklig Samling nr. 2/2002

Dialektbruk i Norge og i grannelanda

Vi her i Norge tror gjerne at det er større dialektvariasjon her i landet enn i nabolanda, og det samme tror også folk i nabolanda om oss. Dersom vi tenker på situasjonen i dag, er dette heller ikke merkelig; det er nemlig bare i vårt land at en som utenbygds boende kan risikere å bli servert noe bortimot reinspikka bygdemål når en tilfeldigvis kommer i snakk med folk. Når svensker og dansker i dag treffer landsmenn de ikke kjenner, er det nærmest en uskreven lov at de går over til rikspråk i en slik situasjon, sjøl om de til daglig snakker en eller annen dialekt med familie, venner og kjente i nabolaget. I Norge er dette som kjent annerledes; her kan fremdeles hvem som helst bli utsatt for hva som helst av lokalfarga talemål. Norge blir dermed regna som dialektparadiset av dem som synes det er flott at alle kan få stå fram med sitt naturlige talemål, mens andre synes det er stor synd og skam at ikke vi som bruker dialekt kan ta oss sammen og «prate skikkelig», slik som folk gjør i andre land når de snakker med fremmenfolk eller taler offentlig.

Dansk dialektvariasjon

Det at dialektene i nabolanda er lite synlige i dag, betyr imidlertid ikke at det aldri har eksistert dialekter der, snarere tvertimot. Det nordiske landet som i forhold til arealet uten tvil har hatt de største dialektforskjellene, er nok Danmark; her er jo hele landet nemlig mindre enn Finnmark fylke, mens de mest fjerntliggende tradisjonelle dialektene – f.eks. bornholmsk og vestjysk – er innbyrdes helt uforståelige, noe som jo neppe er tilfellet i vårt land, trass i mye større både geografisk avstander og naturlige hindringer for samferdsel mellom ulike landsdeler. Noe av forklaringa på at de danske dialektene er såpass ulike som de er, er sannsynligvis den tradisjonelle bosettinga i Danmark, som har vært landsbyer, mens folk i Norge har bodd på enkeltgårder. En landsby er et såpass stort samfunn at folk kan leve hele livet i det samme miljøet med minimal kontakt utenfor landsbyen, mens en enkeltgård aldri kan være sjølforsynt på samme måten. Dette er trolig noe av grunnen til at dialektforskjellene i Norge faktisk er relativt moderate, når en tar hensyn til at arealet er stort og topografien vanskelig.

Dalarna – et mylder av dialekter

I Sverige har busettinga også i større grad enn i Danmark vært basert på enkeltbruk, og i det meste av Sverige er heller ikke dialektforskjellene relativt sett så store som i Danmark. Ett område i Sverige peker seg likevel ut med en helt ekstrem dialektvariasjon på et lite område: Dalarna (se kart s. 187). Her fins det så store dialektforskjeller at folk som bare bor noen få mil fra hverandre ikke kan snakke sammen på det lokale talemålet, men må bruke «swenska», som de sier, dvs. svensk rikksspråk, for å kommunisere. Og slik har det utvilsomt vært i flere hundre år. Dersom vi ser på bosettinga i dette området, finner vi i alle fall noe av forklaringa. Her har vi nemlig akkurat som i Danmark hatt store landsbyer, der flere hundre mennesker har bodd sammen i tette samfunn, og slik har det sikkert vært siden langt tilbake i mellomalderen. I seinere tid har riktignok ikke disse bygdene vært isolerte; i lang tid har folk fra Dalarna foretatt arbeidsvandringer til sentrale deler av Sverige, der mannfolka bl.a. hadde arbeid på storgodsa der, og kvinnfolka tjente hos fine folk i byene. Men trass i denne kontakten har folket i Dalarna beholdt sitt særprega språk, helt fram til våre dager. Og dette særpreget kan knapt skyldes noe annet enn relativt sterk isolasjon over en ganske lang periode, som da nødvendigvis må ligge langt tilbake; helt sikkert i mellomalderen, for alt på 1600-tallet var i alle fall dalmålet så avvikende fra annen svensk at folk så på det som noe helt spesielt. I 1622 ble det oppført et skuespill på älvdalsmål til minne om Gustav Vasas inntog i Stockholm hundre år før, og dette ble kommentert av de lærde i Uppsala. Språket har også vært brukt skriftlig i f.eks. bryllupsdikt og annen leilighetspoesi helt fra 1600-tallet, på samme måte som f.eks. norske dialekter ble brukt i tilsvarende litteratur i dansketida. Dalmålet er altså en dialekt som absolutt ikke blir ringeakta i Sverige, snarere tvertimot, det blir faktisk regna for å være en veldig viktig del av den lokale identiteten. Men nettopp det at det er *så* spesielt, setter samtidig en effektiv stopper for å bruke det som kommunikasjonsmiddel utenfor lokalsamfunnet, slik de langt mindre særprega norske dialektene jo i veldig stor utstrekning blir. Det har derfor i lang tid eksistert det som kalles diglossi eller bidialektisme i Dalarna – man har snakka «mål» som de sier med sambygdinger, og «swenska» med alle andre. Men i vår tid med langt større mobilitet enn før, blir det stadig vanligere at en eller annen samtalepartner ikke forstår dalmål, og da må naturligvis alle snakke «swenska», for det kan jo alle.

Dalmålet i dag – et trua språk, med mange venner

Resultatet er i dag at bare en svært liten del av de som bor i Dalarna, snakker dalmål, og det er stor fare for at dialekten ikke vil bli ført videre til nye generasjoner. Denne faren har kulturbevisste folk i Dalarna, og da spesielt i Älvdalen, sjølsagt vært klar over i lengre tid, og i 1981 ble foreningen *Ulum dalska* danna – «föreningen för älvdalskans bevarande». Navnet på foreningen betyr *vi skal «dalske»* dvs. snakke älvdalsmål. I denne tittelen ser vi både at älvdalsmålet er veldig gammeldags – *ulum* er 1. person flertall av verbet *ula*, som betyr å *skulle*. Her har dalmålet altså bevart ei veldig gammel bøyingsform, men samtidig har hele framlydskonsonant-

gruppa *sk-* forsvunnet – med andre ord ei radikal forandring. Og dette er i grunnen ganske typisk: På den ene sida er mange gamle former bevart – bøyingssystemet ligner i grunnen ganske mye på færøysk, som også er gammeldags sammenligna med norsk – og på den andre sida finner vi mange påfallende nyutviklinger; for eksempel er alle h-er totalt forsvunnet; *hest, hår* og *hus* heter f.eks. *est, år* og *aus*. Det siste ordet ligner jo granngivelig på cockney – altså londondialekt – men det er nok heller tilfeldig; det har nok aldri vært noen nær kontakt mellom Älvdalen og London. Men tilbake til foreningen *Ulum dalska,* som i dag faktisk har over 2.000 medlemmer, og dermed kan kalle seg Sveriges største språkforening. Og den ligger heller ikke på latsida; i løpet av de siste åra har den gitt ut eller støtta utgivelse av en rekke publikasjoner, bl.a. ordbok og grammatikk + en rekke små barnebøker, bl.a. en serie på sju små hefter om en elgkalv, der teksten også er lest inn på kassett. Det er også kommet ut en oversettelse av hele Johannesevangeliet til älvdalsk, så dette er i høyeste grad en dialekt som tas på alvor. Som en liten smakebit på den älvdalske barnelitteraturen har vi gjengitt noen sider fra det vesle heftet om «Barin» av Björn Rehnström. Som det vel går fram av illustrasjonene, er *Barin* et slags overnaturlig vesen av heller ubestemmelig framtoning. Legg for øvrig merke til at vesenet kalles både *Barin* og *Bårån*. Älvdalsmålet har nemlig også kasusbøying, og *Barin* er nominativ, mens *Bårån* er akkusativ. I dativ blir det *Båråm*. Så her veksler det både med vokaler og konsonanter. Under bildene er det oversettelse av bildetekstene; den er henta fra forfatteren Björn Rehnströms heimeside; de norske kommentarene står for mi regning. De som vil lese mer om *Bårån* eller se på andre av disse barnebøkene, kan besøke forfatterens heimeside, http://go.to/byonn. Dersom noen er interessert i å kontakte foreningen *Ulum dalska*, så er nettadressen deres http://www.ulumdalska.se/. God fornøyelse!



Her er et kart over dalmålsområdet, henta fra Lars Levander: Dalmålet I + II, *et verk fra 1925 på hele 321 + 367 sider. Den moderne Älvdalens kommun strekker seg fra like nord for Morastrand (= Mora) ved Siljan oppover langs Österdalälven helt til norskegrensa. De to bygdene Idre og Särna (bare det siste navnet står på kartet), som ligger nærmest norskegrensa, har som vi ser ifølge Levander «norsk mål», og det er ikke uventa; disse bygdene hørte nemlig til Norge fram 1644, da de ble okkupert av Sverige, og først fra 1751 ble de offisielt en del av Sverige. Landskapet nord for Älvdalen, Härjedalen, var også norsk fram til freden i Brömsebro i 1645. Etter gammel*

grenseregning ligger altså Älvdalen helt på grensa mot Norge, og etter kommunesammenslåingene i Sverige grenser Älvdalens kommun igjen til Norge – men ingen snakker dalmål i den nordvestre delen av kommunen.



Att läsa älvdalska

Konsonanterna uttalas var för sig t.ex "Stienna" och ej som i svenskans "Stjärna".

Vokalerna skiljer mellan byarna. Gangg uttalas i t.ex Brunnsberg "gongg" och i Åsen "gaungg". Dessa böcker är skrivna på en älvdalska som hör hemma i byarna närmast norr om Kyrkbyn.

Specialtecken:

ð = läspande d-ljud som i engelskans "father".
dȿ = tonande dsj-ljud som i engelskans "job".
tȿ = tonlöst tsj-ljud el. tj-ljud med t-förslag.
r, ð = bokstäver som inte hörs i talspråk.
n = extra lång konsonant, även om vokalen före är lång.
sl = sammansmältning av s och l till ett ljud. Måste höras, kan ej beskrivas. Kan höras på vår hemsida, adressen på böckernas baksida.
ą, ǫ, etc. = nasalerade vokaler. Uttalas genom näsan som i franskan.

Al an war redd Bårån?

Teckningar: Ronnie Forsberg

Oversettelse av teksten til høyre: *Ska man vara rädd för Barin?*

Teksten ovenfor og i ramme på de neste sidene er henta fra ei barnebok av Björn Rehnström, *Barin.* Først står det noen leseregler, litt om intern dialektvariasjon mellom de enkelte landsbyene i Älvdalen, samt ei forklaring av hva de spesielle skrifttegna står for. Älvdalsmålet har nemlig også mange spesielle *lyder*, bl.a. ð (som th-lyden i engelsk *this*), en lyd som for øvrig også fantes i norrønt. Dessuten fins det nasalerte vokaler, som i fransk, og slike vokaler er også et eldgammelt trekk som er bevart i dette målet.

Oversettelse s. 4: *De som är gamla har berättat för barnen om Barin. Och barnen har blivit rädda för Barin. – Har ni hört om Barin, barn?*

Her ser vi mange gamle trekk; bl.a. flertallsbøying av verb (*iro* = er; *åvå* = har; 3. person); i *åvå* ser vi dessuten såkalt jamning mellom vokalene, som er velkjent også i norske dialekter (f.eks. *fara* > *fåra*, som det også heter i älvdalsk). Formen *åvå* + *avið* (= har, 2. person flt.) og *ärt* (= hørt) er samtidig eksempler på det omtalte h-bortfallet.

Vi ser også at det ikke bare er lydene og bøyingene som er annerledes enn vi er vant til, også mange ord er ukjente; f.eks. *kripper* = barn. Det er ikke minst alle de spesielle orda som gjør dalmåla helt ubegripelige for folk fra andre områder.

Oversettelse s. 5: *– Barin har tre ben och är alldeles svart. Han syns nästan inte, när han springer över mullen ute i potatislandet, sa de. – Oj oj oj, så ful han är!*

Her kommer verba *ha* og *være* igjen i entallsform (ar = har; ir = er). Verbet *kåyta* = springe er ikke ukjent på norsk side av grensa heller; det svarer nemlig til verbet *kuta*, som Aasen oppgir både fra Trøndelag og Østerdalen.

Ordet *pärlot* (her i dativ bestemt form *pärlotim*) er artig; det betyr potetåker, men ordrett betyr det «pærelott» (lott = del). I Älvdalen har de altså funnet ut at poteten ligner mer på ei pære enn på et eple, ulikt det en har i mange andre deler av Europa; jf. fransk *pomme de terre*, nederlandsk *aardappel* og (bl.a.) norsk telemål *jordeple*; som alle betyr det samme. I Telemark heter det forresten oftest bare *eple* («vanlig» eple kalles derimot *søteple*).

Ordet *liuät* er nok ukjent for de fleste både svensker og nordmenn i dag; det er derimot slett ikke noe lokalt älvdalsord, men tvert imot velkjent i alle former av eldre nordisk språk; på norrønt heter det *ljótr* og Aasen har forma *ljot*; i norske dia-

lekter kan det hete f.eks. *jot* og *jøt*, og det betyr altså *stygg* (= svensk ful). Velkjent er derimot det avleda substantivet *lyte* = feil, skavank; altså egentlig noe som er stygt.



Oversettelse s. 6: *Men de gamla är rädda i onödan. Barin är både snäll och trevlig, fast han är ful.*

Ordet *gamtfuätsjeð* betyr ordrett «gammeltfolket», altså ett sammensatt ord. Her legger vi også merke til at l-lyden forsvinner på samme måte som i dialekter på Indre Agder og i Øvre Telemark; i Älvdalen heter det altså (bl.a.) *fuok, mjok, kåv, siuov* osv. (= folk, mjølk, kalv, sjølv), nesten akkurat som i de norske dialektene. Og engelsk har som kjent også den samme tendensen; jf. uttalen av ord som *folk* og *calf*. Det er heller ikke uventa at navnet *Älvdalen* viser den samme overgangen – på älvdalsmål heter det nemlig *Övdaln*.

Vi legger også merke til at k-en blir forandra foran den bestemte artikkelen; det heter altså f.eks. *fuätsjeð* og *mjotsje*, på tilsvarende måte som det heter *fokkje* og *mjåkkji* el. lign. i Vest-Telemark.

Oversettelse s. 7: *Kom fram nu, Barin! Visa dig för barnen! -Nej, jag törs inte!*

Grunnen til at det står *Bari* i den første linja her, er ikke enda en kasusform, men rett og slett det at ordet her står uten bestemt artikkel. *Barin* er nemlig bestemt form, tilsvarende f.eks. *Nissen, Nøkken* og *Huldra* i norsk folketru; når en tiltaler vesenet, som her, må sjølsagt artikkelen bort.

Det kan nok for øvrig legges til at Barin neppe er så «snill» i den virkelige älvdalske folketradisjonen som han er blitt her i dette tegneserieheftet; der er han nok atskillig skumlere. Men en skal jo ikke skremme barn i Älvdalen heller i våre dager …

BIRGIT ATTESTOG:

«Jeg er setesdøl, jeg!»

Setesdalsmålet – eit talemål i utvikling eller avvikling?

Fra Språklig Samling nr. 4/2005

1. Innleiing

I boka til Knut Rygnestad frå 1949 siterer han dette som Holger Drachmann skreiv om Setesdal i minneboka til Anne Bjørnarå:

> Lyse gjenter, hvite serker,
> sus av foss og sang av elv.
> Lukte fjelle, åpne hjerter
> og et folk som dikter selv
> – det er Setesdalens merke.

Eg er fødd og oppvaksen i Setesdal og har vore ute i verda nokre år og teke utdanning for så å vende nasa heim att som lærar. Talemål har oppteke meg heilt sidan eg gjekk på gymnaset. Eg visste ikkje at målet eg tala var rart før då. Det var fyrste gongen eg trefte folk som ikkje skjøna kva eg sa. I det miljøet gjorde det ikkje så mykje for vi var så mange frå Setesdal og Åseral at vi hadde eit sosialt miljø utan dei som kom frå «byen». Vårt mål fungerte mellom oss og i høve til dei aller fleste lærarane, og då var liksom krinsen stor nok. Den sosiale statusen du hadde var ikkje bunden opp mot korleis du tala, for alle tala likeins. Det var andre faktorar som avgjorde din plass i hierarkiet.

På lærarskulen i Kristiansand vart eg den einaste i klassen min med «dalemål», men der var folk med mange andre dialektar som var like vanskelege å forstå som min. Med visse justeringar gjekk det greitt å fungere med det målet eg hadde med meg heimanfrå. Dessutan var tida, siste halvdel av 70-åra, på dialektbrukarane si side. Dialekt hadde blitt «in». Namna på klasselistene i øvingsklassane viste også at mange hadde røtene sine oppover i dalen. Elevane var faktisk meir tolerante enn ein del av øvingslærarane når det gjaldt å forstå dialekt. Eg hadde etter kvart blitt så «trassig» når det kom til målet at eg sat og noterte på nynorsk sjølv om den som førelas skreiv og snakka bokmål.

Etter kvart har det å halde på dialekten blitt eit prinsipp for meg, men du skal ha ein stor porsjon viljestyrke i deg for å stå mot presset. Ein skal bruke språket til å kommunisere, og når det ikkje fungerer slik, har ein eit problem. Difor kan eg svært godt forstå dei som legg bort delar av dialekten sin for å fungere og få innpass i storsamfunnet når dei ikkje vender attende til heimlege trakter for å bu og arbeide.

Alt dette har nok ubevisst vore med på å få meg til å studere norsk språk og særleg dialektar og dialektbruk med litt meir interesse enn mange andre.

Før eg starta på hovudfagsstudiet, hadde eg registrert korleis språket hadde endra seg blant ungdomane i Bygland dei siste 15 åra. Dialektbrukarar i tradisjonell forstand vart færre og færre, til og med dei med begge foreldra frå bygda endra på talemålet sitt. Dei vart etter kvart for få til å halde oppe det lokale talemålet. Inngifte gjorde også sitt til at utvatninga har gått så raskt som ho har. Når enkelte elevar snakka bokmål på skulen og andre meir innfødde spurde kvifor, fekk dei dette svaret: «Fordi moren vår vil vi skal snakke sånn.» Det undra meg alltid at desse kvinnfolka ville gifte seg med ein setesdøl og busette seg her, men nekta ungane å bruke dialekten. Men det undra og undrar meg endå meir at dei innfødde, med begge foreldra herfrå let talemålet sitt gå dukken.

Eg har hatt mange tankar om innfallsvinklar til å finne ut av dette. Omdals doktoravhandling har eg lese med stor interesse og mykje gjenkjennande nikking. Der er ei liste over dialektmerke som utflyttarane har endra på for å få språket til å fungere utanfor dalen. Er det dei same dialektmerka som dei unge innfødde i dag har lagt av? Med utgangspunkt i den avhandlinga har eg laga ei spørjeliste som ungdomane har svara på. Eg har også hatt intervju med 12 ungdomar for å undersøkje det med dialektmerke og høyre korleis dei talar.

Har ikkje språket som identitetsmarkør nokon plass blant dei unge lenger? Har faktisk språkutviklinga kome så langt at vi må vise det med utsida at vi kjem frå Setesdal? Eller er det slik at dei unge ikkje ønskjer å vere setesdølar i alle samanhengar?

2. Målsetting

2.1 Hypotese

Det har skjedd store endringar i talemålet i Setesdal dei siste 20 åra, og det som vert rekna som tradisjonelt setesdalsmål er på god veg til å forsvinne.

Gjennom 25 år har eg vore lærar i Setesdal. Først i Valle og seinare på Bygland. I desse åra har eg registrert at det lokale talemålet meir og meir må vike plassen for eit slags regionalt «indre-agdersk». Det verkar som talemålet på Evje har stor smitteeffekt oppover i bygdelaga i Bygland kommune. Kommunen har frå gamalt av vore delt i 4 kyrkjesokn. Årdal er lengst sør, så kjem Bygland, deretter Sandnes og så Austad lengst nord. Dialekten i Årdal sokn har gjennom dei siste to generasjonane vore annleis enn lenger oppe, men dette har jamna seg ut. Dei 3 andre sokna i Bygland kommune har kome inn under same paraplyen. I Bygland er det ingen tenåringsjenter som bruker ordet *eg*. Alle seier *æg*, anten dei er oppvaksne på Byglandsfjord eller på Langeid. Påverknaden frå evjemålet har slege gjennom blant dei unge.

Jamvel ein del av dei informantane som har begge foreldra frå dalen, har endra så mykje på talemålet at ingen skulle tru dei var setesdølar ut frå språket. Språk-

trekk som ein vanlegvis forbind med den lokale dialekten: diftongering, ordforråd og bøyingsformer er i stor og rask endring. Alle har ikkje like mykje endring, og alle har ikkje endra på alt, men det er så påfallande at den eldre generasjonen mange gonger lurer på om dei unge verkeleg er herfrå.

Den hardaste kjernen av dialektbrukarar er nok i Valle kommune. Dei tykkjest også framleis å ha ei meir positiv sjølvkjensle i høve til dette med dialekten og det å vere frå Setesdal. Nokre ungdomar verkar som om dei helst ikkje vil vere setesdølar korkje i sinn eller skinn. Å vere døl blir blant mange unge forbunde med noko negativt og gamaldags. Bykle kommune, og då særleg turiststaden Hovden, har dei siste åra hatt stor tilflytting. Mange av nykomarane har teke med seg sitt eige talemål, og denne gruppa er så stor samanlikna med dei innfødde at det tradisjonelle lokale talemålet knapt er å høyre blant informantane mine. Her har mange nærast fått eit slags bokmål. Dei er fødde og oppvaksne her, men med foreldre frå ulike kantar av landet. Borna har overteke talemålet til foreldra utan innslag av lokal dialekt. Dei reknar seg sjølve som innfødde trass i at dei ikkje har det lokale talemålet.

Kva er så det lokale talemålet no? Er det bokmål? Blandingsspråket som ein del talar? Eller det som språkforskarane har definert som setesdalsmål?

Det lokale talemålet anten i Setesdal eller andre stadar, må ein gå ut frå at er det språket dei innfødde talar på den bestemte staden. Greitt nok, men alle tre kategoriane ovanføre må definerast som innfødde. Dei er fødde her og har budd her heile sitt liv.

Ut frå dette er slett ikkje setesdalsmålet einsarta, og truleg ligg det eit godt stykke unna det som språkforskarane vil definere som *tradisjonelt setesdalsmål.* Talemålet i informantgruppa mi inneheld språkbrukarar som snakkar: «østlandsk», vest-telemarksk, tradisjonelt setesdalsmål med skarre-*r*, tradisjonelt setesdalsmål, men dei fleste har eit slags sørlandsk blandingsmål. I Torp sin artikkel i *Målbryting* nr. 5, 2001, skriv han om regionalisering av dialektane. Han seier m.a.:

> Dette inneber at dei mest lokale skilnadene mellom bygdemåla forsvinn og me får i staden eit meir einsarta talemål som varierer mindre lokalt (Torp 2001:79).

Dette er truleg også tendensen i Setesdal. Torp sine uttalar om at den enklare morfologien i kystmåla er på veg innover i landet og fortrengjer det meir kompliserte bøyingsverket er også noko som både lek og lærd registrerer i samtale med ungdomar i dalen (Torp 2001:80).

Tradisjonelt sett har talemålet også plassert folk på kartet i geografisk forstand. Dette tykkjest ikkje vere tilfelle lenger, og for ungdomen no til dags tykkjest heller ikkje dette vere viktig. Mange definerer seg som setesdølar sjølv om dei ikkje snakkar som foreldre og besteforeldre. Ei utsegn som denne: «*Jeg* er setesdøl*, jeg*!» er relevant blant mange unge i dalen.

2.2 Hovudmål

Undersøkinga mi konsentrerer seg om fire hovudpunkt:

- å registrere språkbruken hos unge i alderen 19–20 år
- å registrere variasjonsbreidda i talemålet i gruppa
- å sjå på variasjonar mellom dei tre Setesdals-kommunane
- å finne ut kva målmerke som har størst endring, og samanlikne dette med utflyttargruppa i Kristiansand

Den primære målsettinga med oppgåva er å finne ut korleis talemålet blant unge setesdølar, 19–20-åringar, er i 2003. Korleis talar dei eigentleg? Har dei eitt mål på papiret og eitt i praksis? Har dei to talemål (bidialektale)? Eller nyttar dei ulike talemålsvariantar i ulike situasjonar (kodeveksling)? Kor store er endringane (tilpassingane) i høve til det tradisjonelle talemålet? Kva er det ungdomane i Setesdal har endra på, og kva har dei endra til? Korleis talar dei av informantane som har mest setesdalsmål? Eg vil sjå på variasjonar og skilnader mellom dei tre kommunane Bygland, Valle og Bykle.

Til slutt kjem eg inn på kva målmerke som har størst endringsprosent. Her har eg vald ut 20 språktrekk som eg vil undersøkje nærare. Utvalet gjeld alt frå bruk av einskild ord som (*fra* eller *frå*) til bøyingsformer (*sover* eller *søve*) og ordforråd. Eg vil samanlikne mine resultat med dei resultata som Omdal fekk i si undersøking i 1994 (Omdal 1994:157). Er endringane dei same hos dei som bur i Setesdal, som hos utflyttargruppa i Kristiansand?

Desse resultata håpar eg kan vere med å peike på mogelege forklaringar til endringane og skilnadene, og kanskje kaste lys over kvifor det nettopp er desse endringane som skjer.

2.3 Metode

For å finne ut av dette har 60 av i alt 85 ungdomar fødde i 1983 og 1984 i Bygland, Valle og Bykle svara på eit skjema med 20 spørsmål. Gjennom denne spørsmålsrekkja vart det undersøkt 8 fonologiske, 6 morfologiske og 6 leksikalske trekk ved språket. Av dei 60 informantane valde eg så ut 12 til intervju, som eg tok opp på mini-disk (MD). Av desse ungdomane var det 6 som hadde far frå dalen, 1 som hadde mor frå dalen, 1 der ingen av foreldra var her frå og 4 der begge foreldra kom frå dalen. 8 av dei 10 målmerka som eg såg på ved gjennomgang av intervjua, er dei same som Omdal registrerte størst endring på i si undersøking frå 1994 (Omdal 1994:157). Ved å registrere dialektbruken i desse intervjua og samanlikne med dei skriftlege resultata, håpar eg å få svar på ein del av spørsmåla og dermed finne ut korleis tilstanden er for det tradisjonelle setesdalsmålet.

3 Setesdal – eit lite gløtt inn i dalens geografi, topografi og historie

Og, mange kjem, som vil dalen skode.
Ja, d'er 'kje smått, det me hev å bjode:
So fagre lider og fjell og fjord
må det leitast etter i sør og nord!
(Rysstad, her etter Bø 1967:52.)

Setesdal er summen av dei tre nørdste kommunane i Aust-Agder fylke: Bygland, Valle og Bykle. Dei er også dei tre største i areal, men har færrast innbyggjarar. Fylkeshovudstaden er Arendal, men «Boyen» er Kristiansand. Det er ikkje så reint få som er einige med O.S. Moi då han sa: «Fylkesgrensa mellom Aust- og Vest-Agder er den mest meiningslause streken på Noregskartet.»

«Setesdal er ein smal sprekk i fjellet nord for Kristiansand,» stod det i geografiboka mi på gymnaset i 1970. Eg tykte at dette var den største usanning eg nokon gong hadde fått servert på prent. Eg var provosert og fornærma på setesdølane sine vegne. For det fyrste var ikkje dalen nokon smal sprekk for meg, og for det andre har aldri Setesdal starta ved Kristiansand. Otradalen startar der, men Setesdal har alltid teke til i Vassend eller på Byglandsfjord. På den bakgrunn må det sjåast på som eit

paradoks at Setesdalsbanen, som gjekk frå Kristiansand til Byglandsfjord, slutta der dalen eigentleg starta.

På Evje budde «blåmennene». Dette var dei som ikkje brukte bunad, men «blåklede», dei var ikkje setesdølar. Dei som høyrde med til dølane var og er dei som budde og bur, i kommunane Bygland, Valle/Hylestad og Bykle. Valle og Hylestad vart slegne saman i 1962. Det siste tiåret har mange på Evje også funne ut at dei vil høyre til Setesdal, men det er eit forholdsvis nytt fenomen. I år 1900 skildra Hans E. Kinck Evje som «stemningsforlatt». Landskapet var uhyggeleg og halvdaudt, og dette var eit resultat av Evje-nikkelverk. Arbeidarane på verket samanlikna han med sjauarane på bryggja i Kristiansand. Dei var ikkje ekte, og han samanlikna dei med landsens folk som hadde blitt påverka av kulturslit frå byen.

> Du er i Evje. Du tænker: er dette Sætersdalen? […] er de alle Sætersdøler? […] Nei, Sætersdølen synes det ikke selv heller. […] Det er først naar du har skaaret gjennom alt dette døde og har Guldsmedmoen bag dig, at Sætersdalen begynder (Bø 1980:11).

Dalen hadde i hundrevis av år vore svært avstengd frå utanverda av reint naturmessige årsaker. I denne teksta av Gunnar Rysstad kan vi sjå korleis dalen og dølane blei skildra:

> Sætisdølan – hell sæbyggjann, som austmennan seie – æ i ætt med rygjann å hordann. I tusund år have da livt i da tronge dale si, avskorne frå aire dala av milelange heia. Lettaste vegjen ut i gamle dage va vegjen ti Lysi å Stavang, å vegjen nor ti Harang, itt an sille til havs. Hellis va lettaste sambandi mæ Telemark, å difyri æ der mykji sams i mål å se'i mæ evri bygdo i Telemarkjinn.
>
> At dalen va so innestengde, hev gjårt de meste ti at der hev vori so liti bloblanding. Å difyri hev dalefokji fengji sitt egji lag og lyndi. Da æ ljosleitte, hågvaksne å sterkt bygde, noko seiføre i rørslun å i gongtaktinn. Måten å røe å orleggje se på æ au noko seinvoren å varsame (Rysstad, her etter Bø 1967:33).

Om ikkje dette kan seiast å vere noka korrekt geografisk og topografisk skildring av Setesdal seier det likevel mykje om bygdene i dalen.

I våre dagar har alle norske kommunar heimeside på Internett. Dette har også kommunane i Setesdal. Slår vi opp på dei respektive sidene, og i tillegg brukar Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin informasjon finn vi ut følgjande (www.ssb.no 2003):

	Areal i km²	Folketal 1951	Folketal 1970	Folketal 1990	Folketal 2002	Framskrive folketal 2010	Ungdom i vgs. 2000
Bygland	1330	1842	1448	1396	1314	1194	96 %
Valle	1290	1670*	1461	1430	1439	1420	89,3 %
Bykle	1461	647	479	728	852	906	91,4 %
Alle tre	**4081**	**4159**	**3388**	**3554**	**3605**	**3520**	**92,2 %**

Setesdalskommunane. Areal og folketal.

Vi ser at på dei siste 50 åra har folketalet i regionen minka med 554 personar. Bygland kommune aleine har mista 528 av desse innbyggjarane, Valle 231 medan Bykle har «fått» 205 fleire. Heilt sidan 1951 ser vi at folketalet i den samla regionen har gått ned. Eit visst skifte i folkesetnaden har der likevel vore for mange av mennene har importert koner frå andre stadar i landet, medan jentene tydelegvis har reist ut og blitt ute. Vi ser også at Bygland, som har den største fråflyttinga, samstundes er den kommunen som har flest ungdomar i vidaregåande skule. Mange av desse utdannar seg til yrke som det er vanskeleg å kombinere med å bu i heimkommunen, og såleis fører høgare utdanningsnivå til auka fråflytting.

Det geografiske området for undersøkinga av talemålet strekkjer seg frå Bygландsfjord i sør og til Bjåen i nord, gjennom tre kommunar og eit trettitals bygdelag som ligg på begge sider av Riksveg 9 og Otra. Dette er ei strekning på ca. 150 km. Vegen og elva bind regionen saman. Med nedlegginga av jernbanen i 1962 kom det og ei opprusting av vegen, og dette har i stor utstrekning gjort sitt til at dalen har blitt ein meir samansveisa region. Pengar frå vasskraftutbygginga har også gjort sitt til at kommunane i Setesdal har hatt ein økonomi som har lege over snittet blant norske kommunar.

Det er lenge sidan grunneigarane i Bykle selde fallrettane i Otra for ein sekk salt. Dei tre øvste kommunane har saman med Evje og Hornnes og Iveland gått saman i det som no heiter Setesdal Regionråd. Tidlegare hadde vi Setesdal Næringsfond som var eit meir næringsretta samarbeidsorgan. Regionrådet driv samarbeid også utover den næringsøkonomiske delen. Starten på samarbeidet var å stø opp om eksisterande næringsliv og leggje til rette for nyetableringar som kunne styrkje levevilkåra i regionen.

4. Informantane

4.1 Spørjeundersøkinga

Målsettinga med oppgåva var som tidlegare nemnt, primært, å finne ut korleis dei unge setesdølane talar i dag. For å få best mogeleg dokumentasjon på dette hadde eg i utgangpunktet tenkt å ta for meg *eitt* årskull ungdomar i dei tre setesdals-kom-

munane; Bygland, Valle og Bykle. Etter ei rask undersøking synte det seg at årskulla låg på frå 12 elevar i Bykle til 22 i Bygland. Dersom ein då skulle rekne med ein svarprosent på 70 ville ein kome ut med om lag 30 informantar. Dette tyktes vere eit kvantitativt litt tynnt grunnlag for å trekkje konklusjonar. Difor vart det til at for å kvalitetssikre undersøkinga, tok eg ut *to* årskull frå dei tre kommunane. Velvilje frå skulane gjorde at eg fekk namna på alle elevane som hadde gått ut frå 10. klasse i 1999 og 2000. Dette var ungdomar fødde i 1983 og 1984. Alt i alt utgjorde det 85 personar.

Det vart først sendt ut brev til alle 85 ungdomane der eg registrerte kor mange som i utgangspunktet var viljuge til å bli med. Dei som svara nei med det same, gjorde eg ingen vidare framstøyt mot. Nokre svara klart ja, nokre «kanskje», og atter andre svara ikkje på første brevet. Ungdomane i desse 3 gruppene fekk så eit skjema der eg registrerte personalia, heimkommune, kor lenge dei hadde budd der, kor mange år dei hadde gått på skule der og kvar foreldra kom frå. På denne måten fekk eg oversikt over kor mange som i utgangspunktet var viljuge til å bli med, samstundes som eg fekk sortert bort uaktuelle kandidatar. Ved gjennomgang av svara vart resultatet som tabellen nedanfor viser:

	Nei	**Ikkje svar**	**Budd for kort**	**Andre årsaker**	**Alle i 2 årskull**	**Dei som blei med**	**Jenter**	**Gutar**
Bygland	1	0	1	2	27	23	14	9
Valle	3	4	1	2	36	26	15	11
Bykle	0	7	0	4	22	11	6	5
Sum	4	11	2	8	85	60	35	25

Oversikt over informantane

Den generelle mobiliteten i samfunnet gjeld også i Setesdal. Folk flyttar både ut og inn, og den gruppa som er bufast i dalen heile livet vert mindre og mindre. Dette vil naturleg nok gje seg utslag i endringar i talemålet.

På leiting etter «den innfødde» hadde eg i utgangspunktet sett opp nokre kriterium. Ideelt sett skulle ein innfødd vere ein som hadde budd i dalen heile sitt liv og hadde begge foreldra herfrå. Dette var 16 informantar eller 26,6 % av ungdomsgruppa, men det er berre ¼ av ungdomane og ei lita gruppe å ta utgangspunkt i. Definisjonen på innfødd vart utvida til å vere følgjande: Du må ha gått alle åra på skulen her, budd her frå du var 5 år og ha minst ein forelder frå dalen.

I utgangspunktet verka dette som ein fornuftig måte å skilje mellom innfødde og innflyttarar på. Men så dukka denne problemstillinga opp: Dei som har budd her heile sitt liv, men har foreldre frå andre kantar av landet, kva er så dei? Ein som har begge foreldra frå Finnmark, men har budd heile sitt liv på Hovden, kan ikkje

seiast å vere finnmarking. For som ein av informantane mine sa: «Dersom jeg ikke er herfra, hvor er jeg da fra?»

Ut frå dette fira eg på foreldrekravet, og definerte inn dei som har budd her heile sitt liv i gruppa innfødde, sjølv om begge foreldra er innflyttarar. Desse ungdomane, med sin språkbakgrunn, er også med å prege talemålet i ungdomsflokken. Slik sett er dei, som ein seinare vil sjå, ein viktig del av språkutviklinga i sitt miljø.

Då kriteria var bestemte, vart den endelege spørjelista sendt ut. Etter at svarfristen var omme, og eg framleis mangla ein del, sendte eg ein ny førespurnad for å få inn fleire. Nokre kom, men nokre mangla framleis. Så vart det ein telefonrunde til dei siste etternølarane. Resultat vart som tabellen viser, 60 informantar, og eg fekk då ein deltakarprosenten på 70,5 av alle i dei to årskulla. Dersom eg sorterer bort dei 10 som var uaktuelle, vert svarprosenten 80. Dette må seiast å vere eit godt grunnlag for vidare undersøking av talemålet.

4. 2 Intervjuet

I spørjeundersøkinga skulle informantane svare på eit skjema. Her var det vald ut 20 målmerke som eg ville undersøkje om vart brukte. Informantane skulle rapportere skriftleg korleis dei sjølve meinte at dei snakka. Intervjuet skulle brukast til å kvalitetssikre det skriftlege materialet.

Eg valde ut 12 ungdomar av dei som hadde sagt seg viljuge til å vere med på intervju. Intensjonen var å ha 2 gutar og 2 jenter frå kvar kommune. Ei jente og ein gut frå kvar kommune skulle gå på allmennfag og likeins frå yrkesfag. Dette fekk eg til bare for Bygland kommune. I Valle fekk eg ein gut for lite på allmennfag, medan eg i Bykle fekk ein gut for lite på yrkesfag. For gruppa sett under eitt vart det 6 frå kvar studieretning. Utvalet av intervjupersonar var frå dei informantane som hadde sagt seg viljuge til å vere med. Til slutt blei fordelinga slik:

Kommune	Kjønn	Informant-nummer	Foreldre her frå	Allmennfag	Yrkesfag
Bygland:	Gut	10	far	ja	
	Jente	11	far	ja	
	Jente	16	far		ja
	Gut	23	begge		ja
Valle:	Gut	28	begge		ja
	Jente	31	far		ja
	Gut	38	begge		ja
	Jente	42	begge	ja	

Kommune	Kjønn	Informant-nummer	Foreldre her frå	Allmennfag	Yrkesfag
Bykle:	Jente	50	far	ja	
	Gut	53	far	ja	
	Gut	54	ingen	ja	
	Jente	56	mor		ja

Informantar til intervjuet

Informantane budde ganske spreidd. Ytterpunkta var Kristiansand – Hovden – Bryne – Bodø. Eg fekk likevel fatt på alle, men det vart ganske mange telefonar og mil med køyring for å få gjennomført intervjua. Før vi treftest hadde dei fått tilsendt eit brev og ei temaliste som skulle vere utgangspunktet for samtalen. Lista var sendt ut for at dei skulle vere litt førebudde på kva samtalen skulle dreie seg om. Eg understreka at dette ikkje var noko slag form for test, det var for å registrere korleis dei tala, og det var berre eg som skulle lytte på det som vart sagt. Ingen hadde motførestillingar mot at opptaket vart brukt, og samtalen gjekk til sine tider også utover dei tema som var nemnde på lista. Målet var å få dei til å snakke i ein mest muleg avslappa situasjon. Kva dei snakka om var ikkje så viktig berre dei snakka.

Ved gjennomgang av bandet har eg så tatt føre meg 10 målmerke og registrert bruk og endring i høve til det dei hadde rapportert i det skriftlege skjemaet. Gjennom å samanlikne den skriftlege innrapporteringa med det munnlege opptaket, vil eg kunne finne ut om det er samsvar mellom rapportert språkbruk og faktisk språkbruk, og registrere kor mange tradisjonelle former dei framleis brukar i samtale med meg som innfødd.

5 Setesdalsmålet – utvikling eller avvikling?

Samanliknar ein resultata av intervjuet og spørjeskjemaet, ser ein at det er eit oppsiktsvekkjande godt samsvar. Tendensen er likevel at talemålsendringane som dei 60 informantane sjølve rapporterte på einskild trekk, er litt større enn det som vart registrert i intervjuet med dei 12 (sjå diagram 5.1 og 5.2). Årsaka til dette kan anten vere at informantane sjølve meiner dei talar mindre dialekt enn dei eigentleg gjer, eller at endringane blir større di fleire som blir spurde og di fleire talemålstrekk som blir undersøkte.

Ungdomen er ei viktig informantgruppe for å studere språkendringar i frammarsj. Dei unge spelar ei viktig rolle når det gjeld språkendring og dialektnivellering (Røyneland 1999:85–90). For å få eit best mogeleg bilete av utviklinga av talemålet i Setesdal spurde eg difor alle dei unge i to årskull. Spørjeundersøkinga tok føre seg 20 ulike trekk ved talemålet i dalen, det var 6 morfologiske, 8 fonologiske og 6 leksikalske. Det synte seg her som i undersøkingane til Røyneland (Røros og Tynset) og Papazian (Numedal) at folks leksikon er i kontinuerleg endring, og at det er dei mest saliente trekka (framtredande og spesielle) i språket som endrar seg først og

mest. Dersom ein ser på dei talemålstrekka i mi undersøking som har ein endringsprosent på 55 eller meir, er dette 12 av 20 språktrekk, eller 60 %. Det viser seg vidare at av desse 12 er 5 morfologiske, 5 fonologiske, 1 morfo-fonologisk og 1 leksikalsk. Altså er det ein tydelege tendens at dei språklege endringane er størst innan morfologi og fonologi. Heile 11 av 12 språktrekk, eller 92 %, har å gjere med slike endringar, medan dei leksikalske endringane er mindre, berre 1 av 12, eller 8 %.



Diagram 5.1



Diagram 5.2

Ser ein på dei språktrekka innan morfologi, fonologi og leksikon som har rapportert endringsprosent større enn 55, er det desse innanfor kvart sitt språklege område som har størst og/eller nest størst endring:

- numerusbøying av sterke verb i preteritum (morf.)
- bruk av svarabhaktivokal (morf.)
- diftongering (fon.)
- R-lyden (fon.)
- palatalisering i innlyd (morfo-fon.)
- endringar i det aktive ordforrådet (leks.)

Resultata i undersøkinga mi tyder på at morfologien i talemålet i Setesdal er i ferd med å bli forenkla og nærmar seg i hovudsak standard nynorsk, men med nokre islett også av former som t.d. *jikk*, *fant*, *kaster* og *sover*.

Når det gjeld dei fonologiske endringane syner desse også ein klar reduksjon i talet på vokalfonem. Dei tradisjonelle setesdalske diftongane er sterkt reduserte og talemålet nærmar seg det «normale» i norsk. Den største endringa når det gjeld konsonantar er spreiinga av skarre-*r*-en. Den har no nådd heilt fram til Bykle, så karta som blir teikna over utbreiinga av dette talemålsmerket må etter kvart teiknast om for Setesdal sin del (Torp 2000:83–87).

På det leksikalske området er dei største endingane innan «aktivt ordforråd». Dei unge i dalen nyttar no svært få av dei tradisjonelle setesdalske orda. Av eit utval på 24 ord er berre 30 % gjennomsnittleg i bruk blant informantane mine, medan det «passive ordforrådet» har ein forståingsprosent på 85. Den låge bruksprosenten vil på sikt føre til at neste generasjon setesdølar ikkje vil ha desse orda i det heile.

No har vi sett på dei talemålstrekka som har størst endring, men kva med dei som har minst endring då? Kva for nokre er det som framleis står sterk blant ungdomen? Når det gjeld kasussamanfall, det passive ordforrådet og bruk av nektingsadverb er endringsprosenten frå 21 og nedover, altså vert dei tradisjonelle språktrekka nytta i omlag 80 % av tilfella.

Eg som personleg pronomen blir brukt av 45 % av informantane medan former som *æg*, *æ*, *e* og *jeg* er på veg inn i talemålet blant 55 % av dei unge. Her er det tale om ord-for-ord-endringar, og variasjonsbreidda er stor. Det blir godteke både å sei *jeg* og *eg*, *gikk* og *jinge, melk og mjåkk, hva, kva* og *høtt.*

Alt frå «bokmål» og «vest-telemarksk» i Bykle, tradisjonelt setesdalsmål i Valle til eit slags «indre-agdersk» i Bygland er representert blant informantane mine. Alle desse variantane lever fredeleg side om side.

Blant informantane er det som tidlegare nemnt også ganske store kommunale skilnader. Bygland er den kommunen med størst endring i talemålet, 72,2 %, Valle er den med minst, 44,6 %, medan endringane i Bykle ligg ein stad midt i mellom med 64,4 %. Uttalen frå Torleiv Hannaas i *Norske bygder* i 1921 om at «det er Vallemålet som er kjernen» står altså framleis ved lag.

Dersom ein samanliknar endringane i det lokale talemålet med endringane hos den utflyttargruppa Omdal undersøkte, finn ein at endringane blant dei unge innfødde er mindre enn blant utflyttarane dersom ein samanliknar spørjeskjemaet mitt med samla resultat hos Omdal. Det er likevel i stor grad dei same talemålstrekka dei har endra (sjå diagram 5.3).



Diagram 5.3

Ser ein derimot på telefonintervjuet hos Omdal, som vart gjennomført av ein «innfødd», og intervjuet eg gjennomførde, får ein eit oppsiktsvekkjande resultat. Ein ser at dei unge setesdølane i Setesdal i 2002/2003 nyttar 50 % endringsformer, medan dei utflytta setesdølane i Kristiansand, som vart intervjua hausten 1984, nytta 24 %. Dette seier ein del om utviklinga dei siste 20 åra. Omdals ønskje om å få «en pålitelig tilstandsbeskrivelse av setesdalsmålet i dag, slik det brukes av setesdøler i Setesdal» (Omdal 1994:222), burde hermed vere oppfylt.

Avslutningsvis kan det seiast at dei fleste unge har sitt «personlege» talemål med individuelle og ikkje einsarta endringar. Stabiliteten i samfunnet er endra og dei unge tykkjest vere meir opptekne av å bli forstått enn av å bevisst halde på det tradisjonelle talemålet i dalen. Ungdomane er språkbevisste med situasjonsbestemte endringar i talemålet sitt, men likevel også bevisste på identiteten sin som «setesdølar» uavhengig av talemålet. Korleis dette samsvarar med haldningane til dialekten og heimstaden deira har eg ikkje gått inn på i denne undersøkinga, men det som skjer i Setesdal er i stor grad det same som Papazian skriv om frå Numedal i 1997:

> … de som bruker bygdemålsformene, er kommet i mindretall. Dermed behøver ikke innflytterbarn fra det sentrale Østlandet å legge om, men kan fortsette å bruke bokmål eller midtøstlandsk

> bymål, og kan til og med bli toneangivende i ungdomsgruppa, slik at det er bygdemålsbrukerne som må legge om (Papazian 1997:180).

Dette gjeld ikkje bare innflyttarar frå Austlandet, det gjeld innflyttarar frå alle delar av landet. Helgander rapporterer frå Dalarna i 1994 at:

> Alla dissa kontaktförhållanden kan antyda att det gamla dalmålsområdet i framtiden språklig kommer att inngå i en region som har sin bas i detta sydligare område (Helgander 1994:77).

Nettopp dette er også tilfelle i den regionen eg har tatt føre meg i undersøkinga mi. Eg meiner at resultata av arbeidet mitt gjev belegg for å seie at hypotesen om store endringar i setesdalsmålet er verifisert.

I Norge gikk Ivar Aasen prinsipielt inn for den første linja, altså den demokratiske. Rett nok var det nasjonale hensynet overordna det demokratiske, slik at Aasen i utgangspunktet så bort fra visse talemålsvarieteter som ubrukelige som grunnlag for et norsk skriftspråk. Som kjent la Aasen vekten på *bygdemåla* og så nærmest bort fra både bydialektene og normalisert talemål (her får en huske på at det tallmessige forholdet mellom disse tre sosiolektene var helt annerledes i 1850 enn i dag). I praksis la han også mest vekt på de *arkaiske* bygdemåla i «fjell- og fjordbygdene», i pakt med den nasjonalromantiske ånden i tida. Dermed fikk Aasens «landsmål» ei både sosial og geografisk slagside alt i utgangspunktet, og de fleste av reformene i nynorsk i dette hundreåret har gått ut på å rette opp dette og gjøre nynorsken mer «landsgyldig» ved å tilnærme den til øst- og nordnorske dialekter. Dermed tilnærma nynorsken seg også bokmålet, og det var jo nettopp noe av poenget i samnorsk-perioden.

Derimot gikk Knud Knudsen inn for den andre linja, altså den aristokratiske, med si vektlegging av «den dannede dagligtalen» som grunnlag for skriftspråket, iallfall i første omgang. Dette programmet ble satt i verk i 1907, som i hovedsak gikk ut på å gjøre det tradisjonelle skriftspråket ortofonisk andsynes det dansk-norske standard-talemålet. Dermed fikk også bokmålet i utgangspunket en sosial og til dels geografisk slagside. I 1917 gikk man videre på denne veien, men samtidig kom det inn et anna hensyn, nemlig tilnærming til nynorsk, og dermed også til dialektene. Det ga seg uttrykk i de såkalte «valgfrie» formene, som for en stor del ble obligatoriske i 1938, og valgfrie igjen i 1981. Disse formene svarte til formene i øst- og nordnorske dialekter, slik at også bokmålets talemålsgrunnlag er blitt utvidet etter hvert. Iallfall i teorien; i praksis er det som kjent bare så som så med de «folkelige» formene i bokmålet. Det er betegnende at vi fremdeles regner mange av dem, 70 år etter at de ble innført, som «radikale»!

4 Norsk – et ortofonisk skriftspråk?

Sjøl om alfabetiske skriftspråk i prinsippet er fonemiske, er det som nevnt vanligvis en del avvik fra det fonemiske eller ortofoniske prinsippet. Det skyldes som regel at uttalen av ordene har forandret seg mye siden skriftspråket ble innført, mens skrivemåten er beholdt mer eller mindre uendret og på mange punkter gjengir uttalen i middelalderen eller tidligere. Særlig utpreget er dette i engelsk, der samsvaret mellom lyd og bokstav er mildt sagt usystematisk. En spøk som tillegges Bernard Shaw, går ut på at «fish» rettlig burde skrives «ghoti», med «gh» for /f/ (jfr. «laugh»), «o»

for kort /i/ (jf. «women») og «ti» for /sh/ (jfr. «nation»). Men det er mer til å gråte over enn å le av, for det betyr at engelsk uttale og engelsk skrivemåte må læres hver for seg og uavhengig av hverandre. Og dette er ikke bare et problem for de engelsktalende, eller andre som må lære engelsk – og det må vi jo snart, alle! Det overføres også til andre språk, bl.a. norsk, gjennom de engelske lånordene. Iallfall dersom skrivemåten ikke blir justert, jf. f.eks. «guide» med /ai/, men «cruise» med /u/.

Så galt som i engelsk er det ikke i norsk, på langt nær. Likevel er det, trass i alle ortofoniske reformer, også i norsk en hel del avvik fra det ortofoniske prinsippet, også om vi ser bort fra slikt som skyldes det morfemiske prinsippet. På mange punkter gjenspeiler også norsk skriftspråk, både bokmål og nynorsk, uttalen for 600–700 år siden. En ting er at sjølve *alfabetet* ikke strekker til for å gjengi norsk talemål, iallfall ikke konsonantene i øst- og nordnorsk (derimot passer det ganske bra for vestlandsk). Grunnen til det er at alt øst- og nordnorsk talemål har en rekke nye konsonanter som har oppstått, som regel ved assimilasjoner av gamle konsonantgrupper, etter at skriftspråket ble innført, og som ennå ikke har fått egne bokstaver i vanlig ortografi. Når det gjelder vokalene, har vi tilpassa det latinske alfabetet til norsk ved å legge til bokstavene «æ», «ø» og «å», den siste så seint som i 1918, offisielt. Men noe tilsvarende har foreløpig ikke skjedd for konsonantenes vedkommende (det skyldes nok at de nye vokalene er mye eldre enn de nye konsonantene, og at de fins over hele landet). Det gjelder bl.a. «englyden», «kje-lyden» og alle de palatale og retroflekse konsonantene, iberegna «tjukk /l/».

Ord med disse lydene *kan* jo ikke skrives lydrett. Likevel kunne en fått et systematisk samsvar med talemålet uten å bruke egne lydtegn, nemlig ved å bruke en *sammensatt* skrivemåte for de lydene som mangler egne tegn, så lenge en brukte den *konsekvent.* F.eks. kunne vi gjengi den retroflekse /t/-en i østnorsk uttale av ord som «fælt, svært» som «rt» og skrive «fært» og «svært». Poenget er at samme uttale må få samme skrivemåte, og at skrivemåten må være entydig mht. uttalen. Og det ville den være i dette tilfellet, forutsatt at uttalen /rt/ ikke fins i det aktuelle talemålet. Men noe slikt prinsipp følges ikke i norsk ortografi. I stedet skriver vi ordene slik de ble uttalt (og skrevet) før, dvs. som regel med en *konsonantgruppe.* Men siden de nye konsonantene som regel har flere ulike opphav, betyr det at vi som regel får flere skrivemåter av samme lyd.

F.eks. skriver vi «eng-lyden» snart med «ng» (lang), snart med «n» (bank) og snart med «g» (agn). «Kje-lyden» skriver vi snart med «kj» (kjære, bikkje), snart med «tj» (tjære) og snart med «k» (kinn). Ord med «tjukk /l/» i dialektene skriver vi snart med «l» (dal, blå) og snart med «rd» (ord). Andre retroflekser skrives som regel med enten «r» eller «l» (+ «e») + den tilsvarende dentalen, jf. f.eks. «kuren» og «kulen», som uttales likt i østlandsk, iallfall dersom man bruker «tjukk l» i «kul». Derfor er vi stundom i tvil om åssen et ord som uttales med retrofleks, skal staves (det gjelder selvsagt ord som er sjeldne i skrift, f.eks. dialektord). /Gææɳ/, den østnorske uttalen av «galen», skrives ofte med «r» («gæren, gæern» o.l.), men ordet burde skrives med «l», om vi skulle følge etymologien. Særlig ille er det i ord med

«sje-lyden», som har svært mange opphav. I gamle norske ord kan den skrives på minst 6 ulike måter, nemlig «sj» (sjø, hesje), «sk» (ski), «skj» (skjære), «s» (slå, vesle), «rs» (mars) og «ls» (dals). Og tar vi med også fremmedord, blir antallet skrivemåter atskillig større, jf. f.eks. «mar*sj*, rus*h* – *sch*æfer, *ch*ic, geni, *j*ournal». Åssen skal vi da vite åssen vi skal stave ord med «sje-lyd» som vi sjelden skriver, f.eks. /bæʃʃ/?

Ved lyder som har egne bokstaver, kan skrivemåten være lydrett. Men det er langt fra alltid at den er det. For det første har vi «stumme konsonanter», dvs. konsonanter som ikke svarer til noen lyd i uttalen. Eksempler er «t»-en i b.ent. intetkjønn («huset»), ettervokalisk «d» i mange ord («god, tid»), eller «h» i konsonantgruppene «hj-» og «hv-» (den siste bare i bokmål). For det andre kan vi også her få et usystematisk forhold mellom uttale og skrivemåte, enten slik at samme lyd har flere skrivemåter, eller slik at samme skrivemåte har flere uttaler. Et eksempel på det første er skrivemåtene av /j/ i norsk. Denne lyden har vi jo en bokstav for i det vanlige alfabetet, nemlig «j». Men vi *bruker* den ikke konsekvent, dvs. hver gang uttalen har /j/. Vi bruker den i et ord som «jente», men i «gjerne» skriver vi den som «gj», i «geit» som «g» og i «hjerne» som «hj». Et anna eksempel er skrivemåten av /å/ i norsk. I 1918 innførte vi en egen bokstav for denne lyden, men ikke desto mindre skriver vi den fortsatt med «o» i mange ord, nemlig dersom opphavet var kort /o/ i gammalnorsk. Derfor «vått», men «flott» og «golv». I nynorsk er det mer av denne etymologiske skrivemåten enn i bokmål, jf. «brote» (subst.) og «bore» (perf.part.) andsynes bokmål «bråte», «båret». Dette blir ofte begrunnet med at kort /o/ ikke har falt sammen med /å/ i alle dialekter, men ofte med /ø/, slik at det heter /gølv/, /børi/ osv.

Dette innebærer igjen at en og samme skrivemåte kan uttales på flere måter. F.eks. skal «o» uttales som /å/ (eller /ø/) i eksemplene ovafor, men som /o/ i ord som «stor, fot» osv., jf. også «kort» andsynes «fort» eller «bort». Vi kan aldri vite sikkert om et ord som skrives med «o», skal uttales med /o/ eller /å/, og i mange ord vakler også uttalen. F.eks. kan ord som «opp» og «lomme» uttales både med /o/ og med /å/ (og dessuten med /u/ i enkelte dialekter). Videre skal «g» uttales som /j/ i «gir» (pres. av «gi»), men som /g/ i f.eks. «gir» (på bil). Bedre blir det ikke dersom vi trekker inn fremmedord, jf. at «g» i «geni» skal uttales som /ʃ/, mens «g» i «genial» skal uttales som /g/, eller «sjanse, balanse» med /ŋ/, men «stanse, danse» bokstavrett med /n/. Og skal nå «aksent» uttales med /-ent/ (som «dokument») eller /-aŋ/ (som «transparent»)?

5 Konklusjon

Forholdet mellom skrift og tale kan altså bli noe innfløkt også i norsk. Det er selvsagt ikke noe problem for den som kan det, men det er et problem for den som skal *lære* det, og det vil først og fremst si barn som skal lære å skrive. På forhånd har de lært å snakke, slik at utgangspunktet er talemålet, bl.a. uttalen av de enkelte ordene. Så skal de lære skrivemåten. Det sier seg vel sjøl at det ville vært en smal sak dersom skrivemåten var ortofon, slik at en kunne slutte seg til skrivemåten ut fra uttalen. Da

behøvde en jo bare å lære hvilke bokstaver som sto for hvilke lyder, og sette i gang og skrive med sin egen uttale som rettesnor (dette forutsetter selvsagt at man kan analysere uttalen i sine enkelte lyder, noe som krever en del øvelse og språkbevisst-het). Det er dette prinsippet som ligger til grunn for de forsøkene med dialektbasert skrive-opplæring som har vært utført i norsk skole.

Når det gjelder et *standardisert* skriftspråk, som skal være felles for hele landet, så sier det seg sjøl at det umulig kan være ortofont andsynes alle talemålsvarietetene her. Men både bokmål og nynorsk kunne bli atskillig mer ortofone enn de er. Det er ikke nødvendig å trekkes i all evighet med forskjeller i skrivemåten som *ingen* lenger har i uttalen, f.eks. forskjellen mellom «hv-» og «v-», eller «hj-» og «j-». Må norske skolebarn for all framtid lære seg å skille mellom «hjul» og «jul», eller å fordele «kj», «tj» og «k» riktig? Det kan nesten se sånn ut, skal en dømme etter motstanden mot myndighetenes spede forsøk på å sløyfe «h»-en i enkelte «hv»-ord i bokmål, vesentlig pga. tilnærmingshensyn (det gjelder bare ord som også er tatt opp i nynorsk, som jo ikke har «hv-»). Særlig motstand har det vært mot «verken» og «viss» – er det noe spesielt med subjunksjoner, tro? Hvordan skulle det da gå om vi gjorde som svenskene og skreiv «vem» (eller snarere: «vemm») og «va»? Da brøyt vel borgerkrigen løs!

LARS S. VIKØR:

Språkleg samling i Skandinavia?

Fra Språklig Samling nr. 2–3–4/1992

Denne tittelen er eigentleg ei tilsniking – for artikkelen handlar om språkleg kløyving og mislykka tilnærmingsforsøk i Skandinavia. Føremålet er å supplere den norske språkhistoria vi les om på skolen, som bør sjåas på ein skandinavisk bakgrunn. Eg gir først eit kort oversyn over framvoksteren av det danske og det svenske rikksspråket, og går deretter inn på det skandinaviske språkstrevet som har vore ført på 1800- og 1900-talet og drøftar korfor det ikkje har gitt større resultat enn det har. Særnorske forhold ser eg stort sett bort frå; eg legg grannelanda sitt perspektiv til grunn. Eg agiterer ikkje for verken skandinavisk språksamling eller det motsette, men legg fram data som einkvar får tolke som han/ho vil. Artikkelen føreset relativt god kjennskap til norsk språkhistorie, men det burde ikkje vere noe problem for dei som les dette bladet.

Ein språkunion som glapp

Vi begynner i seinmellomalderen, og det første ein må legge vekt på, er at den skandinaviske språkhistoria i eldre tider var felles; det er ein moderne konstruksjon å dele ho opp i ei norsk, ei svensk og ei dansk språkhistorie. Talemålsutviklinga gjekk over heile området mot ei radikal forenkling av bøyingssystemet og ei fortysking av ordtilfanget – først i dei største byane der kontakten med tyskarar var mest intens, men etter kvart spreidde ringverknadene seg utover landsbygda i alle landa. På skriftspråksplanet finn vi nok mange ulike variantar og normer, som vi kallar det – eigentleg skrivetradisjonar knytta til ulike skrivesentrum der skriftspråket vart brukt og skriveopplæring gitt, helst kloster, bispesete og kongskanselli. Desse skrifttradisjonane var regionale, knytt til landsdelar som Jylland, Sjælland, Skåne, Väster- og Östergötland, ikkje til statane Danmark og Sverige. Det vil ikkje seie at folk skreiv dialekten sin, berre at skrivekonvensjonane var forskjellige i dei ulike skriftsentra, dei var kompromiss og blandingsformer mellom dialektane, nedarva skrivemønster og påverknad frå andre sentrum.

På 1300- og 1400-talet ser vi teikn til eit slags fellesskandinavisk skriftspråk, mest basert på svensk, rett nok. Det hadde sitt sentrum i Vadstena i Östergötland, der den heilage Birgitta hadde grunnlagt ein klosterorden, birgittinarane, som tok til å produsere religiøse skrifter på morsmålet i stor stil, og dei vart spreidde og fekk stor innverknad i alle dei tre landa. På same tid fekk vi den nordiske unionen under dronning Margareta, med tyngdepunkt i Danmark. Det såg da ut til å ligge til rette for at eit dansk-svensk blandingsspråk kunne bli eit fellesskandinavisk skriftspråk. Slik gjekk det ikkje, fordi unionen sprakk litt ut på 1400-talet: Sverige lausreiv seg

og måtte i fleire tiår kjempe mot danskekongane for å behalde sjølvstendet sitt. Først da Gustav Vasa vart konge i 1523 vart Sverige definitivt sjølvstendig.

Dansk

Dansk vart det dominerande kansellispråket i unionen, eit dansk som enno var svært flytande i skrivemåten, men som likevel begynte å få ein tradisjon bak seg. Da reformasjonen kom i 1536, vart dansk for alvor tatt i bruk som kyrkjespråk i Danmark og Norge – kanskje det viktigaste bruksområdet for eit skriftspråk på den tida. Vi fekk ein dansk bibel (*Christian IIIs Bibel*) i 1550, som vart spreidd i begge landa, og språket i denne bibelen la grunnlaget for det som etter kvart skulle få hevd som dansk skriftspråk. Det var bygd på det høgare talemålet i København, men med mange arkaiske skrivemåtar som representerer ein eldre språktilstand. Det kan ein sjå av desse døma (skriftforma i Chr. IIIs Bibel står til venstre, den samtidige uttaleforma i midten, den gammaldanske forma til høgre)

gaffn	*gawn*	*gaghn* (no *gavn*)
dag	*daw*	*dagh*
skov	*skow*	*skogh*
regn	*rein*	*reghn*
løgn	*løyn*	*løghn*
øye	*øye*	*øghe* (no *øje*)
eye	*eie*	*eghe* (no *eje*)
drage	*drawe*	*draghe*
mave	*mawe*	*maghe*
føde	*føye*	*fødhe*
møje	*møye*	*mødhe*
bie	*bie*	*bidhe*

I tillegg til desse døma, kan vi nemne inkonsekvensen *sætte* ved sida av *sidde* – alle beslekta språk har den same konsonanten i desse to orda, norsk *sette* og *sitte*. Med andre ord: det vart forsøkt eit kompromiss mellom uttale og tradisjonelle skrivemåtar, og det førte til inkonsekvensar som festna seg og er blitt del av dansk språk i dag. Ordet *inkonsekvensar* må da tolkas historisk: Denne skriftnormalen er seinare blitt grunnlag for ein uttale som etter kvart har slått igjennom som normalisert dansk talemål – slik at den uttalen som blir rekna som korrekt riksdansk no er retta inn på desse skriftformene. Dermed kan vi seie at samsvaret mellom skrift og tale er blitt gjenoppretta på desse punkta, mens det på mange andre punkt den dag i dag er svært skralt med dette samsvaret.

Ei fast rettskriving gjekk det likevel ikkje så fort å få til. Enno på 1700-talet klagar Holberg over at «enhver skriver og bogstaverer lige som det falder ham ind». I dette hundreåret var interessa for normeringa av dansk skriftspråk stor, dansk blir for første gong eige fag på skolen, og vi har ein aktiv språkdebatt om lånord og purisme.

I 1775 vedtok regjeringa at skolane skulle basere seg på rettskrivinga i Ove Mallings *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere*, ei bok som for øvrig kom ut først to år etterpå. Men vi kan seie at den danske rettskrivingsnormalen var fastlagt i hovudsak kring 1800, og at han sidan har lege fast med unntak av mindre endringar som vi skal sjå nærare på seinare, mens derimot talemålet har endra seg noe kolossalt på denne tida.

Svensk

Når det gjeld Sverige, finn vi at utviklinga der på mange måtar var parallell med den danske. Også der starta fastlegginga av eit standardskriftspråk i perioden 1520–50, og også der var det reformasjonen, innføringa av lutherdommen, som var den avgjerande framskuven; den kom i Sverige alt i 1527. Også i Sverige var det ei bibelomsetting som skulle bli grunnlaget for eit nasjonalt skriftspråk, *Gustav Vasas Bibel* frå 1541. Og også i Sverige kan vi seie at den endelege fastlegginga av ein standardortografi stort sett var fullført kring 1800, med små endringar seinare.

Likevel var det eitt moment framme i Sverige som av naturlege grunnar mangla i Danmark, men som for nordmenn er kjent nok – nemleg motstanden mot og sjølvhevdinga overfor dansk. Dansk var som sagt blitt det dominerande kansellispråket i Sverige under unionstida, og den danske innverknaden varte lenge etter at Sverige var blitt sjølvstendig. Det viser seg i sånne trekk som at endingsvokalen i infinitiv og mange andre grammatiske former var *-e*, det var innslag av såkalla «bløde konsonanter» osv. – ved sida av at sjølve stilen var sterkt påverka av danske og tyske mønster. Det bevisste språkrøktsarbeidet som framfor alt bibelomsettinga førte med seg la seg spesielt etter å motverke og om muleg få vekk denne danske påverknaden. Talemålsunderlaget for dette skriftspråket var dialekten i Mälarområdet, altså sentralsvensk, som var lite danskpåverka. Såleis vart dei danske e-ane i endingar her systematisk erstatta med *-a*. På mange måtar var denne normalen arkaisk, for eksempel vart det i Gustav Vasas Bibel brukt mange gammalsvenske kasusformer som enno kunne høras i bygdemåla i distriktet, men neppe i bymåla, og som var på veg ut også i bygdemåla. Døme på slike former er dei følgjande (med norrøne former i hakeparentes):

på iordena (akk.) [á jǫrðina], *på iordene* (dat.) [á jǫrðinni] 'på jorda';
i himlenom (dat.) [í himninum] 'i himmelen';
effter sijna artt [akk. hokj. eint. «sína» i norr.] 'etter si art';
träldomsens [þrældómsins] 'trældomens';
i sigh sielffuo (dat.) [í sér sjalfu] 'i seg sjølv';
aff Egyptj lande [norr. dat. landi] 'av/frå Egypts land';
tins stadz 'din bys' [norr. gen. þíns]

Desse formene er for lenge sidan ute or språket. Andre former frå Gustav Vasas Bibel har slått igjennom og blitt einerådande i moderne svensk standardspråk, sjå

desse døma (samtidige sentralsvenske dialektformer i midten, moderne standardformer til høgre):

iordhen	*jorda*	*jorden*
wattnet	*vattne*	*vattnet*
daghar	*daga*	*dagar*
talar	*tala*	*talar*
stiernor	*stjerner*	*stjärnor*
skapadhe	*skapa*	*skapade*
blodh	*blo*	*blod*

Men også desse formene kan vi faktisk sjå på som arkaismar, sidan dialektane i Sentral-Sverige som vi ser alt hadde fått formene *jorda, vattne, daga* osv. – liksom norsk folkemål stort sett har fått. Formene på *-en, -et, -ar* osv. var gammalsvenske.

Eit spesielt trekk var gjennomføringa av bokstavane *ä*, *ö* og *å* i staden for dei danske *æ*, *ø* og *aa* – opphavleg ein *a* og ein *o* med ein liten *e* over og ein *a* med ein liten *o* over. Desse bokstavformene (unntatt *å*) var tatt frå tysk, og det var sannsynlegvis eit bevisst trekk for å gjere språket så ulikt dansk som muleg. Sjølvsagt gjennomførte dei også harde konsonantar, sjølv om dei ikkje greidde å gjennomføre det heilt: det heiter på svensk framleis *bagare* og *taga – tog* i staden for vårt *bakar* og *taka – tok*, og det er restar av denne danske innverknaden som 1500-talets språkreinsarar ikkje fekk luka ut.

Dette har jo ei viss likheit med det som skjedde i Norge tre hundre år seinare, og det kunne faktisk sjå ut som at det gjekk i retning av ei språkkløyving av den typen vi kom til å få hos oss, for i første omgang heldt kansellispråket på dei danske trekka sine mens kyrkjespråket gjennomførte ei konsekvent forsvensking. Noen språkstrid i samanheng med dette kjenner vi likevel ikkje til, og utfallet av prosessen var vel gitt. Det danskpåverka kansellispråket var ikkje basert på noen form for talemål, det var mest tregheit i skriftspråksvanane hos byråkratane som heldt det oppe. På 1600-talet vart det trengt tilbake til fordel for den nye forsvenska normalen og vart etter kvart borte. På den andre sida vart kyrkjenormalen også delvis modernisert: dei gamle kasusformene fall bort. Dermed kan vi seie at grunnlaget for det moderne svenske skriftspråket var lagt.

1600-talet var ein svært viktig periode i svensk historie: Det var no den svenske staten vart bygd opp til å bli ein av dei best organiserte i Europa, og også ein av dei sterkaste militært. Sverige slo Danmark i fleire krigar og erobra Jemtland, Herjedalen, Båhuslen, Skåne, Halland, Blekinge og Gotland. Danmark, som til da hadde vore den sterkaste militærmakta i Norden, særleg til sjøs, mista definitivt leiarstillinga. At svenskane bevisst brukte språket som eit ledd i statsbygginga si i denne tida, ser vi tydeleg av den politikken dei førte i dei nyerobra områda. Særleg i Skåne var motstanden mot det svenske styret stor, og den måten svenskane knekte den motstanden på var systematisk forsvensking av alt offentleg liv og av all undervis-

ning, blant anna ved ein massiv import av lærarar frå andre delar av landet, og ein kompromisslaus kamp mot dansk språk i alle samanhengar. Det fungerte: Etter ein generasjon var svensk blitt det allmenne skriftspråket i Skåne, og landsdelen fullt integrert i Sverige. Talemålet, derimot, heldt seg som før; det var, og hadde heile tida vore, ein overgangsdialekt mellom dansk og svensk, som nærmast etter smak og behag kunne kallas østdansk eller sørsvensk.

Den svenske stormaktsstillinga vart det slutt med etter Karl 12s fall i 1718, men deretter følgde det eit hundreår med fred, stort sett, og ei konsolidering både av Sverige som nasjon og svensk som nasjonalt standardspråk. Eit viktig symbolsk uttrykk for denne utviklinga var stiftinga av *Svenska Akademien* i 1786. Det fekk som eit av sine mål «att arbeta uppå svenska språkets styrka, höghet och renhet». Svenska Akademien er i dag mest kjent for nobelprisen i litteratur, men det var eigentleg tenkt som eit språkrøktsorgan, og framleis står akademiet som utgjevar av den store vitskaplege ordboka over svensk språk, *Svenska Akademiens ordbok*, som starta på slutten av 1800-talet og vel enno er ein stad i bokstaven S[1], og *Svenska Akademiens ordlista*, som er den offisielle svenske rettskrivingsguiden.

I 1801 fekk svensk ei offisiell rettskriving, utarbeidd av ein kjent diktar og språkmann, Carl Gustaf Leopold (kjent i samtida, ikkje så mye i ettertida), på oppdrag av akademiet. Denne rettskrivinga bygde på den skriftspråkstradisjonen som forlengst var blitt den leiande i landet, basert på det høgare talemålet i Stockholm, men han gjekk ein del lenger når det gjaldt lydrett stavemåte, ikkje minst i lånord, som for ein vesentleg del kom frå fransk. Døme:

kaffe (café), *kapiten* (capitaine), *kurage* (courage), *fabrik* (fabrique), *bank* (banque), *briljant* (brilliant), *familj* (familie), *fåtölj* (fauteuille), *nisch* (niche) 'nisje', *affär* (affaire), *jurnal* (journal), *uvertyr* (ouverture), *aktör* (acteur), *kusin* (cousine), *byrå* (bureau) – men *choklad*, *charm*, *geni*, *koncentration*, *social*, *national*.

Dei formene Leopold førte inn var svært radikale i ei tid da ikkje berre franske ord, men også fransk skrivemåte hadde høg prestisje, men dei vart akseptert og etter kvart gjennomført. Danskane brukte nesten hundre år før dei tok det avgjerande skrittet i same retning.

Frå stat til nasjon

Slik, kan vi seie i heilt stutte drag, utvikla det seg eit dansk og eit svensk språk – i betydninga normerte og utbygde standardspråk. Det eksisterer ingenting som heiter norsk, svensk eller dansk språk sånn utanfor tid og rom, akkurat som det ikkje eksisterer noen norsk, svensk eller dansk nasjon utanfor tid og rom. Både nasjonane og språka har forma seg gjennom ei historisk utvikling, delvis tilfeldig styrt av kven som i ein bestemt periode var militært sterkast: Danskekongane var ikkje sterke nok til å halde fast på Sverige, bl.a. fordi Sverige hadde eit sterkt aristokrati

1 Pr. 2009 er ordboka på slutten av T, og den skal vere ferdig i 2017.

som var i stand til å mobilisere befolkninga i sine distrikt til motstand. I Norge mangla det eit slikt sterkt aristokrati, og dermed var det ingen som kunne ta opp ein frigjeringskamp og styre dei ressursane landet hadde til fordel for ein slik kamp. Det som skjedde i Skåne, understrekar dette enda meir: Rein militær styrke avgjorde at Skåne er svensk og ikkje dansk. Ein kan med andre ord seie at statane Danmark og Sverige er eit resultat av militære styrkeforhold i ein viss historisk fase.

Men ein stat er ikkje utan vidare ein nasjon. Det fans truleg inga nasjonalitetskjensle i Sverige og Danmark før 1400. Unionen kom i stand nettopp fordi dei norske og svenske aristokratia på eit visst tidspunkt fann ut at dei var tent med å støtte dronning Margareta ut ifrå sine eigne særinteresser, og fordi folk flest sto heilt utanfor alt som heitte statsstyring og heller ikkje brydde seg med å ha noen meining om det; dei hadde nok med strevet for sitt daglege utkomme. Ettersom interessene skifta og allianseforholda snudde seg innanfor aristokratia, vart unionen bekjempa og ein svensk stat oppretta.

Men: i og med at staten vart oppretta, og stadig fleire såg seg tent med at han vart varig, oppsto det eit behov for legitimering; det vart om å gjere at større delar av folket utvikla lojalitet mot staten, at det følte seg som delar av eit fellesskap og samtidig følte at det sto i motsetning til dei som levde utanfor dette fellesskapet. Dette er kjernen i nasjonalismen: fellesskap innetter, motsetning utetter. Det var blant anna viktig å kunne mobilisere folk til krig for fedrelandet.

Målet var altså å bygge opp ein nasjon innanfor grensene til ein stat der det ikkje hadde vore noen nasjon før, altså inga kjensle av noen nasjonal einskap eller identitet. Og her er språkpolitikken svært sentral: Ved å gjere ein språknormal til eit nasjonalt klenodium, eit symbol på sjølve nasjonen som alle har del i, kan ein på ein svært effektiv måte fremme denne kjensla hos folk at dei har ein felles nasjonal identitet som står i skarp motsetning til andre nasjonar. Den bevisste anti-danske språkrøkta i Sverige var heilt opplagt eit reiskap til å skape ei slik motsetning til det nabofolket som reint språkleg sto Sverige nærast, men som likevel var fienden som det skulle mobiliseras mot i ei rekke krigar. Og same effekten har vi sjølvsagt hatt med motsett forteikn i Danmark.

På 1800-talet har vi altså med to klart åtskilte og konsoliderte nasjonalspråk å gjere. Dei fungerte som uomstridde skriftspråk og som talespråk for ein liten elite. I løpet av hundreåret, og enda meir i vårt hundreår, kom dette elitetalemålet til å trenge tilbake dei dialektane som folk flest snakka, først og fremst gjennom ekspansjonen i skoleverket, slik at det vart større einskap mellom skrift og tale – på skrifta sine premissar.

Skandinavismen veks fram

Trass i at denne utviklinga gjekk sin gang og var lite omstridd – det var berre spede røster som tok til orde for å forsvare dialektane – så vart det ført ein ganske livleg språkdebatt både i Sverige og i Danmark på 1800-talet, om enn ikkje like livleg heile tida. Vi kan seie at det var to hovudtema som gjekk igjen: Det eine var for-

holdet mellom skrifta og den talen som skrifta var meint å representere, m.a.o. om rettskrivinga burde gjeras meir lydrett eller ortofon. Det andre var spørsmålet om skandinavisk språkleg tilnærming kontra dei nasjonale særinteressene i språket.

Alt på 1700-talet hadde det reist seg enkelte røster i Danmark til fordel for ei skandinavisk språktilnærming. Ein av dei mest aktive danske språkrøktarane på den tida var *Jens Sneedorff*, som er blitt mest kjent for sin kamp mot unødvendige fremmendord. Med det meinte han latinske, greske og franske fremmendord, og motivet hans for å gå imot slike ord og foreslå danske avløysarar var først og fremst pedagogisk: Han ville gjere skriftleg dansk lettare å forstå for vanlege folk. Han foreslo ei rekke ord som *Omkreds, Forfatter, Personlighed, Sindsbevægelse, Indbildningskraft, Begivenhed, overdreven, Emne, Øde, Gaade* – ofte inspirert av tysk (men *Emne* og *Øde* 'lagnad' var frå svensk og *Gaade* frå norrønt – *Øde* slo ikkje igjennom, men dei andre er i full bruk den dag i dag). Samtidig gjekk han inn for ein enklare setningsbygnad enn den gamle tunge og latinskpåverka. I tillegg til dette gjekk Sneedorff inn for ei tilnærming mellom dansk og svensk. Den skulle skje ved at danske og svenske språkmenn saman kartla likheiter og ulikheiter mellom språka og prøvde å utnytte det felles ordforrådet mest muleg.

Grunnideen bak dette var eigentleg opplysningsideologien – dette var den tida vi kallar opplysningstida, da opplysning og rasjonalisme vart rekna som nøkkelen til all framgang. Det låg i denne ideologien at unødvendige språkskilnader burde reduseras mest muleg, og det var lett å konkludere med at dansk og svensk var så like at ein kunne sjå på dei som dialektar, slik at kommunikasjonen og opplysninga kunne lettas ved å slå dei saman. Men denne ideologien vart snart fortrengt av ein ny, nemleg romantikken, særleg den tysk-inspirerte nasjonalromantikken. Ein sentral idé der var at språk er uttrykk for ein nasjons sjel, folkeånda, slik at eitkvart folk måtte ha sitt eige språk for å telje som eit eige folk. Det var jo denne tanken som var springbrettet for den norske språkreisinga, og også i Danmark vart dette argumentet brukt mot ei tilnærming til svensk – ein rekna med at svenskane ville komme til å dominere i ein slik prosess. At Danmark hadde vore i krig med Sverige så seint som i 1814 skapte vel heller ikkje noe klima for ei slik tilnærming.

Men dette klimaet forandra seg utover i hundreåret. Danmarks største nasjonale hovudpine skulle vise seg å bli Sønderjylland, eller Schleswig, som var frontlina i ein hard kamp mellom tysk og dansk språk og kultur – og også i ein militær kamp mellom Danmark og den ekspansive tyske staten Preussen, som skulle bli kjernen i det samla Tyskland frå 1871. Både i 1848 og i 1864 var det krig mellom Danmark og Preussen om Schleswig, og det endte med at heile landskapet vart tysk. Først etter første verdskrigen vart den nordlege delen igjen lagt til Danmark etter ei folkeavstemning, men da hadde Schleswig-spørsmålet dominert det danske politiske livet i fleire tiår. 1 denne situasjonen vart det nordiske samarbeidet sett på som noe sterkt ønskjeleg, eit vern mot presset frå sør, og skandinavismen sto sterkare no enn noen sinne – særleg i 1860-åra, da sterke krefter ønskte at Sverige og Norge skulle

gå med Danmark i krigen mot Preussen. Sjølv om det ikkje skjedde, heldt strevet for kulturell skandinavisk einheit fram – det vart til og med styrka.

Dei to viktigaste språkdebattantane og språkideologane i Danmark i første halvdel av 1800-talet var *Rasmus Rask* og *N. M. Petersen*. Rask er mest kjent for studia sine av norrøn og islandsk språkhistorie og den samanliknande indoeuropeiske språkvitskapen, men han skreiv òg eit «Forsøg til en videnskabelig dansk retskrivningslære», der han gjekk inn for det som er blitt kalla ortofoni – ein mest muleg lydrett stavemåte. Den debatten han skapte her, slo også over til Norge, der Maurits Hansen, Ludvig Kristensen Daa og seinare Knud Knudsen tok opp desse tankane. 1 Norge vart ortofonien også eit argument for fornorsking, sidan uttalen av dansk i Norge var så grunnleggande ulik den i Danmark, men i Danmark sjølv gjekk det mest på slike ting som å skrive fremmendord etter uttalen og lage eit meir regelmessig system for rettskrivinga av danske ord. Men Rask viste at ei slik reform samtidig kunne bety ei tilnærming til svensk på ein del punkt. N. M. Petersen utvikla desse tankane vidare. Han var den første professoren i nordisk språk i Danmark, og har forøvrig også skrive den første nordiske språkhistoria som noen gong er laga. Petersen sette opp det ærgjerrige målet å arbeide fram eit felles skandinavisk skriftspråk – inspirert både av den språklege og kulturelle einskapen som hadde vore der i sagatida, slik han såg det, og av behovet for ei slik einheit mot den tyske trusselen i samtida. Det måtte formas ut ei felles rettskriving, grensene for ordtilfanget måtte rivas ned slik både danskar, svenskar og nordmenn fritt kunne låne ord frå dei andre språka, ein måtte slutte å omsette bøker mellom dansk og svensk, og grannespråksundervisning måtte føras inn i skolen. 1 tillegg skulle det også undervisas i norrønt, som da vart sett på som det opphavlege fellesnordiske språket.

På svensk side tok skolemannen og forfattaren Carl Jonas Love Almqvist opp dei same tankane, sjølv om han ikkje trudde at ei samansmelting mellom dansk og svensk var muleg – men ei tilnærming og ei styrking av den gjensidige forståelsen var viktig for å styrke heile regionen Skandinavia. Mye av dette vart også gjennomført etter kvart: Det kom professorat i nordisk (særleg norrøn) språkvitskap ved universiteta i København (1854), Uppsala (1859) og Christiania (1864), og grannespråksundervisning og innføring i norrønt vart tatt opp i den høgre skolen i alle landa i tida 1856–71. Når det gjeld sjølve språkplanlegginga, kan vi seie at denne bølgja toppa seg i det skandinaviske rettskrivingsmøtet som vart halde i Stockholm i slutten av juli 1869.

Stockholmsmøtet og følgjene av det

Deltakarane på møtet var filologar frå det skandinaviske universitetsbyane København, Christiania, Lund og Uppsala i tillegg til Stockholm, til saman sytten personar. Dei var alle oppnemnt eller valt til å representere akademikarane i heimlanda sine, men hadde inga offisiell myndigheit. Dei kunne altså berre legge fram forslag i håp om at dei ville bli godtatt av styresmaktene og offentlegheita i dei ymse landa. Deltakarane er det liten vits i å rekne opp her, dei er stort sett ukjent for andre enn spe-

sialistar i dag – med eitt stort unntak, nemleg Henrik Ibsen, som på den tida budde i Roma etter å ha gått i eksil i protest mot at Norge og Sverige «sveik» Danmark i Schleswig-krigen. Ibsen tok altså turen til Stockholm, visstnok utan å reise innom Norge, og frå Christiania kom Knud Knudsen, den tidlegare ortofonisten Ludvig Kristensen Daa og gymnaslektoren og grammatikaren Jakob Løkke, som er mest kjent for ein tysk grammatikk som var i bruk i gymnaset i alle fall enno i mi skoletid på sekstitalet. Eg kan òg nemne at ein av dei danske deltakarane heitte Grundtvig, med fornamnet Svend. Han var son til den berømte Grundtvig. Grundtvig senior var den fremste talsmannen i si tids Danmark for ei folkeleg og nasjonal kulturreising på nordisk og på frilyndt kristen grunn, den som har fått sitt fremste uttrykk i folkehøgskolen både i Danmark og i Norge, og det var i denne tradisjonen at den unge Grundtvig kjempa både for ei meir lydrett rettskriving og ei samordning på skandinavisk plan.

Desse entusiastane sat saman i ei vekes tid og utarbeidde ei rekke framlegg til reformer i begge språka – dansk og svensk. Norsk, i betydninga norsk landsmål, var ikkje med i bildet i det heile. I parentes kan vi seie at det er eit interessant trekk at Knud Knudsen deltok på dette møtet, og forsåvidt også Ibsen, som var ein ivrig tilhengar av Knudsens fornorskingsline. Det viser at dei ikkje såg noen nødvendig motsetning mellom fornorsking, altså ei lausriving av det dansk-norske skriftspråket frå det danske, og ei skandinavisk tilnærming. Føresetnaden var da at tilnærminga berre skulle dreie seg om dei ytre trekka i språket, altså det grafiske, utan konsekvensar for sjølve språkstrukturen: uttale, bøying og uttrykksmåte – for der var det fornorskinga skulle skje. Sjølv om Ivar Aasen ikkje deltok på møtet i Stockholm og var sterkt imot det som skjedde der, så hadde han faktisk ei liknande haldning: Også han tok omsyn til grannespråka på reint grafiske punkt som ikkje hadde noe å seie for substansen i språket – for eksempel i det å skrive *hj-* i ord som *hjelpa* og *hjarta*, og å skilje mellom *kj* og *skj* framfor låge vokalar (*kjole*, *skjorte*) og *k* og *sk* framfor høge (*kinn*, *sky*) – sjølv om uttalen var den same.

Det som kom ut av Stockholmsmøtet står i ramma på side 238, i alle fall hovudpunkta (basert på Ståhle 1970 og Spang-Hanssen 1970).

Reaksjonane på desse framlegga ser ut til å ha vore ganske spake i Norge. Bjørnson støtta dei fullt ut, og både han og Ibsen gjennomførte dei i det dei gav ut gjennom resten av livet. Derfor heiter det *Solvejg* med *ej* i *Peer Gynt* og *Øjvind* med *Øj* i *En glad gut* – dei var rett nok skrivne før 1869, men diktarane normaliserte til den nye «nordiske» rettskrivinga i seinare utgåver. Ivar Aasen, på den andre sida, reagerte sterkt negativt, mest fordi forslaga førte med seg endringar av folks språkvanar i uvesentlege og overflatiske detaljar. Nordiske hensyn i slike detaljar kunne han nok ta, men overordna var det at folks vanar ikkje skulle tirras i utrengsmål – overgang frå dansk til landsmål var ei tøff nok omstilling i seg sjølv om ein ikkje skulle gjere det enda verre med unødvendige endringar. Han var heile livet motstandar både av det latinske alfabetet, av *å* i staden for *aa*, og av små bokstavar i substantiv. Han sette seg også imot å sløyfe *j* framfor *e*, *æ* og ø – trass i at han sjølv hadde vore

Framlegga frå rettskrivingsmøtet i Stockholm 1869

Endringar i dansk rettskriving:

a) ta vekk *j* framfor *e*, *æ*, *ø*: *kjende, skjære, gjøre* > *kende, skære, gøre* (gjennomført 1889)
b) ta vekk stum *d* framfor *s*: *krands, dandse, tydsk, vadske* > *krans, danse, tysk, vaske* (gjennomført 1889)
c) ta vekk fordobling av vokalar og stum *e* som teikn på lang vokal: *Huus, troe* > *hus, tro* (gjennomført 1889)
d) skrive *aj, ej* og *øj* i staden for *ai, ei* og *øi* (gjennomført 1889)
e) skrive *å* i staden for *aa* (gjennomført 1948)
f) fjerne store forbokstavar i substantiv (gjennomført 1948)

Endringar i svensk rettskriving:

a) skrive *v* for f og *fv* når uttalen er *v*: *lif, lefva* > *liv, leva* (gjennomført 1906)
b) fjerne *w* til fordel for *v* (gjennomført i praksis ganske raskt)
c) fjerne *th* til fordel for *t* i ord som *thing*, *thorsdag* o.l. (gjennomført i praksis ganske raskt)
d) forenkle dobbeltkonsonant framfor dental i former som *tryggt* > *trygt*, *grannskap* > *granskap* o.l. (ikkje gjennomført)
e) endre *och*, *till*, *upp*, *att* til *ok, til, up, at* (ikkje gjennomført)

Endringar i begge:

a) endre *e* til *æ/ä* der det verken fonetisk eller etymologisk er grunn til å skrive *e* (gjennomført gradvis i svensk fram mot 1900, i dansk (i Danmark) i 1889, men utan samordning, slik at den «skandinaviske» effekten av vedtaket vart liten. I dansk-norsk/bokmål sterk overgang andre vegen i 1917 i samsvar med nynorsk)
b) overgang frå *o* til *å* der det verken fonetisk eller etymologisk er grunn til å skrive *o* (ikkje gjennomført i noe av språka)
c) overgang frå *x* til *ks* (gjennomført i dansk i 1889, ikkje gjennomført i svensk)
d) endre skrivemåten av aksepterte fremmendord i fonetisk retning (regulert i dansk i 1889/92; ikkje følgt opp i svensk anna enn som detaljreguleringar av enkeltord)

Framlegg som vart avvist på møtet:

a) å stryke *h* framfor *j* og *v* (*järta/jærte, vit/vid*)
b) å skrive *sj* for sj-lyden overalt (i staden for å skifte mellom *sj* i *sjæl/själ*, *skj* i *skjorte/skjorta*, *sk* i *sky* og ulike stavemåtar i fremmendord (*ch, sch, sh, g, j* osv.)) Merk at berre norsk og svensk her har gjennomført sj-lyd: Dansk uttalar k-en i ord som *skjorte* og *sky*.
c) å gå over frå *ä* til *æ* i svensk (eigentleg vedtatt mot eit stort (svensk) mindretal, men ikkje offentleggjort av frykt for å tirre opinionen)

inne på dette i sitt tidlegaste normeringsforsøk, *Prøver af Landsmaalet 1 Norge* frå 1853. Språkleg meinte han det var tenleg å sløyfe desse j-ane, men omsynet til folks lesevanar gjorde at han til sjuande og sist sette seg imot det.

Stockholmsmøtet førte elles ikkje til noen bølgjer i Norge, som hadde atskilleg meir kompliserte eigne språkproblem å stri med, men i staden utløyste dei kraftig debatt både i Danmark og Sverige.

I Danmark vart framlegga frå Stockholm tatt i bruk særleg i folkehøgskolekrinsar. Folkehøgskolen var ei viktig rørsle i Danmark, og den var svært nordisk innstilt ved sida av å vere nasjonal og folkeleg. Rørsla var mektig nok til å kunne påverke rettskrivingsutviklinga i Danmark, og ein del av framlegga frå Stockholm vart innarbeidd i ei offisiell rettskrivingsreform i 1889 – etter fire år med komiteutgreiing av spørsmålet. Kva slags punkt det gjaldt, går fram av oversynet mitt over Stockholmsvedtaka. Som ein ser, kom ikkje *å* for *aa* med, og dei store forbokstavane i substantiv vart ståande, enda fleirtalet i den komiteen som hadde førebudd reforma hadde gått inn for å avskaffe dei. Det var ein forfattar- og pressekampanje mot dei små bokstavane som gav departementet kalde føter slik at det ikkje tok sjansen på å gjennomføre denne reforma. Det gjekk to mannsaldrar – seksti år – til før dette vart gjort. Ein annen pussig detalj som gav støtet til heftig kamp var skrivemåten av talordet 16 – tradisjonelt skrive *sexten*, men uttala *seisten*. Reforma følgde Stockholmsmøtet i det at *x* generelt vart erstatta med *ks*, men akkurat i dette ordet vart det bestemt å skrive lydrett: *sejsten*. Dette førte til slike protestar at departementet etter tre år, i 1892, gjorde om vedtaket og innførte *seksten*.

Den same reforma inneheldt også føresegner om skrivemåten av fremmendord, der det langt på veg vart gjennomført ei fordansking, nitti år etter Leopolds forsvensking. Hovudpunkta var:

c > *k* (men ikkje *c* > *s*, altså: *koncentrere*)
qu > *k* (*bloquere* > *blokere*) eller *kv* (*quantum* > *kvantum*)
x > *ks*
ph >*f*
th > *t* (*bibliotheque* > *bibliotek*)

Men som hos Leopold skulle sj-lyden stadig skrivas som i fransk: *etage, branche, journal*. Elles var det mange inkonsekvensar, basert på vurderinga: Kva har sjanse (chance) til å slå igjennom? Praktisk gjennomførbarheit var viktigare enn prinsipp.

1889-rettskrivinga var den første rettskrivingsreforma som vart innført med eit statleg vedtak i Danmark. Med dette vedtaket var faktisk det første klare formelle skiljet mellom dansk og dansk-norsk også innført (om vi ser bort frå ei mindre reform i Norge i 1862, nemnt i dei fleste norske språkhistorier), i og med at vedtaket ikkje gjaldt for Norge og nordmennene ikkje følgde det opp. Vi har for eksempel halde fram med å skrive *kjenne, skjære* og *gjøre* med *j* til denne dag. Ein kan seie at nordmennene frå 1889 og fram til 1907 skreiv forelda dansk.

Reform i Sverige

Også i Sverige førte Stockholmsmøtet til debatt. Det punktet som først gjekk igjennom i praksis, var overgangen til latinsk skrift, men det var ein tendens i tida og ville nok ha skjedd i alle fall. Men av dei konkrete språklege forslaga var det først og fremst innføringa av *ä* for *e* i mange ord som slo igjennom både i bruken og i normalen. Men noen systematikk i fordelinga mellom *ä* og e kan ein ikkje seie at det var, og sidan det ikkje skjedde noen samordning med dansk når det gjaldt kva slags ord som skulle få *ä/æ*, så må ein seie at noen skandinavisk einskap på dette punktet vart det ikkje i det heile, særleg ikkje når ein tar norsk i betraktning, for her har utviklinga gått bort frå *æ* anna enn framfor *r*. Punktet overgang frå *o* til *å* vart det ikkje noe av i praksis i noe av språka. Knud Knudsen var ein ivrig talsmann for at dansk-norsk skulle ta i bruk *æ* og *å* på brei front, han skreiv t.d. *hålde*. Men på dette punktet mislykkas han.

Eit par av dei mindre endringsframlegga for svensk: *v* for *w* og *t* for *th*, gjekk igjennom, men betydde ikkje så mye. Derimot kom det opp ein ny rettskrivingsdebatt i Sverige i 1880-åra, og no var det ikkje lenger nordisme, men radikal rettskrivingsreform etter fonetiske prinsipp som var målet.

Vi fekk da eit «rättstavningssällskap» under leiing av språkhistorikaren og dialektforskaren *Adolf Noreen*, som ville lage ei skikkeleg fonetisk rettskriving med former som *jöra, sorj, juga, lungn, sjuta, sjärna, håpp* (= *hopp* 'håp'), *såva*. Dette var ei tid da rettskrivingsspørsmålet kom opp til diskusjon også i fleire andre land, bl.a. Storbritannia og Tyskland. Det hadde delvis samanheng med at fonetikken som vitskap utvikla seg nettopp på denne tida, og delvis med at utviklinga av den allmenne skriveopplæringa nettopp no var inne i ein ekspansiv fase; det var på denne tida vi var i ferd med å oppnå det vi kallar allmenn skriveferdigheit i dei vesteuropeiske landa. Dette førte til debattar om kva som var den pedagogisk mest heldige rettskrivinga.

I Sverige vart det i alle fall førebels inga rettskrivingsendring, bl.a. pga. aktiv motstand frå lingvisten *Esaias Tegnér d. y.*, som argumenterte sterkt for at ortofoni måtte prioriteras lågare enn morfologisk eintydigheit, det han kalla «samhörighetslagen». **Den gjekk ut på at «likartade begrepp, uttryckta med likartade ljud, skrivas** så långt möjligt är på samma sätt». **Altså: når det heiter** *ljuv* og *kräva* skulle det også heite *ljuvt* og *krävt*, ikkje *ljuft* og *kräft* sjølv om dei siste formene vart uttala med *f*. Dette er sjølvsagt det same prinsippet som Aasen brukte, og som stort sett er gjennomført i språka våre generelt, vi skriv *høgt* og *stygt* med *g* og ikkje *k* osv. Tegnér peika da også på at fonetiske stavemåtar i slike former ville gjere svensk ukjenneleg for danskar og nordmenn.

Utgangen på denne striden var det som er blitt kalla den «Fridtjuv Bergska» reforma i svensk språkhistorie. *Fridtjuv Berg* var ein aktiv reformtilhengar i folkeskolelærarforeininga – lærarane var ofte sterke tilhengarar av rettskrivingsendringar som kunne gjere skriftspråket lettare å lære for ungane. 1 1906 var Berg kyrkjeminister, og da fekk han gjennomført ei reform som besto av to svært omdiskuterte punkt:

1 *dt* > *t* el. *tt*: *ett godt och älskadt barn* > *ett gott och älskat barn* (jf. *god* og *älskad*)
2 *f* (når uttalen er *v*), *fv*, *hv* > *v*: *haf* > *hav*, *hafva* > *hava*, *hvit* > *vit*

Dette var ortofone endringar; dei nærma skriftspråket til uttalen og gjorde det lettare å lære. Dei var etter folkeskolelærarane sitt hjarte. Sett frå eit skandinavisk synspunkt var reforma tveegga: *hav* og *hava* var i samsvar med forslaga frå Stockholmsmøtet, og *älskat* i staden for *älskadt* (*kastat* for *kastadt* osv.) var sjølvsagt også ein lette. Derimot gjorde endringane frå *godt* og *rödt* til *gott* og *rött* og frå *hvit* til *vit* sjølvsagt svensk meir ulikt dansk og norsk. – I alle fall tok det eit par tiår før reforma var fullt gjennomført i praktisk bruk, men det var berre eit spørsmål om tid: Dei store lidenskapane i rettskrivingsspørsmål hadde tydelegvis ebba ut.

Skandinavisk språkrøkt i Danmark

Sidan har desse lidenskapane stort sett lege i ro i Sverige, trass i nye mislykka forsøk frå lærarhald på å få til ei meir ortofon rettskriving. Derimot blussa dei opp att i Danmark på førtitalet, da ein renessanse for den nordiske tanken førte til den kjente trepunktsreforma som gjekk ut på å ta vekk dei særdanske store forbokstavane i substantiva, føre inn *å* for *aa*, og skrive *kunne*, *skulle* og *ville* utan *d* – alle saman i den skandinaviske ånd. På det tidspunktet hadde jo norsk forlengst gjennomført desse reformene, slik at dansk hadde blitt ståande åleine. Også no fekk vi storm i kultureliten, men etter omlag ti år var reforma gjennomført i praktisk bruk. Ein meir kuriøs rettskrivingsstrid fekk Danmark midt på åttitalet, da det vart kjent at noen fremmendord skulle få ein valfri fordanska stavemåte – som *majonæse* for *mayonnaise* (sjå *Språklig Samling* nr. 4–1986). Dette var likevel berre ein storm i eit vassglas, og gleid fort over.

Men det skandinaviske språkstrevet i Danmark på tretti- og førtitalet omfatta atskilleg meir enn denne rettskrivingsreforma. Det var ei brei kulturrørsle med sterke fellestrekk med skandinavismen sytti år tidlegare, og med ein liknande bakgrunn: Også no var det trusselen frå Tyskland som låg under. I det heile tatt er heile Danmarkshistoria prega av at landet har lege i skyggen av Tyskland og veksla mellom sterk tysk påverknad og motstand mot denne påverknaden. Det nordiske har ofte vore brukt som eit våpen mot det tyske. Og med Hitler-Tyskland i full blomstring på trettitalet og tysk okkupasjon i førtiåra var drømmen om ei sterk og motstandsdyktig nordisk einheit sterkare enn noen gong. Den viktigaste eksponenten for denne drømmen på det språklege området var ein enkeltperson, forfattaren og juristen *Sven Clausen*. Hans kongstanke var at dei skandinaviske språka skulle nærme seg kvarandre ved ei harmonisering av ordforrådet, det vil seie at gamle nordiske ord som fans i eit av språka burde tas i bruk i dei andre til fortrengsel for lånord, særleg tyske, og fremmendord. I praksis var det mest svensk han da brukte som ordkjelde, sidan kunnskapane hans om norsk visstnok var begrensa.

Verksemda til Clausen besto først og fremst i å skrive polemiske artiklar, og gi ut bladet *Språgfronten*, der han bl.a. kom med konkrete råd om ord som burde brukas eller unngås. 1 1941 vart det stifta ei *Dansk Forening for Nordisk Sprogrøgt*, som prøvde å føre denne verksemda over i meir organiserte former. Denne foreininga famna breiare enn Clausen ved å vere mindre polemisk i forma, men var samtidig meir puristisk: Der Clausen godtok innlånte ord viss dei var felles for dei skandinaviske språka, var foreininga meir oppsett på å luke ut tyske ord til fordel for gamle nordiske sjølv om dei sistnemnte ikkje var fellesnordiske.

Den nordiske tanken var sterkt i vinden i etterkrigsåra, mens frontane i den kalde krigen heldt på og la seg fast. Som ein slags parallell til 1860-åra kan vi sjå forsøka på å få til eit nordisk forsvarsforbund, som rett nok vart drive på høgt politisk plan, men som altså mislykkas. Eit meir beskjedent samarbeidstiltak var Nordisk Råd (skipa 1952). På det språklege området kulminerte nordismen i Danmark i striden om rettskrivingsendringane frå 1948, som vi har nemnt, altså den med små forbokstavar, bolle-å og *kunne, skulle, ville*. Etter det gleid den nordiske språkrøktsbølgja over, og særleg mange konkrete resultat i språkbruken har vel ikkje denne rørsla fått, med unntak av denne rettskrivingsreforma og noen ganske få enkeltord som *fravær, fåtal, gøremål, indebære, løjpe, modsvare, nærvær, udrede* og *vedgå*.

Språksamarbeidet blir institusjonalisert

Eitt resultat av nordismen i førtiåra er likevel det faktum at vi fekk offisielle språknemnder i alle dei nordiske landa. Det begynte under krigen i Sverige og Svenskfinland, og ideen var å satse på ei fellesnordisk språknemnd. Det siste var likevel urealistisk så lenge krigen sto på, og det vart da til det at både finlandssvenskane og svenskane i Sverige stifta sine nasjonale språknemnder med som eitt av sine siktemål å fremme nordisk språksamarbeid. Norge og Danmark kom etter med sine språknemnder i 1952 og 1955, og det vart frå første stund etablert eit nordisk nettverk i form av årlege språkmøte og periodiske publikasjonar, ulike typar fellestiltak og meir uformell kontakt. I 1978 vart dette samarbeidet formalisert i eit *Nordisk språksekretariat* med kontor i Oslo.[1]

Språksekretariatet er ikkje noe språkplanleggingsorgan, men arbeider først og fremst på opplysnings- og haldningsplanet, ved å fremme grannespråksundervisning på skolar og universitet, arrangere seminar og gi ut rapportar, stå for utgjevinga av internordiske ordbøker og ordlister og drive med informasjonsarbeid generelt. Rett nok har sekretariatet gitt råd i terminologispørsmål, for fremme ein einheitleg skandinavisk terminologi der det har vore muleg, men det er ikkje gjort systematisk. Terminologi er eit arbeidsfelt for dei nasjonale språknemndene og terminologiorgana, først og fremst.

Vi ser altså at mens nordisk språksamarbeid før krigen var eit utslag av idealisme hos enkeltpersonar, som deltakarane på Stockholmsmøtet og Sven Clausen, så er

1 Pr. 2009 blir funksjonane til språksekretariatet (nedlagt i 1997) ivaretatt av *Nordens språkråd*, ei «leiingsgruppe» under Nordisk ministerråd.

det etter krigen først og fremst eit arbeidsfelt for offentleg oppnemnte institusjonar. Det er sjølvsagt ein parallell til det som har skjedd innanfor den nasjonale språkplanlegginga, som til å begynne med var eit utslag av privat initiativ hos folk som Aasen og Knudsen, men i vårt hundreår vart byråkratisert og profesjonalisert, særleg etter at Språknemnda kom til i 1952. Dette forholdet speglar vel på sett og vis heile samfunnsutviklinga både i Norge og i Norden elles.

Begrensingar i samarbeidet

Språksamarbeidet er eit uttrykk for ein politisk vilje: Den skandinaviske språkeinskapen skal ikkje forsømmas heilt i den nasjonale språkrøkta og internasjonaliseringa; den har ein eigenverdi og skal tas vare på. Om vi ser nærare på kva dette samarbeidet reint konkret gjekk ut på og går ut på, reint språkleg sett, så ser vi klart at dei store vyane hos tidlegare generasjonar er blitt kraftig modifisert. Eit samnordisk skriftspråk er det ingen som trur på lenger, og til og med mindre endringar i dei nasjonale språknormene i samnordisk retning blir no prinsipielt avvist.

Eit godt eksempel på det er den reint grafiske forskjellen mellom *æ – ø* og *ä – ö* som jo har vore ein torn i auget på dei sanne nordistane ned gjennom tidene. Det er sannsynleg, som eg har nemnt før, at svenskane innførte sine tøddelbokstavar nettopp for å få språket sitt til å sjå så ulikt dansk ut som muleg. På 1800-talet hadde dansk ei tid faktisk både *ø* og *ö* samtidig – med ulike lydverdiar: *ø* skulle stå for lukka *ø*, *ö* for open *ø*, slik at dei skreiv *jeg dør* av å *dø*, men en *Dör*. Det var Rasmus Rask som innførte dette skiljet, men det vart vel aldri fullt ut gjennomført i praksis, og til slutt avskaffa.

Det har frå tid til anna vore foreslått å velje enten den svenske eller den dansknorske måten å betegne desse lydane på samnordisk basis. Dei forslaga som har vore framme har mest vore av to slag: enten at norsk og dansk tok over dei svenske bokstavane med tøddel, eller at ein gjorde eit slags makeskifte og valde norsk-dansk *æ*, men svensk *ö*. Her kunne ein da peike på at islandsk har ei slik fordeling, sjølv om *æ*-en der rett nok står for ein heilt annen lyd, nemleg diftongen *ai*. Hovudgrunnen for dei svenske bokstavformene er at dei er meir internasjonale, i og med at dei fins i tysk, og i nordisk samanheng har det ein del å bety at finsk bruker dei.

Dette med å skifte bokstavformer har vore oppe i Nordisk Råd, men er blitt lagt bort med det argumentet at ulempene for dei som måtte skifte ut sine bokstavar ville vere større enn fordelane ved ei samordning, og at det dreiar seg om eit reint overflatisk grafisk trekk som ikkje berører dei eigentlege språklege skilnadene mellom språka – med andre ord: mye bråk om ei uvesentleg sak. Eit spesielt argument er det at særleg *æ/ä* er så ulikt fordelt i språka, i og med at svensk *ä* blir brukt i så mange ord der vi andre har *e*, at likheitene i praksis ikkje kom til å bli særleg mye større. I det siste har vi sett at teknologien har komme inn som ein viss påverknadsfaktor her, nemleg tekstfjernsynet, der mange i Norge og Danmark får inn svensk ä og ö i staden for sine eigne bokstavar. Det har nok mest skapt irritasjon hos folk, ikkje noen stor nordisk samarbeidsvilje.

Til og med rekkefølgja av desse bokstavane i alfabetet har det ikkje gått an å forandre på. Til å begynne med, da danskane tok inn *å*-en, vart den plassert først i alfabetet, på same plassen som *aa*, slik at overgangen skulle bli letta. Men etter noen år vart *å*-en plassert sist, der vi har han på norsk. I svensk derimot, kjem *å* etter *z* og før *ä* og *ö*. Framlegg om å samordne her er blitt lagt bort, også her fordi ulempene ville bli større enn fordelane: Det eller dei landa som skulle forandre rekkefølgja måtte jo da omredigere alle slags alfabetiske lister, telefonkatalogar og bibliografiar og register i bøker og leksikonarrangement og eg veit ikkje kva – det er i det heile utruleg kor styrt vi er av denne alfabetiske rekkefølgja. Frustrasjonane blant folk som ei slik omlegging ville føre til, ville langt overgå den ulempa at ein må lære seg ei litt avvikande rekkefølgje når ein er i eit granneland.

I det heile tatt kan ein seie at denne saka viser noe viktig om det nordiske språksamarbeidet: Ikkje noe land vil ta på seg ekstra samfunnsmessige ulemper på grunn av ei språkleg tilnærming i Norden. Denne realiteten har både språknemndene og det nordiske språksekretariatet innstilt seg på, og det hovudproblemet som da står igjen, er å finne ut kor slik tilnærming kan skje utan å skape slike ulemper.

Det seier seg kanskje sjølv at det må bli innanfor ordtilfanget. Her foregår det jo for det første ei reell utveksling av ord over grensene, og har bestandig gjort det. I dag er det mest gjennom media at dette skjer, og det er svensk som eksporterer ord og uttrykk, mest til norsk, men også til dansk. Både i Norge og i Danmark er det ein motvilje mot svesismane; Sven Clausen merka seg det og latterleggjorde at danskane fritt tok inn lån frå tysk samtidig som dei avviste svesismar. Dette har heilt klart ikkje-språklege årsaker, og dei ligg vel i dei historiske motsetningane til Sverige, og framfor alt i den dominerande stillinga Sverige no ein gong har som det største og folkerikaste og økonomisk sterkaste landet i Norden. Men det hindrar ikkje at vi tar opp svesismar i stor grad; dei har jo den fordelen framfor engelske lån at dei er vanskelege å kjenne att og sette stempel på, det skal nesten ingenting til for å tilpasse dei til norsk språkstruktur slik at dei glir rett inn.

Dette skjer likevel ikkje planlagt. Det er ikkje noe mål for Norsk språkråd og Dansk Sprognævn å drive nordisk språkrøkt ved å oppmuntre til innlån frå svensk. Strengt tatt er det ikkje noe mål for dei å drive nordisk språkrøkt i det heile, i vedtektene deira er det berre snakk om å delta i og styrke eit nordisk språksamarbeid, og det er jo ei ganske vag og uforpliktande formulering. Dei undersøkingane som er gjort om språkrådgjevinga desse institusjonane driv, viser da òg at det nordiske argumentet for å anbefale eit bestemt ord eller ei bestemt form stort sett berre kjem inn som eit støtteargument for eit standpunkt som alt er tatt av andre grunnar. Først skal dei innanlandske omsyna avgjere, og viss dei ikkje avklarer spørsmålet fullstendig, kan *kanskje* det nordiske få lov til å telje med i favør av ei bestemt løysing.

På ein del område har språknemndene samarbeidd om å skape ein felles terminologi, særleg der det hadde praktisk betydning fordi det var mye samkvem mellom landa der, til dømes post, flytrafikk, fjernsyn, telekommunikasjonar, meteorologi, turisme. Slike termar som *postkort* og *adressekort* er såleis innført på denne måten,

før heitte det *brevkort* og *følgjebrev* – mens svensk tok opp *telegrafist* i staden for *telegrafexpeditör* og dansk kortforma *fly* i staden for *luftfartøj* eller *flyvemaskine*. Men slike forslag, som det er lagt fram mange av, er avhengige av å slå igjennom i bruken; språknemndene kan berre tilrå, og det har nok ofte vore så ymse med gjennomslaget. Også forsøket på eit slikt kommunikasjonsfremmande tiltak som å endre talordsystemet i dansk har det gått dårleg med. I visse samanhengar blir såkalla nordiske talord, av typen *nittito* i staden for *tooghalvfems*, brukt i dansk, som på pengesetlar, kvitteringar o.l., og i kommunikasjon med andre skandinavar vil nok danskar ofte bruke våre talord, men elles held dei fast på det systemet dei er vant til. Det gjeld her som elles, at det viktigaste formålet for eitkvart språk er at det skal fungere best muleg for sine eigne brukarar, som Alf Hellevik, ein sterk tilhengar av aktivt nordisk språksamarbeid gjennom mange år, har sagt (1970:65): «Større nordisk språkfellesskap er ei tvilsam vinning om det fører til at vi kvar for oss kjenner oss meir framande overfor våre eigne nasjonale språk.»

Dette siste er faktisk eit stort dilemma. Vi har alt nemnt at ortofoni og skandinavisk tilnærming kunne komme i motsetning til kvarandre, i den grad det gjeld ord med ulik uttale i dei ulike språka. Men også det idealet som har stått så sterkt i Norge om eit folkeleg skriftspråk kjem ofte i kollisjon med skandinaviske omsyn. Vil vi skrive slik at det nærmar seg til dansk, må vi nødvendigvis reversere heile utviklinga i bokmålet dei siste hundre åra som jo nettopp har gått bort frå dansk – eller gå så langt tilbake og skrive eit så tradisjonelt riksmål som det er praktisk muleg. Det er greitt for dei som soknar til denne språkforma, men problematisk for andre. Nynorsk ligg på mange punkt nærare svensk enn bokmålet gjer, men også der må ein passe nøye på kva ein skriv og i størst muleg grad unngå særnorske eller særdialektale trekk. Eit nordisk-retta norsk skriftspråk vil derfor lett bli ufolkeleg. Det er da rimeleg at vi prioriterer å skrive norsk slik det fell naturleg for oss, men at vi i skandinavisk kommunikasjon prøver å finne eit balansepunkt mellom tilpassing til den andre parten og krava til den andre parten om å forstå oss. For det er jo slik med all kommunikasjon, at den både stiller krav til å forstå og til å gjere seg forstått til begge eller alle partar.

Talemålsutvikling

Her høver det å komme stutt inn på talemålsutviklinga i Sverige og Danmark, spesielt kva slags følgjer denne utviklinga får for forholdet mellom skrift og tale.

Hovudtrekket i denne utviklinga dei siste generasjonane er at dei tradisjonelle dialektane er i full oppløysing over det meste av begge landa. I ein del utkantområde held dialektane seg ganske bra enno, særleg der dei er så ulike skriftspråket at dei i praksis kan reknas som eigne språk. Der skiftar folk mellom det eine og det andre i staden for å gli fram og tilbake mellom dei som vi gjer Norge og slik dei gjer også i sentrale strøk i Sverige og Danmark. I Sverige har dei forsåvidt bevart dialektar i alle landsdelar, i landsbyane og på bygdene, men kanskje særleg i dei nordlege delane. Dalarna har det mest kjente dømet på ein arkaisk svensk dialekt. I Danmark er det

særleg i delar av Jylland og på Bornholm at dialektane er levande. Elles i landet er dei erstatta av ei form for det som kallas rikksspråk.

Men dette rikksspråket er ikkje einskapleg. På den eine sida er det ein tydeleg tendens til det vi kallar skriftuttale. Den tendensen er særleg sterk i Sverige. Der var det for noen generasjonar sidan godkjent standarduttale å seie *dronning*, *körka*, *etter* og *te*, men skrifta har *drottning*, *kyrka*, *efter* og *till*, og i dag er dette også den einaste aksepterte uttalen (Widmark 1987). Eg kan òg vise til det eg nemnte ovanfor om at dialektane alt på 1500-talet hadde fått former som *vattne*, *huse*, *han skapa*, *blo*, *han har skrivi*, mens standarduttalen i dag berre kan ha *vattnet, huset, han skapade, blod, han har skrivit*. I Svenskfinland, derimot, er den tradisjonelle dialektuttalen i slike ord også godtatt i standardtalemålet, slik at der har skriftuttalen mindre makt.

Eit nyare trekk er det at det utviklar seg såkalla regionalspråk både i Sverige og Danmark, og forsåvidt også i Norge, altså relativt einskaplege landsdelsspråk med trekk frå både dialekten og rikksspråket, ein kan kalle det normalisert dialekt eller regionalt rikksspråk. Samtidig ser vi at det folkelege byspråket, særleg hovudstadsspråket, er svært ekspansivt som mønster også for talemålet i andre byar, særleg blant unge. Dette er visst særleg merkbart i Danmark, der eit folkeleg København-språk, som slett ikkje blir rekna som særleg «dannet», ekspanderer i alle større sentrum over heile landet, m.a. ved at det blir akseptert i kringkastinga, til stor ergrelse for mange lesarbrevskribentar (Lund 1987).

Den fonetiske utviklinga i dansk er blitt grundig undersøkt, spesielt av Lars Brink og Jørn Lund i mange år, og dei har funne ut at det er ei rivande utvikling, så sterk at det ser ut til å utvikle seg eit heilt nytt fonologisk system berre over eit par eller noen få generasjonar. Jørn Lund (1982) illustrerer problemet ved å demonstrere dei mange samanfalla i uttale som særleg r-en og dei frikative eller «bløde» konsonantane er ansvarlege for, ved at dei påverkar vokalane rundt seg mest til det ugjenkjennelege. Etter uttalen kunne t.d. *Kære Jens!* skrivas «*Kager Jens!*». «*Atte bleddet svagere og stagve?*» er ei uttalenær attgjeving for skriftdansk: *Er det blevet sværere at stave?* Lund har med ei uforklart setning: «*Har du reddet dig i odde?*» som eg trur må bety: *Har du revet dig i øjet?* – for det passar med dei døma han elles gir.

Dette er vel det aller viktigaste trekket i dansk og i det heile nordisk språkutvikling i dag, for det ser ut som at dansk er på veg bort frå det fonologiske systemet som i store trekk er felles for norsk, svensk og også eldre dansk, og som ligg til grunn for rettskrivinga i alle språka, også dansk. Resultatet av det att er at dansk rettskriving passar mye betre til norsk talemål enn til dansk, ein ganske pussig situasjon når vi tenker på dei språkhistoriske problema vi har stridd med her i Norge (Vikør 1988). Men for danskane er problemet at rettskrivinga deira truleg er den verste å lære som førstespråk i heile Europa med unntak av den engelske og den irske. Det kan ein ikkje gjere noe med med småendringar: Det einaste som kunne hjelpe, ville vere ei fullstendig omvelting og ein overgang til eit heilt nytt rettskrivingssystem – som kanskje ville ta frå dansk preget av å vere eit nordisk språk i det heile, i alle fall gjere

Frå Allan Karker: Nordisk retskrivning – den ideale fordring (i *Språk i Norden 1976*)

Fem grunnprinsipp:

1. «Den nuværende skrivemåde fastholdes i alle tilfælde hvor der allerede er overensstemmelse mellem de tre sprog, eller hvor skrivemåden letter naboernes genkendelse av ordet» (sv. *djur*, *ljus*, ikkje *jur*, *jus*; norsk og dansk *jord*, *land*, ikkje *jor*, *lann*).
2. «Hvor skrivemåden stemmer systematisk overens i to av sprogene imod det tredje, ændrer mindretallet sin retskrivning efter flertallet.»
3. «Hvor skrivemåden er systematisk forskellig i alle tre sprog trods ensartet udtale, vælges et fælles princip for stavningen.»
4. «Ændringer i henhold til princip nr. 2 gennemføres ikke hvis de strider imod udtalen i det enkelte sprog.» (Altså: skilje av typen *gang/gång*, *bru/bro*, *hop/hob*, *båd/båt* skal bestå.)
5. «De gældende regler for tillempning av fremmedords skrivemåde opretholdes indtil videre, trods forskellig praksis i de tre sprog.»

Dei konkrete punkta:

1. Svensk fører inn att *hv* (*hvad, hvar, hvarje, hvarför, hvem, hvete, hvila, hvilken, hvit*). Norsk bokmål gjer det same i noen få ord: *hverken, hverv, erhverv, hvirvel*.
2. Dansk endrar preposisjonen *af* til *av*.
3. Norsk fjernar *j* framfor *e, æ, ø*: *gerne, skebne, kær, skære, gøre, køre*. Unntak: Han skal bestå i trykklette endingar der han svarer til ein uttaleforskjell: nynorsk *følgje, kyrkje, ønskje* mot bokmål *følge, kirke, ønske*.
4. Dansk skriv *-kt* i staden for *-gt* når t-en hører til ordstamma, liksom norsk og svensk: *saktens, dikte, hensikt* osv. (i dag *sagtens, digte, hensigt* osv.) (men stadig *lagt* og *trygt* av *lægge* og *tryg*).
5. Svensk endrar *x* til *ks*: *okse, byksor, tekst* osv. (i dag *oxe, byxor, text* osv.).
6. Svensk tar opp *kk* for *ck*: *takk, stikka, gikk, vekka* (i dag: *tack, sticka* osv.).
7. Svensk bør gå over til *ok*, *också* i staden for *och*, *också*.
8. Dansk bør fordele *nn/nd* etter etymologiske prinsipp, som norsk og svensk: *annen, blande, bønder* av *bonde, bønner* av *bønne, kente* av *kenne, sendte* av *sende* (i dag: *nd* i alle desse orda).
9. Dansk bør gjere det same med *ll/ld*: *hylle, kulde, kalle – kalte, melde – meldte* (i dag *ld* i alle orda).
10. Bruken av enkel og dobbel konsonant skal samordnas. Dette problemet er så stort og innvikla at Karker bruker fleire sider på det, og eg kan ikkje gå inn på det her, men også her er det nesten berre dansk og svensk som må nærme seg norsk. Einaste endringa for norsk er *inn* > *in*.
11. Svensk fører inn att *dt* i former som *rödt* og *godt* (*rött* og *gott* sidan 1906).
12. Svensk og dansk fører inn att *e* i staden for *ä/æ* i ei lang rekke ord etter mønster

av norsk (men ikkje der det er snakk om reelle uttaleforskjellar). Døme: dansk *legge, velge, fengsel, tenke, nesten, sette, jevn* (i dag *æ* i alle desse orda); svensk *legga, velja, fengelse, tenka, nestan, setta, jemn* (i dag *ä* i alle orda).

Endringar som Karker drøftar, men ikkje tilrår:

1. utjamning av *æ – ø* vs. *ä – ö*
2. utjamning av *ei – øy* vs. *ej – øj*
3. fjerning av dansk stum *d* i ord som *plads, spids, smudsig* osv. fordi svensk her har *ts*: *plats, spets, smutsig* (med uttalt *t*)
4. innføring av infinitivsmerket *at* i norsk (som har *å*) og svensk (som har *att*)

Frekvens av endra former i løpande tekst (etter Karkers eigne berekningar):

svensk: endringar i 19 % av alle ord
dansk: 12 %
norsk (bokmål og nynorsk vurdert saman): 2,5 %

dansk skriftspråk utilgjengeleg for oss. Det vil nok danskane ikkje gjere, for da vil dei òg kutte bandet til si eiga språklege og litterære historie – og eg har ein mistanke om at dette er den viktigaste grunnen til rettskrivingskonservatismen deira, ikkje omsynet til oss andre i Skandinavia.

Eit tankeeksperiment

Til slutt skal vi sjå på eit eksperiment som den danske språkmannen Allan Karker har gjort – ein veteran i språkrøktsarbeidet både på dansk og nordisk plan og mangeårig leiar av Nordisk språksekretariat. I 1976 sette han opp ei skisse over korleis han kunne tenke seg ei fellesskandinavisk rettskrivingsreform med tanke på ei grafisk tilnærming mellom språka. Det går ikkje an å kalle det eit framlegg, for han sa uttrykkeleg at det berre var eit tankeeksperiment, og at han ikkje ein augneblink trudde at noen ville følgje det opp for alvor. Men det kunne likevel ha interesse å sjå korleis det ville ta seg ut i praksis, og kva slags offer dei ulike landa eventuelt ville ha måtta gjort for det gode formålet.

Vi har her eit konkret og ganske oversiktleg eksempel på praktisk språkplanlegging, sjølv om det berre er på tankeeksperimentstadiet. Mønstergyldig nok startar Karker med å sette opp fem grunnprinsipp for prosjektet, og deretter følgjer ei rekke punkt med konkrete framlegg – sjå ramma på side 247.

Eg kommenterer berre éin detalj nærare: Når det gjeld *hv* i norsk bokmål, så er jo denne skrivemåten gjennomført der etter etymologiske prinsipp, men i noen få ord, blant andre dei som Karker nemner, er h-en fjerna – eg kan og nemne *veps* og *valp*, som hadde *hv* før 1959. Grunnen til det er tilnærminga til nynorsk: Nynorskmedlemmene i Språknemnda vurderte å ta opp desse ordformene under arbeidet med læreboknormalen, men kunne ikkje godta stavemåten *hv*, som jo ikkje fins på ny-

norsk. For at det skulle bli ei reell tilnærming godtok bokmålsmedlemmene å sløyfe h-en i si målform i dei orda nynorsk tok opp, mens dei elles let h-en stå – for ei endring frå *hv* til *v* førte jo ikkje til noen tilnærming der nynorsk hadde *kv*. Karker ønskte altså at tilnærminga til nynorsk skulle vike i desse få orda. Han nemner ikkje ordet *veps* – men dette ordet fins berre på norsk; det heiter *geting* på svensk og *gedehams* på dansk, så han ville kanskje godta ein dispensasjon for det.

Ser vi generelt på heile framlegget, så ser vi at to punkt berre gjeld isolerte enkeltord, pkt. 2 og 7. Da blir det igjen ti som gjeld større systematiske endringar, og vi ser at av dei er det fire som går ut over berre svensk, tre går ut over berre dansk, to går ut over begge, og berre eitt går ut over norsk. Sjå òg tala for frekvensane av endra former i løpande tekst på dei tre språka. Dette er litt interessant, sidan det er ein danske som har utarbeidd framlegget.

Grunnen er delvis den posisjonen norsk allment inntar som språket i midten i Skandinavia. Norsk liknar svensk mest i fonologi og dermed ofte i rettskrivingsformer, men dansk mest i rettskrivingsprinsipp, i ord og uttrykksmåtar, og for bokmål sin del i morfologi. Alle undersøkingar om skandinavisk språkforståing viser at norsk blir forstått betre av danskar og svenskar enn dei forstår kvarandre sine språk, og det gjeld særleg tradisjonelt og normalisert norsk bokmål – sjølv om det viser seg at danskar og svenskar ofte forstår nynorsk og dialektfarga norsk betre enn dei sjølv trur at dei gjer.

Men denne forklaringa er ikkje nok når det gjeld slik rein grafisk rettskrivingstilnærming som det er snakk om her. Meininga med Karkers eksperiment er jo at sjølve språka ikkje skal berøras av endringane, dei skal berre gå på ytre trekk i rettskrivingane. Poenget da er at norsk har utvikla sine rettskrivingar gjennom systematisk normeringsarbeid i moderne tid, og at skrivemåtane er regulert etymologisk på ei tid da kunnskapane i språkhistorie og ordhistorie var sterkt utvikla. Dansk og svensk er også normert etymologisk, men likevel tilfeldig og inkonsekvent fordi desse kunnskapane på 15-, 16- og 1700-talet enno var ganske dårlege. Derfor er fordelinga mellom *e* og *æ*, *ld* og *ll*, *nd* og *nn* osv. blitt så tilfeldig i dei språka. I Norge sørga Aasen for å skape eit ryddig system bygd på gode etymologiske kunnskapar i sitt nynorsk, og under tilnærmingsprosessen gjekk bokmål over til det same systemet når det gjeld desse punkta. Akkurat her har altså nynorsken hatt stor innverknad i Norge, sjølv om folk er lite klar over det fordi desse punkta er komne i skyggen i språkstriden. Men gjennom Karkers forslag kunne nynorsken her også påverke svensk og dansk på viktige punkt, dersom dei hadde blitt realpolitikk.

Men realpolitikk blir det jo ikkje, og denne ulikevekta er i seg sjølv ein grunn til at det er umuleg. Norsk er strukturelt det språket som ligg i midten og såleis kjem best ut i ein skandinavisk tilnærmingsprosess – men maktpolitisk og når det gjeld folketal ligg nettopp norsk på jumboplassen. Ei reform som ville gi inntrykk av at norsk skulle diktere rettskrivinga i svensk og dansk ville ikkje ha fnugg av sjanse. Dette kjem i tillegg til den mildt sagt låge prioriteten språkendringar i skandinavisk lei har i det heile tatt i alle landa.

Ein viktig ting til kan ein lære av dette framlegget: Norskens overvekt kjem som eg sa delvis av at norsk har vore meir vellykka i å bygge rettskrivinga si på ein praktisk bruk av det etymologiske prinsippet, som da er prioritert over det ortofone. Det er eit varig resultat av Aasens innverknad. Og Karker viser klart at skal det skje ei skandinavisk språktilnærming, så er det nettopp denne prioriteringa ein må følgje: Ein må søke eit felles utgangspunkt og ikkje la variasjonen i faktisk uttale bestemme, for da aukar ein ulikheitene. Ortofone stavemåtar kan passere når dei baserer seg på felles uttaletrekk i dei skandinaviske språka, mens dei elles vil stå i motsetning til det skandinaviske omsynet.

Her kan vi peike på ein inkonsekvens i behandlinga hans, nemleg det som gjeld *hv*, som han altså vil føre inn att i svensk (punkt 1 i framlegget). Sidan *hv* aldri står for noe anna enn ein v-uttale i Skandinavia, må ein seie at her kunne han heller ha snudd på flisa og sagt at dansk og bokmål kunne sløyfe h-en og skrive ortofont, for å oppnå likheit den vegen. For danske skolebarn ville det ta bort ei av dei mange rettskrivingsplagene dei har, mens Karkers forslag her tvertimot vil føre inn ei ny plage for svenske ungar. Nynorskens *kv* kan etter Karkers eigne prinsipp haldas utanfor, sidan den reflekterer ein reell uttaleskilnad. Men akkurat her er det nok Karkers eigen danske bakgrunn som spelar inn, og som instinktivt får han til å motsette seg å fjerne denne h-en. Elles har han jo tydeleg prøvd å sjalte ut dansken i seg og vere upartisk skandinav.

Konklusjon

Samanliknar vi den nasjonale og den skandinaviske språkplanlegginga, så er skilnaden først og fremst den at den skandinaviske språkplanlegginga ikkje er eit ledd i ein historisk prosess, slik utviklinga av nasjonalspråka var: Noen skandinavisk einheitsstat er jo ikkje aktuell i det heile tatt, berre eit regionalt samarbeid mellom sjølvstendige statar. Det er framleis nasjonalstaten som er ramma for språkbruk og språkundervisning. Presset frå større einingar som EF, og på det språklege området frå engelsk, er eit viktig trekk i bildet, men eg kan ikkje gå nærare inn på det her. Det skandinaviske fellesskapet er nok mest idealistisk, og i den grad det er materielt, fungerer det utan noe særskilt språkleg uttrykk: Vi kommuniserer på norsk, dansk og svensk og forstår kvarandre med litt godvilje uansett. Også finnar, islendingar, færøyingar og grønlendingar forstår og snakkar ofte svensk eller dansk, og viss dei ikkje gjer det, tyr vi til engelsk. Skandinavisk språktilnærming framstår derfor ikkje som nødvendig, og har inga makt bak seg. Det er denne situasjonen dagens nordistar må forholde seg til, når dei likevel prøver å fremme skandinavisk tilnærming så langt det er muleg innanfor dei maktforholda som rår.

Men det er likevel verdt å nemne at den konstellasjonen eg alt har nemnt for Danmarks vedkommande – skandinavisk samarbeid som eit vern mot press sørfrå – kan komme til å bli fornya i ein EF-samanheng. Det er tydeleg alt no at danskane er svært opptatt av dette med eigen identitet, nordisk identitet, i forhold til Tyskland og Europa elles (unionsavstemninga i juni 1992 styrkar sjølvsagt dette inntryk-

ket). Dess fleire nordiske land som kjem inn i EF, dess sterkare konfrontasjon kan vi vente oss mellom eit nasjonalt, eit nordisk og eit europeisk identitetsbegrep, og språka og språksyna kjem til å spele ei heilt sentral rolle her. Det kan føre til ein ny giv både for nasjonal språkrøkt og purisme, og for det nordiske språksamarbeidet – men samtidig kan det føre til ein ny språkstrid: mot dei som synes det nasjonale og nordiske er for smått og provinsielt og som vil integrere seg heilt i Europa, også språkleg og kulturelt.[1]

Litteratur:

Bergman, Gösta 1968. *Kortfattad svensk språkhistoria*. Stockholm, Prisma.

Haugen, Einar 1976. *The Scandinavian languages : an introduction to their history.* London, Faber and Faber.

Hellevik, Alf 1970. «Utviklinga i norsk rettskriving etter Stockholmsmøtet 1869». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Jacobsen, Henrik Galberg 1973. *Sprogrøgt i Danmark i 1930erne og 1940erne*. København, i kommisjon hos Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.

Karker, Allan 1976. «Nordisk retskrivning : den ideale fordring». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Loman, Bengt 1982. «Ideer och motiveringar i nordisk språkplanering under de senaste hundra åren». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Lund, Jørn 1982. *Sprog og sprogbrug i dag*. København, Reitzel.

Lund, Jørn 1987 «Sproget i radio og tv». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Spang-Hanssen, Henning 1970. «Den retskrivningsmæssige udvikling i Danmark siden det nordiske retskrivningsmøde i Stockholm». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Ståhle, Carl Ivar 1970. «Det nordiska rättstavningsmötet 1869 och hundra års svensk rättstavning». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Sudmann, Arnulv 1970. «Nordisk språksamarbeid». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

Vikør, Lars S. 1988. «Tre retoriske spørsmål». *Språklig Samling* 3.

Wessen, Elias 1965. *De nordiska språken*. Stockholm, Almqvist & Wiksell.

Widmark, Gun 1987. «Våxelverkan mellan tal och skrift». *Språk i Norden* (Nordisk språksekretariats skrifter)

1 Pr. 2009 kan vi vel seie at slike tendensar *har* vist seg, sjølv om vi knapt kan snakke om ein «ny språkstrid». Men det potensielle konfliktstoffet ligg der, og framtida verkar like usikker som i 1992.

HELGE SANDØY:

Nynorsk ordforråd – resurs eller hindring?

Fra Språklig Samling nr. 3/1993

Ordforrådet i levande språk

Det blir ofte dratt fram at engelsk er eit svært rikt språk fordi det har så mange ord. Få andre språk kan måle seg. Men om engelske ordbøker inneheld i alt ein million ord eller meir, hjelper det ikkje mye når språkbrukarane ikkje meistrar så mange ord. Ein gjennomsnittlig norsk språkbrukar kan trulig like mange ord som ein gjennomsnittlig engelsk språkbrukar.

Ordforrådet kan vanskelig målas. I levande språk er orda som eit uendelig forråd, ein har dei orda ein har bruk for – og fins ikkje ordet allereie pga. at eit behov er nytt, lagar ein eller låner ein eit ord. Eit språk som er brukt i alle verdsdelar under mange skiftande kulturvilkår – slik engelsk er – vil da naturlig nok ha registrert fleire ord totalt enn eitt som er brukt i ein homogen kultur. Men alle har dei orda dei treng, kunne vi seie.

Poenget vi har bruk for her, er at ordforrådet i levande språk ikkje er ei avslutta mengd ord. Ordforrådet er i prinsippet ope og uavgrensa. Dei skiftande samfunnsbehova og den menneskelige skaparevna/kreativiteten kjem til syne på ein prinsipielt heilt annen måte i ordforrådet enn i grammatikken, dvs. språkstrukturen. Ein kan såleis ikkje like lett lage ein ny bøyingskategori som ein lagar eit nytt ord. Strukturen krev stringens, ordforrådet skal vere ein resurs for skaparevna.

Normeringspolitisk konsekvens

Dette skiljet mellom ordforråd og språkstruktur må ha normeringspolitiske konsekvensar. Normeringa skal vere til hjelp for stringensen i strukturen; når det gjeld ordforrådet, bør ein unngå at normeringa hindrar skaparevna åt brukarane og hindrar skriftspråket å følgje med i samfunnsutviklinga. Ein må altså vere varsam med å normere ordforrådet.

Det er for absolutt å hevde at ein ikkje skal normere ordforrådet, for innafor fagspråk har ein bruk for eksakte og veldefinerte termar; terminologiarbeid er nettopp språknormering. Det vi er opptatt av her, er det vi kallar allmennspråket; det har andre behov enn fagspråket.

Det kan sjå ut som at nynorsknormeringa ikkje tar omsyn til at nynorsken skal vere eit levande språk. Vi ser det av at standardspørsmålet i nynorskopplæringa er: Kan vi bruke det ordet på nynorsk? Og svaret skal ein altså finne med å sjå etter kva

som er oppført i ei nynorskordbok. Når folk blir påført så stor uvisse og usikkerheit i bruken av sitt eige morsmål, er det noe gale.

Dersom vi tenker oss at det *normale* er at orda er godtatt, treng vi ikkje stille dei opp i ei liste vi må sjekke i. I staden for å ha ei liste over ord som er *godtatt i* språket, ville det vere betre og meir naturlig å ha ei liste over ord som er forbodne. Dersom den er relativt kort, kan ho vere meir praktisk å bruke. Og dessutan ville ei slik liste fokusere problema og dei politiske prinsippa klårare.

Har så nynorsken noen særlig grunn til å ha ein spesialpolitikk når det gjeld ordforrådet, dvs. ha ei forbodsliste? Den historisk-nasjonale ideologien er sjølvsagt bakgrunnen for normeringssituasjonen i dag. Men nå er det vanskelig å rettferdiggjøre denne ideologien. Dessutan er det nynorske ordforrådet alt blitt temmelig inkonsekvent dersom ein skal bruke denne ideologien som leietråd. Og viktigast er det sjølvsagt at den historisk-nasjonale ideologien står i motstrid til den sosiale argumentasjonen; han vil stenge ute dei orda folk faktisk bruker i hjertespråket sitt.

Men nynorsken har eitt særbehov. Nynorsken vil vere markert som folkemål, språket åt den jamne mann og kvinne. Det kan ein markere i ordforrådet med å halde ute ord som er typiske for høgare sosiale lag og ufolkelig skriftspråk. Det vil vere eit uttrykk for den politiske fronten som nynorsken har, og da er det ingen grunn til å ta inn i nynorskordbøker ord som f.eks. *beskjeftigelsesmulighet, beskikkelse, beriktigelse.*

Striden i dag

Men det er ikkje desse orda som representerer normeringsproblemet for nynorsken i dag. Ingen har bedt om å få dei inn, for den politiske bodskapen i nynorsken er trulig tydelig nok. Problemet i dag er alle orda frå naturlig talemål som ikkje får plass innafor nynorsknorma. Dette problemet gjør språkbrukarane ufrie og ustøe. Ei målform som proklamerer å bygge på talemålet, avslører fort at proklamasjonen har sterke atterhald. Taktisk sett er dette ein durabelig bommert for nynorsken og nynorskrørsla. Den målforma som skulle vere ei språklig frigjøring, pålegg språkbrukarane mange restriksjonar og hindringar. Mange kjenner seg fremmendgjorte i språket og opplever det som eit andrespråk.

I nr. 3/93 av bladet *Norsklæraren* trykker Ragnvald Taule eit framlegg han har sendt Språkrådet. Framlegget er grundig og detaljert, og det avspeglar nettopp dette mest presserande problemet i nynorsknorna i dag. Dei som ikkje har lese artikkelen *i Norsklæraren,* bør gjøre det!

Framlegget frå Taule lyder:

> Alle ord som er vanlege i norsk talemål, og som kan skrivast og bøyast i samsvar med reglane og systemet i nynorsk, bør kunne brukast i nynorsk og bør kunne takast inn i nynorske ordbøker og ordlister.

Dette generelle framlegget burde få full støtte som retningslinje for nynorsknormeringa.

Saman med artikkelen sin har Taule levert ei lang liste med ord han vil ha inn i nynorsk-ordbøkene. Å arbeide med slike lister av enkeltord er velkjent i Språkrådet, men det har den uheldige følgja at ein i praksis begynner å arbeide i galen ende av problemet. Diskusjonen vil krinse kring dei noe tilfeldige enkeltorda, og prinsippframlegget åt Taule forsvinn lett ut or perspektivet.

Tilnærminga må heller vere at Språkrådet først prøver å komme fram til generelle kriterium for kva ein skal godta. Deretter kan fagnemnda få i mandat å bruke desse kriteria, for det kan i mange tilfelle krevje særlig faginnsikt å vurdere enkeltord mot kriteria. Det vil seie at vi må vente med å ta avstemmingar på enkeltorda til dei politiske prinsippavgjerdene er tatt. Vi må altså starte med det siterte prinsippframlegget frå Taule, ikkje med ordlista.

Fem ordtypar

Framlegget kunne vi kalle *folkemålsprinsippet,* og i ei generell form kunne ein rekne med at svært mange nynorskbrukarar ville støtte det. Men det er kan hende likevel ikkje alle som vil gå like langt når ein skal konkretisere og presisere prinsippet. Det treng ikkje vere pga. motstand mot folkemålsprinsippet, men f.eks. pga. eit ønske om varsemd og steg for steg-endring. Dei vil unngå det som somme vil skrike opp om og hevde går utover mandatet åt Språkrådet. Det kan altså ligge taktiske argument bak ei varsam linje. Derfor bør det vere mulig å dele opp «ord-manglane» i nynorsken i ulike typar, slik at ein i alle fall kan finne fram til ein eller fleire ordtypar det er mulig å samle eit fleirtal om.

Eg skal her vise eit forsøk på ei slik typeinndeling, og dermed på ei presisering av folkemålsprinsippet:

1. Suffikset *-heit* er eit såkalla produktivt ordlagingselement i norsk folkemål. Får vi f.eks. eit nytt adjektiv inn i språket, lagar vi automatisk eit substantiv av det med *-heit.* Adjektivet *tøff* gir sjølvsagt *tøffheit.* At norsk folkemål bruker mindre *heit-ord* enn bokmålet, er ikkje noe argument her, for det har med at folkemålet (og nynorsk) i så stor grad bruker verbale formuleringar. Men substantiv har vi og treng vi i nynorsk òg. Adjektivet *redd* har motsvaret i substantivet *redsle,* og det substantivet er det nyttig å ha. Like nyttig er òg substantivet *tøffheit.*

Det er ikkje noe faglig problem å påvise at suffikset *-heit* er produktivt (= levande) i norsk folkemål; og dersom ein har eit overordna prinsipp om at nynorsken skal godta «ord som er vanlege i norsk talemål», er konklusjonen nokså opplagt. Men ein bør ikkje vedta *kva* heit-ord som skal inn i nynorsken, ein må godta ein gong for alle at *-heit* er eit levande ordlagingselement i nynorsk. Det er brukaren som sjølv lagar dei konkrete orda. Dette er ikkje noe anna enn at språkbrukarane sjølve kan lage ord med det aksepterte (men innlånte!) suffikset *-ar* og kjenne seg trygg på at det er korrekt nynorsk. Mange maskiner og måleinstrument har ein knapp ein kan

trykke på for å sette ein målar til 0. Knappen er det naturlig å kalle f.eks. ein *nullstillar.* Ingen skal måtte sjekke i ei ordbok for å finne ut om det er eit akseptabelt ord i norsk. Sjølvsagt er ordet norsk, og det er eit perfekt nynorskord – sjølv om det ikkje står i *Nynorskordboka.* Det same bør gjelde *tøffheit* osv. Nynorsknorma bør altså akseptere *-heit* som eit levande ordlagingselement.

2. Ord med utgang på *-else* er òg svært frekvente i norsk folkemål. Men ein kan ikkje her like lett seie at suffikset er produktivt (levande). Her fins det derfor eit argument for at ein skal vurdere enkeltorda. Vi oppdagar da fort at *else*-orda ofte har ei anna tyding enn dei tilsvarande *ing*-orda, som nynorsken føreskriv for skriftlig bruk i dag. Jamfør f.eks. *hevelse,* som har ei litt anna tyding enn verbalsubstantivet *heving.* I ein del tilfelle vil ingen heller finne på å konstruere eitt meir nynorsk tilsvar med *-ing,* f.eks. for *salvelse, skikkelse, skuffelse.* Eit prinsipp ein kunne følgje her, var at ein godtar dei *else*-orda som har ei anna tyding enn eit verbalsubstantiv laga med suffikset *-ing.*

3. Ein del andre ikkje-godkjente ord har i levande talemål ei særtyding eller ein særnyanse som det ikkje blir plass for når nynorsknorma krev at vi skal bruke eit ordbok-ord i staden. *Betakke seg* er ikkje heilt det same som *be seg fri for* eller *helst vilje sleppe* o.l. For dei fleste nordmenn er *å tyde* noe anna enn *å bety,* men nynorsknorma hindrar oss i å få fram det. Ordet *tyding* blir påtvinga ei ekstra «betydning». Det beste eksempelet på denne typen ordproblem har for ikkje lenge sia heldigvis passert Språkrådet; det er *beskrive.* Nå treng vi ikkje lenger tale om *å skildre grammatikken i eit språk,* vi kan *beskrive han.* Ordet *skildre* er det ingenting gale med, det er folkelig og godt. Men det har for dei fleste eit litt anna innhald enn *beskrive.* Her må prinsippet vere at ein godtar ikkje-godkjente folkemålsord som kan uttrykke ein nyanse i forhold til det tradisjonelle nynorskordet. Det vil gjøre nynorsken rikare.

4. I ei mengd tilfelle er det hevdvunne ordboksordet i nynorsk svært lite brukt i levande talemål. Eit eksempel er ordet *krins.* Det ordet dei alle fleste nordmenn bruker i naturlig tale, er *krets,* enten det er tale om *skolekrins* eller *elektronisk krins. Krets* og *krins* er altså heilt synonyme, og det kan ikkje skade om nynorsken godtar denne synonymien. Mange opplever ord av typen *krins* som fremmende, og ikkje noe uttrykk for hjertespråket. Mange opplever ordet som direkte ufolkelig og som eit argument mot at nynorsken skal vere uttrykk for folkemålet i Noreg.

5. I ein del andre tilfelle er ordboksordet i nynorsk eit høgst levande talemålsord. Det er her altså ingen argument imot nynorskordet. Men det fins og mye brukte synonyme ord som ikkje nynorsken vil godta. Vi kan nemne *løfte* som på nynorsk skal heite *lovnad.* Her kan vi ikkje argumentere for inntaket med nyansar eller at nynorsken er ufolkelig. Av dei fem ordtypane våre har da denne typen minst argu-

mentasjonskraft. Men det er vanskelig å finne gode argument imot at så vanlige ord som *løfte* ikkje skal kunne aksepteras i nynorsken. Vil ein opne fullt ut for folkemålsprinsippet, kunne ein her bestemme seg for eit utbreiingskriterium som ein kunne bruke, og dermed ville det bli eit empirisk spørsmål kva som skulle inn og ikkje inn i nynorsken.

Avslutning

Ikkje alt er sagt om ordforrådet i nynorsk med desse fem ordtypane. Men eg har prøvd å vise at ein kan arbeide systematisk med ein folkemålsargumentasjon; og ettersom det fins ulike tilleggsargument for dei ymse ordtypane, treng ikkje dei ulike partane i normeringsstriden vere like ueinige om alle typane. Denne arbeidsmåten kunne altså opne for å finne fram til noe ein var einig om.

Men det ser dessverre ut til å vere vanskelig å komme så langt i Språkrådet. Ordframlegga frå Taule blei avvist en bloc i fagnemnda. Folkemålsprinsippet blei altså avvist for nynorsk. Eg sit att med ei kjensle av at Språkrådet må starte på nullpunktet att og spørje: Kva er målet med nynorsken?

TRUDE HOEL:

Valfridom i skriftnormalane – i prinsippet og i praksis

Fra Språklig Samling nr. 2/1996

> Noget af det bedste ved en standardiseret retskrivning er netop dette, at den kan gøre meddelelsen til det centrale uden at videre-bringe noget om skribentens alder, dialekt, køn, sociale status, humør, tandstilling og helbred. […] Formen røber det ikke i sig selv. (Detlef og Lund 1986:36.)

Denne lovprisinga av det danske skriftspråket – med ein såkalla «snever» skriftnormal – står som ein motsetnad til den norske skriftspråksstoda. Få språk har så mykje valfridom som det norske. I Noreg eksisterer det, i teorien, to typar valfridom: Val av normal, bokmål eller nynorsk, og val av form, det vil seia val av variantar innan den einskilde normalen. Den omfattande valfridomen er eit resultat av den historiske utviklinga og den språkpolitiske vektlegginga.

Valfridom i prinsippet

Valfridomen er i dag ein del av skriftnormalane. Han har vore eit språkpolitisk verkemiddel det siste hundreåret, og han har blitt nytta til å fremja språkpolitiske mål. Først blei valfridomen nytta til å sikra språkleg lausriving frå dansken, sidan blei valfridomen nytta for å nærma dei to skriftmåla til kvarandre og for å nærma skrifta til einskilde talemål (Gundersen 1987:32). Valfridomen blir dessutan nytta som eit ledd i forenklinga av skriftmåla og som eit ledd i fornorskinga av framandord, t.d. *taksi* og *teip*.

Lars S. Vikør hevdar at det eksisterer ein samanheng mellom toleransen for variasjon i talemålet og variasjon i skriftmåla, og han meiner at den eksisterande aksepten for språkleg variasjon er eit resultat av den tidlegare danske dominansen (Vikør 1993:206). Nordmenn har kjempa for eksistensen til eit norsk språk, og det er derfor me godtek utbreidd valfridom – både i skrift og tale.

Dei norske skriftnormalane er skapte, og haldne ved like, i større eller mindre grad, gjennom statlege og private tiltak. Norsk språkråd er direkte underlagt Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og er på den måten nært knytt til staten. Likevel har språkhistoria vist at endringar ikkje er lette å gjennomføra utan brei støtte i folket. Verkekrafta til ein skriftnormal – og eksistensen i det heile – er avhengig av at han blir tatt i bruk og blir respektert.

Det er inga semje om kva for prinsipp som skal liggja til grunn for ein skriftnormal. Ingemund Gullvåg skil mellom to typar normer som utgangspunkt for språknormering: dei som styrer språkbrukaren, dvs. dei normene som ligg på eit *objektplan*, og dei som er aktuelle for språkplanlegginga, dvs. dei normene som ligg på eit *metaplan*. Problemet er ifølgje Gullvåg at dei normene «som gjer seg gjeldande på objektplanet, i språkbruken, kan tenkjast vera andre, og av andre slag, enn dei som spelar ei rolle på metaplanet, i språkplanlegging» (Gullvåg 1991:12). Det hender altså at språkplanleggjarane blir skulda for å ikkje tenkja på språkbrukarane, og det resulterer mellom anna i hyppige reformer og utbreidd valfridom.

Dei offisielle normalane for bokmål og nynorsk gjeld stort sett berre ordformer. Valfridom er ein del av normalane t.d. gjennom systemet med *hovudformer* og *sideformer*. Skuleelevar kan nytta sideformer i skriftlege arbeid, men sideformene må ikkje brukast i lærebøker eller i offentleg teneste. Læreboknormalen rommar dermed berre hovudformer, t.d. i nynorsk *tenkje* eller *tenkja*, men i rettskrivingsnormalen har me enda fleire valmoglegheiter, som *[tenka]* eller *[tenke]*. Ein annan måte å systematisera valfridomen på, er å setja eit skilje mellom systematisk valfridom (t.d. val av infinitivsending *-e* eller *-a*), dvs. kategoribunden variasjon, og valfridom innan einskildord (t.d. *tønne*, *tynne* eller *[tunne]*), dvs. variasjon innan lydverket. Variantane kan til dels bli nytta som stilmarkørar, og dei blir ofte kjenneteikna med omgrep som «tradisjonell», «radikal», «konservativ» osb. Variantane kan variera i samsvar med talemål, status og sjanger, og det valet ein språkbrukar tar, treng ikkje å vera eit val av den språklege stilen som einskap, men brukaren vel språklege detaljar.

Valfridom i praksis

I teorien kan ein velje fritt, men kordan fungerer valfridomen i praksis, t.d. når det gjeld val av hovudmål? Elevar i grunnskulen har obligatorisk opplæring i begge skriftmåla, men det eine er hovudmål og det andre sidemål, avhengig av kordan elevane og foreldra til elevane vel. Minstekravet til deltaking gjer at oppretting av såkalla parallellklassar, som regel nynorskklassar, ofte krev ein stor foreldreinnsats.

Om lag 17 % av alle skulebarn har nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men det er vanleg å skifta målform dersom ein nynorskelev flyttar til ein bokmålsdominert landsdel. Ein finn dessutan eit stort nynorskfråfall ved overgangen til vidaregåande skule og ved overgangen til høgare utdanning. I 1969 kom ei lov om at alle lærebøker skal komma ut på begge målformer, men det er framleis eit problem å få fatt i nynorske lærebøker på spesialområde med få elevar (Vikør 1993:97). Alle byar er bokmålsdominerte, og bokmålet dominerer i det ein høyrer og les av såkalla standardnorsk. Bokmål blir på denne måten ofte noko sjølvsagt – og ikkje eit val – fordi det står fram som meir «normalt» enn nynorsk.

Kva så med valfridomen på formplanet? Han blir først og fremst snevra inn gjennom skiljet som er oppretta mellom læreboknormal og rettskrivingsnormal, men ein kan òg få problem med valfridomen når ein i prinsippet kan velja fritt mellom

hovudformer og sideformer, som t.d. i skulesituasjonar. I den offentlege debatten er det mange gonger gitt døme på at bruk av sideformer kan resultera i ei feilaktig evaluering av skriftlege arbeid (sjå t.d. Eikseth 1995 og Rahm 1995). Sideforma blir retta til hovudform, anten fordi sensor og lærar driv privat språkpolitikk, eller fordi dei ikkje er oppdaterte om norske språkforhold. Sjansen for å komma til i aviser og tidsskrift, kan òg vera avgrensa dersom ein nyttar uvanlege eller uønskte skriftspråksformer (sjå t.d. *Språklig Samling* 1/1977:1). Dessutan har forlag og næringsliv dei same sensurmoglegheitene som avisene; eit døme på dette kan me sjå i den nye noregshistoria til Aschehoug, der forfattarane blei bedne om å skriva på bokmål.

Eg har i hovudfagsoppgåva mi (1995) sett på ein del rettskrivingsundersøkingar for å kartleggja dei feiltypane som kan setjast i samband med valfridomen i dei norske skriftnormalane. Det kom mellom anna fram at talemålsbasert feilskriving av einskildord er vanleg. Det kan sjå ut til at valfridomen ikkje har den effekten på forholdet mellom skrift og tale som det er tenkt at han skal ha. Feilaktig dobbeltskriving av konsonantar er ein gjengangar. Her kan det sjå ut som at mangelen på konsekvens med omsyn til kva for ord som har valfri dobbel konsonant (t.d. *kome* eller *komme* i nynorsk) og kva for ord som skal ha dobbel eller enkel konsonant, forvirrar språkbrukarane. Vokalforveksling fann eg òg som frekvent feiltype. I dei norske skriftnormalane er veksling mellom vokalar ofte bygd inn som sidestilte former og sideformer for einskildord (t.d. *somme* eller *[sume]* i nynorsk). Kanskje stoler språkbrukarane på samsvaret mellom lyd og skrift som prinsipp for skriftnormalane? Dersom dét er tilfelle, vil språkbrukarane bli «lurte» i mange samanhengar, for me finn ingen konsekvens for når ein kan velja mellom ulike vokalar. Utelating av såkalla stum *d* er ein annan frekvent feiltype. Denne feiltypen kan me òg setja i samband med graden av valfridom. I einskilde tilfelle er det tillatt å velja mellom former med eller utan stum *d* (t.d. *stod* eller *[sto]* både i bokmål og i nynorsk). Det kom òg fram i undersøkinga mi at feilaktig samandraging av bøyingsendingar er eit problem for bokmålsbrukarane. Her kan me òg knytta feiltypen opp til graden av valfridom. Ved einskilde ord kan ein velja å dra endinga saman (t.d. *filteret* eller *filtret*), men ved andre ord er det ikkje lov å dra ordendinga saman (t.d. bokmål *to verdener*). Inkonsekvensar i skriftnormalen i samband med valfridomen kan vera ei årsak til rettskrivingsproblem av denne typen. Ein av dei mest påtakelege feiltypane er samanblanding av bokmålsformer og nynorskformer i nynorsk. Bokmål dominerer i bruk, og haldningane til nynorsk samt nynorsken sin status i forhold til bokmålet, kan vera med på å forklara feiltypen.

Da eg såg på rettskrivingsundersøkingane som eg arbeidde med i hovudfagsoppgåva mi, viste det seg at det var stort sett berre valfridomen innan lydverket som kom fram i eksemplifiseringa av feiltypar. Den systematiske valfridomen, dvs. den kategoribundne variasjonen, blei ikkje registrert som eigen feiltype, med unntak av samanblanding av normalane og ein del problem med grammatisk kjønn. Det at den systematiske valfridomen vantar i feiltypematerialet, kan anten skuldast at denne forma for valfridom er så godt innarbeidd at det sjeldan førekjem feil, eller

så kan årsaka vera at den systematiske valfridomen ikkje er like reell og aktuell som han er meint å vera, det vil seia at han er avgrensa i praksis.

Lars S. Vikør kjem i ein artikkel (1995) inn på bruken av den systematiske valfridomen i den nynorske skriftnormalen. Han har gjort ei undersøking av skjønnlitterære forfattarar og deira val av språklege variantar. Resultata han kjem fram til, syner ein klar tendens: Den systematiske valfridomen blir ikkje nytta i si fulle breidde, bruksnorma er meir einsarta enn skriftnorma. Trass i at Vikør baserer undersøkinga på skjønnlitterære forfattarar, finn han altså liten variasjon, og det er overraskande, for skjønnlitterære forfattarar har i praksis større språkleg fridom enn både faglitterære forfattarar og skuleelevar. Den same forma for einsretting som Vikør kom fram til i sin artikkel, blir stadig påpeikt innan bokmålsnormalen.

Heller praksis enn prinsipp

Dei språklege normene er ikkje fastsette berre med utgangspunkt i språket; dei er også avhengige av oppfatningane i språksamfunnet. I kva for grad dei ulike variantane blir sett på som aktuelle og korrekte, er avgjerande for om ein språkbrukar skal halda seg til den «einsretta norma» eller til den offisielle normalen. Det kan sjå ut til at valfridomen er med på å skapa «ekstraproblem» for språkbrukarane, fordi språkbrukaren må avgrensa valfridomen for å etablera ei skriftform som er akseptert i praksis.

Truleg er det grunn til å skilja mellom valfridom i prinsipp og i praksis. Ole Michael Selberg meiner at den valfridomen som blir nytta i praksis, går inn i eit «standardintervall» for variasjon, her finn ein t.d. former som *frem* eller *fram* (Selberg 1993:193). Selberg uttalar seg berre om bokmål, men dersom ein ser på undersøkinga til Vikør, ser det ut til at dei same tendensane òg gjeld for nynorsk.

Valfridomen skal i teorien letta overgangen mellom rettskrivingsendringar, han skal redusera avstanden mellom bokmål og nynorsk og han skal redusera avstanden mellom skrift og tale. Det som pregar debatten omkring skriftspråksnormeringa, er derimot kjensler som er forankra i språkpolitiske prinsipp for utforminga av ein skriftnormal, som t.d. krav om etymologisk konsekvens eller krav om nyanserikdom. Det kjem likevel fram at valfridomen har ei avgrensa bruksnorm og eit avgrensa bruksområde i praksis. Kva har teoretisk valfridom å seia dersom han ikkje kan relaterast til aktuell språkbruk, og kva har utforminga av ein «vid» skriftnormal å seia dersom han ikkje er brukarvenleg i praksis?

Det kan sjå ut til at haldningane til valfridomen er polariserte hos dei språkpolitisk engasjerte: Anten fører valfridomen til uvisse og forvirring, eller så verkar valfridomen medvitskapande og frigjerande. For meg framstår det som urimeleg at det skal vera dei språkpolitisk engasjerte si «synsing» som aleine skal avgjera korleis ein skriftnormal skal bli utforma. Den allmenne språkbrukaren – den som skriv, den som les og den som skal læra seg å skriva og lesa – bør etter mi meining vera basis i valfridomsdebatten. Utgangspunktet for diskusjonen bør bli i kor stor grad

ein kan påvisa at mangfaldet i ein vid skriftnormal er til hjelp, eller kan opplevast som ei byrde for den vanlege språkbrukaren.

Litteratur

Detlef, Claus & Jørn Lund 1986. *Stavning : dansk retskrivning – retskrivning i dansk.* København, Dansklærerforeningen.

Eikseth, Egil 1995. «[Ja : sideformer er risikable]». *Dagbladet* 25/3

Gullvåg, Ingemund 1991. «Språk og normar : eit filosofisk synspunkt». Sandøy, Helge et al.: *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg.* Universitetet i Bergen, Nordisk institutt, 12–34

Gundersen, Dag 1987. «Om valgfrihet i norsk rettskrivning». Lundeby, Einar, Leif Mæhle & Oddrun Grønvik red.: *Fornying og tradisjon : språkvern og språkrøkt 1972–1988.* Oslo, Norsk språkråd/Cappelen, 27–38

Hoel, Trude 1995. *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? : en vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivingssystem i skandinaviske språk.* Upublisert hovedfagsoppgave i nordisk språk og litteratur. Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo.

Rahm, Edvard 1995. «[Risikabelt å bruke sideformer?]». *Dagbladet* 22/3

Selberg, Ole Michael 1993. «Enhetsvisjon og språkpluralisme i Norge». *Standardspråk og dialekt. Seminarer i Oslo 1991 og 1992*. Bergen og Oslo, Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 179–201

Språklig Samling 1 1977. «Osloavis nekta å trykke intervju med leiaren i LSS!».

Vikør, Lars S. 1993. *The Nordic Languages : their Status and Interrelations.* Oslo, Novus.

Vikør, Lars S. 1995. «Valfriheita i nynorsk i historisk perspektiv». *Norma i nynorsk: debatt. Norsk språkråds skrifter 2*, 9–16

VIBEKE LAURITSEN:

Talreforma av 1951 – suksess eller fiasko?

Fra Språklig Samling nr. 2/1996

«*Femognitti eller nittifem? Ei gransking av gjennomføringa av den nye teljemåten*» er tittelen på hovudoppgåva mi, som var ferdig hausten 1995. Den nye teljemåten blei innført 1. juli 1951. Frå da av skulle folk skrive og seie talorda med tiaren føre einaren, *førtifire* i staden for *firegførti*. Eg har i hovudoppgåva mi freista å finne ut kor godt teljereforma har slått igjennom i dag, nærmare 45 år etter at Stortinget vedtok ho. Dette har eg forsøkt å vise gjennom ymse undersøkingar, og med fleire hypotesar som eg prøvde å få bekrefta eller avkrefta. Undersøkinga er gjennomført ved hjelp av 60 informantintervju og «overhøyringar» i forretningar og skoleklassar. Eg har sett på om der kunne vere skilnader i teljemåte når det galdt alder, kjønn, yrke, geografisk tilknyting, utdanning, formell/uformell talesituasjon og rapportert/reell teljemåte.

Det spesielle med teljereforma var at ho omfatta både tale- og skriftspråket, blei støtta av språkleg konservative, og målet var ikkje å føre dei to offisielle skriftspråka våre nærmare kvarandre. Hovudføremålet var å gjere språket betre som *kommunikasjonsmiddel.*

Argumentasjon

Dei pedagogiske og praktiske *fordelane* blei peika på som viktige argument for teljereforma. Borna ville få det lettare når dei skulle rekne, og det var meir logisk at talorda blei uttalte i den rekkjefølgja dei stod. Folk flest ville få det lettare i det praktiske livet og unngå misforståingar og feil, til dømes ved bruk av sjekkar og i rekneskapar. Argument som at det ville bli enklare for utlendingar å lære norsk, samtidig som vi ville få det teljesystemet som er vanleg i dei fleste andre språk, blei au brukte.

Ulempene var blant anna at vi ville fjerne oss frå dansk, færøysk, nederlandsk og tysk. Dessutan ville uttalen av dei fleste talorda vere i strid med rytmen i dei fleste norske talemåla, ettersom anapesten (tung – lett – tung) er sjeldan i vanleg norsk (Seip 1950:10).

Undersøkingane mine

Eg valde å gjere ei undersøking som både var kvalitativ og kvantitativ. I den mest formelle delen av intervjuet i undersøkinga mi, lesestykket, blei 60 % av talorda sagde med den nye teljemåten. Her fekk informantane beskjed om å lese ein tekst inn på kassett. I det mindre formelle og meir munnlege hovudintervjuet, der informan-

tane meir kunne svare som dei ville sjølve, blei den nye brukt i 42 % av svara. I formelle talesituasjonar er der generelt ein tendens til at folk nyttar fleire standardformer enn i mindre formelle. Sjølv om hovudintervjuet ikkje kunne kallast uformelt, var der i alle høve skilnad i formalitetsgrad i dei to intervjusituasjonane.

Ved *alder* fekk eg det interessante og overraskande resultatet at skilnaden i bruken av den nye teljemåten var jamna ut i hovudintervjuet med unntak av hos skoleelevane. Der var små skilnader mellom *kjønna*, som ein kanskje au ville vente ut frå resultata i andre sosiolingvistiske undersøkingar, men ved *yrke* og *utdanning* og mellom einskildinformantane var der til dels store forskjellar i teljemåte. Dei fleste nytta den gamle teljemåten ved faste uttrykk og når dei svara på spørsmålet om kor gamle dei var sjølve.

Sjølv om dei fleste informantane umedvite veksla mellom teljemåtane og der oftast ikkje var samsvar mellom rapportert og reell teljemåte, kan vi sjå tendensar til ei funksjonsdeling. Mange informantar nytta den nye teljemåten i samanhengar der det var viktig å vere klar og nøyaktig, til dømes ved telefonnummer. I meir avslappa talesituasjonar og i privatlivet sa dei fleste informantane talorda med den gamle teljemåten.

Kvifor har den nye teljemåten ikkje slått igjennom?

Ei årsak kan vere direkte motstand mot teljereforma, først og fremst frå riksmålsrørsla i åra rett etter at reforma blei innført. Dette kan gjerne ha vore ei medverkande årsak dei første åra etter innføringa, men au mange språkleg konservative uttalte seg positivt om saka.

Ei anna årsak kan vere at den nye teljemåten har ein rytme som folk ikkje er vane med. Noen få av informantane mine nemnte dette, og noen hevda det var meir naturleg å bruke den gamle teljemåten fordi ordet da blei lenger, meir tydeleg og kom betre fram. Kor mye dette med rytmen har verka inn, er det vanskeleg å seie noe sikkert om. Dette var kanskje ein av dei umedvitne psykologiske faktorane dei reformvennlege ikkje rekna med skulle spele noen særleg rolle for gjennomføringa. Men svenskane har som kjent nytta den «nye» teljemåten i lange tider utan at det ser ut til å vere noe problem for dei!

Teljereforma kan au vere eit prov på at det ikkje er så lett å drive talemålsnormering her i landet som ein kanskje hadde trudd, og det er tydelegvis vanskeleg å få folk som har eit etablert talespråk til å forandre på det. Med den nye teljemåten fekk vi både ny rekkjefølgje på tala og nye ordformer for fleire av dei. Frå før hadde ein bare røynsler frå reformer i skriftspråket, og desse hadde ein fått gjennomført i skolen utan altfor store problem.

Men ei av dei viktigaste årsakene til at gjennomføringa av den nye teljemåten går så sakte, kan vere at folk ikkje er merksame på korleis dei uttaler talorda i det heile. Dette var det generelle inntrykket eg fekk i intervjua, og au når eg har snakka med andre. Uttalen av talord er ikkje noe folk normalt tenker over, men i lengda trur eg informasjon, diskusjon og bevisstgjering om teljemåtane vil verke positivt for

bruken av den nye teljemåten. Folk oppfattar truleg dei to teljemåtane som ulike ord/språkformer som ein kan variere mellom. Det språklege bevisstheitsnivået om teljemåtane ser ut til å vere lågt i dag – i motsetnad til da reforma blei innført.

Viss noe skulle ha vore gjort annleis, burde informasjonen ha vore betre, blant anna i pressa. Behandlinga av teljereforma i fullføringsfasen har dessutan vore dårleg, og ikkje *ein* gong sidan 1951 har til dømes departementet eller sakkunnige råd kome med råd eller rettleiing om korleis lærarane skulle gjennomføre oppgåva si (Vinje 1991:4).

Men vi må heller ikkje gløyme dei heilt urealistiske og overdrivne førestillingane reformistane hadde om kor raskt gjennomføringa av den nye teljemåten ville gå. Dei som skal justere offisiell språkbruk, må truleg rekne med at ei reform som inneber endring av eit så frekvent fenomen i språket som talord, truleg vil ta 2-3 generasjonar før det fell til ro og finn si form (Omdal 1977:8).

Føresetnaden om at elevane skulle lære den nye teljemåten gjennom skolen har svikta, for det ser ikkje ut til å vere eit bevisst mål for lærarane å lære elevane den nye teljemåten. Han er til dels blitt sabotert, både på grunn av uvilje, ignorering, slapp haldning og fåkunne.

Men ein kan heller ikkje seie at reforma har vore ein komplett fiasko. I kringkastinga og i dei fleste massemedia held programfolka seg stort sett til den nye teljemåten, sjølv om det bare er i NRK at dei tilsette er bundne til ein streng direkte instruks. Den formelle talesituasjonen, til dømes ved opplesing av nyheiter, fremjar tydelegvis bruken av den nye teljemåten.

Uansett må ein kunne seie at *den nye teljemåten har slått mye dårlegare an enn mange hadde venta på førehand.* I staden for å ha innført *ein* ny teljemåte som erstatning for den gamle, har vi fått *to* alternative teljemåtar, der det framfor alt er ein skilnad i formalitetsgrad. Dermed er det tvilsamt om vi så langt har fått noen gevinst. Mange vil hevde at vi i staden har fått meir forvirring. Reforma har heller ført til *fleire* misforståingar enn færre. Folk må no kunne *to* teljemåtar, og ved munnleg kommunikasjon krevst det meir konsentrasjon og merksemd på avkodinga når talorda blir brukte, slik at misforståingar ikkje oppstår. Det kan derfor sjå ut som om vi vil få mange år framover med «dobbeltkøyring».

Litteratur om talreforma

Kvifte, Bjørn Harald 1978. *Den nye tellemåten – departementalt påfunn eller språkforbedring : søkelys på tallreformen av 1951.* Upublisert hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.

Ny uttale av visse tallord 1950. Stortingsmelding 31, 1–10

Omdal, Helge 1977. «Høyangermålet». *Språklig Samling* 1, 7–9

Seip, Didrik Arup 1950. *Tellingsmåten i norsk og mulig endring*. Oslo, Land og kirke.

Vinje, Finn-Erik 1991. «Om å få folk til å telle annerledes». *Språknytt* 4, 2–5

MAGNE ROGNE:

Purisme som idé og praksis i norsk språknormering

Fra Språklig Samling nr. 3/1998

Ordet purisme har i dag gjerne ein litt negativ klang hjå folk flest, og det blir ofte knytt til sneversyn og intoleranse. Men purismen har tradisjonelt hatt ein sentral plass i norsk språknormering og er enno aktuell i norsk språkpolitikk. Eg vil her seie litt om korleis fenomenet purisme har kome til uttrykk i norsk språknormering og peike på kva ideologiske omsyn som har lege til grunn for det. Eit slikt historisk perspektiv håpar eg vil lette forståinga for dei ulike synspunkta som er framme i dagens debatt.

Nynorskordboka definerer purisme som «det å arbeide for eit mål med minst mogleg av lån frå framande språk og mest mogleg av heimlege målmerke». Viss ein skulle bruke ein puristisk term for ordet purisme, ville ein til dømes kunne få ordet målreinsing – som er bygd opp av dei norrøne orda 'mål' og 'rein'.

Purisme er ein metode innan språkplanlegginga som først og fremst er brukt på leksikonet, men i norsk språkhistorie kan ein òg til ein viss grad tale om ein slags purisme når det gjeld stil. Det skal eg kome tilbake til seinare.

Ulike typar purisme

Valerij Berkov skil i artikkelen «De nordiske språkene og purismen» frå 1992 mellom to typar purisme – ein global og ein selektiv. Den globale purismen er retta mot alle framandord uansett opphav. Islandsk språkplanlegging er eit typisk døme på denne forma for purisme. Islendingane prøver finne nasjonale ord for internasjonale ord laga av greske og latinske element, på lik linje med ord frå til dømes engelsk og fransk. Omsynet til språkstrukturen er eit viktig argument for å rettferdiggjere denne politikken. Færøyane og Kina er døme på andre språksamfunn som står på denne linja.

Den selektive purismen går ut på å unngå framandord frå eit bestemt språk, samstundes som ein godtek framandord frå andre språk. Dette er nok den vanlegaste forma for purisme, og han har ofte bakgrunn i ein tidlegare periode der det framande språket har spela ei dominerande rolle. Difor er gjerne kulturelle, nasjonale og sosiale argument viktigare enn dei språklege som grunngjeving for å drive selektiv purisme. Døme på denne forma for purisme finn ein i Tyrkia og Iran retta mot arabiske ord og i Vietnam retta mot kinesisk. Eit meir heimleg døme kan vere avvisinga av visse typar dansk-tyske ord i nynorsken.

Fleire andre språkforskarar har peika på at ein kan dele omgrepet purisme inn i desse to hovudretningane, men dei har nytta andre namn. Til dømes talar Lars S.

Vikør om ein generell og ein spesiell purisme i boka *Språkplanlegging – prinsipp og praksis*. Han har òg den same inndeling som Berkov på objektplanet – det vil seie kva slag framandord purismen rettar seg mot. Her nyttar dei igjen ei todeling – i det Berkov kallar forandrande og vernande purisme. Dei tilsvarande omgrepa hjå Vikør er radikal og moderat purisme.

Den forandrande purismen rettar seg mot framandord som gjennom lang tid er innarbeidde i språket – altså det ein gjerne kallar lånord. Desse orda prøvar ein då aktivt å reinse ut av språket. Dette er eit radikalt inngrep, der føremålet er å prøve å kome tilbake til ein språkleg idealtilstand.

Den vernande purismen rettar seg mot framandord som enno ikkje er innarbeidde i språket. Det vil seie at ein freistar å skape heimlege ord i staden for dei framande før desse rekk å få ein posisjon som gjer at dei blir oppfatta som vanlege i det nasjonale ordforrådet.

Etter kvart skal eg syne at ein kan finne døme på både global og selektiv purisme i norsk språknormering og likeins døme på både den forandrande og den vernande varianten på ordnivå.

I tillegg til denne nasjonalt inspirerte purismen me har tala om så langt, så reknar Vikør med ein sosial purisme retta mot andre varietetar av det eigne språket. Denne purismen meiner han finst i dei fleste etablerte standardspråka. Desse vil normalt sette seg mot innverknad frå folkelege varietetar innanfor sine respektive språksamfunn. Han peikar på riksmålsrørsla her i landet som ein typisk representant for denne haldninga. Eg meiner at dette heilt klart er ei interessant vinkling på debatten om purisme, men denne vinklinga er så lite nytta i fagmiljøet at eg vel å ikkje gå nærare inn på ho i denne artikkelen.

Kva er språknormering?

Artikkelen skal altså handle om purisme i norsk språknormering. Dette krev ei viss avklaring av omgrepet språknormering. Språknormering er, igjen etter Vikør, det å fastsette reglar for det ein kan kalle det tekniske apparatet i ein språknormal – det vil seie rettskriving, bøying og uttale. Desse talmessig avgrensa reglane utgjer i lag med dei grammatiske formorda det ein kan kalle ein normkjerne.

Utanpå denne kjernen ligg resten av ordtilfanget, uttrykk og seiemåtar, og reglane for korleis ein skal byggje opp setningar og tekstar. Her er det tale om ein prinsipielt uendeleg variasjon av moglegheiter. For denne delen av språket vil ikkje språkplanlegginga gå ut på å lage reglar, men å sørgje for at språket heile tida kan oppfylle nye skiftande behov hjå språkbrukarane ved til dømes å ta opp nye ord og motarbeide uheldige utviklingstrekk. Dette kallar Vikør for språkrøkt, og det inneber som regel rein rådgjeving. Men han peikar òg på at skiljet mellom desse to delane kan vere problematisk, særleg fordi delar av ordtilfanget kan vere normert. Og i vår samanheng, der me skal drøfte purisme, vert det særleg problematisk. Eg vil difor i det følgjande rekne det som her er skilt ut som *språkrøkt* inn under omgrepet *språknormering*.

Kven normerer?

Her i landet har det offentlege stått langt sterkare i arbeidet med språknormering enn i mange andre land. Men det var privatpersonane Ivar Aasen og Knud Knudsen som gjennom si språkplanlegging la grunnlaget for den språksituasjonen me har i dag. Allereie i 1862 kom Kyrkje- og undervisningsdepartementet med eit påbod om ei rettskrivingsendring. Utover 1900-talet har større reformer vorte utarbeidde av rettskrivingsnemnder utnemnde av departementet og deretter godkjende av Stortinget. Men private språklege interesseorganisasjonar og privatpersonar har heile tida prøvt å få innverknad på vedtaka, til dels med hell.

I 1952 vart Norsk språknemnd skipa som eit fagleg organ for språknormering, og denne nemnda vart i 1972 avløyst av Norsk språkråd. Der er dei fleste private interessegruppene representerte, i lag med universiteta, lærarorganisasjonar, medie-organisasjonar med fleire. Men Språkrådet er berre eit rådgjevande organ, for den endelege avgjerdsmakta ligg i Kyrkje- og undervisningsdepartementet og i siste instans i Stortinget. Mykje av forklaringa på det offentlege engasjementet kan ein finne i den sentrale rolla kampen om skulen har hatt i språkstriden. Og det er særleg her departementet har drive aktiv språknormering gjennom arbeidet med godkjenning av ordlister for skulebruk. Slik har dei lagt premissane for arbeidet til dei som kanskje driv den viktigaste forma for språknormering, nemleg lærarane.

I byrjinga var … dansken

Når det gjeld idégrunnlaget for purismen her i landet, må det sjåast i samanheng med ein heilt grunnleggjande faktor i norsk språkhistorie i det heile: tapet av det norske skriftspråket under unionen med Danmark. Dette førte som kjent til to ulike strategiar for å skaffe landet eit eige skriftspråk igjen. Den eine var å rekonstruere eit norsk språk bygd på samnemnaren for dei norske dialektane. Dette var strategien til Ivar Aasen.

Den andre strategien gjekk ut på å fornorske det danske språket ut ifrå såkalla danna daglegtale. Knud Knudsen har vorte ståande som den viktigaste talsmannen for denne lina. Begge desse to norske språkplanleggarane frå 1800-talet kan kallast puristar. Men dei to målformene dei la grunnlaget for – nynorsk og bokmål – kom til utvikle seg i to ulike retningar når det galdt tilhøvet til purismen. Nynorsktilhengarane viste langt større vilje til å følgje læremeisteren enn bokmålstilhengarane.

Ivar Aasen

Målsetjinga til Aasen var å rekonstruere eit norsk skriftspråk som kunne fungere som eit alternativ til det danske språket ein nytta i landet. Han såg på ordtilfanget som ein viktig del av det nye språket. Det kan me sjå av at han rekna arbeidet med ordboka som vel så viktig som arbeidet med grammatikken. Ideane som låg til grunn for purismen til Aasen, var dei same som låg til grunn for målreisingstanken hans i det heile – det var først og fremst dei nasjonale og sosiale omsyna som talde.

I og med at Aasen skulle byggje på dialektane, var det òg der han måtte hente orda frå.

Men i innleiinga til *Norsk Ordbog* frå 1873 peika han på at han ikkje hadde teke med ord som var innkomne frå andre land, og som for ein stor del berre vart brukte i visse mindre krinsar. Slike ord ville han ikkje ha med fordi folk ikkje med ein gong kunne sjå at dei var unorske. Ved å utelate ord som unekteleg var i bruk i landet, vert Aasen ein representant for det Berkov kallar forandrande purisme. Det nasjonale aspektet er heilt tydeleg i denne samanhengen:

> Og til de vigtigere Ord maatte jeg da henregne alle saadanne, som enten have en meget omfattende Betydning, eller som udgjøre Stamme eller Mellemledd i en vis Slægt af Ord, eller som ogsaa have en vis historisk Betydenhed, idet de tilbyde en Bekræftelse eller Støtte for visse sjeldnere Ord i det gamle Sprog. Av saadanne Ord, som give Anledning til at fremdrage et eller andet dunkelt Fortidsminde, vilde jeg gjerne have saa mange som muligt. (Aasen 1873:11)

Her kjem ideane frå den tyske romantikken når det gjeld det nære tilhøvet mellom språk og nasjon tydeleg fram. Idealet var å kunne knyte det samtidige til ein historisk gullalder. For Aasen var denne gullalderen då ein nytta «det gamle Sprog», det vil seie norrønt. Målreisinga vart slik ein del av den nasjonale reisinga.

Men dei sosiale ideane var kanskje vel så viktige for Aasen, både allment i språkreisinga og i argumentasjonen for ei puristisk haldning. Dette kjem blant anna fram i forordet til *Norsk Grammatikk* frå 1864, der han peika på den urimelege situasjonen som oppstod under unionen med Danmark:

> … derfor blev det nu netop Almuen, som maatte lære to Sprog. I Stedet for at Byrden av Sprogenes Ulighed skulde falde paa en enkelt Stand, som netop havde den bedste Leilighed til at tænke paa slige Ting, er denne Byrde kommen til at falde paa selve Folket, paa den tusinde Gange større Almue, som allermest kunde trænge til en Lettelse og ialfald til Befrielse fra unødig Møie. (Aasen 1864:4)

Denne møda presiserer han nærmare som

> … al den Dunkelhed, som følger med en Sprogform, som er indført fra et andet Land, især hvis denne ogsaa har optaget en Mængde Ord og Former af ubeslægtede Sprog. (Aasen 1864:5)

Han peika slik på det problemet dei med minst boklærdom hadde med framandorda. Det sosiale argumentet blir altså nært knytt til det me i dag vil kalle pedago-

giske problem. Noko av dette tankegodset kan Aasen ha arva frå opplysningstida på 1700-talet. Nyare, radikale rørsler, som til dømes thranittane, kan òg ha hatt innverknad.

Eg vil òg kort peike på eit tredje moment som låg bak purismen til Aasen. Det er den innsikta han fekk ifrå den samanliknande språkvitskapen. Einar Haugen har i artikkelen «Konstruksjon og rekonstruksjon i språkplanlegging: Ivar Aasens grammatikk» vist at Aasen nytta metodane frå denne vitskapen til å stenge ute ord som ætta frå tysk og dansk. Her var særleg samsvarsreglane nyttige, fordi dei gjorde det mogleg å skilje ut dei heimlege elementa frå dei lånte. Argumentet for å gjere dette, var at dei framande elementa skipla dei heimlege reglane for avleiing og dermed gjorde språket vanskelegare å lære. Slik sett vart den samanliknande språkvitskapen ei forutsetning for både dei nasjonale og dei sosiale sidene av purismen til Aasen.

Global purisme som ideal

Når me no skal gå nærare inn på kva ord purismen til Aasen ramma, vert det naturleg å spørje: Var Aasen ein global eller selektiv purist? Eit slikt skilje er litt vanskeleg å bruke på Aasen, fordi han vingla noko att og fram. Men svaret må vel helst bli at han var begge delar. Idealet hans var nok nærmast ein global purisme, noko som kom særleg til uttrykk i det han sjølv skreiv på landsmål. Eit sitat frå innleiinga til *Prøver af Landsmaalet* frå 1853 kan syne dette:

> Hvad jeg ellers i den hele Exempelsamling har havt mest for Øie, er nettop Stilen og Udtryksmaaden. Jeg havde foresat mig at undgaae alle fremmede Udtryk og derimod betegne endog de vanskeligste Begreber med Ord af norsk Rod, om endog disse tildeels maatte være sjeldne eller ubekjendte. (Hellevik 1970:42f)

Dette var ein metode Aasen meistra i ein ekstrem grad. Alf Hellevik har i boka *Det rette ordet* frå 1970 synt at Aasen skreiv folkeopplysningsboka *Heimsyn* i 1875 utan å nytte eitt einaste framandord. Emna i boka var naturlære og verdshistorie, noko som gjer at ein i det minste kunne vente einskilde internasjonale kulturord frå gresk-latinsk opphav. Men Aasen skreiv til dømes *himmelsyning* for *horisont*, *eldberg* for *vulkan* og *ravkraft* for *elektrisitet*.

Aasen stilte likevel ikkje noko absolutt krav om ein slik ekstrem purisme i landsmålet. I *Norsk grammatikk* kjem han inn på korleis ein bør stille seg til framande ord. Han meinte at det ville vere umogleg å halde slike ord ute av språket, og at det heller ikkje var nødvendig. Ein kunne godta dei innførte orda så lenge dei passa saman med heimlege former, ikkje var vanskelege for folket eller verka forstyrrande på reglane i språket.

Selektiv purisme mot dansk-tyske lånord

Desse krava meinte han at dei gresk-latinske orda oppfylte i langt større grad enn dei tyske, som var komne inn i språket gjennom dansk. Her kjem me inn på Aasen sin selektive purisme, som var retta inn mot dansk-tyske ord. Eit sitat frå *Norsk Grammatikk* kan illustrere tankegangen hans:

> De tydske Ord falde riktignok lettere at bruge end andre fremmende Ord, men alligevel gjøre de dog megen Uleilighed, idet de indtrænge sig imellem hjemlige Ord, som de have nogen Lighed med, og derved forstyrre Begrebet om Orddannelsen, ligesom de ogsaa virke til at fortrænge adskillige gode Ord, som have tilhørt Sproget fra gamle Tider. (Her frå Gerdener 1986:41f)

Som døme på dette nemnde han ord med suffiksa *-ri, -heit, -inna, -bar, -haftig, -agtig*, prefiksa *an-, be-, er-, ge-, hen-* og *und-*, og til ein viss grad *upp-, for-* og *fort-*.

Men tidlegare hadde Aasen sagt klart frå om at det ikkje var større skam for norsk enn for dansk å ta slike ord inn i språket. Dette kjem fram i *Minningar frå målstriden 1858*. Eit slikt skiftande syn kjem særleg fram ved suffiksa *-else* og *-heit*. Oddvar Nes peikar i boka *Nokre affiks i nynorsk* på at Aasen hadde 37 *else*-ord i ordboka frå 1850, men at berre eitt var igjen som hovudoppslag i 1873. Det var ordet *værelse*. Ein liknande lagnad fekk *-heit* i dei to ordbøkene. I *Norsk Grammatikk* kom Aasen med framlegg om at ein burde nytte dei eldre suffiksa *-leik, -dom* eller *-skap* ved adjektivavleiingar. Når det gjeld *Norsk Ordbog*, som kom til å bli hovudgrunnlaget for ordtilfanget i landsmålet, var Aasen varsam med å ta inn både internasjonale kulturord og dansk-tyske lånord, sjølv om han dømde hardast om dei siste. Ein del hadde han likevel med. Men dei som tok opp tradisjonen etter han, skulle kome til å legge mest vekt på purismen mot dansk-tyske lånord.

Knud Knudsen og utviklinga på bokmålssida

Knudsen og Aasen var på mange måtar like når det galdt tilhøvet til purismen. Begge var det Berkov kalla forandrande puristar – dei ville reinse ut både framandord og lånord som hadde vore i språket lenge. På denne måten meinte Knudsen at det norske bokmålet kunne bli betre enn dansk, tysk og svensk. Det kjem fram i *Kortfattet redegjørelse for det dansknorske målstræv* frå 1887:

> Dette «ænnu bedre» enn dansken osv., vil først og fræmst sige, at vi vil se å få stængt ute av vårt fræmtidsbokmål, om ikke nettop alle de utenlandske ord, som det ær mættet, proppet og fetet med, så dog den store flerhet av dem. Kunde dette lykkes, vilde det unægtelig ikke være for meget sagt, at vårt norske mål var av ordforråd, ikke alene jævngodt med våre grannefolks, men virkelig «bedre», særlig for de mindre skoledannede samfundslag ænog et langt

> bedre meddele-middel mellem man og man, æn noget av de andre nordeuropæiske mål, i alle fal nu for tiden, ær. (Knudsen 1887:3)

I dette sitatet kjem òg idégrunnlaget til Knudsen fram, og det er det same som Aasen sitt – nemleg det nasjonale og det sosial-pedagogiske. No kan det verke som purismen var viktigare i livsverket til Knudsen enn han var i livsverket til Aasen. Knudsen framhevar i *Redegjørelse* at «Ordforrådets norskhet ær målstrævets hovedsak», og han kritiserer i den samanhengen landsmålssida for å vere for mykje opptekne av former. For å vise dette peika han ironisk på at landsmålsfolk heidra eit ord som *synkretist*, berre det fekk bøyinga *synkretistar – synkretistane*.

Knudsen stod etter det eg har vist her heilt klart på ei global puristisk linje. Men målstrevet hans hadde trekk av selektiv purisme òg. På det same viset som Aasen tala Knudsen mot tyske ord som hadde teke vegen om Danmark. Han ville skilje følgjande slike prefiks frå framtidsnorsken: *an-, be-, bi-, er-, for-, ge-*, og viste til døma: *ankomme, benytte, erfare, forglemme* og *gevinst*. For ein del av desse ville det hjelpe å fjerne prefiksa, slik at ein fekk: *komme, nytte, glemme* og *vinst*. Suffiksa *-agtig, -bar, -haftig, -ige, -inde, -isk* ville han heller ikkje ha med; t.d. *sortagtig, brugbar, mandhaftig, beedige, slavinde, overfladisk*, i staden ville han nytte *sortladen, brukfør, mandomsom, edfæste, slave, overflatelig*.

Hovudverket til Knudsen, *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning* frå 1881, er ganske enkelt ei fornorskingsordbok for dei som vil drive aktiv purisme. Boka inneheld nesten 1000 sider med framlegg om norske ord som ein kan bruke i staden for utanlandske. Finn-Erik Vinje peikar i boka *Et språk i utvikling* frå 1978 på at Knudsen hadde henta mykje av ordstoffet frå Aasen og ein del frå islandsk. Dessutan hadde han fått mange idear frå *Dansk hjælpeordbok* av dansken Hans Dahl. Han følgde i det heile nøye med språkreinsingsrørsler i andre land, særleg i Norden.

Knudsen laga relativt få ord sjølv, og berre nokre av dei har fått plass i det norske ordforrådet. Som døme på slike ord nemner Vinje: *allmennskole, bakstrev, bakstrever, setningskjede, tonelag* og *hundreår*. Knudsen nytta òg slike ord i det han sjølv skreiv, men då ofte med det framande ordet i klammer til forklaring. Men Kjell Venås (1997:14) meiner at Knudsen vart ståande som ein litt sær avvikar når det galdt haldninga til ordtilfanget på bokmålssida. Og ifølgje Vinje meinte samtida at dei fleste framlegga var påfallande og til dels komiske. Dette kan vere noko av grunnen til at han på lengre sikt ikkje fekk det same gjennomslaget på bokmålssida som Aasen fekk på nynorsksida.

Knudsen peikar i *Redegjørelse* sjølv på det han meiner er noko av grunnen til at han ikkje fekk gjennomslag i samtida:

> Saken ær dog nok, at vi har et talrikt hjemmedansk folk i folket hær, en mængde højremæn og efterliggere, som stadig hålder igjen mot alt målstræv og således arbejder danskerne i hænderne, og

> mot sit fædreland. Først når hjemmedansken tagner, ('forstummer'), slår også danskdanskheten sig tiltåls, men vist næppe før. (Knudsen 1887:8)

Dette sitatet er særleg interessant i ideologisk samanheng, for her sluttar Knudsen seg til Arne Garborg si tonasjonslære slik ho vart presentert i *Den ny-norske Sprog- og nationalitetsbevægelse* frå 1877.

Bokmålssida vende altså Knudsen ryggen når det galdt purismen. Det kan verke som det stort sett er semje blant fagfolk om det synet Vikør presenterer i *Språkplanlegging*, nemleg at bokmålet har stilt seg på ei heilt open linje andsynes lånord og framandord frå alle kantar – den «frie språkutvikling» har fått rå. Berkov stiller seg rett nok i opposisjon til dette synet og kallar fornorskinga av bokmålet utover 1900-talet for ein slags selektiv, forandrande purisme, men dette er så kontroversielt at me skal sjå vekk ifrå det her.

Dei fyrste nynorskbrukarane

I staden skal me gå over til nynorsksida igjen og ta opp tråden der me slapp etter Aasen. For tida fram til den andre verdskrigen vil eg særleg byggje på tyskaren Wilhelm Gerdener si doktorgradsavhandling *Der purismus im Nynorsk* frå 1986, supplert med synspunkt frå Kjell Venås si melding av denne avhandlinga i *Mål og Minne* i 1988.

Nynorsk hadde ikkje noka offisiell normering fram til 1901, så purismen var ei sak for kvar einskild språkbrukar. Eg vil difor seie litt om korleis nokre av dei viktigaste nynorskskribentane stilte seg til dette spørsmålet, særleg fordi det dei skreiv, måtte verke normerande på grunn av at det var skrive så lite på landsmål. Dei såkalla 'Bergensmålmennene' unngjekk ikkje dei internasjonale kulturorda. Dei skreiv til dømes *anatomi, biologi, eksempel* og *telegram*. Men dei utelét konsekvent lett gjenkjennelege dansk-tyske lånord.

Aasmund Olavsson Vinje var prinsipielt på den same linja, som kan førast tilbake til Aasen. Eit sitat frå *Dølen* i 1866 kan vise dette:

> Og latinske og græske Ord ero vi mindre rædde en alle disse Oversetningar av Ord og Talemaatar fraa Tysk, som efter Holbergs tid ero komne inn i Bokspraaket. Dei latinske og græske Ord ero for det meste slike, som brukas i alle europæiske Tungemaal og dei liggja reint utanpaa Spraak-Organismen, men all Tyskedomen gjeng ved sitt nærare Slektskap meir in i Maalet og forvrengjer det. (Her frå Gerdener 1986:59)

Men i praksis nytta han nok fleire ord med endingane *-heit* og *-else* enn sine samtidige. I ettertid har Vinje særleg vorte kjent for at han laga nye ord for framande eller nytta gamle ord med nye tydingar og sette dei framande orda i klammer. Ein del av

desse orda har fått innpass i språket. Det gjeld særleg dei som kom i staden for dei dansk-tyske, som til dømes *gåseaugo* for *anførselstegn*, *lysing* for *bekjendtgjørelse* og *smålåten* for *beskjeden*. Orda han nytta i staden for internasjonale kulturord, hadde større vanskar med å få gjennomslag, til dømes: *bladmeistar* for *redaktør*, *stevleik* for *komedie* og *livslære* for *biologi*.

Arne Garborg var òg purist og vart det meir etter kvart. I nye utgåver av verka sine gjorde han mange brigde som kan kallast puristiske. Døme på dette er at han i *Ein Fritenkjar* frå 1881 nytta ord som *Kamp, prøvde* og *Spasertur,* medan dei i nyutgåva frå 1902 var endra til *Strid, freista* og *Utgonge*.

Olaus Fjørtoft var ein av dei som veik mest ifrå Aasen når det galdt ortografi og morfologi, men i ordtilfanget følgde han stort sett Aasen, sjølv om han brukte nokre fleire ord med *-heit*. Til oppsummering av desse tidlege målmennene si innstilling til purisme høver eit sitat frå *Fram* i 1871 av Fjørtoft godt:

> For eit e me einige om, og dæ e aa skrive norskt, og bruke berre norske Ord og Orskøp og Stil, so gott me kann, og inkje Dansk. Om dæ e me einige, men helde inkje om meir, men dæ e dæ meste. (Her frå Gerdener 1986:69)

Den puristiske haldninga var altså utbreidd blant dei første målfolka, særleg mot dansk-tyske lånord, men òg mot internasjonale kulturord. Alle dreiv i større eller mindre grad med aktiv ordlaging og eksperimentering. Noko av forklaringa på dette må ein sjå i samanheng med at dei skulle utvikle eit nytt skriftspråk som eit alternativ til ein mykje sterkare konkurrent. Det var difor viktig å kunne syne til reelle forskjellar og forbetringar.

Mot ein meir selektiv purisme

Den 6. februar 1901 vart den såkalla «Hægstad-normalen» godkjend ved kongeleg resolusjon. I innstillinga frå Arne Garborg, Marius Hægstad og Rasmus Flo vart det ikkje sagt mykje om framandorda, men ei puristisk haldning kjem fram i ein liten sekvens:

> Andre framandord enn namn er det no rettast å halda ute det ein kan, då det ikkje er mange av deim som vil høva rett i norsk mål, og kvart uhøvelegt framandord som kjem inn vil vera til tynsl både for måle og anna. (Her frå Gerdener side 106)

Etter dette vart dei godkjenningspliktige ordlistene og lærebøkene særleg viktige. Lærebokforfattarar som Leiv Heggstad, Matias Skard, brørne Eskeland med fleire følgde stort sett opp synet på framandorda som målfolk hadde hatt før dei.

Innføringa av sidemålsstilen i 1907 førte til endringar i ordtilfanget. Det hevdar i alle fall Kjell Venås med fleire i *Tilråding om ordtilfanget i nynorsk* frå 1981. Det

skrivet skal eg kome tilbake til seinare, men i bolken om historisk bakgrunn peikar dei på nokre viktige punkt for vår samanheng: Sidemålsstilen førte til at ein del lærarar som var ustøe i nynorsk, måtte undervise i det. Difor vart det meir bruk for større ordlister. Rettskrivingsordbøkene til Lars Eskeland og Matias Skard kom på bakgrunn av dette i nye og auka utgåver i 1912. Her vart det teke opp ei mengd nye internasjonale kulturord – òg slike som Aasen hadde prøvd å unngå. Talet på dansk-tyske ord held seg lågt.

Rettskrivingsreformene i 1917 og 1938 førte til små endringar i ordtilfanget. I ordbøkene og ordlistene heldt dei fram med å ta opp internasjonale kulturord, medan dei vart endå meir varsame med dansk-tyske lånord, særleg dei såkalla *anbeheitelse-orda*. Purismen vart likevel noko uthola ved at ord med prefikset *ge-* og suffikset *-inne* glei inn i 1920-åra. Men ser ein på språkdebattane i heile denne perioden, så overskugga rettskrivingsendringane andre normeringsspørsmål.

Nokre personar klarte likevel å skilje seg ut som meir puristiske enn andre i mellomkrigstida: Alexander Seippel, Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø. Seippel viste seg som ein streng purist i arbeidet sitt med bibelomsetjing og i skriftet «*Ymse rettleiingar om målbruk*» frå 1932. Gjelsvik var særleg oppteken av det ein kan kalle ein puristisk stil, eller «syntaktisk purisme» som Vikør kallar det i artikkelen *I staden for -heit*. Vikør peikar ut boka *Von og veg* frå 1938 av Gjelsvik som sjølve grunnskriftet for denne syntaktiske purismen. Her reindyrka Gjelsvik ein norsk stil, som han rekna som langt betre enn den tyske kansellistilen med rot i latin. Det var særleg viktig å unngå ein substantivisk uttrykksmåte, genitivsuttrykk og passiv. Men sjølv om Vikør kallar denne boka ei grunnskrift, er det viktig å ha for auge at dette norske stilidealet hadde stått sterkt i målrørsla heilt sidan Aasen og Fjørtoft.

Indrebø såg på purisme og målreising som to sider av den same saka, nemleg det å skaffe Noreg eit nytt skriftspråk. Og det viktige for Indrebø var at dette vart eit kulturspråk som kunne hevde seg i lag med andre kulturspråk. Han la difor stor vekt på dei nasjonale argumenta. I praksis nytta han mange internasjonale kulturord og fram til midten av 1920-åra òg nokre få dansk-tyske. Etter det vart han ein meir konsekvent purist. Han gjekk særleg til åtak på suffikset *-heit*, som han meinte åt svart ikring seg og tynte det norske språket si evne til ordlaging og vokster.

Språkkjensla åt Alf Hellevik

Når det gjeld perioden frå 1945 til 1980, oppsummerer Vikør i artikkelen *I staden for -heit* stoda for *anbeheitelse*-orda slik: I den praktiske normeringa har ord med prefiksa *an-* og *be-* vorte meir og meir aksepterte i nynorske ordlister, medan suffiksa *-else* og *-heit* har vore utsett for totalforbod, med unnatak av nokre få ord som *stivelse* og *betennelse*. Venås er inne på det same i *Om nynorsk purisme* og peikar på at opninga for nye ord ikkje har vore bygd på faste prinsipp. Ho har stort sett kvilt på språkkjensla åt ordboksmannen Alf Hellevik. Dette er særleg viktig fordi ordlistene hans har fungert som ei slags vidaste ramme for andre ordlistelagarar og lærebokskrivarar. Opprettinga av Norsk språknemnd i 1952 førte ikkje til nokon

endra praksis i normeringa når det galdt nynorsk purisme, utanom dei små brigda som Hellevik gjorde. Det same kan ein vel seie om etterfølgjaren Norsk språkråd fram til rundt 1980.

Men ein viss diskusjon om spørsmålet var det likevel i desse åra, og dialekt- og folkemålsbølgja i målrørsla i 1970-åra førte med seg ein del diskusjon om det dei kalla «forbodslinja» i nynorsk. Fleire tok til orde for å opne for ord som var vanlege i dialektane, det vil seie mange *anbeheitelse*-ord. Dette kan ein gjerne kalle forpostfektingar før den verkelege striden byrja rundt 1980.

Striden i byrjinga av 80-åra

Dette året kom artikkelen «Nynorsk for folket» av Lars S. Vikør på trykk i *Syn og Segn* nr. 4, og denne artikkelen kan vel seiast å vere startpunktet for striden om ordtilfanget i nynorsk i byrjinga av 80-åra. I denne artikkelen går Vikør hardt ut mot den puristiske tradisjonen som har stengt ute *anbeheitelse*-orda frå nynorsk. Utgangspunktet hans er dette:

> Nynorsken er i dag over det meste av landet eit ghettospråk. Han har ei norm som er særskilt tilpassa behova åt ein velutdanna elite med tid og overskott til å leva seg inn i den forfina skrifttradisjonen dette målet er ein berar av. For andre er nynorsken eit vanskeleg språk å lære, dvs. det som offisielt heiter «god nynorsk». (Her frå Lauvhjell 1983:52)

På bakgrunn av dette meiner han at purismen har utvikla seg til ei funksjonshemming for nynorsk. Han kjem med ein del konkrete døme på kvifor nynorsk er vanskeleg å lære. Desse døma går på inkonsekvens – korleis skal ein til dømes kunne vite at ein kan skrive *behov*, men ikkje *behøve*? Han konsentrerer kritikken mot utestenginga av *-heit*, fordi det er produktivt i norsk. Han har ei viss forståing for frykta for at dette suffikset skal føre med seg ein ufolkeleg, byråkratisk stil, men peikar på at brennmerkinga av *-heit* har fremja ein substantivisk stil på norsk, fordi folk har fått inntrykk av at suffiksa og ikkje stilen er det viktige. Dessutan meiner han at erstattarane *-dom -leik* og *-skap* stort sett er litterære og ufolkelege.

Løysinga ligg, ifølgje Vikør, i at folk må ha rett til å bruke dei orda som kjennest heimlege og naturlege for dei. I forlenginga av dette meiner han at ein må bryte ned stilbarrierane, både i nynorsk og bokmål. Han avsluttar artikkelen med krav om at prinsippa i normeringa i nynorsk må vere bygde på eit fritt ordtilfang og klare krav til ein enkel og folkeleg setningsbygnad. Ut ifrå denne artikkelen kan me sjå at Vikør ideologisk stiller seg på den sosial-pedagogiske linja.

Sigmund Skard svarte på artikkelen åt Vikør i *Syn og Segn* nr. 2 året etter. Tittelen på svaret var «Framtida for nynorsken». Der seier Skard seg samd i mykje av det Vikør legg fram, men han saknar nyansar, særleg når det gjeld dei allmenne slutningane. Eitt av dei punkta han peikar på, er at Vikør legg for lite vekt på estetiske

omsyn; Garborg kunne nok nytte ordet *bevilgning* i føreordet til Homér-omskrifta si, men han visste betre i ein litterær tekst. Og det meiner Skard at dei fleste lesarane hans var takksame for, langt utover nynorskleiren. Skard meiner at det ligg ein liknande tankegang til grunn for den varsame reguleringa av ordbruken ein finn i ordlistene heilt fram til i dag, og han peikar på at

> … for dei fleste som skreiv nynorsk opp gjennom hundreåret, kjendest dette stilidealet, alt samanlagt, knapt som noko «fengsel». Meir var det tale om ei utfordring. Og skribenten kjende ofte at han fekk løn for umaken ved den heilslege stilsvip som i beste fall var resultatet. (Her frå Lauvhjell 1983:72)

Skard seier i konklusjonen sin at ein godt kan ta inn fleire dansk-tyske ord i nynorsken, men det må skje på nynorsken sine premissar, utan å bryte med den stilkarakteren som er styrken til målet. Vidare peikar han på at bokmålssida viser liten vilje til å kome nynorsken i møte på samnorskgrunn – difor bør heller ikkje nynorsken som den svake parten skunde seg i møte, for då kan han gå stille under, utan vinst for nokon.

Desse to artiklane kan stå som representative for dei to hovudsyna i dette ordskiftet. Konkret førte ordskiftet, i lag med oppfordringar frå skulefolk, til at Norsk språkråd den 27.5.1981 gjorde vedtak om å setje ned ei nemnd som skulle vurdere ordtilfanget i nynorsk og gje ei tilråding om det.

«Venås-nemnda»

Oppgåva til denne nemnda var blant anna å sjå på om det var tilrådeleg å opne nynorsk skriftmål for ordtilfang som i den normerte tradisjonen medvite hadde vore halde ute. Spørsmålet var med andre ord om ein skulle lempe på den puristiske haldninga.

Andreas Bjørkum, Alf Hellevik, Magne Rommetveit, Kjell Venås, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren vart oppnemnde til medlemer i nemnda, Venås vart vald til formann. Rommetveit dissenterte. Resten av nemnda kom med ei tilråding der dei rådde til å halde fram med å utvide rammene for ordtilfanget i nynorsk. Men Vikør fekk ikkje fullt gjennomslag for sitt syn. Det vart opna for å ta inn ord med suffiksa *-else* og *-heit*, men ikkje for full opning på prinsipielt grunnlag. Orda måtte godkjennast enkeltvis av fagnemnda i Språkrådet. Dei opna òg for å ta inn fleire ord med prefiksa *be-* og *an-*, pluss ein del andre liknande affiks. I dei fleste tilfella peika dei på restriksjonar for å halde visse typar av desse orda ute.

I argumentasjonen for desse endringane peika dei på at ein i dag ikkje burde vere negativt bunden av tida då Noreg var i politisk samband med Danmark, og at nynorsk skriftmål vart til for å spegle av norsk talemål. Dei peika særleg på at det er viktig å ha ei romsleg haldning til ordvalet åt elevane i grunnskulen. I lærebøker og offentleg samanheng bør ein ha dei strengaste krava, fordi desse er normskapande.

Argumenta deira mot eit heilt fritt ordtilfang går særleg på frykt for ein tyngre, substantivisk stil og omsynet til tradisjonen.

Rommetveit kom med ein dissens han kalla «Merknader til tilrådinga om ordtilfanget i nynorsk». Han opnar med å kritisere samansetninga av nemnda, fordi fagnemnda peika ut 5 medlemer med nesten likt syn på norsk språkplanlegging. Styret i Språkrådet peika ut han sjølv i tillegg. Rommetveit presenterer synet sitt slik:

> Eg kan godta at vi tek inn visse bokmålsord på det vilkåret at dei ikkje stengjer ute innarbeidde og betre nynorske seiemåtar, og ikkje kjennest som framandelement i det nynorske målsystemet. (Her frå Lauvhjell 1983:44)

Eit viktig poeng er at han meiner at nynorsken skal vere ein overbygnad over dialektane som er lett å lære, både når det gjeld rettskriving, formverk og ordtilfang. Han vil at nynorsken skal leve vidare som eit sjølvstendig norsk mål. Dialektane er i tilbakegang og vil, ifølgje Rommetveit, spele ei underordna rolle i framtida – difor vil normalmåla avgjere språkutviklinga i landet, ikkje naturleg talemål. På bakgrunn av dette meiner han at det vil vere eit feilgrep å tufte nynorsk skriftmål på eit konglomerat av naturleg talemål som er oppblanda med meir eller mindre dårleg bokmål. Ein må i staden ta vare på innarbeidd nynorsk ordtilfang som gjev ei klårare og tydelegare bodskapsformidling enn dei abstrakte substantivkonstruksjonane i bokmål.

Når det gjeld opplæringa i norsk i skulen, meiner han at ein må kunne skilje mellom gode og dårlege prestasjonar der som i andre fag. Rommetveit har òg i praktisk arbeid følgt opp den puristiske tradisjonen i målrørsla med å gje ut fornorskingsordbøker. Hans solide tilskot heiter *Med andre ord* og har undertittelen *synonymordbok med omsetjingar til nynorsk*.

Språkrådet vedtok i januar 1984 ei form for kompromiss der både tilrådinga, dissensen og ymse høyringsfråsegner skulle liggje til grunn for arbeidet med normeringa av ordtilfanget i nynorsk i framtida. Det praktiske resultatet av denne prosessen vart at Språkrådet har teke opp fleire og fleire såkalla *anbeheitelse*-ord, altså ei svekking av den puristiske haldninga. Men debatten går framleis føre seg i ymse aviser og andre forum, og ein kan vel vente at striden vil kome att med full styrke når det skal leggast fram ny læreboknormal i nynorsk på årsmøtet til Norsk språkråd i år 2000.

Ideologiske brigde

Når det gjeld ideologigrunnlaget i denne debatten, kan me merke eit par interessante brigde ifrå Aasen sine dagar. For Vikør og meiningsfellane hans er dei sosialpedagogiske argumenta sentrale, som dei var det for Aasen. Men medan Aasen nytta dei *for* ei puristisk linje, nyttar Vikør dei *mot* den same linja. At dette kan

gjerast med ein viss logikk frå begge, seier ein del om utviklinga av språksituasjonen i Noreg dei siste 150 åra, både når det gjeld talemåls- og skriftmålssituasjonen.

Samstundes har dei nasjonale argumenta hamna heilt i bakgrunnen hjå dei som talar for ei meir puristisk linje. Ein del av forklaringa på dette kan ein nok finne i dei endringane i haldninga til nasjonalismen som den andre verdskrigen førte med seg. Sosial-pedagogiske argument retta mot ein tung byråkratisk stil er det viktigaste argumentet for desse òg. Dermed kan ein nok tale om ei avideologisering av heile purisme-debatten, i og med at det nærmast blir ein konkurranse om kven som har dei mest sosiale argumenta. Dette passar for så vidt inn i den generelle avideologiseringa ein ser i samfunnet elles.

Resultatet av normeringa

Som ei avslutning av denne bolken om normeringa av nynorsk gjennom den selektive purismen retta mot dansk-tyske ord vil eg ta med litt om resultatet av denne normeringa. Eg vil kort presentere nokre av resultata frå undersøkinga Gerdener gjorde i si doktorgradsavhandling. Han har undersøkt stikkprøver frå dei viktigaste nynorske blada i kvart tiår frå 1890 til 1970, pluss eit utval nynorske lokalaviser frå 1983. Ved prefikset *an-* er det ei viss auke ifrå 1890 til 1970, medan det ved prefikset *be-* er tydeleg auke i etterkrigstida, særleg etter 1970. Men set ein desse opp mot dei godkjende nynorske orda, rår dei siste. Til dømes 60 treff for *handsame*, mot 22 for *behandle*, 23 med *overtyde* mot 3 med *overbevise* og ved eit anna prefiks: 71 for *røynsle*, mot 25 for *erfaring*. Det finst 8 døme på suffikset *-heit* i 1890, men berre frå eitt til tre i alle tiåra fram til 1970. I tilfanget frå 1983 er det 45, men mange av desse er sett i hermeteikn og blir altså sett på som sitat frå bokmål. Alt i alt syner undersøkinga at verknaden av purismen har vore sterk og at *anbeheitelse*-orda *ikkje* har treng inn i nynorsk på brei front.

Nye puristiske tendensar

Til slutt vil eg seie noko om ein ny selektiv, vernande purisme som har dukka opp i etterkrigstida, nemleg kampen mot dei engelsk-amerikanske lånorda. Her stiller nynorsk og bokmål omtrent likt og får til dels støtte frå dei andre nordiske landa. Allereie Aasen meinte at desse orda kunne skape problem:

> Engelske Ord kunne ogsaa på Grund af Udtalen, være besværlige nok; men heldigviis er det dog kun faa af disse, som ere blevne bekjendte her i Landet. (Aasen 1864:§ 392)

Dette «heldigvis» skulle ikkje kome til å vare så lenge. Einar Lundeby peikar i artikkelen «Fremmedord – hva gjør vi med dem?» på at det ved hundreårsskiftet var om lag 70 engelske lånord i norsk. I 1940 var talet kome opp i 418. Etter krigen har det vore ei kraftig auke. Boka *Nyord i norsk* viser at det fram til 1975 vart registrert 950 nye slike ord, av desse var 550 direkte lån. Dette gjeld allmennspråket, i fagspråka

finst det mange i tillegg. Det er ikkje noko som tyder på at denne straumen vil stoppe.

Alf Hellevik peika på mengda av engelske lånord som eit problem i innleiingsføredraget sitt på det nordiske språkmøtet i Oslo i 1962. I samband med utnemninga av Vogt-komiteen to år seinare, uttrykte kyrkjeminister Helge Sivertsen at han òg var uroleg over den sterke påverknaden frå engelsk. Resultatet av arbeidet i komiteen førte som kjent til skipinga av Norsk språkråd i 1972, og dette normeringsorganet skulle bli sentralt i arbeidet mot språkpåverknaden frå engelsk. Legitimeringa av dette arbeidet ligg i lovvedtaket frå Odelstinget. Der står det blant anna at rådet skal «verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer».

Eric Papazian peikar i artikkelen «Norsk språknormering i dag» på at Språkrådet har nytta hovudsakleg to strategiar mot engelske lånord. Den første går ut på å erstatte orda ved å lage meir heimlege ord, til dømes *skriveprosjektør* for *overhead projector*. Den andre og mest vanlege strategien går ut på å tilpasse framandorda til det norske systemet. Fornorsking av skrivemåten er mest vanleg – til dømes *kråI* skrive etter norsk uttale utan bokstavane *c* og *w*. Men fornorsking av til dømes bøying er òg nytta. Ein tredje strategi kan vere å oppmuntre bruken av eksisterande ord i staden for dei framande, som *frist* i staden for *deadline*.

Men Språkrådet har hatt problem med å få gjennomslag for framlegga sine og har difor sett i gang fleire kampanjar, m.a. «Aksjonen for språkleg miljøvern» i 1990. Når det gjeld det ideologiske grunnlaget for den selektive purismen mot engelsk, er det ikkje ulikt det ideologiske grunnlaget for andre puristiske retningar i Noreg – ein nyttar både nasjonale og sosial-pedagogiske argument. Lundeby (1987:239) meiner at det nasjonale argumentet har vore det viktigaste. Kåre Skadberg (1987:10) hevdar tvert om at dei pedagogiske argumenta har vore avgjerande.

Generelt vil eg seie at det verkar som det ideologiske har vore monaleg neddempa i arbeidet til Språkrådet, og at praktisk-vitskaplege omsyn har vore framtredande. Det kan verke som det stort sett er semje i språkmiljøa i Noreg om at ein må prøve gjere noko med alle dei engelske lånorda som kjem inn i norsk, kanskje med unntak av nokre få einskildpersonar som vil ha ei heilt fri språkutvikling. Dansken Jørn Lund hadde ein litt syrleg kommentar til denne konsensusen på ein konferanse om språkplanlegging på Geilo i 1990:

> Den ny «Aksjon for språklig miljøvern» har kunnet samle norske sprogfolk om en sag, hvilket i sig selv er en bedrift, der vil indskrive sig i sproghistorien. (Lund 1991:132)

Oppsummering

Som ei oppsummering vil eg peike på at purismen har vore ein sentral del av norsk språknormering, både i teori og praksis, men med ulik styrke til ulike tidspunkt.

Eit høgdepunkt slik sett var det nok med den globale, forandrande purismen hjå Aasen, Knudsen og den tidlege målrørsla. Utover 1900-talet fann ein purisme mest på nynorsksida, og han kom som idé litt i skuggen av fornorskingslinja, men vart oppretthalden i praksis gjennom den selektive purismen retta mot dansk-tyske lånord og den byråkratiske stilen desse førte med seg. Denne linja vart det først for alvor sett spørjeteikn ved i byrjinga av 1980-åra. Nasjonale og sosial-pedagogiske argument har heile vegen vore viktige for å legitimere purismen. I 80-åra vart dei sosial-pedagogiske argumenta òg vendt mot purismen.

I etterkrigstida har ein samstundes fått ein ny selektiv, vernande purisme retta mot engelsk-amerikanske lånord. Han har vore særleg sterk i den siste tida og blir òg legitimert ut ifrå nasjonale og pedagogiske argument. Her har nynorsk- og bokmålssida på ein måte kome kvarandre i møte gjennom arbeidet i Språkrådet.

Fleire ting tyder på at purisme framleis kjem til å vere ei *heit* potet i norsk språknormering – med plan om ny læreboknormal i nynorsk i år 2000 og ei stadig sterkare internasjonalisering av samfunnet.

Litteratur

Berkov, Valerij 1992. «De nordiske språkene og purismen». *Maal og Minne* 1–2.

Gerdener, Wilhelm 1986. *Der Purismus im Nynorsk.* Kleinheinrich. Münster.

Haugen, Einar 1975. «Konstruksjon og rekonstruksjon i språkplanlegging : Ivar Aasens grammatikk». Myhren, Magne red.: *Ei bok om Ivar Aasen : språkgranskaren og målreisaren.* Oslo, Samlaget.

Hellevik, Alf 1970. *Det rette ordet.* Oslo, Samlaget.

Knudsen, Knud 1887. *Kortfattet redegjørelse for det dansknorske målstræv.* Kristiania.

Lauvhjell, Arne red. 1983. *Heit strid om nynorsk.* Oslo, Novus.

Lund, Jørn 1991. «Statstyring, markedsmekanismer og brugsbehov». Sandøy, Helge et al.: *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg.* Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Lundeby, Einar 1987. «Fremmedord : hva gjør vi med dem?». Jahr, Ernst Håkon & Geir Wiggen red.: *Norsk og Nordisk.* Festskrift til Einar Lundeby. Oslo, Novus.

Myhren, Magne red. 1975. *Ei bok om Ivar Aasen : språkgranskaren og målreisaren.* Oslo, Samlaget.

Nynorskordboka 1986. Definisjons- og rettskrivingsordbok. Oslo, Samlaget.

Nes, Oddvar 1984. *Om nokre affiks i nynorsk.* Universitet i Bergen.

Papazian, Eric 1991. «Norsk språknormering i dag : en analyse av Norsk språkråds normering av bokmålet det siste tiåret». Sandøy, Helge et al.: *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg.* Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Rommetveit, Magne 1983. «Merknader til tilrådinga om ordtilfanget i nynorsk». Lauvhjell, Arne red.: *Heit strid om nynorsk.* Oslo, Novus

Helge Sandøy et al. 1991. *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg.* Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Skadberg, Kåre 1987. «Prinsipp som er lagde til grunn for normeringa av nynorsk det siste tiåret». Venås, Kjell red.: *Mål og medvit.* Heidersskrift.
Skard, Sigmund 1981. «Framtida for nynorsken». *Syn og Segn* 1. (Her frå Lauvhjell, Arne red. 1983)
Venås, Kjell et al. 1981. «Tilråding om ordtilfanget i nynorsk». Lauvhjell, Arne red.: *Heit strid om nynorsk.* Oslo, Novus.
Venås, Kjell 1988. «Om nynorsk purisme». *Maal og Minne* 1–2.
Venås, Kjell 1997. «Purisme : historisk oversyn». *Purisme på norsk? (Norsk språkråds skrifter* 4*)*
Vikør, Lars S. 1980. «Nynorsk for folket?». *Syn og Segn* 4. (Her frå Lauvhjell, Arne 1983)
Vikør, Lars S. 1990. «I staden for -heit : ein studie i syntaktisk purisme». *Maal og Minne* 1–2.
Vikør, Lars S. 1994. *Språkplanlegging : prinsipp og praksis.* Oslo, Novus.
Vinje, Finn-Erik 1978. *Et språk i utvikling.* Oslo, Aschehoug.
Aasen, Ivar 1864. *Norsk Grammatik.*
Aasen, Ivar 1873. *Norsk Ordbog.* Fjerde uforandra utgåve. Vestmannalaget 1918.

BENTHE KOLBERG JANSSON:

Skriveopplæring og vide skriftnormalar

Fra Språklig Samling nr. 1/1999

Hossen blir valfridommen i skriftnormalane forvalta i skolen?
Dei siste tiåra har respekten for talemålsvariasjon auka, og det er blitt heilt vanleg å bruke dialekt i radio, fjernsyn og andre offisielle samanhengar. Ein skulle tru at ein naturleg konsekvens av ei slik utvikling ville vera at den talemålsbaserte valfridommen vi har i dei norske skriftnormalane ville bli meir synleg, og at Språkrådet ville sjå på talemålsutviklinga som ei mulegheit til å «marknadsføre» denne valfridommen. Det motsette ser dessverre ut til å vera tilfelle. Både bokmålsseksjonen og nynorskseksjonen i Språkrådet arbeider for trongare normer med mindre valfridom. «Den særnorske valfridommen har hatt sin sjanse,» hevdar enkelte – underforstått at denne sjansen nå er brukt opp, og at den norske rettskrivinga må følgje same prinsipp som i siviliserte land vi kan samanlikne oss med.

Ja, kanskje kan måten valfridommen har blitt forvalta på, samanliknas med eit sjansespel, der dei språkbrukarane som har hatt råd til å kjøpe flest lodd, har vunne. Den særlege skoleringa og språkplanlegginga som ei særleg språknormering fordrar, kan i alle fall sjå ut til å ha vore fråverande. Frå min synsstad som norsklærar i den vidaregåande skolen kan det i alle fall verke slik. Svært mange av elevane mine har lite kunnskap om dei mulegheitene rettskrivinga gir dei til å velje talemålsnære former, og sjølv har eg i løpet av lærarkarrieren min, som strekker seg over meir enn 20 år, bare møtt rettskrivingsvariasjon som kurstema i samband med metodikk for sidemålsopplæringa (les nynorskopplæringa).

Spørsmålet blir da om lese- og skriveopplæringa i grunnskolen tar omsyn til at rettskrivinga opnar for former som ligg nærmare talemålet til elevane enn «dei mest brukte formene». Det er mange måtar å nærme seg svaret på eit slikt spørsmål på, men da eg starta hovudfagsarbeidet mitt for eit par år sia, kom eg til at det var fornuftig å stille spørsmålet til dei institusjonane som utdannar allmennlærarar. Desse institusjonane står jo heilt sentralt i å formidle kunnskapar om og holdningar til skriftspråksnormene.

Er rettskrivingsvariasjon eit tema innafor norskfaget i lærarutdanninga? Hossen blir det i så fall behandla? Får studentane råd om hossen dei kan forvalte skriftspråksnormene i klasserommet? Dette var spørsmåla eg stilte i utgangspunktet, og som eg meiner medlemmane i Norsk språkråd òg har plikt til å stille seg. Stortingsmeldinga som kom i samband med rettskrivingsreforma i 1981, gir jo retningslinjer for framtidig arbeid med rettskrivingsnormene, og der heiter det blant anna: «Departementet forutsetter at Språkrådet i dette arbeidet legger vekt på praktisk-

pedagogiske erfaringer bl.a. i skolen ..» Så langt er det lite i dokumenta frå Språkrådet som tyder på at dei har tatt denne formuleringa inn over seg.

Sjølv har eg prøvd å få svar på spørsmåla mine gjennom å undersøke læreplanar for grunnskolen og for den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærarutdanninga. Eg har òg undersøkt lokale fagplanar og undervisningsplanar ved alle dei 18 høgskolane som gir allmennlærarutdanning, eg har studert sentral pensumlitteratur for norskfaget i allmennlærarutdanninga, og eg har gjennomført ei spørjeundersøking blant norsklærarane i den same utdanninga.

Læreplanane for grunnskolen

Mønsterplanen som kom i 1974, markerte eit brott med rettskrivingsformalisme. Det vil seia at raudblyanten ikkje skulle få dempe skrivegleda dei første skoleåra. På mellomtrinnet skulle ein ha rettskrivingsøvingar, men valfridommen i rettskrivinga blir ikkje nemnt i samband med desse øvingane. Det er bare i avsnittet om sidemålet, og bare for dei som har nynorsk som sidemål, at planen nemner at elevane kan velje former «i tilknytning til talemålet på stedet». Denne formuleringa i M74 har nok vore med på å avgrense ein metodikk for rettskrivingsvariasjon til nynorskopplæringa for bokmålselevar. Men i denne samanhengen har det å kunne velje talemålsnære former blitt sett på som ein motivasjonsfaktor. At ein tilsvarande metodikk ikkje blir tilrådd i den første lese- og skriveopplæringa, eller for dei som har bokmål som sidemål, kan synas merkeleg, samtidig som «sidemålsstrategien» har vore ein måte å marginalisere valfridommen i ein didaktisk samanheng på.

I 1987 fikk grunnskolen ein ny mønsterplan, og planen for norskfaget legg stor vekt på sambandet mellom tale og skrift i lese- og skriveopplæringa, dessutan på at skolen skal vise respekt for det talemålet elevane kjem til skolen med. På ungdomstrinnet skal elevane få kunnskap om valfrie former i rettskrivinga. Dette er første gongen planen nemner valfridommen i rettskrivinga, men han blir i alle fall ikkje avgrensa til å gjelde bare nynorsk som sidemål. Likevel er det opplagt at mange val allereie er gjort når elevane kjem til ungdomstrinnet. Og gjennom den individuelle rettleiinga i rettskriving som blir tilrådd dei første åra, og dei meir formaliserte øvingane som blir nemnt for mellomtrinnet (blant anna diktat), er det først og fremst læraren som gjør val for elevane. Med den klare tendensen elles i planen til å legge vekt på respekt for talemålet, at talemålet skal vera grunnlaget for lese- og skriveopplæringa og at opplæringa skal gi språkleg sjølvtillit, ville det vera naturleg å tolke «valgfrie skrivemåter» som andre måtar å stave og bøye ord på enn dei som ligg nærmast talemålet. Men dette er eit tolkingsspørsmål slik det er formulert i planen. Det er også eit spørsmål om kor bevisst læraren er i forhold til valfridommen i rettskrivinga, og, ikkje minst, kva holdningar ho eller han har til ulike valfrie former. Svært ofte har nok lærebøkene styrt vala innafor rettskrivinga. Valfrie skrivemåtar, blir, som før, også nemnt i samband med sidemålsopplæringa.

Den noe unnvikande holdninga til rettskrivingsvariasjon i M87 blir avløyst av tagnad i L97. Den nye norskplanen for grunnskolen understrekar skiljet mellom

skrift og tale, og at ein lærer skrift av skrift – det vil seia av å lesa. Sett på spissen kan vi seia at planen overlet rettskrivingsopplæringa til dei skriftlege forbilda. Sjølv om denne planen, som M87, avviser rettskrivingsformalisme, blir ikkje rettskrivingsvariasjon nemnt i planen, heller ikkje i samband med sidemålsundervisninga. Men også denne planen, som dei tidlegare planane, har med formuleringar om at elevane skal lære å skrive korrekt, utan å nemne at «korrekt norsk» fins i fleire variantar.

I den grad valfridommen i skriftnormalane har vore gjenstand for didaktisk og metodisk refleksjon innafor norskfaget, er det såleis lite å spore av denne refleksjonen i dei dokumenta som legg premissane og rammene for lese- og skriveopplæringa. Ein kunne kanskje tenke seg at planane ikkje legg opp til detaljstyring av undervisninga. Da er det likevel grunn til å spørje korfor valfridommen har vore nemnt i samband med sidemålsopplæringa, og ikkje i samband med skriveopplæringa dei første åra. Ein måte å tolke dette på, er at det ikkje fins systematisk didaktisk og metodisk refleksjon knytt til rettskrivingsvariasjon og lese- og skriveopplæringa dei første åra.

Fagplananar og undervisningsplanar ved høgskolane

Som eg har vore inne på tidlegare, vil kunnskapane og språkbevisstheita til lærarane vera avgjørande for hossen dei forvaltar skriftspråksnormene i klasserommet. Så langt er det ingen som har kartlagt kompetansen til lærarar på dette feltet, og sjølv nærma eg meg som nemnt problemstillinga ved å prøve å kartlegge hossen rettskrivingsvariasjon blir tematisert i allmennlærarutdanninga.

Norsk er eit obligatorisk fag i allmennlærarutdanninga. Denne obligatoriske delen av faget utgjør ti vekttal, det vil seia eit halvt års fulltidsstudium. Det er lett å vera einig med dei som hevdar at dette er for lite. På denne tida skal studentane tileigne seg kunnskapar om språk og litteratur som skal kvalifisere dei til å vera lærarar i grunnskolen – også norsklærarar. I tillegg til kunnskapar om språk og litteratur skal dei utvikle sine eigne skriveferdigheiter og lære om metodar i lese- og skriveopplæringa i grunnskolen.Vil dei kommande lærarane vera i stand til å forvalte skriftnormalane på ein reflektert og fornuftig måte i klasserommet etter å ha gjennomført den obligatoriske delen av norskfaget ved høgskolen? Det kan godt stillas spørsmål ved begrepa «reflektert» og «fornuftig» i denne samanhengen, men at ein reflektert praksis føresett grammatikkunnskapar, kunnskap om talemålsvariasjon, om språkhistorie, om skriftspråksnormene og om metodar i lese- og skriveopplæringa, vil det vera lite kontroversielt å hevde. Eg starta derfor med å studere lokale fagplanar og undervisningsplanar for å få oversikt over kor stor vekt det blir lagt på desse emna i lærarutdanninga. Sidan det er slik at den sentrale planen for norskfaget er ein rammeplan, kan kvar høgskole skape ein fagleg profil i samsvar med for eksempel behov i regionen, fagdidaktiske overlegningar og ressursar blant undervisningspersonalet. Det var derfor å vente at høgskolane ville

ha noe ulik prioritering av emna, sjølv om alle dei emna eg har nemnt ovafor, var obligatoriske emne i den rammeplanen som gjaldt fram til hausten 1998.

Undersøkinga mi viser at skolane i ulik grad – i alle fall i fagplanane – tematiserer forholdet mellom tale og skrift og skriftspråksvariasjon i samband med lese- og skriveopplæring. Men kanskje er talet på undervisningstimar som er sett av til enkeltemne, eit tydelegare signal til studentane om kor viktig høgskolen meiner eit emne er. I gjennomsnitt har den obligatoriske delen av norskfaget om lag 190 undervisningstimar. Talet på undervisningstimar i dei emna eg har nemnt ovafor, varierte studieåret 1996/97 frå 88 timar ved den høgskolen som hadde sett av flest undervisningstimar til desse emna, til 20 timar ved den høgskolen som hadde sett av færrast. Gjennomsnittet var 44 timar. Alle dei 14 høgskolane eg har informasjon om undervisning frå, hadde undervisning i grammatiske emne og den første lese- og skriveopplæringa, og dei aller fleste hadde undervisning i talemålskunnskap, men bare tre høgskolar hadde sett av eigne timar til språkplanlegging og -normering. Halvparten av høgskolane gav ikkje undervisning i språkhistorie dette studieåret. Det vil seia at svært mange kommande norsklærarar gikk dette studieåret gjennom den obligatoriske delen av norskfaget utan å få undervisning i det emnet som meir enn noe anna emne sett studentane i stand til å forstå bakgrunnen for valfridommen i skriftnormalane våre.

Undersøkinga mi gir ikkje noe eintydig svar på om høgskolane prioriterer litterære emne framfor språklege, men eg meiner resultata gir grunn til å hevde at det fins ein slik tendens i lærarutdanninga, og den nye planen for norskfaget i allmennlærarutdanninga stadfester ein slik tendens. Språkhistorie er for eksempel ikkje eit emne lenger i den obligatoriske tivekttalseininga i norsk.

Lærarar i grunnskolen skal kunne undervise i både bokmål og nynorsk, og valet og vekslinga mellom dei to målformene er ein del av valfridommen innafor norsk skriftkultur. Fleire har peika på at studentane skriv for lite og for dårleg nynorsk, og at dette er ein av grunnane til den høge strykprosenten ved noen av høgskolane. Likevel ser det ut til at høgskolane gjør lite for – eller har små mulegheiter til – å gi studentane undervisning i nynorsk. Så langt eg kan sjå av dei undervisningsplanane eg har fått, hadde bare to av høgskolane sett av timar til nynorskopplæring for studentane studieåret 1996/97.

Gir pensumlitteraturen råd om valfridommen?

Kartlegginga av undervisningsemne, slik dei kjem til uttrykk i fagplanane og i undervisningsplanane, fortel noe om hossen høgskolane prioriterer emne som er relevante for å setta studentane i stand til å forvalte skriftspråksnormene på ein kompetent måte i klasserommet. Denne kartlegginga seier ikkje noe om innhaldet i undervisninga. For å komma nærmare dette innhaldet, har eg gått gjennom sentral pensumlitteratur, spesielt innafor emneområdet lese- og skriveopplæring. Sjølv om lærebøker i grammatikk, språkhistorie og talemålskunnskap gir kunnskapar om skriftspråksnormene, må ein eventuell didaktisk og metodisk refleksjon omkring

valfridom og rettskriving, om han skal finnas noen stad i pensumlitteraturen, først og fremst vera å finne her.

Så å seia alle høgskolane lar studentane lesa heile eller delar av *Mening i tekst* (Ingolv Austad red.) og *Elevens tekst* av Dagrun Skjelbred. Desse bøkene er derfor det vi kan kalle «sentral pensumlitteratur». Den første boka er ei artikkelsamling som fokuserer på den første leseopplæringa, mens den andre tar for seg skriveopplæringa dei første åra i grunnskolen. Artikkelforfattarane i *Mening i tekst* har i utgangspunktet heilt tydeleg ulike språkholdningar og ulike synspunkt på forholdet mellom skrift og tale. Representative i så måte er Turid Fosby Elsness, som legg vekt på at skrift og tale er to parallelle system, og som derfor blir lært uavhengig av kvarandre, og Rutt Trøite Lorentzen, som legg vekt på at elevane skal forstå sambandet mellom skrift og tale. Lorentzen understrekar òg at språkvariasjon er ein ressurs for språkbevisstheit, språknysgjerrigheit og språkleg toleranse. Men dei to forfattarane har ein ting felles: valfridommen blir ikkje tematisert, og «korrekt ortografi» blir ikkje problematisert.

Ein etter kvart vanleg metode i den første lese- og skriveopplæringa går ut på at læraren skriv ned små forteljingar eller utsegner som elevane kjem med, på ei tavle. Desse tekstene er utgangspunkt for vidare arbeid i klassen – dei blir «lesetekster». Ein slik framgangsmåte blir kalla LTG-metoden eller «lesing på talens grunn». Men hossen skal læraren skrive ned det elevane seier? Kva slags «rettskriving» skal læraren kle orda til ungane i? Det får studentane ikkje eintydige råd om i læreboka:

> LTG-lærere vil helst velge å skrive ordene *ortografisk* riktig i en diktering (og distanserer seg derved fra en leseopplæring på dialekt). Når det gjelder *språkfeil*, for eksempel gale bøyningsendelser, er praksis mer varierende. […] De fleste lærere vil nok prøve å få bevirket at den *korrekte* formen blir brukt – uten at elevene opplever det som en utidig innblanding fra læreren – ikke minst fordi teksten gjerne overføres til et A4-ark og brukes som lesestoff på skolen og hjemme (Elsness 1991:24).

Som vi ser, overlet Elsness til dei kommande lærarane å velje kva skrivemåtar dei vil bruke, men ho argumenterer for at lærarane bør bruke korrekte former, utan at ho kjem inn på at dei i mange tilfelle kan velje mellom fleire korrekte former. Også Rutt Trøite Lorentzen overlet valet til lærarane, men gir uttrykk for ei mye meir positiv holdning til talemålet til elevane, og til språkvariasjon i det heile:

> Den språksituasjonen vi har her i landet, med tre offisielle språk (nynorsk, bokmål og samisk), eit utal dialektar og dertil med dei mange språka til innvandrarar frå stadig fleire delar av verda, er ein stor ressurs når det gjeld å stimulere barnas språklege medvit. Når den same tingen blir sagt på ulike måtar, vil barna nemleg etter

> kvart bite seg merke i forskjellane i uttalen av orda, og det vil seia i formsida av språket (Lorentzen 1991:76).

I boka til Dagrun Skjelbred om skriveopplæring blir heller ikkje valfridommen i skriftnormalane nemnt, sjølv om ho oppfordrar lærarane til å drøfte forholdet mellom skriftnorm og talemål i klassen:

> De aller fleste barn har et talemål som på avgjørende måte bryter med skriftspråksnormalen, enten den er bokmål eller nynorsk. Kanskje vil de oppleve det som en indirekte kritikk av talemålet når de må lære seg å normere i skrift – talemålet er ikke bra nok å skrive? Spørsmålet må ikke forstås slik at en skal la være å lære barn normert skriftspråk i skolen. Men jeg trur det er viktig at læreren tar seg tid til å forklare eleven hvorfor vi ikke kan skrive som vi snakker: Vi har mange varianter av talemålet, mens det er hensiktsmessig med en felles norm når vi skriver (Skjelbred 1996:25).

Den «felles norma» blir ikkje problematisert, og dermed blir den talemålsbaserte valfridommen gjort til eit ikkje-tema for lærarstudentane i denne samanhengen.

Enkelte nyare lærebøker formidlar ei positiv holdning til rettskrivingsvariasjon og seier at læraren må akseptere «vakling» hos elevane, men i den mest brukte pensumlitteraturen har eg ikkje funne råd om eller drøfting av hossen læraren kan *forvalte* rettskrivingsvariasjonen i lese- og skriveopplæringa. Heller ikkje den relativt ferske boka av Helge Omdal og Lars Vikør, *Språknormer i Norge*, som blant anna er tenkt for norskstudentar ved høgskolane, formidlar metodiske råd til kommande norsklærarar. Når sentrale teoretikarar innafor norsk språknormering og lese- og skriveopplæring ikkje kan gi råd, kva kan vi vente at ferske norsklærarar i grunnskolen skal gjøra?

Kva gjør høgskolelærarane?

Gjennom undervisninga si supplerer høgskolelærarane pensumlitteraturen, dei kan opne nye og andre perspektiv og problematisere undervisningsemna på ein annan måte enn lærebøkene. Dei står dessutan i direkte dialog med studentane. For å få veta meir om hossen skriftspråksnormene blir tematisert i norskfaget i lærarutdanninga, gjennomførte eg derfor ei spørjeundersøking blant alle som underviser i norsk i allmennlærarutdanninga. Eg laga eit relativt omfattande spørjeskjema der eg prøvde å fange opp i kva samanhengar skriftspråksnormene blir tematisert, og kva råd studentane får om hossen dei kan forvalte skriftspråksnormene i klasserommet. I tillegg undersøkte eg kva holdningar norsklærarutdannarane har til valfridommen i skriftnormalane. Eit spørjeskjema skrapar som kjent bare i overflata, men det kan likevel fange opp tendensar når det gjeld holdningar og praksis. Av totalt 114 aktuelle lærarar svarte 73 på skjemaet mitt.

Det ser ut til at det først og fremst er dei som underviser i språklege emne, som formidlar kunnskap om og drøftar skriftspråksnormene med studentane. Svært mange høgskolelærarar underviser i både språklege og litterære emne, men av dei som underviser i bare språklege emne, svarar 100 % at dei meiner det er viktig å drøfte skriftspråksnormene. Blant dei som underviser i bare litterære emne, er talet 15,4 %. At skriftspråksnormene blir drøfta først og fremst i språklege emne, er naturleg, men resultatet viser samtidig at rettskrivinga i litterære tekster sjeldan blir inkludert i teksttolkinga, trass i at rettskriving, som vi veit, kan vera ladd med meining.

Om lag halvparten av høgskolelærarane meiner at studentane har dårlege kunnskapar om skriftspråksnormene når dei begynner studia på høgskolen. Det kan vera grunnen til at mange legg vekt på å formidle kunnskap om dei formelle sidene ved valfridommen, for eksempel skiljet mellom læreboknormalen og resten av rettskrivinga, i tillegg til kunnskap om språkrettar, til studentane. Noen fortel at dei har undervisningsopplegg der studentane skal skrive om dialekttekster til normert skriftspråk, for på denne måten å gjøra dei medvitne om at valfridommen gir høve til å velje talemålsnære former. Fleire av desse opplegga er knytt til sidemålsundervisninga (nynorsk som sidemål) i grunnskolen.

Resultata mine viser elles at det er vanleg å nemne valfridommen i rettskrivinga i samband med at studentane får øving i å gi tilbakemelding på tekster som elevar i grunnskolen har skrive, blant anna for å hindre at framtidige lærarar skal bruke raudblyanten i utide og dermed gjøra elevane urett. Mange svarar òg at dei drøftar valfridommen i samband med sidemålsundervisninga i grunnskolen, i samband med lese- og skriveopplæring, ordlistebruk i grunnskolen og at norsklæraren er skriftspråkleg forbilde for elevane sine. Desse resultata fortel at skriftspråksnormene blir drøfta i desse samanhengane, men dei fortel ikkje noe om innhaldet i drøftingane, eller kor omfattande dei er.

Ein ting er å gi studentane kunnskapar om valfridommen i rettskrivinga, noe anna, og meir forpliktande, er det å gi konkrete råd om hossen lærarane dei første åra i grunnskolen kan vise elevane veg i rettskrivinga. I spørjeundersøkinga er det 38 av i alt 66 lærarar som underviser på Norsk1, som fortel kva råd dei gir studentane om hossen dei kan forvalte skriftspråksnormene i klasserommet.

Av dei 38 som gir råd, oppgir 20 at dei gir råd om å velje talemålsnære former i lese- og skriveopplæringa. Spørsmålet er om slike råd blir knytt til metodar i lese- og skriveopplæringa, det vil seia om studentane får råd om når og hossen dei kan tilpasse rettskrivinga etter talemålet til elevane. Ingen av respondentane har knytt råd om talemålsnære former til bestemte metodar i lese- og skriveopplæringa eller skrive meir konkret om dette. Eit spørjeskjema inviterer ikkje til dei lange utgreiingane, så det kan vera noe av forklaringa på at svara ikkje er meir utførlege, men alternativet er sjølvsagt at dette blir det ikkje sagt så mye om. Dermed har dei kommande lærarane eit metodisk problem.

22 høgskolelærarar meiner at dei kommande grunnskolelærarane må gjøra eigne val på grunnlag av språkleg medvit, kunnskapar om normene og om språklege rettar. Det vil seia at det er mest vanleg å overlate valet til studentane, trass i at bare 15,4 % av høgskolelærarane meiner at studentar som har gjennomført Norsk1, har tilfredsstillande kompetanse når det gjeld skriftspråkleg variasjon på rettskrivingsnivået. På spørsmål om kva kompetanse studentane manglar, har mange svart «kunnskapar om skriftspråksnormene», men det kan vel hende at ein av respondentane mine treffer spikaren på hovudet når han svarar slik på dette spørsmålet: «De lider selvsagt av den allmenne mangelen på didaktisk kompetanse for å forvalte skriftspråkssituasjonen vår i morsmålsopplæringa. Feltet er jo brakkmark.»

Om det er uttrykk for frustrasjon over situasjonen, veit eg ikkje, men heile 84,8 % av høgskolelærarane svarar at dei ønskjer at temaet skal får større plass i lærebøkene.

Kva meiner høgskolelærarane?

Eg var òg interessert i å finne ut noe om holdninga til forholdet mellom tale og skrift i skriveopplæringa og synet på rettskrivingsvariasjon. Eg hadde derfor formulert ein del utsegner som høgskolelærarane skulle ta stilling til.

Fleirtalet av lærarane i undersøkinga mi meiner at det må leggas stor vekt på samanhengen mellom skrift og tale i den første skriveopplæringa – 69 av 73 meiner dette. «Å knekke lesekoden» vil jo seia å oppdage samanhengen mellom lyd og bokstav, og å lære kva for bokstavar, eller grafem, som samsvarar med dei ulike lydane. Dette resultatet seier derfor ikkje så mye om synet på valfridommen, men meir om synet på metode i den første leseopplæringa. «Lydmetoden» ser ut til å stå sterkt blant norsklærarutdannarane, sjølv om ein alltid skal vera varsam med å trekke for vide konklusjonar av enkle avkryssingar på eit spørjeskjema. I den aller første leseopplæringa står heller ikkje rettskriving i fokus, men – som eg har vore inne på ovafor – må læraren ofte ta stilling til rettskrivinga i dei første lesetekstene som ho eller han brukar i undervisninga. Slik blir valfridommen eit tema i den første leseopplæringa òg.

Ei anna av utsegnene som eg bad respondentane ta stilling til, fokuserer meir eksplisitt på valfridommen. Eg spør om dei meiner det er ein fordel at elevane i grunnskolen har høve til å velje talemålsnære former i skrift, og 55 av dei 73 respondentane seier seg einig eller delvis einig i denne utsegna.

Dei to utsegnene eg har nemnt ovafor, gir i stor grad uttrykk for holdninga til forholdet mellom talespråk og skriftnorm. I to andre utsegner som respondentane har tatt stilling til, fokuserer eg meir på verdien av talemålsnære skriftformer og rettskrivingsvariasjon – eller på pedagogiske konsekvensar av valfridommen, om ein vil. Av dei 73 høgskolelærarane meiner 50 at å legge skriftspråket nær talemålet, aukar den språklege sjølvkjensla, eller sagt på ein annan måte: Når elevane kan velje talemålsnære former, kjenner dei seg verdsette i skriftnorma. Eg var òg interessert i å veta om norsklærarutdannarane meiner at rettskrivingsvariasjon aukar respekt

og toleranse for talemålsvariasjon. Samtidig som denne utsegna peikar på samanhengen mellom skriftnorm og talemål, peikar ho på verdiar og pedagogiske mål i skolen – her handlar det om å sjå litt vidare enn skriveferdigheitene til den enkelte eleven. 48 har sagt seg einig eller delvis einig i denne utsegna.

Eit klart fleirtal av dei som har deltatt i undersøkinga mi, ser det altså som positivt at elevar i grunnskolen har høve til å velje talemålsnære former, og mange av desse meiner dette fremjar konkrete, pedagogiske mål i skolen.

For stor, for liten eller passe?

Sjølv om fleirtalet er positive til å utnytte valfridommen i ein pedagogisk samanheng, er det ikkje opplagt at dei er nøgde med valfridommen i skriftnormalane slik han er nå. Det har ofte blitt hevda at valfridommen har vore til frustrasjon for lærarar, men få systematiske undersøkingar er blitt gjort. Meiner så norsklærarutdannarar at valfridommen i skriftnormalane er for stor? Ja, ein del meiner det, men fleirtalet meiner at valfridommen er passe. Resultata er litt forskjellige for bokmål og nynorsk, spesielt når dei vurderer den skriftnorma som dei brukar minst. Bokmålsbrukarane er langt meir negative til valfridommen i nynorsk enn nynorskbrukarane er til valfridommen i bokmål. Ja, nynorskbrukarane er faktisk meir positive til valfridommen i bokmål enn bokmålsbrukarane er sjølv. Men resultata er ganske like når nynorskbrukarar vurderer nynorsknorma, og når bokmålsbrukarar vurderer bokmålsnorma. Halvparten av nynorskbrukarane meiner at valfridommen er passe i nynorsk, mens 53,8 % av bokmålsbrukarane meiner at valfridommen i bokmål er passe. I overkant av 40 % meiner at valfridomen er for stor. Eg bad respondentane om å gjøra greie for årsakene til at dei meiner at valfridommen er for stor. Mange av svara her nemner at valfridommen fører til forvirring, usikkerheit og ustø staving blant skoleelevane, og at det er «vanskeleg å ha oversyn».

I mye av argumentasjonen omkring valfridommen i skriftnormalane har det jo blitt hevda at han skaper forvirring for dei som skriv, og fører til at vi aldri kan vera sikre på kva som er rett stave- eller bøyingsmåte av eit ord. Nå er eg ikkje så sikker på om engelskmenn eller franskmenn alltid er så sikre på stave- og bøyingsmåtar heller, trass i at dei ikkje har valfrie former i skriftnormalane sine. Så eg er i utgangspunktet skeptisk til at skriftnormalar utan valfridom vil gi støare rettskriving med færre skrivefeil. Ingen rettskrivingsstudiar har kunna stadfeste «rettskrivingsforvirring» på grunn av valfridommen, og da Trude Hoel samanlikna svenske, danske og norske rettskrivingsundersøkingar i 1996, fann ho at hovudproblemet i alle dei tre landa er avstanden mellom uttale og stavemåte. Det var ingen ting som tydde på at norske skrivarar er meir forvirra enn svenske og danske.

I seg sjølv legg rettskrivingsnormer opp til at noe er rett og noe anna er feil, og ein skribent vil alltid komma til å fundere på om han skriv «rett» eller «galent», spesielt fordi det å stave feil blir assosiert med det å vera dum – vi kan jo ikkje ha tillit til eit menneske som ikkje ein gong meistrar rettskriving. Det er rimeleg å tru at stigmatiseringa av dei som ikkje meistrar rettskrivinga, vil vera sterkare i skriftkulturar som

ikkje aksepterer rettskrivings-variasjon innafor skriftspråksnormene sine. Og om vi må bruke litt ekstra tid til å fundere på rettskrivinga (dette veit vi eigentleg ikkje noe om), er dette kanskje ikkje mindre fruktbart enn å fundere på om ein har funne det rette ordet eller den rette formuleringa for å uttrykke meininga si. Poenget er kva denne refleksjonen kan dreie seg om, kva som er innhaldet i den vesle indre dialogen som kan oppstå før ein rekker handa ut etter ordlista eller spør noen som måtte vera i nærleiken. Dersom tankane kan sneie innom forholdet mellom skrifta og eige talemål, inneber det at ein veit at det talemålet ein sjølv har, blir verdsett i skrifta, og at ein er klar over at ei skriftnorm ikkje er underlagt naturlovane, men er resultatet av menneskelege val. Synet på rettskrivingsvariasjon og ulike varietetar av bokmål og nynorsk er, slik eg ser det, djupast sett eit spørsmål om språkholdningar, og ikkje eit spørsmål om kva som er lett eller vanskeleg å lære.

Ulike høgskolar og ulike lærarar

Eg har tidlegare vore inne på at undersøkinga mi viser at det er forskjell på i kva grad høgskolane tematiserer rettskrivingsvariasjon. Ved enkelte høgskolar ser dette temaet ut til å vera lite framme i undervisninga. Sidan undersøkinga mi først og fremst hadde som siktemål å beskrive situasjonen, har eg ikkje gått så mye inn på å forklare forskjellane. Her vil det vera spørsmål om faglege prioriteringar med utgangspunkt i drøftingar i kollegiet, og naturlegvis vil knappe ressursar ha noe å seia for kva ein har mulegheit for å arbeide med. Men da eg analyserte resultata i lys av ulike opplysningar eg hadde fått om lærarane ved dei ulike skolane, var det enkelte forhold som var interessante: Ved dei skolane som i størst grad arbeider med og drøftar skriftspråksnormene med studentane og gir dei råd om hossen dei kan forvalte normene i klasserommet, hadde mange av lærarane tidlegare lærarpraksis frå grunnskolen eller vidaregåande skole. Dessutan hadde desse høgskolane relativt færre heilt unge norsklærarar, og relativt fleire lærarar mellom 40 og 49 år. Det kan tyde på at dei som opplevde språkdebattane i 70-åra og debatten i forkant av M87, har ei anna holdning til valfridommen enn dei som er yngre. At enkelte opplevde noen av problemstillingane mine som «gammaldagse», kan òg tyde på at nye vindar blæs på dette området, og at nye holdningar er på veg inn. Det var òg ein viss forskjell mellom kvinner og menn i denne samanhengen. Ved dei skolane som ikkje legg så stor vekt på å drøfte skriftnormalane i undervisninga, var det relativt sett langt fleire menn enn kvinner. Noen vettug forklaring på dette forholdet har eg ikkje, men at innstilling, holdningar og undervisningspraksis kan variere mellom kvinner og menn, er jo ikkje ukjent frå andre studiar i skolen.

Sluttord

Resultata av studien min kan altså tyde på at kommande grunnskolelærarar har eit lite reflektert forhold til valfridommen i skriftnormalane og dei mulegheitene han gir i lese- og skriveopplæringa. På den andre sida er eit fleirtal av høgskolelærarane positive til talemålsbasert valfridom og meiner det er ein fordel at elevane har høve

til å velje talemålsnære former. Slik situasjonen er i dag, har neppe skoleelevar reell mulegheit til å bruke dei valfrie formene som ligg nærmast talemålet deira. Når eg skriv «neppe», er det fordi vi trass i den lange, særnorske normeringstradisjonen ikkje har noe forsking som har skaffa fram kunnskap om hossen skriftspråksnormene blir forvalta i klasserommet, og vi har inga forsking som seier noe om hossen elevar handterer rettskrivingsvariasjon. Blir dei forvirra når læraren skriv «gjøra» når Mari får setninga si skrive på tavla, men «gjere» når setninga til Per blir skrive ned? Kanskje seier den forvirringa vi ofte tillegg elevane meir om våre eigne fordommar enn om kva som faktisk er vanskeleg for elevar. «Lett» og «vanskeleg» er dessutan i ein pedagogisk samanheng sterkt knytt til motivasjon for å lære, at vi opplever lærestoffet som meiningsfullt.

Vi har heller ikkje i løpet av alle åra med valfridom greidd å etablere ein metodikk i lese- og skriveopplæringa som sikrar dei språklege rettane elevane faktisk har hatt og har til å velje innafor rettskrivinga. Har dei norskfaglege miljøa vore feige? Har vi i for stor grad akseptert at valfridommen er eit område for språknormerarane og språkpolitikarane og dermed medverka til at «lite brukte former» blir ein sjølvoppfyllande profeti?

Etter mi meining er derfor tida komme – ikkje til å evaluere valfridommen i seg sjølv – men til å undersøke om skriveopplæringa tar i bruk valfridommen på ein bevisst og fornuftig måte, og Språkrådet må ta formuleringa i Stortingsmelding 100:1980/81 om å legge praktisk-pedagogiske erfaringar til grunn for vidare normeringsarbeid på alvor når dei arbeider med å revidere normene. Språkrådet trur og synes, og makta ser ut til å råde. Men ønskjer vi at norske skribentar skal ha reell mulegheit til å velje former som er i samsvar med talemålet deires, og synes vi det er verdifullt at språket kan variere på rettskrivingsnivået òg, bør vi legge til rette for at vi får ei skriveopplæring i skolen som utnyttar dei mulegheitene valfridommen gir, og som viser respekt for det talemålet elevane kjem til skolen med. Det vil krevje morsmålsdidaktisk og metodisk refleksjon og arbeid. Det er på høg tid.

Litteratur:

Elsness, Turid Fosby 1996. «'Meningsfylte tekster' og den grunnleggende lese- og skriveopplæringen». Austad, Ingolv red.: *Mening i tekst.* Oslo, LNU/Cappelen, 15–51

Hoel, Trude 1995. *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? : en vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivingssystem i skandinaviske språk.* Hovudfagsavhandling. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo.

Jansson, Benthe Kolberg 1999. *Fri til å velje*? : e*i undersøking av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærarutdanninga.* Universitetet i Oslo, Institutt for lærarutdanning og skoleutvikling.

Lorentzen, Rutt Trøite 1996. «Skriftspråkstimulering i førskolealder». Austad, In-

golv red.: *Mening i tekst*. Oslo, LNU/Cappelen, 52–93
Skjelbred, Dagrun 1996. *Elevens tekst*. Oslo, LNU/Cappelen fakta.

MAGNE ROGNE:

Målstriden i rikspolitikken 1980–2002

Fra Språklig Samling nr. 2/2004

Hovudintensjonane bak mållova og liberaliseringsvedtaket i byrjinga av 80-åra var språkfred og avpolitisering av språkspørsmålet, særleg kampen mellom nynorsk og bokmål. Ei rekkje utsegner dei siste åra, og vedtaket om avviklinga av Språkrådet, kan tyde på at det er partipolitisk semje om dette på riksplan.[1] Eg har undersøkt stortingsforhandlingane og partiprogramma i perioden 1980–2002, for å sjå kva språkpolitikk dei ulike partia reelt har stått for.[2] Når det gjeld dei etablerte partia – Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Venstre – har det vore naturleg å samanlikne med tidlegare språkpolitiske standpunkt. Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti er ferske i denne samanhengen, så der er samanlikningsgrunnlaget dårlegare.

Alle partia tek opp språkpolitiske spørsmål i programma sine, noko som ikkje nødvendigvis peikar mot språkfred. I Stortinget er òg språkspørsmålet stendig oppe, særleg i samband med stortingsmeldingane om målbruk i offentleg teneste, der prinsipielle spørsmål ofte kjem opp. Desse meldingane skal etter mållova leggjast fram minst kvart fjerde år, og dei fører til grundige debattar, om enn ikkje like intensive som i tidlegare periodar. Dessutan har eg registrert heile 52 spørsmål som kan seiast å vere direkte knytte til målstriden, samt eit forslag om å nytte *Norge* som einenamn på landet og ein interpellasjon om obligatorisk sidemål.[3] I alle desse sakene har eg sett på kva side stortingsrepresentantane og statsrådane tek i striden om stillinga til bokmål og nynorsk i samfunnet, og korleis dei argumenterer for sine syn. Samla gjev dette materialet eit godt inntrykk av språkpolitikken til dei ulike partia, og det viser at målstriden enno har kveik i seg til å skape rikspolitisk temperatur.

1 Sjå t.d. Lars Roar Langslet si innleiing til mållovsdebatten i Odelstingstidende 1980:178 og Kultur- og kyrkje minister Valgerd Svarstad Haugland si tale i høve 30-årsjubileumet til Norsk språkråd 7.2.2002.

2 Meir presist er undersøkinga avgrensa til perioden mellom to viktige språkpolitiske hendingar, nemleg vedtaket om mållova (11.4.1980) og fjerninga av tilnærmingsparagrafen i Språkrådslova (13.12.2002).

3 Eg har berre teke med saker som har ført til ordskifte og som kan knytast direkte til striden mellom bokmål og nynorsk. Nærskylde språkpolitiske spørsmål som dialektbruk og samnorsk blir streifa i samanhengar der dei kan seiast å ha relevans til striden mellom bokmål og nynorsk.

Arbeidarpartiet

Arbeidarpartiet var lenge splitta i språkspørsmålet. Først i 1930-åra greidde dei å einast om eit samnorskstandpunkt, som stod fast til dei tok initiativ til språkfred gjennom Vogt-komiteen i 1960-åra.[1]

Frå 1981 er dei viktigaste språkpolitiske formuleringane i valprogramma knytt til arbeidet med auka språkleg likestilling i det offentlege styringsverket. Det vil i praksis seie å sikre nynorsken større rom, men dette blir ikkje sagt direkte og talfesta før i 2001-programmet, der det heiter at «… nynorsk som administrasjonsmål må styrkes, slik at målet om minst 25 prosent bruk sikres».[2] Dette er den same prosenten som står i forskriftene til mållova, men som mange etatar ikkje har vore i nærleiken av. I 2001 kjem det òg inn ei formulering om å halde på obligatorisk sidemål, noko som tyder på at dei reknar det for å vere under press, sidan dette er eit nytt, spesifikt punkt.

Ein annan språkpolitisk gjengangar er tiltak for å sikre større respekt for dialektane, slik at ein kan få eit «fritt språklig miljø». Språkpolitikken blir stundom sett inn i større politiske samanhengar, som til dømes i 1997: «Morsmål er så viktig at det ikke kan overlates til sterke private aktører å bestemme utviklingen alene».[3] Dette sitatet passar godt inn i Arbeidarpartiet sin generelle politiske vilje til å bruke staten for å nå politiske mål.

I praktisk politikk følgjer partiet godt opp partiprogrammet, og arbeidarpartirepresentantane har i perioden flest språkpolitiske initiativ i Stortinget. Til saman kjem dei med 13 spørsmål til fordel for nynorsk, der dei fleste handlar om oppfølging av mållova og rettane til skuleelevar. I dei større språkdebattane er alle innlegga nynorskvenlege, med typiske formuleringar som «Helt til slutt vil jeg understreke at vi alle har en forpliktelse til å legge særlig vekt på hensynet til det som er mindretallsspråket, til nynorsken …»[4] (Reiulf Steen under målbruksdebatten i 1984) og «Det er derfor spesielt nødvendig å ta vare på språket, vår kultur og identitet ved også å sørge for at nynorsken blir brukt fra statens side.»[5] (Ingeborg Botnen under målbruksdebatten i 1992). I 2002 er det òg heilt tydeleg at samnorsk ikkje er aktuell språkpolitikk: «Målet er å hindre en utvikling mot bare ett skriftspråk her i landet»[6] (Torny Pedersen under målbruksdebatten).

I posisjon følgjer statsrådane til Arbeidarpartiet programmet og har stort sett positive svar på spørsmål som gjeld nynorsken si stilling. Eit døme er kyrkje- og undervisningsminister Gudmund Hernes under eit spørsmål om skulemålsrøystingar, der han understrekar at «… en av de sentrale oppgavene vi har i dette landet, er å

1 Rogne 1998:178–181, Torp/Vikør 1996:222ff og Torp 2002:79 og 84f.
2 DNA – valgprogram 2001 (her frå www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven).
3 DNA – valgprogram 1997 (her frå *Vi vil* 1997).
4 Stortingstidende 1984:3147.
5 Stortingstidende 1992:683.
6 Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 2).

ta vare på den kulturelle variasjon og rikdom som ligger i at vi har to målformer.»[1] Men svara kan òg vere meir avmålte, då gjerne med økonomiske grunngjevingar. Eit døme på det er svaret til justisminister Kari Gjesteby på eit spørsmål om eit datasystem for lensmannskontora. Her seier ho at delar av systemet vil kome på nynorsk, men held fram slik: «Skjermbilder og rapporter til internt bruk ved lensmannkontoret vil fortsatt være på bokmål fordi en nynorskversjon her vil falle uforholdsmessig kostbar.»[2]

Sett under eitt står altså Arbeidarpartiet fram som eit gjennomført nynorskvenleg parti i valprogram, debattar og initiativ i Stortinget. Det same gjeld for regjeringane, sjølv om nokre statsrådar held igjen ut ifrå økonomiske omsyn.

Framstegspartiet

Framstegspartiet er eit relativt nytt parti i Noreg og hadde berre vore representert ein gong på Stortinget før 1981. Språkpolitisk markerer dei seg i partiprogramma med ein konsekvent motstand mot obligatorisk sidemålsopplæring. Dette punktet går igjen i alle programma, men dei har også andre språkpolitiske postar, der poenget er å redusere staten sin innverknad på språkpolitikken. I 1981 vil dei fjerne språkreglane i NRK, i 1989 vil dei oppløyse Norsk språkråd og oppheve mållova. Det siste er eit krav som dei gjentek i 2001. Slik ser ein at språkpolitikken er i samsvar med den overordna liberalistiske tankegangen i programma – ein vil generelt redusere staten si rolle i samfunnet.

Når det gjeld politiske initiativ, har partiet nokre i dei to første stortingsperiodane, men ingen i dei neste. Dei har to spørsmål i tråd med programmet, der det første går på å gjere sidemålsopplæringa i vidaregåande skule til eit munnleg fag, og det andre går på kvifor telefonkatalogen for Hordaland ikkje er på bokmål.[3] Dessutan har Carl I. Hagen den 24. mars 1986 eit forslag om «å be Regjeringen påse at navnet Norge benyttes på samtlige offentlige institusjoner og dokumenter.»[4] Utenriks- og konstitusjonskomiteen gjekk mot forslaget, og det fekk berre to røyster i Stortinget. Bakgrunnen var eit initiativ frå Riksmålsforbundet, og under innlegget sitt kallar Hagen seg riksmålsmann. Dette forslaget kan vanskeleg kallast liberalt, og det peikar mot at òg sidemålsmotstanden til Framstegspartiet er ein kamp mot nynorsk.

Går me til dei større debattane, peikar dei i same retning. Alle innlegga kan tolkast som åtak på ulike tiltak for å fremje nynorsken si stilling i det offentlege. Men representantane held seg til programmet i den prinsipielle argumentasjonen rundt mållova. Partiet kjem fleire gongar med forslag om å fjerne mållova, og heller la «… alle offentlige tjenestemenn og -kvinner benytte den målformen vedkommende

1 Stortingstidende 1992:2706.
2 Stortingstidende 1991:3708.
3 Stortingstidende 1982:2792f og 1985:218f.
4 Stortingstidende 1986, Innst. S. nr. 225 (Dokument nr. 8:12).

mestrer best.»[1] Dei meiner at begge målformene vil vere tent med ei slik endring ut ifrå kvaliteten på produkta, og at hovudpoenget i denne samanhengen er det kommunikative. Ulf Erik Knudsen seier det slik under målbruksdebatten i 2002: «I praksis er det slik at enhver normalt utrustet nordmann har evne til å forstå begge målformer.»[2]

Dei kulturelle aspekta ved språk kjem dei nesten ikkje inn på i debattane, men når dei først blir nemnt, er det for å få inn eit politisk poeng som får fram grunnsynet til partiet: «Vi er alle klar over at nynorsk skriftkultur har tilført den norske kulturarv flere verdifulle skatter, men dette er i form av enkeltmenneskets engasjement og ikke statlig overstyring».[3]

Ser ein samla på program og handlemåten i Stortinget, går Framstegspartiet inn for prinsipiell likestilling mellom målformene når det gjeld retten til å bruke dei, men prøver i praksis å fremje bokmål som brukspråk i statleg verksemd.

Høgre

Tradisjonelt har Høgre vore bokmålspartiet, med ein klar brodd mot nynorsk, sjølv om einskildrepresentantar frå dei nynorske kjerneområda har markert seg med avvikande syn. Frå 1950-åra retta partiet motstanden meir mot dei radikale bokmålsformene og samnorsktanken.[4]

Partiprogramma i 1980-åra viser at Høgre har teke kompromissa med mållova og liberaliseringsvedtaket på alvor. I 1981-programmet vil partiet, i tillegg til å hindre samanblanding av målformene, «… verne og dyrke våre to skriftspråk og dialekter og gi dem bedre utviklingsmuligheter.»[5] Her er altså nynorsk inne i varmen – og ikkje mindre overraskande – dialektane. Dei har tidlegare ikkje stått i særleg høg kurs i Høgre. Dessutan har dei to postar der dei direkte krev meir støtte til nynorske lærebøker og andre tiltak som er viktige for nynorsk kultur. Dette blir følgt opp med liknande postar i 1985-programmet, men her kjem i tillegg inn ei formulering om at «Samtidig må det pedagogiske opplegg for sidemålsopplæringen forbedres.»[6] Dette er òg nye språkpolitiske tankar frå Høgre, som tidlegare har kjempa mange harde slag mot akkurat sidemålsstilen.

I 1989 er engasjementet i valprogrammet redusert til ein post der dei «… legger stor vekt på arbeidet for å verne og holde i hevd våre to skriftspråk …»[7], medan språkspørsmålet er heilt ute av partiprogrammet i 1993. Dermed er tydelegvis forpliktingane frå byrjinga av det førre tiåret i ferd med å bli gløymde.

1 Stortingstidende 1984:3158.
2 Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 4) .
3 Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 5).
4 Furre 1991:49, 163 og 276, Rogne 1998:173–178 og Torp/Vikør 1996:227f .
5 Høyre – valgprogram 1981 (her frå *Vi vil* 1997).
6 Høyre – valgprogram 1985 (her frå *Vi vil* 1997).
7 Høyre – valgprogram 1989 (her frå *Vi vil* 1997).

Posten om å halde dei to skriftspråka i hevd er inne igjen i 1997, men samstundes vil dei i vidaregåande opplæring «[g]jøre den skriftlige sidemålsundervisningen valgfri.»[1] Slik går dei på vel ti år frå å ville styrkje sidemålsundervisninga til å ville gjere ho valfri, noko som er eit steg tilbake til den tradisjonelle språkpolitiske linja i Høgre. Denne omsnunaden blir følgt opp med den same formuleringa i 2001, i tillegg til at kampen mot samnorsk på ny kjem inn gjennom ei formulering mot formålsparagrafen om tilnærming i Norsk språkråd.

Dersom me ser på dei politiske initiativa i Stortinget, viser dei eit parti i strid med seg sjølv. Representantane har til saman fem nynorskvenlege spørsmål, tre spørsmål som kan reknast som mot nynorsk og ein interpellasjon mot obligatorisk sidemålsundervisning. Spørsmåla til fordel for nynorsk kjem alle frå Hallgrim Berg, og går m.a. på stønad til Noregs Mållag, nynorsk på myntar og setlar og målform ved tilsetjingar i NRK. Dette går føre seg i ein periode frå 1991 til 1996, då det verkar som Høgre er i ferd med å snu igjen i språkspørsmålet. Slik sett kan desse initiativa frå målmannen Berg òg sjåast på som ei språkpolitisk markering internt i Høgre.

Dei tre spørsmåla mot nynorsk går alle på språksituasjonen i skulen, der representantane på ulike måtar meiner nynorsken får for stort rom.[2] Dette skjer i om lag det same tidsrommet som Berg har sine spørsmål, og det tyder på at språkspørsmålet er omstridd i Høgre. Etter at Høgre har funne tilbake til sitt gamle leie i partiprogramma, så kjem Inge Lønning sin interpellasjon om sidemålet i 1999. Her tek Lønning opp argumentasjonen frå Framstegspartiet og seier ein ikkje har bruk for sidemålsundervisning fordi «… vi i dag er i en situasjon hvor avstanden mellom de to målformene er blitt så liten at det ikke er en eneste norsk borger som vil ha problemer med å forstå svaret hvis han mottar et svar i den andre [!] språkform enn den han selv bruker.»[3] Slik går han samstundes til åtak på mållova og konsensusen rundt den delen av språkpolitikken. Men i debatten får han berre støtte frå to representantar frå Framstegspartiet, medan hans eigne partifellar er tause.

Ser me på dei andre store debattane, så verkar Lønning heller isolert i sitt åtak på mållova. I målbruksdebattane er det ein god del innlegg frå Høgre til støtte for lova og intensjonane bak, medan ingen er direkte imot. I Stortinget følgjer altså Høgre opp kompromisset frå byrjinga av 80-åra, og representantane seier ofte klart frå om korleis dei ser på saka: «Vi hører ofte påstanden om at det er 'for dyrt' å ha to eller tre språk i et lite land. Meromkostnadene er ikke større enn det tannpirkerne koster ved større restaurantmåltid etter min vurdering»[4] (Hans Svendsgård under målbruksdebatten i 1984). Det kjem òg fram korleis partiet ser på saka: «Imidlertid er det ønskelig med en styrking av bruken av nynorsk i forhold til den prosentvise andel dokumenter som utarbeides innenfor det offentlige i denne språkformen.

1 Høyre – valgprogram 1997 (her frå *Vi vil* 1997).
2 Stortingstidende 1989:2729, 1993:2425f og 1995:1408f.
3 Stortingstidende 1999:3804.
4 Stortingstidende 1984:3157.

Høyre støtter derfor de tiltak Regjeringen legger opp til for å nå de mål vi har satt oss, med 25 % nynorsk andel»[1] (Olemic Thommesen under målbruksdebatten i 2002). Eit viktig poeng her er at ingen av desse representantane kjem frå det nynorske kjerneområdet.

Den einaste større måldebatten der Høgre òg har klare innlegg mot fleirtalet i Stortinget, er om røysterettsreglane for målval i grunnskulen. Her talar ein representant frå Høgre for nye, meir nynorskvenlege reglar, medan tre talar imot. Dette dannar, i lag med spørsmåla og interpellasjonen til Lønning, eit mønster som tyder på at det er særleg i skulespørsmål det er språkpolitisk usemje internt i Høgre.

I posisjon har statsrådane frå Høgre stort sett ei positiv haldning til spørsmål som gjeld nynorsk i det offentlege, og det er vel som ein kan vente ut ifrå haldninga i målbruksdebattane. Desse statsrådane har òg for det meste kome frå koalisjonsregjeringar med sentrumspartia, noko som nok krev at partane dempar eventuelle språkpolitiske motsetningar.

Høgre har altså i denne perioden samla sett vist seg fram som langt meir nynorskvenleg enn tidlegare. Tendensen i partiprogramma og skulepolitikken utover i 90-åra tyder likevel på at Høgre er i ferd med å vende tilbake til sitt gamle spor, samstundes som målbruksdebattane viser at partiet framleis står bak mållova.

Kristeleg Folkeparti

Kristeleg Folkeparti er eit parti med utspring frå Venstre som først vart landsparti etter krigen. I språkpolitikken har det overteke Venstre sine standpunkt, med eit klart engasjement for nynorsken si stilling i det offentlege.[2]

Partiprogramma til Kristeleg Folkeparti frå 1981 til 2001 syner ein sterk politisk vilje til å støtte tiltak for å fremje nynorsken si stilling i staten og skuleverket. Alle programma har formuleringar for å sikre lærebøker på nynorsk og for obligatorisk sidemålsundervisning i grunnskulen og vidaregåande skular. NRK blir òg nemnt i dei fleste programma, og der er kravet at minst 25 % av sendingane skal vere på nynorsk. Dessutan har dei fleire formuleringar som peikar direkte mot oppfølging av mållova, t.d. denne i 2001: «Målsettingen om minst 25 % bruk av nynorsk i offentlig forvaltning må sikres.»[3]

Når det gjeld politiske initiativ i Stortinget, har Kristeleg Folkeparti sju spørsmål i perioden, der alle går på oppfølging av mållova. Emna er blant anna annonsar på nynorsk i stillingsutlysingar for statlege etatar og dataprogram på nynorsk for lensmannskontora. Slik sett følgjer partiet godt opp valprogramma.

I dei andre språkdebattane er alle innlegg frå representantane klart nynorskvenlege. Innlegga viser ei pågåande haldning i høve til mållova: «Kristeleg Folkeparti meiner at lova bør endrast, slik at alle føretak, aksjeselskap, legat og stiftingar der

1 Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 4).
2 Sjå t.d. Sæter 1985:91.
3 KrF – valgprogram 2001 (her frå www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven).

staten eig meir enn halve verdien av selskapet, blir omfatta av lova»[1] (Anne Lise Lunde under målbruksdebatten i 1998). Partiet avviser òg samnorsk som aktuell politikk: «For Kristelig Folkeparti er det et språkpolitisk mål å hindre en utvikling som i verste fall ender opp med bare ett skriftmål her i landet. Vi ønsker et kulturelt mangfold, også språklig.» Og dei har ei klar oppfatting av kva som må til for å nå målet: «… det er av avgjørende betydning at det generelt legges vekt på positive virkemidler når norsk språk skal styrkes. Her bør vi bygge på føre var-prinsippet i stedet for et litt mer defensivt språkvern»[2] (Dagrun Eriksen under målbruksdebatten i 2002).

Statsrådane har den same haldninga i posisjon og svarar positivt på spørsmål om nynorsken si stilling i det offentlege. I 1990 svarar til dømes statsråd Eleonore Bjartveit slik på eit spørsmål om stillingsutlysingar: «Kirke- og kulturdepartementet vurderer fortløpende tiltak som kan bidra til at målloven etterleves bedre, og særlig tiltak som kan føre til økt nynorskkompetanse hos statsansatte.»[3] Tolv år seinare seier kyrkje- og kulturminister Valgerd Svarstad Haugland det endå sterkare under målbruksdebatten: «Språkpolitikken må gjennomsyra heile forvaltningsapparatet, slik språket sjølv gjennomsyrer alt samfunnsliv.»[4]

I perioden 1980–2002 er Kristeleg Folkeparti eit parti som har eit klart standpunkt for nynorsk, og dei følgjer dette opp både i posisjon og opposisjon.

Senterpartiet

Senterpartiet, tidlegare Bondepartiet, har hatt tradisjon for å vere nynorskvenleg, men med ein mindre austlandsfløy som har prøvd å bremse radikale endringar til fordel for nynorsk.[5]

I partiprogramma står partiet fram som klart nynorskvenleg i heile perioden frå 1980 til 2001. Ei formulering som «Senterpartiet vil arbeide for full språkleg jamstilling. Særleg må jamstillingsreglane følgjast i statsteneste og offentleg styringsverk.»[6] går igjen i alle programma. I tillegg kjem mange postar om direkte støtte til nynorsk som til dømes læremiddel, skriftsenter, allmenn røysterett i skulemålssaker og Norsk Ordbok. Obligatorisk sidemålsopplæring og styrking av dialektane er andre viktige språkpolitiske merkesaker.

I Stortinget syner partiet politiske initiativ i tråd med programma. Dei har heile tolv spørsmål, som alle går på skulemål, læremiddel og oppfølging av mållova. I dei andre debattane er representantane engasjerte, og alle innlegga er nynorskvenlege. I innlegga har representantane klare og offensive meiningar: «Det er eit felles nasjo-

1 Stortingstidende 1998:3063.

2 Begge sitata er frå Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 9).

3 Stortingstidende 1990:212.

4 Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 7).

5 Rogne 1998:181–184 og Furre 1991:117.

6 Senterpartiet – valprogram 1989 (her frå Vi vil 1997).

nalt ansvar å sikre og styrkje nynorsk språk.»[1] (Leiv Blakstad under målbruksdebatten i 1992). Og språkspørsmålet blir sett i eit vidare perspektiv: «For mange av oss er nynorsk meir enn eit språk: Det er òg snakk om kollektiv identitet»[2] (Eli Sollied Øveraas under målbruksdebatten i 2002).

Senterpartiet har ikkje hatt mange statsrådar som har vore involvert i språkspørsmål, men blant dei som har hatt ordet, er haldninga den same som i Stortinget. Kulturminister Anne Enger Lahnstein, frå Akershus, legg i målbruksdebatten i 1998 vekt på at det minste av dei to språka våre er under press og avsluttar innlegget slik: «La meg si at for meg er språk makt. Det dreier seg om identitet, om kultur, og det er viktig at vi har loven om målbruk i offentlig tjeneste, slik at vi kan bruke den som et instrument i arbeidet for å sikre norsk språk og norsk kultur.»[3] Senterpartiet er altså heile vegen nynorskvenleg og set språkspørsmålet inn i ei vidare politisk ramme.

Sosialistisk Venstreparti

Sosialistisk Venstreparti er eit ungt politisk parti. Det vart skipa i 1975 og fekk berre to representantar ved valet i 1977. I partiprogramma markerer partiet seg klart språkpolitisk med vilje til å arbeide aktivt for nynorsk gjennom heile perioden 1981–2001. Ei typisk formulering, ikkje utan ein generell politisk undertone, er denne: «Kampen mot språklig diskriminering og undertrykking er viktig. SV vil arbeide for reell likestilling mellom nynorsk og bokmål.»[4] Dei er òg opptekne av dialektane og legg særleg vekt på skuleverket: «… arbeide for å styrke nynorsken og dialektene sin plass i all opplæring, fra barnehage til høgskolenivå.»[5] I tillegg til denne typen generelle målsetjingar har dei heile vegen praktiske postar for å styrkje nynorsken. Døme på det er nynorskprosenten i NRK, oppfølging av mållova, læremiddel på nynorsk og obligatorisk sidemål.

Av politiske initiativ i Stortinget har partiet sju spørsmål, der alle er knytt til postane i partiprogrammet. Representantane er aktive i måldebattane, og alle innlegga er nynorskvenlege. Mange av innlegga etterlyser ei betre oppfølging av mållova. Kjellbjørg Lunde går under målbruksdebatten i 1987 til åtak på manglande forståing for kravet om måljamstelling og plasserer ansvaret slik: «Denne bresten i haldninga til eit fundamentalt målpolitisk og kulturelt spørsmål pregar både byråkratar og leiinga i departementa og andre offentlege etatar, uavhengig av politisk farge.»[6] Men SV-representantane passar ikkje berre på lova, dei går òg offensivt ut i høve til statsorgan og verksemder som blir fristilte. I fleire innlegg går dei inn for

1 Stortingstidende 1992:681.
2 Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 1).
3 Stortingstidende 1998:3066.
4 Sosialistisk Venstreparti – valgprogram 1989 (her frå *Vi vil* 1997).
5 Sosialistisk Venstreparti – valgprogram 1997 (her frå *Vi vil* 1997).
6 Stortingstidende 1987:2846.

å utvide lova til å gjelde samfunnsfunksjon, og ikkje berre formell eigarskap, slik at desse må nytte nynorsk.[1]

I argumentasjonen finn ein igjen den politiske brodden frå programma, særleg retta mot Høgre og det private næringslivet. Dei legg vekt på identitet og kultur, og dessutan dukkar kommunikasjonsargumentet til Framstegspartiet opp fleire gongar, men med omvendt forteikn: «Arbeider vi for språkleg jamstelling, fremmar vi eit godt og enkelt, men rikt språk, som opnar for betre kommunikasjon.»[2] På denne måten legg dei ein meirverdi inn i språkspørsmålet – det blir òg direkte samfunnsnytte.

Alt i alt markerer Sosialistisk Venstreparti seg som eit klart nynorskvenleg parti, med stor vilje til å nytte staten til å fremje språkpolitiske mål.

Venstre

Venstre stod bak jamstillingsvedtaket i 1884 og kan med rette kallast nynorskpartiet. Partiet har heile tida sidan det arbeidd aktivt for at nynorsk skal få større rom i Noreg, særleg i det offentlege.[3]

I partiprogramma for perioden 1981–2001 held partiet på denne språkpolitiske tradisjonen og har heile vegen markante postar for å støtte nynorsken. Dei er opptekne av mållova og er merksame på nye område der ein aktiv språkpolitikk vil vere viktig: «Likestillingspolitikken mellom nynorsk og bokmål må fortsette, og utvides i takt med innføringen av nye medier og teknologi.»[4] Liknande formuleringar går igjen i alle programma. Partiet nyttar «språklig mangfold» som eit honnøromgrep i dei fleste programma og knyter dette til målformene, men òg til dialektane, som dei meiner er med på å skape sjølvtillit og identitet. Dette har ei klar politisk side, og i 1997-programmet tek dei i denne samanhengen i bruk sterke ord: «Uten språk, intet demokrati.»[5]

Partiet har ei rekkje praktisk retta postar for å fremje nynorsk gjennom heile perioden, til dømes støtte til nynorske lærebøker, nynorskkonsulentar i NRK og ein norsk teaterskule knytt til eit nynorsk språkmiljø. Dessutan går dei inn for ei styrkt sidemålsopplæring.

Når det gjeld politiske initiativ, har dei berre eitt spørsmål. Dette må nok sjåast i samanheng med at det gamle storpartiet Venstre har blitt eit miniparti på riksplanet. Dei har berre to representantar i perioden 1981–85 og er ute i dei to neste periodane, før dei kjem tilbake med éin representant i 1993 og seks i 1997.

Under debattane i 1984 og 1985 tek Mons Espelid ordet med nynorskvenlege innlegg, og Helene Falch Fladmark gjer det same under debatten rundt Lønnings

1 Sjå t.d. Stortingstidende 2002 (her frå: www.stortinget.no/stid/2001/s020409-02.html, s. 6).

2 Stortingstidende 1987:2846.

3 Torp/Vikør 1996:222ff, Rogne 1998:168–173 og Furre 1991:48, 270.

4 Venstre – valgprogram 2001 (her frå www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven).

5 Venstre – valgprogram 1997 (her frå *Vi vil* 1997).

interpellasjon i 1999. Her kjem den tradisjonelle språkpolitikken til Venstre godt fram: «Nynorsk er en særdeles viktig del av norsk skriftkultur, og jeg vil understreke den betydningen opplæringen i nynorsk skriftspråk har for god forståelse av norsk språk, enten man har bokmål eller nynorsk som hovedmål.»[1]

Venstre har hatt nokre statsrådar i perioden, men ingen har vore i departement som har hatt språkspørsmål opp i Stortinget. Programma og dei få innlegga viser at partiet har hatt vilje til å påverke i språkpolitikken, men det har ikkje hatt politiske tyngd til å vere ein pådrivar.

Språkfred er ei det beste …

Denne undersøkinga har vist at målstriden i høgste grad har vore levande i rikspolitikken i tiåra etter 1980**,** men òg at det stort sett har vore konsensus rundt hovudtrekka i språkpolitikken. Eit stort fleirtal av representantane på Stortinget har heile vegen stått bak mållova. Ein konsekvens av dette er at mange av dei mindre språkpolitiske spørsmåla blir avgjorde i komitéarbeid, slik at ein unngår unødvendige realitetsrøystingar i Stortinget. Likevel er opposisjonen heile tida ute etter å markere seg, òg i språkpolitiske spørsmål. Til det brukar dei mellom anna spørjetimen som eit verkemiddel for å passe på at ulike regjeringar held seg til intensjonane i lovgjevinga, særleg når det gjeld statsstyringa og skuleverket.

Av dei politiske partia er det Framstegspartiet som skil seg klarast ut i språkpolitikken. Dei går prinsipielt inn for likestilling når det gjeld retten til å bruke begge målformene, men dei kan ut ifrå realpolitikk kallast det einaste «bokmålspartiet». Høgre, som historisk har hatt den posisjonen, framstår som langt meir nynorskvenleg. Dei har likevel tendensar til intern usemje, særleg i skulesaker, og partiprogramma har ei utvikling frå for til mot obligatorisk sidemålsopplæring. Når det gjeld synet på praktiseringa av mållova derimot, er det reell avstand mellom Høgre og Framstegspartiet.

Dei andre politiske partia, dvs. Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, kan alle plasserast under merkelappen «nynorskvenleg». Det vil seie at dei gjennom heile perioden 1980–2002 går aktivt inn for å styrkje nynorsk som bruksspråk i offentleg sektor, inkludert skuleverket.

Konklusjonen må på bakgrunn av dette bli at det blant eit stort fleirtal på Stortinget, både av representantar og parti, er semje om hovudtrekka i språkpolitikken; ein vil ha ein aktiv språkpolitikk som sikrar rom for begge målformene. Når språkspørsmålet likevel er så synleg i rikspolitikken, kjem nok det av at dei ulike regjeringane ikkje heilt har lykkast i å oppnå målsetjingane, samstundes som Framstegspartiet og nokre høgrerepresentantar arbeider aktivt for eit alternativt syn. Dermed ser det ut til at ei radikal omlegging av språkpolitikken i Noreg ikkje er særleg aktuell utan ei kraftig høgredreiing i det rikspolitiske landskapet.

1 Stortingstidende 1999:3808.

Litteratur og kjelder:

Furre, Berge 1991. *Vårt hundreår : norsk historie 1905–1990.* Oslo, Samlaget.

Haugland, Valgjerd Svarstad 2002. «Norsk språkråd 30 år». <http://odin.dep.no/kkd/norsk/aktuelt/taler/statsraad_a/043011-090013.html>.

Partiprogram 2001. <http://www.nsd.uib.no/data/polsys/partiveven>.

Rogne, Magne 1998. *Målstrid og politikk : dei politiske partia og målstriden på Stortinget i perioden 1919–1930.* Upublisert hovudfagsoppgåve. Universitetet i Oslo.

Stortingsforhandlingene 1980–2002. (For perioden 2001–2002 er opplysingane henta frå nettutgåva: <http://www.stortinget.no/stid/2001>)

Sæter, Odd Jostein red. 1985. *Kristelig Folkepartis historie 1933–83 : samling om verdier*. [Oslo], Valo.

Torp, Arne og Lars S. Vikør 1996. *Hovuddrag i norsk språkhistorie.* 2. utg. Oslo, Gyldendal.

Torp, Arne 2002: «Språkutviklinga dei siste hundre åra». Johnsen, Egil Børre red.: *Vårt eget språk*. Oslo, Aschehoug, 75–89

Vi Vil – Norske partiprogrammer 1884–1997 1997. CD-ROM frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste.

Del 3: Språkpolitiske artikler, debatter og ledere

ERNST HÅKON JAHR:

Kva er ein radikal språkpolitikk?

Fra Språklig Samling nr. 4/1981

Finst det ein radikal og progressiv kulturpolitikk? Og meir spesielt: Korleis skal ein kunne avgjera om det eller det språkpolitiske synet er «radikalt» eller «progressivt»? Går det med andre ord an å stille opp ein analyse, ei forklaring eller ein ideologi som kan vera vegvisar for oss når vi skal orientere oss i det språkpolitiske landskapet i Norge?

Motnorm

I ein analyse av kulturpolitikk generelt og av språkpolitikk spesielt er omgrepet *motnorm* klargjerande. Ei motnorm står i konkurranse- og motsetningsforhold til dei kultur- og språknormer som representerer makteliten i samfunnet. Gjennom sosial og annan prestisje verkar dei undertrykkande på folkefleirtalet. Det å etablere og kjempe fram kulturelle motnormer utfordrar derfor makteliten som kulturell elite.

Nynorsken

Nynorsken er kjempa fram i konkurranse med bokmålet gjennom meir enn 100 år av ei stor rørsle, målrørsla. Argumenta for nynorsken har vori mange og ulike, noen gode og andre dårlege. Men nynorsken har heilt frå første stund vori ei motnorm til det dominerande skriftspråket, det skriftspråket som representerte makta i samfunnet. Derfor har nynorsken i hovudsak *fungert* progressivt og radikalt, enda om ein har kunna peike på manglar og veikskapar ved sjølve skriftspråket. *Grunnlaget* for nynorsken, særleg at han har det folkelege talemålet som *stilmønster,* og den *funksjon* nynorsken har hatt som *motnorm,* er det viktigaste.

Mytar

Mytane er mange i norsk språkpolitikk og språkstrid, og dei finst i alle leirar. Mytane om at nynorsken er eit vestlandsmål som ikkje passar aust og nord i landet, lever framleis dessverre. Men mytane hos mange målfolk om bokmålet er også talrike. Ein av dei går ut på at bokmålet så å seia av seg sjølv kallar fram kansellispråk og ufolkelege seiemåtar. Ein annan myte er at bokmål og bokmål er same tingen.

Bokmålet

Men «bokmål» er eit vidt omgrep som rommar alt frå det mest konservative riksmål som vi finn *i Aftenposten* og *Morgenbladet* t.d., til det mest radikale og folkelege bokmål, som i dag blir meir og meir brukt av yngre forfattarar (t.d. Dag Solstad, Ingar Skrede, Espen Haavardsholm, Ola Bauer, Marit Osmundsen). Denne radikale

bokmålsvarianten står *språkleg* nynorsk nærare enn han står det konservative riksmålet i Aftenposten. Men språkpolitisk har radikalt bokmål ein heilt annan funksjon enn nynorsken. For mens nynorsken er ei motnorm som har aspirert til heilt å erstatte riksmål/bokmål – **som ein invasjonstrussel utanfrå – er radikalt bokmål ei** motnorm *innanfor* riksmål/bokmål. Altså som ein slags gerilja i landet sjølv.

Sosialgrense

Det går ei skarp *sosial grense* mellom konservativt riksmål og moderat bokmål på den eine sida og radikalt bokmål på den andre. Ei slik grense finn vi ikkje mellom nynorsk og radikalt bokmål. Sjølv om dei båe sikkert kan gjerast betre som uttrykk for folkeleg talemål i landet, står dei trygt på folkemålsgrunn i motsetnad til Aftenposten-bokmålet. Derfor er *både* nynorsk og radikalt bokmål viktige som språklege motnormer. Dei står saman *språksosialt,* trass i dei reint språklege skilnadene vi finn mellom dei.

Når radikalt bokmål står veikare og blir mindre brukt enn nynorsken, har det sin grunn i at denne skriftvarianten ikkje har støtte av ei brei folkeleg rørsle slik som nynorsken har. Men i sosial språkstridssamanheng er det radikale bokmålet viktig likevel, som motnorm innanfor bokmålet, som gerilja.

Talespråket

Også når det gjeld talespråket, er det mogleg å snakke om motnorm. Ved å gjera *dialektbruk* til norm, til det vanlege og aksepterte i alle samanhengar, blir det etablert ei motnorm til det såkalla «dannede talemål», som er identisk med talt riksmål. Å etablere dialektbruk som motnorm til munnleg riksmål er like viktig som å stø bruken av dei skriftlege motnormene.

Ein radikal og progressiv språkpolitikk vil etter dette seia ein politikk som stør oppunder og fremmar bruken av motnorma *dialektbruk i* motsetnad til «dannet tale», og av dei to skriftlege motnormene: nynorsk og radikalt bokmål i motsetnad til konservativt bokmål/riksmål.

ERIC PAPAZIAN, DIALEKTROMANTIKER:

Språkplanlegging og dialektromantikk

Fra Språklig Samling nr. 1–2/1982

I en artikkel om språkplanlegging og normaltalemål i Språknytt nr. 4 uttaler Eyvind Fjeld Halvorsen seg bl.a. om noe han kaller «dialektromantikk». Siden dialektromantikk nå synes å bli et faglig begrep i norsk språkdebatt[1], kan det være av interesse å se nærmere på dette nye området av norskfaget – og samtidig knytte en kommentar til det språkpolitiske synet som Halvorsen presenterer som alternativet til dialektromantikken.

Hva dette nyordet betegner, sier Halvorsen lite om, bortsett fra at det er en form for «populisme» og at framtidsutsiktene synes dystre. Men før vi gir oss til å vurdere utsiktene for dialektromantikken, bør vi vel bli enige om hva det er. Romantikk – er ikke det en følelsesfylt sverming for det fjerne og eksotiske, det som avviker fra den grå hverdagen? Nå kan det vel neppe påstås at dialektene i seg sjøl er eksotiske og fjerne fra dagliglivet. Rett nok fins det enkelte som helst ser dem nettopp som rariteter og museumsgjenstander, språkhistoriske minnesmerker som kan være på sin plass i folkloristiske sammenhenger, men som ikke har noen plass i et moderne samfunnsliv. Ja, slik kunne man kanskje ønske seg det, men slik er det ikke, iallfall ikke her i Norge. Her hører dialektene fremdeles i høy grad hverdagen til, og slett ikke bare i landlige omgivelser, sammen med kulokk og hallingkast. Enhver som nedlater seg til å høre på Norsktoppen, kan forvisse seg om det.

Det romantiske må derfor i tilfelle gå på holdninga til dialektene, at enkelte – dialekt-romantikerne – har et livsfjernt syn på dialektene, eller på dialekter og «språkplanlegging». Hvilket syn er det så disse dialektromantikerne står for, ja, hvem *er* de egentlig? Det kan neppe være andre enn de som taler dialektenes sak i det norske samfunnet, de som mener at dialektene og dialektbrukerne er, om ikke diskriminerte, så iallfall «underprivilegerte» eller forfordelte i språksamfunnet. Og som følgelig prøver å fremme dialektenes prestisje og sosiale status. Et slikt «dialektstrev» kan ytre seg som bl.a. opplysningsvirksomhet for å utbre kunnskap om dialektene og dermed motvirke fordommer mot dem eller noen av dem (det trengs!), protester mot at dialekt blir forbudt i NRK, eller arbeid for å få (flere) dialektformer godkjent i skriftnormalene, ikke minst i den som tar minst hensyn til dialektene, nemlig bokmålet. Det lar seg ikke skjule at slikt er saker en særlig vil forbinde med samnorskfolk, eller kanskje vi heller skulle si «radikale» bokmåls- eller nynorskfolk av «folkemåls»-typen.

1 Forklaring i 2009: Daværende kulturminister Lars Roar Langslet hadde nettopp beskyldt de nordiske instituttene i landet for å drive vesentlig med «kvasimarxistisk sosiolingvistikk» og «sentimental dialektromantikk».

«Dialektromantikken» kan altså kokes ned til ønsket om å gi dialektene fulle borgerretter i eget land og sidestille dem med normalisert talemål, i praksis talt bokmål/riksmål (nynorsk spiller jo foreløpig liten rolle som talemål). For min del kan jeg ikke se noe verken livsfjernt eller sentimentalt ved dette programmet. Jeg kan ikke en gang se noe spesifikt marxistisk ved det; snarere er det uttrykk for en grunnleggende *demokratisk* holdning. Likhets- eller likestillingstanken er som kjent mye eldre enn sosialismen, sjøl om den kanskje har fått sitt klareste politiske uttrykk i sosialismen.

De «aktive skriftspråkbrukere»

Det motsatte av dialektromantikk er ikke en realistisk språkpolitikk, sjøl om Halvorsen prøver å framstille det slik. Det motsatte er «normalmåls-romantikk», noe vi finner en hel del av i Halvorsens artikkel. Ikke minst finner vi en nærmest fetisjaktig dyrking av noe som for anledninga kalles «aktive skriftspråksbrukere» – også et uttrykk vi har hørt ofte i det siste. Denne språkbrukereliten må en realistisk språkpolitikk ta spesielle hensyn til, ifølge Halvorsen, for en «språkplanlegging» som skal ha noen sjanse til å lykkes, forutsetter «… at man planlegger realistisk og holder seg til forslag som man regner med at de *aktive skriftspråkbrukerne* vil akseptere». Og: «Skal man hindre aktive skriftspråkbrukere og de ledende i det kulturelle, politiske og økonomiske liv i å påvirke resten av folket gjennom sitt skriftspråk og sin tale, kan man selvsagt forsøke ved hjelp av påbud og restriksjoner. Men det er neppe politisk mulig å gjøre det.»

Nei visst – men er det noen som forsøker, da? Det har da vel aldri vært noe mål for verken offisiell eller annen språkpolitikk her i landet å hindre noen som helst i å påvirke andre gjennom skrift og tale. Denne framstillinga er grovt misvisende og tendensiøs, og minner sterkt om riksmålspropaganda av den mer primitive sorten. Det er merkelig at en rutinert språkpolitiker som Halvorsen ikke synes å være klar over hva den offisielle «språkplanlegginga» her i landet går ut på. For det første dreier det seg ikke om å normere *talemålet* i det hele tatt (et enkeltstående unntak er den nye tellemåten, og ei anna sak er at talemålet kan påvirkes indirekte, gjennom skriftspråket). For det andre er det ingen som hindrer noen i å bruke «sitt» skriftspråk, dvs. det skriftspråket man måtte behage, unntatt i *statstjenesten* (inkl. skolen). Som kjent er det bare skriftlig språkbruk i staten som berøres av offisiell språknormering.

Og hvem skulle nå normere språket i staten, om ikke staten sjøl? «De aktive skriftspråksbrukerne», er altså Halvorsens svar, om ikke direkte, så iallfall indirekte. Alt anna er reine romantikken. Nå er det aller mest realistiske, som helt sikkert lar seg gjennomføre, å ikke foreta seg noe som helst, men bare la det skure og gå som det har gjort. Som kjent er det enkelte som ønsker at myndighetene skal gjøre nettopp det, lene seg tilbake i godstolen og la «den frie språkutviklinga» gå sin gang, styrt av ingen andre enn nettopp «de aktive skriftspråkbrukerne» og «de ledende i det kulturelle, politiske og økonomiske liv» – uten utidig innblanding fra Stortinget

eller anna demokratisk spillfekteri. Men skal myndighetene først drive språkpolitikk, så må de iallfall ikke presentere denne utsøkte eliten for noe de kan tenkes å ikke goutere.

Ja, makta rår, det veit vi. Men hva med retten? Den sier Halvorsen lite om. I motsetning til Halvorsen syns jeg ikke alt er sagt i og med en konstatering av verdens ondskap. Et ikke uviktig spørsmål for en språkpolitiker må da være om den politikken man går inn for, er rett eller gal. Er det rett og rimelig at kulturlivets elite, som ifølge Halvorsen er en elite også på andre områder, i tillegg skal ha det privilegiet å diktere oss andre vårt skriftspråk? For det *er* også *vårt* skriftspråk, om vi så bare bruker det til avislesning og private brev. Det er lenge sia skriftspråket var særeie for akademikere, litterater og embetsmenn. I dag er det et felleseie for hele samfunnet, og bør som alt anna styres på demokratisk vis.

Aristokratisk språkpolitikk – og demokratisk

Halvorsens alternativ til dialekt-romantikken er etter mitt skjønn en klart aristokratisk språkpolitikk, som legger all vekt på elitens behov og interesser. I denne sammenhengen betyr det *normaltalemåls-brukernes* interesser (i motsetning til dialektbrukernes), for det er tydelig at «de aktive skriftspråksbrukerne» ikke er noe anna enn en eufemisme for brukerne av det som tidligere ble kalt «den dannede dagligtale», altså talt bokmål/riksmål: «Flertallet av dem som har innflytelse i samfunnet, taler og skriver normalmålet og bruker det i massemediene.» Ja, og hva så? Må derfor statens språkpolitikk gå ut på å befeste offisielt og institusjonelt denne (for normalmålsbrukerne) behagelige tilstanden? Hva med resten av folket? Det er vel ikke normalmålsbrukernes stat, og ikke deres skriftspråk heller!

Men Halvorsen tar det for gitt at skriftspråket er normaltalemålsbrukernes særlige eiendom, når han bl.a. sier at det tidligere danske skriftspråket var kommet «til veis ende» i 1917 (fordi det da samsvarte noenlunde med «den dannede dagligtalen», hva de «obligatoriske» formene angår). Ja, det kommer an på hva man mener at enden på veien skulle være, det da. Viss målet med det hele var å bringe dette skriftspråket i samsvar med talemålet til de «dannede» – eller skal vi kanskje heller si «de aktive skriftspråksbrukerne», det lyder liksom mer nøytralt – så kan det stemme. Men hvem har sagt at Knud Knudsens program fra 1850-åra også skal være den norske stats program i 1980-åra? Dette programmet var framskrittsvennlig i Knudsens eiga samtid, men i dag virker det en tanke bakstreversk, for å bruke et Knudsen-ord.

Halvorsen antyder at statens språknormering hittil har gått ut på å forfølge en bestemt språklig eller sosial gruppe. Bortsett fra at det ikke stemmer, foreslår han at man i stedet skal favorisere den samme gruppa. Men er det slik som Halvorsen mener, at «aktive skriftspråks-brukere» stort sett er identiske med «normaltalemåls-brukere», så er vel det i seg sjøl det beste beviset for at dialektbrukerne er ei underprivilegert gruppe, språklig og/eller på annen måte. Det kan i tilfelle ikke være noe lite problem for et demokratisk samfunn, siden (evnen til å bruke) skriftspråket

er nøkkelen til gode jobber, prestisje og innflytelse. En demokratisk skriftspråkspolitikk bør derfor først og sist gå ut på å gjøre skriftspråket lettest mulig tilgjengelig og brukelig *for alle,* ikke bare for de som bruker det mest i dag. Skal man først ta spesielle hensyn, bør det vel ikke være til de som på forhånd er best stilt?

Jeg er klar over at slike tanker kan ligge enkelte svært fjernt. Men livsfjerne, det er de ikke. Ikke urealistiske heller. Dialektromantikk i forskjellige former har vært den drivende kraft i norsk språkpolitikk fra Wergelands og Aasens tid fram til i dag. Derfor står dialektene mye sterkere hos oss enn i våre naboland, og normaltalemålet tilsvarende svakere. En «unormal» situasjon, kanskje, men ikke derfor nødvendigvis å beklage. Jeg kan være enig med Halvorsen i at dialektromantikken, som i denne sammenhengen er det samme som en demokratisk språkpolitikk, har lidd et tilbakeslag i den offisielle språkpolitikken ved det som har skjedd de siste femten åra, bl.a. gjennom Halvorsens egen innsats. Men i motsetning til Halvorsen tror jeg ikke det betyr at dialektromantikken har utspilt sin rolle i norsk språkpolitikk. Det håper jeg heller ikke, for hva var vel livet uten litt romantikk?

ROLF THEIL ENDRESEN:

Redaksjonelt: Språklig samling, men korfor?

Fra Språklig Samling nr. 2/1989

Eg sitter med 11. utgava av boka **Ethnologue. Langues of the world** (Summer Institute of Linguistics, Dallas, 1988) mellom hendene, et imponerandes verk på 748 sider som har som mål å gi ei oversikt over alle språk i alle land. I 10. utgava (1984) stod det at Papua Ny Guinea hadde 695 språk mens Kamerun hadde 233 språk. I 11. utgava har dessa tala blitt justert til hhv. 849 og 269!

Å så driver vi ei forening som skal redusere talet på språk her i detta språklig ensarta Norge ved å sette samnorsk i staden for bokmål å nynorsk. (I følge **Ethnologue** har vi bare 13 språk: 2 norske (bokmål, nynorsk), 5 samiske, finsk, 2 døveteiknspråk, romanes, rotvelsk å tibetansk). Men det fins både gode å dårlige grunnar til å ønske seg færre språk.

La meg begynne med en dårlig en: Vi må nå fram til ett enkelt norsk språk (i staden for to) for di at det er så upraktisk å dyrt med både bokmål å nynorsk. Detta er en dårlig grunn til å vere for samnorsk, for di Norge er blant di rikaste landa i verden, å vi har råd til å ha mange språk – enda fleire enn dem vi har. Vi har ikkje bare råd til å ha både bokmål å nynorsk, men vi har også råd til at både samar, kvænar, sigøynarar, døve å ulike innvandrargrupper får møte sine språk i mange fleire sammenhengar enn i dag. Språklig mangfold avspeglar kulturelt mangfold, å begge delar er en umistelig rikdom. I land som f.eks. Romania, Bulgaria å Tyrkia har dem ikkje skjønt detta – Bulgaria tvingar den tyrkiske minoriteten til å ta bulgarske namn, Tyrkia hevdar at dem ikkje har minoritetar, kurdarane er bare «fjelltyrkarar»!

Så var det en god grunn. Vi synes et skriftspråk skal ligge nærmast mulig talespråket, å når talespråket varierer fra stad til stad å fra samfunnsklasse til samfunnsklasse, så må vi finne ut ka former som er vanligast. Det er ingen grunn til at vi skal skrive **bygden** eller **bygdi** viss det store fleirtalet seier **bygda**. Ut fra denna synsvinkelen er skillet mellom bokmål å nynorsk unødvendig. Vi har som kjent ikkje to norske skriftspråk for di dialektforskjellane her til lands er spesielt store. Vi har to norske skriftspråk for di vi valte to måtar å skaffe oss et norsk skriftspråk på – Aasen-metoden å Knudsen-metoden. Ingen av de to metodane har ført heilt fram. Tilhengarane av Aasenmetoden, dem synes egentlig ikkje at norsk talemål er godt nok noen stader i landet vårt. Alle dialektar har en heil drøss med ord med både *an-, be-, ge-, -he(i)t* å *-else*, mye meir enn dem kan godta. Hørte eg «samnemnar for alle målføre»? Tilhengarane av Knudsen-metoden bryr seg enda mindre om dialektane – bokmålet er språket til ei særskilt samfunnsklasse, å viss noen prøver å

ta fra denna klassa det privilegiet å ha et skriftspråk som bygger heilt på dems eget talespråk, så setter dem i gang foreldreaksjonar.

Vi ønsker oss et norsk skriftspråk som flest mulig kan føle seg heime i. Det skal først og fremst hete **kasta** å **husa** å **bygda**, ikkje for di detta er spesielt gjeve former eller for di vi trur detta er meir norske former. Nei, det er ganske enkelt di vanligaste formene i talespråket i mesteparten av landet, ikkje minst i di tettast befolka områdene.

PÅL STYRK HANSEN:

Hvor blei det av det radikale bokmålet?

Fra Språklig Samling nr. 3/1989

Dette var tittelen på et foredrag som Pål Styrk Hansen holdt på landsseminaret til ***Landslaget for norskundervisning*** i februar i år. Han gjør opp det radikale bokmålets status, først og fremst i skolen, men prøver også å svare på spørsmålet i tittelen på et videre grunnlag. Her trykkes foredraget stort sett uendra, en omarbeida og kortere versjon sto på trykk i bladet ***Norsklæreren*** nummer 3, 1989.

Radikalt bokmål – hva er det?

Et forsøk på å definere og avgrense

For å kunne sis å være skrevet på radikalt bokmål, må en tekst ha et visst preg av radikale bokmålsformer. Det får den *ikke* med bare enkelte innslag av det jeg vil kalle *umarkerte* a-former i substantiv:

> *jenta, hytta, bøtta, sola, jorda, geita, kua* osv. eller i noen av de ni gjenværende obligatoriske intetkjønnsformene i læreboknormalen: *barna, bena* osv. eller diftong i former som *stein* og *sein*.

Forekommer flere av disse orda i konservativ form (her brukt som motsetning til «radikal form», ikke som språkpolitisk argument), vil teksten heller være markert i motsatt lei, altså kunne kalles konservativt bokmål eller riksmål. Jeg bruker *umarkert* istedenfor nøytral, i det ei språklig ytring i denne sammenhengen ikke *kan* være «nøytral».

Radikalt bokmål har altså flere radikale former, eller folkemålsformer, enn de jeg har nevnt ovafor. Det gir ingen mening å snakke om antal her, heller om *grad* av «radikalisme» etter *fordelinga* av radikale og konservative former, og etter *hvilke ordkategorier* som har fått radikal form. I alle tilfeller vil avgrensningsproblemet fortsatt være der.

I bruk vil radikalt bokmål etter dette ikke kunne regnes som en varietet, i betydningen et heller fast og enhetlig *system* eller sett av regler for bøying og ortografi. Det har heller aldri vært ment sånn fra språkplanleggernes side. Grunnlaget for å ha en vid norm har vært, og er, at du skal kunne velge de formene som passer best på bakgrunn av eget talemål (morsmål) og egen språkfølelse.

Jeg vil likevel peke på at det har utvikla seg to *hovedvarianter* av radikalt bokmål som blant annet kan spores i litteraturen i dette hundreåret. Den ene ligger nær opp til nynorsken i valg av ordformer, for eksempel *kvit, vatn, heil, heim* og *aust.* Til gjengjeld er det ofte mer tradisjonelle bøyingsformer, særlig *-et* istedenfor *-a* i fortid av verb. Forfattere som bruker denne varianten, har gjerne det til felles at talemålet deres ikke er sørøstlandsk.

Den andre hovedtypen er basert på sørøstlandsk bymål, særlig Oslo-mål. Her vil vi få *hvit, vann, hel, hjem* og *øst***,** men til gjengjeld flust med a-former både i substantiv og verb, ved sida av andre radikale former med grunnlag i disse bymåla for eksempel *veit, trur* og *sjøl.* Denne typen har sitt grunnlag i «dialektbølgen» i 1970-åra, og vi finner den godt representert blant yngre forfattere. Begge variantene er imidlertid prega av individuell variasjon.

Det radikale bokmålets status

Hvem bruker det? Hvor brukes det?

Etter min definisjon av begrepet radikalt bokmål kunne jeg være frista til å gå rett over til å drøfte *hvorfor* det ikke brukes, underforstått at det var ment å bli noe mye mer, men har ikke oppnådd den posisjonen det var tiltenkt. Det ville imidlertid være å underslå at det radikale bokmålet lever, til og med uten kunstig hjelp i form av diktatorisk normering (noe vi neppe kan si fullt ut gjelder motstykket konservativt bokmål eller riksmål, jf. for eksempel Aftenposten).

Først må jeg understreke at det som nå følger, bygger mer på generelt inntrykk og tilfeldige observasjoner enn på vitenskapelig dokumentasjon. Videre må jeg ta et generelt forbehold for mitt noe avgrensa perspektiv; jeg har erfaringene mine stort sett fra Oslo-området, og det er ting som tyder på at også den språklige virkeligheten tar seg noe annerledes ut sett fra andre deler av landet. Skolen og lærebøkene skal jeg behandle for seg.

Hvor har så det radikale bokmålet *blitt av?* Av de avisene jeg kjenner, er det *Klassekampen* som klart har mest stoff på radikalt bokmål. Den er vel den av Oslo-avisene som er friest når det gjelder å la journalistene bruke nynorsk også. Klassekampen har bidratt til at radikalt bokmål, særlig a-form-varianten, har fått preg av å være uløselig knytta til politisk radikalisme, og det stempelet har nok vært med på å umuliggjøre a-former i heller breie lag av folket. På den andre sida har folk som har definert seg sjøl som progressive, ikke kunnet unngå bli dratt mot folkelige uttrykksformer, iallfall som ideal.

Av Oslo-avisene ellers har det vært noe radikalt bokmål *i Dagbladet,* som tradisjonelt har vært ganske liberalt i språkveien, og i de siste åra har det vært ei tydelig dreiing mot radikalt bokmål på sportssidene både her, og kanskje særlig *i Arbeiderbladet.* Unge sportsjournalister har for eksempel ingen sperrer mot a-former i fortid av verb, og det er jo en skanse vunnet for det radikale bokmålet. Ellers skulle en tru at arbeiderpressa hadde objektiv interesse av å fremme det radikale bokmålet,

men det har den *ikke* gjort. Jeg skal ikke spekulere i årsakene til dette, bare fastslå at en må leite både godt og lenge for å finne radikalt bokmål i de større avisene.

Denne tittelen er litt nostalgisk. Han minner om at eg for ti år sidan skreiv ein «programartikkel» i dette bladet som heitte «LSS framfor åttiåra». Eg var nettopp valt til leiar og fann det rett å legge fram dei hovudlinene eg ville leie laget etter. Artikkelen bygde på eit foredrag eg hadde halde på det landsmøtet som valte meg. Eg oppsummerte det heile punktvis til slutt, og desse punkta siterer eg her in extenso. Du som les, ta fram att Rolf Theil Endresens grandiose opus i førre nummer, skum dei første og siste sidene der (s. 18–20 og s. 38), og hald så fram her. Det er Endresens vyar dette skal handle om, så det er greitt å ha dei i bakhovudet. Men først, tilbake til 1981:

Vi [LSS] bør:

- erkjenne at delinga i to målformer, bokmål og nynorsk, kjem til å vare i den framtida vi kan ha von om å påverke, og legge «samlenormaltenkinga» på hylla,
- med utgangspunkt i denne erkjenninga stimulere tilnærmingstendensar i begge målformene med grunnlag i eit verdisyn som eg vil kalle «folkemålssynet»,
- diskutere oss fram til kva dette folkemålssynet vil måtte innebere i praktisk normering og språkbruk i begge målformene når det blir avvege mot andre legitime omsyn,
- kjempe aktivt for det synet at bokmål og nynorsk gjensidig kan vere ressursar for kvarandre i eit folkeleg språkrøktsarbeid og motverke fordommar og språkpolitisk krampe innanfor begge dei to språkbrukargruppene,
- støtte aktivt opp om jamstillinga for nynorsk,
- gi prinsipiell og aktiv støtte til dialektreisinga også i framtida,
- med andre ord legge mindre vekt på det fjerne endemålet og meir på dei næraste stega på vegen framover.

Ingen kan rømme unna historias dom, og når Endresen no avseier *sin* dom over åttiårs-LSS, har han i og for seg ein lett jobb – for det vart jo ingen suksess. Som organisasjon står vi truleg svakare no enn i 1981. Likevel: For meg står punkta ovanfor som essensen av det LSS bør stå for, også no i nittiåra. Det manglar eit eksplisitt punkt om å kjempe for det radikale bokmålet, men det ligg jo implisitt i formuleringane ovanfor. Det er rett og slett ein slik politikk vi treng ein organisasjon som LSS til å fremme – fordi ingen annen gjer det.

Men Endresen har rett i at ein grunnleggande debatt om kva vi vil med laget er heilt nødvendig, og sett i det perspektivet kan eit såpass provoserande utspel som det han har komme med vere nyttig. Eg sluttar meg heilt til leiaren hans i siste nummeret, og håpar at flest muleg andre medlemmer ytrar meininga si, i bladet, til styret, eller på landsmøtet som skal haldas i haust. Til dei som reagerer sterkt negativt: Usemje i uavklarte spørsmål bør komme fram gjennom debatt, ikkje gjennom utmeldingar.

Eg skal samle meg om tre hovudemne: sjølve begrepet samnorsk, det prinsipielle grunnlaget for rettskrivingspolitikken vår, og den praktiske politikken vi sto for i åttiåra (defensorat). Men ein del avstikkarar kan det vel bli –.

Trass i gammal kjennskap og vennskap bruker eg her forma Endresen og ikkje Rolf, slik at ingen skal tru at folk må vere på fornamn med kvarandre for å delta i debatten.

Kva er samnorsk?

Samnorsk var opphavleg eit adjektiv: «et samnorsk sprog, vokset op av de levende talemaal, byernes som bygdernes», som Moltke Moe sa. Slik kan ordet framleis brukas – ikkje som namn på eit konkret språk, men som eigenskap ved eit potensielt språk, eit trekk som er med på å definere språket. Det er også slik dei aller fleste samnorskfolk har brukt denne termen: eit framtidig språk som er resultatet av ei «gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk», som det sto i den opphavlege formålsparagrafen til LSS. Alternativt kan det brukas som adjektiv om dei trekka som er sams for alt norsk språk i dag.

Det var riksmålsfolka som tok til å bruke samnorsk som eit namn på ei konkret målform, nemleg det radikale bokmålet som var i bruk i skolebøkene i den første tida etter krigen. LSS har aldri sett på dette som samnorsk, og det er karakteristisk at laget aldri brukte nemninga «samnorsk» om framlegget til samlenormal som vi gav ut i 1966.

Endresens «normal» er såleis heller ikkje samnorsk ut ifrå noen fornuftig definisjon av ordet. Den er ikkje eit resultat av ei «gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk», og heller ikkje «vokset op av de levende talemaal», verken «byernes» eller «bygdernes». Kven som helst av LSS sine medlemmer – eller kven som helst elles – kan sette seg ned og lage ein «normal» av tilfang frå bokmål og nynorsk – det blir ikkje «samnorsk» av den grunn. Endresen har derfor ikkje «bevist» at det «går an i dag» å smelte saman bokmål og nynorsk, som han skriv i leiaren i nr. 2–1990. Det beviset har vi først den dagen eit slikt språk har fått liv som bruksspråk. Dette er det viktig å slå fast før ein begynner å diskutere utkastet hans nærare – så ingen skal tru at dei må godta dette utkastet eller noe i likheit med det for å vere «gode samnorskfolk».

Slik sett er det eit kunstig problem Endresen stiller når han spør om «vi skal overlate samnorsken til kommande slekter». Samnorsken, den konkrete språkfor-

ma som blir resultat av den språklege samanveksinga, hører pr. definisjon til «kommande slekter».

Språk vs. normal

Det er viktig her å skilje mellom ein *språknormal* og eit *språk* eller ei *språkform*.

Språket er det verkelege bruksspråket – det vi hører og les, snakkar og skriv, eller rettare: den kompetansen vi har lagra i hjernen som styrer produksjonen av alle ytringar og tekster. Det språket vi har tileigna oss på denne måten, slik at det er «gått oss i blodet», seier vi at vi har *internalisert* – eit ord eg kjem til å måtte bruke av og til i denne artikkelen.

Ein *språknormal* er eit formelt fastsett regelsett for kva som er korrekt og gale i språket, eigentleg eit ønskemål hos ein normerande instans om korleis språket skal vere – men samtidig eit styringsmiddel for den same instansen over bruken og utviklinga av språket. Det kan vere meir eller mindre effektivt, avhengig av ei lang rekke faktorar.

Arne Torp har misforstått meg på det punktet på s. 17 i det same nummeret av *Språklig Samling*. Det gjeld ein gammal diskusjon mellom Eric Papazian og meg (i nr. 1 og 2–1986) om riksmål skal reknas som ein undervarietet av bokmål eller ein sjølvstendig varietet. Eg meinte det første, Papazian det siste. Torp skriv: «Personlig må eg nok seie at eg synest Papazians syn i alle fall er det som gir den klaraste avgrensinga. 'Hvor mye mer enn den offisielle normalen skal «bokmål» i vid forstand omfatte?' spør Papazian […], og svaret på dette spørsmålet er vel ikkje så opplagt.»

Mistydinga ligg i at Torp nettopp ikkje dreg inn skiljet mellom språk og normal. Eit språk kan pr. definisjon ikkje avgrensas klart. Mellom det som udiskutabelt er ein del av språket og det som udiskutabelt ikkje hører med, ligg det alltid ei gråsone. Den er aldri identisk hos ulike språkbrukarar, og det er aldri konstant over tid, heller ikkje hos den enkelte språkbrukaren. Det gjeld mest talemål, men også skriftspråk. I den augneblinken ein prøver seg med ei «klar avgrensing», er det normering ein driv med, og resultatet av det er pr. definisjon alltid ein normal og ikkje eit språk (ein språkvarietet). Normalen fins berre i ordlister og grammatikkar, ingen andre stader. Sjå elles svaret mitt til Papazian i nr. 2–1986 s. 19 for ei meir konkret drøfting.

Dette er relevant også for det vi drøftar her. Dei eksisterande normalane hører til eksisterande språkvarietetar – dei er styrande faktorar som over tid blir påverka av språkbruken fordi normeringsinstansane aksepterer slik påverknad. Riksmålsnormalen er eit uttrykk for ei bestemt gruppes ønskemål om korleis bokmålet skal vere (at dei tradisjonelt har avvist sjølve termen bokmål er likegyldig i denne samanhengen) – og sidan denne gruppa har hatt mye samfunnsmakt, har normalen også fungert som eit styringsmiddel og ei påverknadskraft. Samlenormalen til LSS representerer ei anna gruppes ønskemål, med tiknyting til to (ukodifiserte) bruks-

språksvarietetar, nemleg radikalt bokmål og radikal nynorsk. Den har ikkje fungert som styringsmiddel pga. samfunnsmessig avmakt hos den gruppa som sto bak.

Endresens «normal» har inga slik tilknyting til ein bruksspråksvarietet. Også av den grunn kan han ikkje kallas samnorsk, sidan denne termen jo må bety eit (rett nok framtidig) bruksspråk og den normalen som knyter seg til det bruksspråket og styrer det. Han kan ikkje kallas noe anna enn ein skriftleg idiolekt (språkvarietet knytt til ein enkeltperson). Noe anna namn enn «Endresen-normalen» eller «Endresennorsk» kan han dermed strengt tatt ikkje få, jf. Aasen-normalen og Holm-norsken – begge to idiolektar innanfor nynorsken. (Aasen-normalen vart jo utgangspunktet for eit nynorsk bruksspråk, men ikkje identisk med dette bruksspråket. På same måten kan Endresen-normalen i prinsippet bli utgangspunktet for eit samnorsk skriftspråk – viss han blir internalisert og tatt i bruk av større grupper og utviklar seg til eit reelt bruksspråk med dei eigenskapane som er blitt tillagt framtidsmålet samnorsk. Til det trengs samfunnsmakt eller ei sosial rørsle som kjempar seg til slik makt, m.a. ved å bygge opp ein skriftspråkleg infrastruktur eller litterær institusjon i Idar Steganes terminologi.)

Samanskruing eller samanveksing?

Endresen er misnøgd med at LSS har gjømt bort samnorsktermen dei siste åra. Det har vi strengt tatt ikkje gjort. I heftet *Å skrive radikalt bokmål* (1986) skriv vi m.a. på side 8:

> Ordet «samnorsk» blir altså ikke brukt her [i formålsparagrafen i prinsipprogrammet. LSV]. Dette ordet er svært tvetydig, og det er grunnen til at vi mener en bør være forsiktig med å bruke det. […] Etter krigen fikk samnorsk i manges ører betydningen «et kunstprodukt, resultatet av ei kunstig sammenskruing av bokmål og nynorsk». […] Ordet blei […] et reint skjellsord, og det fungerer den dag i dag som skjellsord til og med for mange som står fjernt fra riksmålsbevegelsen, og som kanskje er enige med oss i at skriftspråket bør bygge på folkelig talemål. Det er fordi dette samnorskbegrepet har en så sterk biklang av «teknokratisk kunstprodukt».
>
> Et slikt samnorsk-begrep ønsker vi ikke å representere. Vi vil altså ikke «skru» målformene sammen gjennom forserte språkreformer. Men vi er også motstandere av å reise vasstette skott mellom dem. […] Vi ønsker å gi folk høve til å gjenspeile talemålskjensla si i skrift, og til å leve seg inn i begge skriftspråkstradisjonene og la dem gjensidig befrukte hverandre. En slik politikk vil etter vårt syn i praksis fremme ei langsiktig sammenvoksing av bokmål og nynorsk til et felles framtidig norsk skriftspråk. Hvor enhetlig det blir, må framtida avgjøre.

Som ein ser, har vi ikkje lagt skjul på samnorskbegrepet, men vi har heller ikkje brukt det som fane. Vi har problematisert det og prøvd å vise fram innhaldet på flaska, slik at folk kunne ta stilling til det og ikkje til etiketten – som vi meinte var ubrukeleg utan ein slik varedeklarasjon. No har Endresen tvert imot sine eigne intensjonar faktisk prestert å gjere samnorskbegrepet meir ubrukeleg for LSS enn det noen gong før har vore – ved å gi det ei heilt ny betydning i tillegg til dei tradisjonelle og prøve å assosiere LSS med denne nye betydninga.

Eg er ikkje det minste i tvil om at dei vanskane LSS har med å nå ut jamvel til reelle språkpolitiske meiningsfellar framfor alt kjem av dei teknokratiske tradisjonane i samnorskpolitikken. Og da ikkje ein gong LSS sine eigne tradisjonar, men arven frå den overdrivne planleggingsoptimismen frå trettiåra til femtiåra. Når Endresen no snur opp ned på alt laget har gjort dei siste tjue åra (og før det også, eigentleg) og står fram ikkje berre som teknokrat, men som superteknokrat, så kan det berre spikre fast dei verste fordommane hos alle som ikkje positivt veit kva laget eigentleg står for, og det er no nesten alle.

No seier Endresen at det er nødvendig å sette seg ideelle mål, og det er det sjølvsagt. Men vegen framover, prosessen, er viktigare enn målet, for det er vegen vi skal gå. Målet bør vere abstrakt, fordi det kan endre seg ettersom vi går, og det er meininga at det skal kunne det. Eg er einig med Ottar Brox, som er ny leiar av prosjektet Alternativ framtid, når det i eit intervju med han i Arbeiderbladet 6. juli står: «Brox håper å få lagt nye premisser for aktuell praktisk politikk. Det er viktigere enn å pensle ut detaljer i framtidige idealsamfunn. […] For framtidsforskningen har hatt en tendens til å se selve utopia ute i horisonten. Det er de positive samfunnsmodellene – det gode og harmoniske liv – man har forsøkt å konstruere, for så å tenke på virkemidler i etterhånd.» Dette er synspunkt som er svært relevante for LSS, som jo òg er eit slags «alternativ framtid»-prosjekt.

Altså: Vegen er viktigare enn målet. Endresen har gitt uttrykk for skepsis mot namnet Språklig Samling. Han vil gjerne at laget skal heite Samnorsklaget. Sjølv meiner eg at Språklig Samling er eit godt namn nettopp fordi det fokuserer på prosessen i staden for det hypotetiske produktet.

For å vite kva retning vi vil vegen skal gå i, må vi rett nok ha ein viss idé, eller rettare visse ideal om kva målet skal vere. Men det er heilt bakvendt å låse desse ideala fast som ein «normal». Spørsmålet er delvis kva slags språksamfunn vi vil ha, kva funksjon vi meiner skriftspråket skal ha, kva slags prinsipp vi meiner det bør normeras etter. Og så får vi ta dei skritta vi kan for å styrke dei verdiane vi vil fremme. Det er faktisk det einaste alternativet til full stagnasjon. Å diskutere som om det ikkje var slik, er det same som å velje stagnasjonen.

Samlenormalen og prinsippa for den

Eg har vel hatt eit litt tvetydig forhold til den samlenormalen vi gjorde framlegg til i 1966. Eg var med på siste fase av utforminga den gongen, men fann seinare (1976, ordskifte med Magne Aksnes i *Språklig Samling*) å måtte ta avstand frå han. Ut

ifrå det synet eg da hadde, meinte eg han var for sterkt prega av ein teknokratisk samansmeltingsideologi og tok for lite omsyn til dialektane. (Men éin ting har Endresen oppnådd hos meg i alle fall: Eg skal aldri kalle 1966-normalen teknokratisk meir.)

Sist på syttitalet antyda leiande LSS-folk at det burde lagas ein ny samlenormal som ikkje gjekk ut frå bokmål og nynorsk, men frå dialektane – i praksis ein oppdatert reprise på Ivar Aasens verk (Thomas Hoel i *Språklig Samling* nr. 2–1979, Thore Roksvold i etterordet til *Språklig samling på folkemåls grunn*). Mi meining da og forsåvidt enno var og er at det er å ta fatt i ein galen ende å begynne med ein samlenormal no. På den andre sida: Folk som ønskjer å overskride grensa mellom bokmål og nynorsk, eller eksperimentere med det, har vel ein viss rett til å vente støtte og praktisk rettleiing av nettopp LSS.

Viss vi skal satse på ein samlenormal som skal fungere som slik støtte og rettleiing, så vil eg her og no sette fram den påstanden at det uunngåeleg må bli noe som liknar sterkt på 1966-normalen. Han kan godt tåle ein revisjonsrunde, der ein tar omsyn til utviklingsdrag både i skriftleg og munnleg språkbruk på desse 25 åra – men sånn stort sett må det bli omtrent det same. Det vil seie at han må bygge på dei prinsippa vi la til grunn i sekstiåra: Han må omfatte eit utval av skriftformene i bokmål og nynorsk og ikkje innføre heilt nye former unntatt i reine særhøve, han må innehalde ein relativt stor grad av valfriheit, og han må vere eit kompromiss mellom ulike rettskrivingsprinsipp.

Nettopp fordi 1966-normalen og Endresen-normalen bygger på fundamentalt ulike, til dels motsette prinsipp, er Endresens detaljkritikk av samlenormalnemnda uinteressant. Av same grunn er ein tilsvarande filologisk detaljkritikk frå meg av hans eige utkast like uinteressant. Som intellektuell konstruksjon er Endresens normal imponerande nok: ei konsekvent og systematisk gjennomføring av ein overgripande språkpolitisk grunntanke. Som utgangspunkt for ein teoretisk diskusjon om språkplanlegging kan han vere godt eigna. Som språkpolitisk utspel er han verdilaus.

For ein språkplanleggar er det ei dødssynd å tru at eit etablert skriftspråk i eit industrialisert og gjennomalfabetisert samfunn kan behandlas som eit ikkje skriftfesta språk i eit land i den tredje verda. Endresen vil sannsynlegvis hevde at det slett ikkje er det han gjer, jf. s. 25 i førre nummer, der han demonstrerer kva han *kunne* ha gjort med norsk rettskriving om han hadde stått heilt fritt. Ja, han kunne ha skrive med lydskrift, eller for den del med arabiske bokstavar, som han og eg leika oss med som studentar i sekstiåra. Reint språkleg-strukturelt fungerer det sjølvsagt like perfekt som vanleg norsk rettskriving – berre ein tilpassar skriftsystemet, slik at t.d. alle vokalar i norsk kan skrivas.

I vår samanheng er dette uinteressant. Endresen baserer seg uansett på den ideen at skriftformer berre er ei meir eller mindre vilkårleg attgjeving av talemålsformer, som ein kan endre etter skjønn. Han tar ikkje inn over seg at skriftspråket hos størsteparten av det norske folket er internalisert nesten like sterkt som talemålet.

Denne undervurderinga av skriftspråksvanar og skriftspråkskjensler hos folk har vore lagnadstung for den tradisjonelle samnorskpolitikken.

Det var vel samnorskmannen Magne Schjødt som i femtiåra jamførte ein gradvis tilnærmingspolitikk med det å kutte halen av ein hund i små bitar i staden for å ta heile halen med ein gong. Dette bildet er besnærande, men falskt (som alle biologiske metaforar som blir brukt om språk). Språkkjensler og språkvanar endrar seg alltid over tid, det er barnelærdom for ein lingvist. Men dei endrar seg sjeldan eller aldri brått, og i alle fall ikkje på kommando. Ei språkplanlegging som har endring som mål, men som tar dette forholdet folk har til språket sitt på alvor – det er ei større utfordring enn Endresens kjekke: «Det er da bare sunt at håret stritter litt – da blåser flasset lettere bort.»

Er meininga berre å provosere og vise at ein er «dristig», da er det forsåvidt greitt nok å slå til så det monnar – og som eg sa til å begynne med, også det kan vere nyttig. Men Endresen viser ein merkeleg naivitet når han på s. 28 skriv at «jeg trur dem fleste godtar avvik fra sin eigen dialekt viss dem veit at systemet er ordentlig underbygd, å at det gjenspegler alminnelig norsk talemål». Avvik frå sin eigen dialekt godtar nok folk når dei er vant til dei og «veit» at slik skal det vere, men Endresen meiner vel at «dem fleste» også godtar avvik frå skriftspråksvanane sine viss dei først har hørt hans argument for dei. Kva slags erfaringar kan han ha som får han til å tru at andre enn lingvistar bryr seg med om systemet er «ordentlig underbygd og gjenspegler alminnelig norsk talemål»?

Endresens grunnleggande mistak frå eit språkplanleggingsteoretisk synspunkt er altså at han gjer språknormeringa til eit reint lingvistisk spørsmål og ser fullstendig bort frå dei samfunnsmessige rammevilkåra. Dermed hamnar han i det eg vil kalle språkteknokratisk romantikk. Og da er det ikkje rart at dei like idealistiske romantikarane i Norsk Målungdom har gjort han til ein «yndlingsmotstandar». Det gjeld vel kanskje andre vegen òg – i alle fall har bladet gitt eit sterkt inntrykk av det dei siste par åra. Faktisk er likheitstrekka mellom Endresen og NMU frå mitt synspunkt langt meir påfallande enn skilnadene, og dei går på at begge har kasta vrak på dei språksosiologiske innsiktene som i syttiåra var allmenngods både i LSS og Noregs Mållag, for ikkje å snakke om NMU. Dei insisterer altså på å diskutere språkformer og språkideologi i eit sosialt vakuum, og den politikken dei utviklar blir da deretter. For dei noverande NMU-arane sin del kan dette forklaras som eit generasjonsopprør – bort frå foreldregenerasjonen og tilbake til oldefars bokhylle. For Endresens del kan det kanskje ha noe å gjere med visse grunnleggande vitskaplege utgangspunkt (paradigme, som det heiter i vitskapsteorien) i den moderne lingvistikken. Både den einsidige vekta på det strukturelle samhøvet mellom skrift og tale og synet på talemålet som det eigentlege språket og skriftspråket som ei avspegling utan eiga normkraft kan tyde på at det ligg noe der. I det heile: Dei som leitar etter forklaringar på at samnorskveteranar som Endresen og eg no kolliderer såpass kraftig, kan nok finne ein del av svaret i dei ulike faglege føresetnadene våre:

Endresen har sin bakgrunn i teoretisk lingvistikk, eg i praktisk språkrøkt kombinert med språkplanleggingsteori. Vi ser språket frå ganske forskjellige utsiktspunkt.

Valfriheit

Så var det valfriheita. Endresen gjekk i 1988 (nr. 2, s. 12–13) inn for «basarnorsken», som han no kallar det. I dag er han mot all valfriheit, og innvarslar også her eit brot med alt LSS har stått for til no. Eg meiner *ikkje* at det er gale i seg sjølv; valfriheitsideologien frå syttitalet treng ei kritisk drøfting der det blir spurt om korleis valfriheita faktisk fungerer. Men Endresen opptrer som ein typisk nyomvendt: Han ser ut til å meine at valfriheit er noe ein har eller ikkje har, og som er enten bra eller dårleg. Når det ikkje er bra, må det vere dårleg. At det fins ulike grader og typar av valfriheit, som kunne fortene ein noe grundigare analyse, ser ikkje ut til å ha falle han inn – og heller ikkje at det kan vere ein samanheng mellom fenomena valfriheit og språkendring, og at valfriheit i normalen og valfriheit i språkbruken kan vere ulike ting og ha ulike effektar.

At valfriheita i dagens bokmål og nynorsk kan vere vanskeleg å meistre for dei fleste, kan eg vere med på. Eg trur det har mye å seie at denne valfriheita er stor og at ho er ganske ustrukturert – eit resultat av fleire store rettskrivingsendringar og ein lang serie ad hoc-vedtak som har lagra seg i ordlistene gjennom mange tiår. I tillegg har vi i skolen og språknormeringa ein ikkje liten grad av rettskrivingsfetisjisme: ei sterk opptattheit av detaljane i systemet. Samtidig som valfriheita er stor og uoversiktleg, blir grensene nidkjært vakta. Berre spesialistar eller spesialinteresserte kan vite akkurat kor desse grensene går.

Samtidig er det eit faktum at valfriheita for mange verkar og har verka frigjerande – når dei har blitt gjort merksam på ho og har sett ho i samanheng med sitt eige meir eller mindre nedtrampa talemål. Men mest frigjerande er det nok da at folk ser formene sine brukt av andre, særleg i trykt skrift, og ikkje berre finn dei i ordlistene. Eg har sett det som eit viktig mål for LSS å kjempe for å auke den reelle valfriheita for folk av slike grunnar, og det vil eg framleis stå for.

Ein ting er om valfriheita er bra eller ikkje. Noe anna er at ho er eit heilt nødvendig ledd i ein endringsprosess som skal gå demokratisk for seg, og ikkje fremmendgjere heile generasjonar for språket sitt. Når tilnærmingspolitikken førte til ei stor valfriheit, var det for ein stor del ufrivillig. Statsråd Knut Liestøl føregreip Endresen med 56 år da han i 1934 gav rettskrivingsnemnda i oppdrag både å fremme tilnærminga og redusere valfriheita. Det gjekk ikkje, og kunne heller ikkje gå. Endresen-normalen er så trong som han er *berre* fordi han er eit einmannsprodukt. Aasen-normalen vart trong og fast av same grunn – men valfriheita slo inn alt med nynorskbrukar nr. 2, A. O. Vinje. At 1966-normalen fekk stor valfriheit, har sjølvsagt same grunn: All språkendring føreset overgangsfasar med valfriheit, og ein normal som kjem til som eit kollektivt produkt etter ein demokratisk prosedyre må nødvendigvis innehalde valfriheit.

Også her synes eg Endresens avgjerande svakheit viser seg: det synet at skriftformer er nøytrale attgjevingar av talemålsformer, ikkje sjølvstendige språkformer internalisert som del av ein særeigen og sjølvstendig kode. Derfor kan han meine at vi kan skjere vekk valfrie skriftformer og sitte att med eit skriftspråk som kvalitativt er det same som dei vi hadde. Men dei litterære tradisjonane i Norge – der ikkje minst rettskrivingsvariasjonane er grunnlaget for ein rikdom av stilistiske verkemiddel, med sine tilknytingar til ulike dialektar, stilartar, forfattarar og tidsaldrar – vil ikkje tåle ei slik rasjonalisering utan å bli ganske mye fattigare. Her ser vi tydeleg svakheita ved det argumentet at ein trong normal er så mye enklare enn valfriheit: avstanden frå forenkling til forflating kan vere ubehageleg kort.

Altså: Ikkje all valfriheit skal forsvaras, men rettskrivings- og formvariasjon er ein del av norsk språkleg og litterær tradisjon som er like særmerkt – og verneverdig! – som dialektvariasjonen i talemålet. Ein samnorskpolitikk som neglisjerer dette kjem på line med det å ville einsrette norsk språk etter riksmåls- eller høgnorsknormene.

Ei sak for seg er det at innføringa av nye former aukar den formforvirringa som ein skulle komme til livs ved å innskrenke valfriheita – sidan folk framleis hugsar dei gamle formene og framleis ser dei rundt seg. Endresen meiner kanskje det er greitt å «ofre» ein generasjon eller to for at framtida kan få nyte den tronge normalen – men da må alt av verdi som er skrive til no omsettas til den nye normalen for at han skal verke etter si hensikt. Ei verkeleg innstramming føreset m.a.o. at normerarane får kontroll med den skriftspråklege «livsverda» folk har rundt seg. Det er der folk møter den faktiske valfriheita og variasjonen, ikkje i ordlistene. Eventuelt må ein stramme inn innanfor dei noverande normalane, og helst velje dei formene folk ser mest rundt seg. Kva slags former det er, treng eg vel ikkje spesifisere. Resultatet av dette (om det lèt seg gjennomføre, noe det heldigvis ikkje gjer verken på den eine eller den andre måten) vil m.a. bli at folk mistar den fleksibiliteten i skriftspråkskompetansen som gjer at vi lettare les grannespråka våre enn svenskar og danskar – som er «innestengt» i sine tronge – om ikkje akkurat enkle – normalar. Kor «enkelt» det er å hanskas med «tronge normalar» i land som Frankrike og engelsktalande land, treng eg sjølvsagt ikkje utbrodere for Endresen. Men det kan minne om at enkelheit har med mye anna å gjere enn valfriheit eller ikkje valfriheit.

Enkelheit

Argumentet om enkelheit bruker Endresen fleire stader om normalframlegget sitt: «Samnorsk vil bli lettere å lære fordi det vil samsvare bedre med alminnelig norsk talemål, fordi det konsekvent bygger på dem enklaste systema, å fordi det vil fange opp dominerande utviklingstendenser i moderne norsk talemål.»

For han er «enkelheit» tydelegvis noe abstrakt: Det han synes ser enkelt ut, på papiret, det er enkelt. Han minner om gamle lndrebø (Gustav Ludvig) som hevda at i-målet var det enklaste av alle norske språksystem å lære for vanlege folk – motsett

filologar. Også han meinte at valfrihelt berre skapte forvirring: folk har ikkje tid til å «gjera seg til filologar og sitja og vega på grammatiske former», skreiv han. At det er nett det folk må gjere når dei må pugge i-mål, fall han ikkje inn. Han la i det heile aldri fram noe empirisk grunnlag for påstandane sine. Det kan Endresen naturleg nok heller ikkje gjere for sine. Sjølvsagt er normalen hans slett ikkje enkel for vanlege folk. Og det vil han aldri bli før Endresen har klart å få makta over så mye av forlag, trykkeri, aviser og etermedia at han får gjennomført normalen i det meste av norsk skriftproduksjon, slik at folk les han og får skriftbilda der innprenta i seg. Internalisering av skriftspråksformer er nemleg ikkje gjort ein gong for alle ved at ein reint intellektuelt «lærer» dei, det krev eit årelangt språkbad i eit etablert og fast skriftbilde. Dette er ein hovudgrunn til at radikale bokmålsformer kjennes så fremmende i skrift sjølv om dei fleste bruker dei i tale.

Språkendring er aldri enkelt, men ein samnorsk som skal vere *relativt* enkel må bygge mest muleg på folks tilvante skriftbilde.

Korleis komme på banen?

Endresen «siterer» meg slik på s. 19 i førre nummer:

> Det finnes dem i LSS som meiner at det konkrete arbeidet for samnorsk må vente til stemninga snur seg, å at den beste samnorskpolitikken i mellomtida er å støtte nynorsken, for viss det går tilbake med den, slik at bokmålet til slutt blir stående igjen aleine, har grunnlaget for samnorsk for all tid forsvinni. Jeg har sedd Lars S. Vikør uttrykke seg slik.

Eg har spurt han kor eg har sagt dette, og fått vite at det er frå eit privat brev han hadde fått sjå med løyve frå meg. Men det er altså ikkje ordrett, og eg vedkjenner meg berre siste delen: at ein mest muleg sterk nynorsk er føresetnaden for ei samnorskutvikling. Derfor bør alle samnorskfolk støtte nynorsken, og for meg som nynorskbrukar er det naturleg å legge ned hovudarbeidet mitt der (også fordi han har ein eigenverdi, sjølvsagt). Men eg har aldri sagt at LSS som organisasjon skal prioritere eit arbeid som vi har ein mye sterkare organisasjon til å drive frå før. Tvert imot meiner eg at LSS må prioritere det radikale bokmålet, som ingen andre arbeider for. Og nettopp det gjorde laget etter fattig evne i mi tid som leiar. Eg merkar meg at Endresen knapt nok nemner det radikale bokmålet i maratonartikkelen sin, og det er vel òg eit uttrykk for ei prioritering.

No er eg inne i defensoratet, og da må vi igjen tilbake til 1981, for det er der vi finn bakgrunnen for den politikken laget dreiv gjennom heile åttitalet. 1981 var året da Stortinget sleppte riksmålsformene (med unntak av dei aller mest «fanete») inn i bokmålsnormalen, og det var det året som viste kor totalt avmektige og tafatte motkreftene var i forsøka sine på å stoppe det. Ikkje ein gong ein handfull motstemmer greidde vi å mobilisere i Stortinget – enda debatten viste at ein stor del, kanskje

eit fleirtal, der faktisk var mot det som skjedde. Det var riksmålsbølgja frå femtiåra som skremte politikarane – minnet om korleis ei verkeleg sterk og effektiv pressgruppe kunne mobilisere ein opinion. Dei frykta at den nye høgrebølgja kunne føre til ein reprise viss «baklengsreforma» no vart avvist. Hadde det eksistert ein «tung» organisasjon for det radikale bokmålet og for ein fortsatt tilnærmingspolitikk, ville resultatet utan tvil ha vorte annleis – utan at ein hadde trengt å ta i bruk riksmålsmetodane frå femtitalet. Men LSS hadde ikkje kraft til noe som likna eit krysspress ein gong.

Heila saka vår låg meir eller mindre i ruinar hausten 1981, og laget i svime. Det var ikkje tida for dei store og bombastiske luftslott, men for å samle saman dei stumpane vi hadde og starte ei møysommeleg gjenoppbygging. Først økonomisk: Ein storstilt tiggaraksjon blant medlemmene våre gav oss den nødvendige innsprøytinga våren 1982, og ei skikkeleg kontingentheving hausten 1983 sikra oss enda betre. Vi hadde i alle fall armslag til å gi ut bladet, og det måtte bli det viktigaste instrumentet for igjen å gi laget eit ansikt og vise at vi var der – enno.

Eit hovudmål i denne situasjonen måtte vere å få språksaka inn att i den offentlege debatten. Faktisk var det største problemet for oss ikkje at motstanden mot oss var så sterk, men at heile språkproblemet som problem i offentlegheita vart sett på stort sett som noe som hørte fortida til, og som var løyst i 1981. Som samfunnsspørsmål betrakta var det berre små grupper (norsklærarar, målfolk) som forsto at språk var noe å bruke tid på i desse antiatom- og jappetidene. Endresen har gløymt at dette er noe problem i det heile, han resonnerer fullstendig innanfor ramma av ei «språk-offentlegheit» der ein kan diskutere filologiske problem på eit høgt nivå og komme fram til ei «rasjonell» semje om at slik og slik bør det vere.

Tittelen «Er du opptatt av språkspørsmål?» på vervebrosjyren var svært bevisst valt frå mi side. Å få i tale flest muleg av dei som er interessert i språk – og det er langt ifrå sjølvsagt at folk er det – og komme i ein dialog med dei måtte vere første punkt før vi begynte å lekse opp om kva LSS vil i detalj. Redigeringa av bladet så lenge eg styrte med det var diktert av same omsynet: å fokusere på spørsmål kring språk og samfunn så allment som råd for å innarbeide LSS i ei breiare «språkoffentlegheit» – samtidig som eg gjorde det språklege verdisynet LSS sto for så klart som muleg i kommentarane til rettskrivingsspørsmål og andre aktuelle språkstridsspørsmål. Bladet vart da òg lagt merke til – men verka ikkje særleg vervande, og det er eit alvorleg tankekors.

Endresen kritiserer oss fordi vi ikkje dreiv aktiv verving på skolane. Den kritikken opplever eg som svært urettferdig – og ikkje først og fremst fordi noen av oss faktisk deltok i diskusjonar på ulike skolar i Oslo som LSS-representanter. Men Endresen veit godt at dei fleste LSS-arar var og er folk i full jobb med familie og at laget sjølvsagt aldri har kunna tilsette folk til å reise rundt. Vi kan ikkje jamføras med Norsk Målungdom, som for det første er ein ungdomsorganisasjon og dermed har tilgang på arbeidskraft som ikkje er etablert og dermed bunden til jobb og familie, som får ein god del støtte frå staten nettopp fordi dei er ein ungdomsorganisasjon,

og som dessutan har ein sterk hovudorganisasjon å støtte seg til. Likevel har vi her ei opplagt svakheit ved organisasjonen vår: Det burde vere muleg å organisere lokale LSS-arar til å drive opplysning om laget og saka på vidaregåande skolar der dei bur, om vi ikkje kan sende noen ut på reiser. Det hadde vore interessant å få testa den påstanden Endresen refererer om at det er eit så stort potensiale rundt på skolane for oss. Men no må vi først bli einige om kva for ei sak vi skal presentere før vi sender ut noen.

I alle fall meinte eg som leiar (og meiner eg enno) at første prioritet måtte vere å få mobilisert og organisert alle dei som faktisk er einige med oss i grunnsyn – ofte utan sjølv å vere klar over det. Ein ekspansjon i nye grupper, som skoleelevar, føreset ein rimeleg stor og stabil kjerne av konsoliderte og medlemmer.

Eit anna poeng hos Endresen er at vi har vore for «snille» med å foreslå og propagandere for rettskrivingsendringar i samnorsk lei. Dette er ikkje heilt rett. I 1982 sendte vi inn til Språkrådet ein god del framlegg tit endringar (liberaliseringar i radikal lei) i nynorsk, og også noen for bokmål. Dei som har samla på gamle nummer av bladet kan sjå på baksida av nr. 3–1982 og s. 16–17 i nr. 2–1986, jf. òg Kåre Skadberg i Bull/Jahr/Wiggen (red.): *Mål og medvit*, s. 201 ff.

Skadberg skriv her m.a.: «Det er interessant at mest alle av framlegga frå LSS har gjeldt nynorsk – Landslaget har tydelegvis funne det føremålslaust å fremja særleg mange tilnærmingsframlegg for bokmål». Motiveringa for denne prioriteringa er litt annleis enn Skadberg trur.

Den baserer seg på det skiljet eg før har nemnt mellom normal og språkbruk. Eg har sett det å påverke språkbruken og språkkjensla som det viktigaste – sjølve målet med arbeidet vårt, og normalen – inkl. normalendringar – som eit middel. Og eg har aldri hatt noen klokkartru på rettskrivingsendringar som drivkraft i språkbruksendringar. Det meste av det vi oppfattar som radikalt bokmål er tillatt innanfor rettskrivinga, jamvel innanfor læreboknormalen, men blir lite brukt. Å konsentrere energien om å foreslå stadig nye endringar som har like lita utsikt til å bli brukt – berre på grunn av ein svært tvilsam propagandaverdi – har eg rekna som bortkasta. Dei endringane i bokmålet som eg faktisk foreslo, var slike som ligg innanfor det systemet som er godkjent i dag og ville ha gjort det meir konsekvent og regelrett – og som til dels alt har fått inngang i praktisk språkbruk, først og fremst hokjønnsending i ord på *-ning*. Avslaget frå fagnemnda – som kom fire år etter at vi hadde sendt framlegget – reknar eg framleis som ei rein prestisjeavgjerd, ikkje sakleg begrunna.

Altså: Å styrke det radikale bokmålet i faktisk bruk var viktigare enn all verdas demonstrasjonsframlegg til endringar. Endresen vil vel seie at vi gjorde ikkje så mye for det heller, og sjølvsagt ha rett i det. Evna var berre ein skygge av viljen. Vi gav ut rettleiingsheftet *Å skrive radikalt bokmål*, vi har brukt litteraturprisen til å markere det radikale bokmålet, og elles brukt det og propagandert for det i bladet. Den kongstanken å utvikle laget til ein interesseorganisasjon for radikale bokmålsbrukarar vart ikkje røyndom, for dei kom ikkje til oss, eller i svært liten grad. Men

framleis meiner eg at den einaste mulege samnorskpolitikken i det verkelege livet er å påverke språkbruken og språkhaldningane til å akseptere stadig større innslag av folkeleg språk i bokmålet, ved sida av det å styrke nynorsken.

Nynorsken

Her kjem vi tilbake til dette med nynorsken. Endresen meiner at nynorsken har vore eit hinder for utviklinga av eit folkeleg bokmål. Språkhistoria viser at dette er feil. Tilnærmingspolitikken skaut fart i ein periode da nynorsken var i rivande framgang – i tida 1890–1920, og heldt fram til 1950-åra. Det er heilt klart ein samanheng mellom nynorskens ekspansjon og samnorskpolitikken, sjølv om ein ikkje treng dra inn konspirasjonsteoriar som reaksjonære målfolk gjerne vil: Det at nynorsken var eit seriøst alternativ som alle visste ikkje ville forsvinne av seg sjølv, styrka påverknadskrafta hans på bokmålet. Det at begge partar i språkstriden såg at utsiktene til ein siger for noen av dei var små, gjorde at viljen til samarbeid og kompromiss var stor.

Etter krigen vart nynorsken trengt tilbake – meir av urbaniseringa enn av riksmålspropagandaen, men den skuva no på så godt den kunne den òg. Seinare har han nok konsolidert seg, men ekspansjonen hører vi stort sett om i leiartalene på Noregs Mållags landsmøte. Dette at nynorsken er «gjerda inn» og marginalisert er utan tvil hovudårsaka til at tilnærmingspolitikk – og språkspørsmål i det heile – ikkje lenger blir opplevd som noe maktpåliggande, eller noe aktuelt for vår tid i det heile. Svakheita til LSS er eit resultat av denne situasjonen – ikkje ei årsak, som voluntaristen Endresen ser ut til å meine.

Viss nynorsken skulle gå drastisk fram og vinne store nye grupper for seg, spår eg med nokså stor sikkerhelt at følgjande ville skje:

Nynorsken blir kraftig «utvatna» – fordi store endringar av brukargrunnlaget til eit språk alltid fører til at dei nye brukarane set sitt preg på språket (substratverknad). Ein «rein» nynorsk føreset at språket blir avgrensa til små og velskolerte grupper.

Samtidig vil den «utvatna» nynorsken få mye større påverknadskraft på bokmålet og støtte folkeleggjeringa der, og den gamle tilnærmingsviljen vil vakne att – også fordi kontaktflatene mellom nynorsk- og bokmålsbrukarar naturleg nok blir større dess større mindretalsgruppa blir. Den språklege «osmosen» som er den eigentlege samnorskutviklinga vil skyte fart.

På den andre sida: Skulle nynorsken skrumpe inn og bli borte (noe heller ikkje eg trur vil skje i overskodeleg framtid), så vil bokmålet stivne. Det er ufatteleg at Endresen kan tru at det da «ville stå mye klarare fram hvor lite representativt bokmålet er for vanlig norsk talemål», slik at det da «ville bli lettere å vinne gehør for reformer». Når bokmålet har stått fram som lite representativt for norsk talemål – er ikkje det da nettopp fordi vi har hatt eit meir talemålsnært alternativ? Er det «lett å vinne gehør for reformer» i svensk, dansk, engelsk, fransk, tysk og russisk fordi det står «klart fram hvor lite representative de er for vanlig talemål?» Nei:

Magistrar i allmenn språkvitskap snakkar sjølvsagt aldri tull, men av og til kan dei i det minste uttale seg på sviktande empirisk grunnlag. Utan Ivar Aasen og målrørsla hadde vi aldri fått noe meir enn ei kosmetisk «fornorsking» av dansken, aldri noen dialektreising, aldri noen ting – berre ein majoneskrig og kanskje ei kommaregulering ein sjeldan gong.

Kva er drivkreftene?

Det er eitt problem som står igjen når eit slikt initiativ som Endresen sitt blir dømt nord og ned. Ein kan hevde at mye av det eg har skrive om han her, også kunne ha vore skrive om Aasen da han la fram sin normal – som også var eit brot med all tradisjon og vane. Likevel vann normalen hans fram – rett nok i modifiserte versjonar – og vart til eit levande og internalisert skriftspråk for eit stort mindretal i folket. Det same kan jo skje med Endresen-normalen?

Det viktigaste motargumentet er at vi i dag lever i eit skriftspråkssamfunn som alle er integrert i på ein heilt annen måte enn på Aasens tid. Men det kunne vore interessant å spekulere litt meir kring dette – for også den gongen var det nye skriftspråket eit prosjekt mot alle odds. Det er skrive ein del bøker om kva som skjedde med det norske språksamfunnet frå 1870-åra og framover. Ei av dei kom i fjor – doktoravhandlinga *Folkeopplysningas dialektikk* av Jostein Gripsrud. Emnet hans er amatørteatertradisjonen i målrørsla, men han har òg ei svært interessant vinkling på sjølve framvoksteren av rørsla.

Som andre målrørslehistorikarar legg han vekt på dei bygdefødde lærarane si rolle. Lærarane var ein profesjon i sterk talmessig vekst i den perioden det her er tale om, på grunn av den voldsomme utbygginga av skolevesenet det nye og meir kompliserte industrisamfunnet kravde. Det var òg ein profesjon med ein raskt veksande sosial prestisje. Ved å tileigne seg elitens akademiske danning på lærarskolane og samtidig utvikle ei særeiga «danning» tufta på bygdedialektar og element av tradisjonell bygdekultur, kunne dei både hevde seg mot den etablerte embetsklassa og opptre som kulturelle leiarskikkelsar på bygdene. Gripsrud viser at dei på mange måtar var agentar for modernisering av bygdesamfunna, ved å tilføre nye kunnskapar, støtte moderniseringa av gardsdrifta og gå i brodden for oppbygging av organisasjonsliv, skriftliv og andre moderne kulturtiltak som amatørteater. At dei ofte hadde ein tilbakeskodande ideologi i forhold til industrialiseringa, urbaniseringa og arbeidarrørsla, er ei sak for seg. Det viktige her er at dei med si sentrale samfunnsmessige rolle frå ca. 1870 og fram til 1950/60-åra sette språk- og kulturspørsmål på dagsorden på ein heilt annen måte enn tidlegare og dei gjorde språkreformrørslene og språkdebatten til ei folkesak som alle var for eller mot – ofte med heile seg.

Men i dag – ? Skolens krise og lærarstandens sterkt reduserte prestisje var eit av åttiåras heite debattema. Men skal tru om vi ikkje her er ved røtene til vår eiga krise? Lærarane detroniserte i si tid prestane som åndelege leiarar i lokalsamfunna. I dag er dei sjølve detronisert av bedriftsøkonomane. I «lærarsamfunnet» var kulturell sjølvutvikling og sjølvhevding eit overordna mål både nasjonalt og individuelt. I

dag er det lønnsemd, og det dominerer fullstendig tenkinga om kva som er viktig og uviktig i heile samfunnet bortsett frå sære utgrupper som oss. Det overordna målet for all samfunnsmessig verksemd er at vi skal konkurrere oss ut av alle problem, enten det er arbeidsløyse, miljøtilskitning, velferdskrise eller skolekrise.

I eit slikt ideologisk klima er eg imot all bruk av økonomiske argument for ei «løysing» på språkproblemet. Det kan ikkje balanseras med «fellesarvtanken å nærhetstanken», som Endresen seier (s. 24) – fordi «bedriften Norge»-ideologane blant oss uansett vil blåse desse tankane ein lang marsj. Det er rett som han seier at vi er blant dei rikaste landa i verda – og vi var eit av dei fattigaste, i alle fall i Europa, den gongen vi la oss til ein tospråkssituasjon ved å jamstille nynorsken. Det seier vel òg sitt om eit anna verdigrunnlag blant dei som bygde opp dette samfunnet enn det som rår no. Det økonomiske argumentet i dag er eit eintydig argument for «bort med nynorsken». Og i morgon blir det kanskje eit argument for å bruke engelsk der det fremmer konkurranseevne og økonomisk vekst – og la dei uproduktive blant oss subbe med norsk (bokmål) når dei hevar si trygd.

Vi er så vidt inne i nittiåra. Det er ting som tyder på at dei ikkje berre blir eit framhald av jappetida, men at andre verdiar kan få ein renessanse, m.a. når det gjeld miljø, velferd og internasjonal solidaritet. LSS si utfordring blir å komme på banen att med dei verdiane vi står for – i allianse med andre krefter som også ser at kultur og språk er viktige faktorar i identiteten vår både nasjonalt og personleg. Kor vi kan søke slike alliansar, er eit nøkkelspørsmål. Ein ting vi heilt klart har forsømt, også i mi leiartid, er å finne fram til og søke kontakt i miljø utanfor norsklærarkrinsane der radikalt bokmål har eit visst bruksgrunnlag, t.d. landbruksmiljø og nordnorske kulturmiljø, for å nemne noe.

Vi må, slik eg ser det, nærmast begynne framanfrå att i opplysningsarbeid om så elementære ting som at språket ikkje er noe nøytralt og teknisk noe, men at motsetningane mellom språkformer symboliserer viktige konfliktliner i historia og i det noverande samfunnet. Vi må forklare folk meininga med å vere opptatt av desse tinga, og dernest korfor det er viktig å kjempe for den folkeleggjeringa av skriftspråka som vi går inn for som ein hovudpremiss for ei langsiktig samanveksing. Eg meiner massemedia viser langt mindre skjønnsemd og forståing for dette enn dei gjorde i syttiåra, så det er meir enn nok å gjere. Og da har eg enno ikkje nemnt EF – som eg ikkje meiner vi skal vere for eller imot som organisasjon, men som uansett vil ha språklege konsekvensar det er viktig å vere informert om, å informere om og diskutere. Altså, samnorskfolk: Ikkje gjer som moldvarpen og grav dykk ned i normaldiskusjonar, men løft blikket – og løft hovudet!

EVEN HOVDHAUGEN:

Nasjon og språk

Foredrag på humaniora-uka, Universitetet i Oslo, 1991

Fra Språklig Samling nr. 3–4/1991

For noen uker kom jeg på en grunnfagsforelesning til å si at det var en historisk tilfeldighet at vi her i landet snakket norsk. En student kom opp til meg etterpå og syntes jeg hadde gjort et grovt overtramp. Og det hjalp slettes ikke da jeg prøvde å forklare ham at vi kunne jo like gjerne ha snakket dansk, svensk, engelsk, tysk, samisk eller finsk. Han syntes visst fortsatt at jeg hadde bedrevet grov blasfemi.

Noen selvfølgeligheter

La meg starte med noen selvfølgeligheter. Språk er et av våre mest anvendte og anvendelige midler til å gruppere andre mennesker og til å markere egen gruppetilhørighet. I fleksibilitet og bredde i informasjonsspektrum har det et klart fortrinn framfor både klær, hudfarge og andre kroppslige særdrag. Gjennom en persons språkbruk vet vi ofte umiddelbart hvor vedkommende er født og oppvokst, og vi har et rimelig godt grunnlag for å slutte oss til personens utdannelsesbakgrunn, yrke og kanskje også politiske holdning. Noen av våre slutninger vil nok av og til være gale, men det er likevel antakelig høyere riktig gjetningsprosent her enn ved tilsvarende andre kriterier.

Grunnlaget for denne klassifiseringen av medmennesker er dialekter (geografisk bestemte språkvarianter), sosiolekter (sosialt betingete språkvarianter) og språk (politisk og etnisk betingete språkvarianter). Alle dialekter og sosiolekter er varianter av ett eller annet språk.

Her har jeg imidlertid forenklet vel mye. Den politiske inndelingen av geografien svarer ikke alltid til nasjoner. Først og fremst har vi land med flere språk, som f.eks. Sveits og Belgia, og vi har språk som er nasjonalspråk i flere land, som f.eks. engelsk og tysk. For det andre skal man ikke ha reist mye rundt i f.eks. Tyskland før man oppdager at tysk ikke alltid er tysk. Og det er ikke bare utlendinger som finner dialektene i store byer som München og Köln uforståelige, nei, svært mange tyskere vil også gjøre det, f.eks. de fra Berlin. Videre er dialektene i mange deler av Nord-Tyskland grammatisk klart nærmere nederlandsk enn tysk. Og over svenskegrensa i Värmland er det heller ikke lett å fastslå når folk slutter å snakke norsk og begynner å snakke svensk. I tillegg har vi språk som samisk, hvor det er en mengde dialekter som for dem som taler dem i dag, utgjør ett språk atskilt fra alle andre, enda det

er usikkert om dette språket noensinne har svart til en felles politisk organisasjon, og flere av dialektene er innbyrdes uforståelige.

Grumset terreng

Når begrepene språk og nasjon er så lite samsvarende, kan en lure på hvor tjenlige de er til å definere hverandre, og kanskje enda mer hvorfor språk brukes som et sentralt nasjonalt og etnisk identitetsmiddel, og hvorfor språkplanlegging, språkrensing osv. regnes som viktige nasjonale og politiske oppgaver i mange land. For å illustrere hvor grumset dette terrenget er, skal jeg gi to sitater fra kjente norske språkforskere i dette århundret. Og la meg føye til: De er ikke unike! Det første er fra Gustav Indrebø: *Norsk målsoga.* 1951 s. 11:

> Rett nok er det so at sume pygmæfolk (småvaksne folk, dvergfolk) ikkje synest ha noko serskilt mål, men talar målet åt grannefolki, og det kunde synast vitna um at dei fyrr ikkje hev havt noko mål – fyrr dei lærde talemålet åt grannefolki. Men når ein granskar nøgnare etter, vert ein gjerne vis med at dei og hev eller hev havt eit nedervt mål.

Hva som skal være så ille med å snakke språket til sine grannefolk, er ikke klart, men ille er det tydeligvis. En mulig konklusjon av Indrebøs utsagn er at alle folk, alle nasjoner bør ha og normalt har sitt eget språk klart atskilt fra grannefolkas. Og den isolasjonisme eller i beste fall etnosentrisitet vi kan spore her, blir enda klarere uttrykt i Sigurd Kolsrud: *Maal og maal-gransking* fra 1922*:*

